



DET KONGELEGE KYRKJE-,  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT


# St meld nr 23

(1997–98)

---

Om opplæring for barn, unge og vaksne  
med særskilde behov

Den spesialpedagogiske tiltakskjeda og det statlege  
støttesystemet







DET KONGELEGE KYRKJE,  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

# St meld nr 23

(1997–98)

---

Om opplæring for barn, unge og vaksne  
med særskilde behov

Den spesialpedagogiske tiltakskjeda og det statlege  
støttesystemet



## **God tur, skolepike Til Unn og de andre**

God tur, skolepike.  
Med den røde ranselen som en soloppgang på ryggen  
og flettene lik gardiner trukket til siden  
for nakken din, denne hvite nonnen  
jeg alltid har lyst til å si omforlatelse til,  
går du  
til dine første skoledager.  
Ansiktet ditt ryker av en forventning  
like eksplosivt fruktbar  
som en nybrøytet åker i regnskoglandene.

Å såmenn,  
vær rene på hendene og barhodede  
når dere med såkorg går ut på dette jordet.  
Jeg tror ikke kunnskapene dere kaster ut  
er spilt korn, men jeg vet:  
alt som er uten baktanker,  
uten skepsis, umaskert og uvettig vergeløst  
går ut i livet med tilliten  
som et kostbart gulleple i hendene  
er hellig.

Så god tur med deg, skolepike.

*Kolbein Falkeid*



## **Forord**

### **Eleven i sentrum**

Korleis kan vi gjere møtet - mellom den som skal lære bort og den som skal ta lærdom inn som sitt eige - best mogleg?

Eleven må stå i sentrum, der eleven *er*.

Alle elevar skal høre til i eit sosialt, fagleg og kulturelt fellesskap i skulesamfunnet. Der utviklar dei fagleg og sosial dugleik i gode møtesituasjonar.

Tydelege vaksne som tek ansvar og leiing, skaper trivsel og gir elevane tryggleik og tilhør. Gjennom refleksjon og god planlegging skaper ein den kvalitet på opplærings-tilbodet som blir realisert i klasserom, verkstad og bedrift.

Høg kompetanse må til for god opplæring av barn, unge og vaksne med særskilte behov. Denne kunnskapen trengst på den enkelte skulen og i det pedagogiske og spesialpedagogiske hjelpe- og støtteapparatet.

Ei samordna kjede av ulike hjelpeinstansar må kvar for seg ha styrke til å gjere dei oppgåvene dei er sette til, med fokus på eleven og på møtet mellom eleven og læraren.



## Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing, samandrag og konklusjonar</b> . . . . .	9			
1.1	Mål og prinsipp for opplæringa . . . . .	9	3.2.3	Omfanget av spesialundervisning og ressursar til delingstimar . . . . .	25
1.2	Viktige premisser for spesialundervisninga og særskilt tilrettelagd opplæring . . . . .	10	3.2.4	Ressursbruken til spesialundervisning på dei ulike nivå . . . . .	27
1.3	Samandrag og konklusjonar		3.3	Samla oversikt over brukarar og ressursar innanfor det spesialpedagogiske feltet . . . . .	28
	Bakgrunnen for og oppbygginga av meldinga . . . . .	11	3.4	Konklusjon . . . . .	28
1.3.1	Bakgrunn og hovudtema for meldinga . . . . .	11	<b>4</b>	<b>Vurdering av heile den spesialpedagogiske tiltakskjeda:</b>	
1.3.2	Oppbygginga av meldinga . . . . .	12		<b>Vidare drift og endringar</b> . . . . .	29
1.4	Omstruktureringa av spesialundervisninga frå 1992: Statlege støttetiltak . . . . .	12	4.1	Ei samla vurdering . . . . .	29
1.5	Vurdering av den spesialpedagogiske tiltakskjeda og den vidare drifta . . . . .	13	4.2	Mykje bra, men framleis uløyste oppgåver . . . . .	29
1.5.1	Ein omfattande evalueringsprosess med mange aktørar . . . . .	13	4.3	Spesialpedagogiske tiltak lokalt: Utviklingstrekk og status . . . . .	29
1.5.2	Departementet sine generelle vurderingar . . . . .	13	4.3.1	Tiltak innanfor det vanlege opplæringssystemet . . . . .	29
1.5.3	Vidare drift og endringar . . . . .	14	4.3.2	Særskilt organiserte einingar og skular . . . . .	30
<b>2</b>	<b>Verdigrunnlag og mål</b> . . . . .	19	4.3.3	PP-tenesta . . . . .	30
2.1	Kort historikk . . . . .	19	4.4	Vurdering av kompetansebehovet lokalt . . . . .	30
2.2	Verdigrunnlag og mål . . . . .	20	4.4.1	Organiseringa av spesialundervisninga, lokale kulturar	30
2.2.1	Omgrepet funksjonshemming . . . . .	20	4.4.2	Deltaking i det sosiale fellesskapet . . . . .	31
2.2.2	Internasjonale utviklingstrekk og Noreg i det internasjonale biletet . . . . .	20	4.4.3	Kompetanse i støtteapparatet for ulike brukargrupper . . . . .	32
2.2.3	Læreplanverket: Verdier, mål og prinsipp . . . . .	21	4.4.4	Funksjonane til PP-tenesta . . . . .	32
2.3	Lovforankring for spesialundervisninga . . . . .	21	4.5	Ekstern vurdering av heile den spesialpedagogiske tiltakskjeda, struktur og balanse . . . . .	33
2.4	Konklusjon . . . . .	22	4.5.1	Evalueringa frå Møreforsking . . . . .	33
<b>3</b>	<b>Den spesialpedagogiske tiltakskjeda: Brukargrupper, ressursar og tenesteyting på ulike forvaltningsnivå</b> . . . . .	23	4.5.2	Vurderingane frå styret for dei landsdekkjande kompetansesentra og styret for dei regionale kompetansesentra . . . . .	33
3.1	Brukarane av spesialpedagogiske tenester . . . . .	23	4.5.3	Vurderingar frå arbeidstakarorganisasjonane . . . . .	34
3.1.1	Omgrepa lågfrekvente og høgfekvente grupper innan opplæringssektoren . . . . .	23	4.5.4	Vurdering frå brukarorganisasjonane	34
3.1.2	Enkelte norske undersøkingar . . . . .	23	4.5.5	Vurderingar frå dei statlege utdanningskontora . . . . .	34
3.2	Dei samla ressursane i landet til spesialpedagogiske tiltak . . . . .	24	4.6	Programmet for Nord-Noreg . . . . .	34
3.2.1	Talet på årsverk knytte til opplæring generelt . . . . .	24	4.6.1	Særlege trekk ved programmet for Nord-Noreg . . . . .	34
3.2.2	Den spesialpedagogiske kompetansen på ulike opplæringsnivå . . . . .	25	4.6.2	Vurderingar av programmet for Nord-Noreg . . . . .	35
			4.7	Samla vurdering frå departementet . . . . .	35

4.7.1	Betre balanse i tiltakskjeda: Styrking av PP-tenesta lokalt og nedbygging av kompetansesentra . . . . .	35	4.13.2	Kjønnsforskjellar i spesialundervisninga . . . . .	45
4.7.2	Framtidig organisering av statlege kompetansesenter m m . . . . .	35	4.13.3	Tiltak for personar med afasi . . . . .	45
4.7.3	Programmet for Nord-Noreg . . . . .	38	4.13.4	Rett for blinde elevar til likeverdig opplæring . . . . .	45
4.7.4	Spesialpedagogisk kompetanseheving og nettverksbygging i samiske område . . . . .	38	4.13.5	Organisering av særskilt tilrettelagd opplæring i vidaregåande skule . . . . .	45
4.8	Styrking av PP-tenesta og enkelte andre spesialpedagogiske tiltak . . . . .	39	4.13.6	Budsjettering for skuleverksemda ved dei sosiale og medisinske institusjonane og private kompetansesenter for hørsel . . . . .	46
4.8.1	Utbygging av PP-tenesta . . . . .	39	<b>5</b>	<b>Personellmessige, økonomiske og administrative konsekvensar . . . . .</b>	<b>47</b>
4.8.2	Fagleg eining for PP-tenesta . . . . .	39	5.1	Innleiing: Oversikt over dei samla økonomiske rammene . . . . .	47
4.8.3	Andre styrkingstiltak . . . . .	39	5.2	Personellmessige og økonomiske konsekvensar . . . . .	47
4.9	Praksisretta kompetansehevingsprogram for PP-tenesta mv . . . . .	39	5.3	Administrative konsekvensar: Sekretariatsfunksjonane . . . . .	48
4.10	Vurdering av andre statlege støttetiltak . . . . .	41	5.4	Betalingsordning, prisfastsetjing på tenester . . . . .	49
4.10.1	Synspedagogtenesta og audiopedagogtenesta . . . . .	41	<b>Vedlegg</b>		
4.10.2	Kompetansesystem for små grupper funksjonshemma i samarbeid med sosial- og helsedepartementet . . . . .	42	1	Spesialpedagogiske tiltak i kommunar og fylkeskommunar . . . . .	51
4.10.3	Læremiddel . . . . .	42	2	Det statlege støttesystemet for spesialundervisning . . . . .	64
4.10.4	Ulike tiltak og prosjekt . . . . .	43	3	Kompetansenettverket og tilgrensande tenester for personar med særskilde opplæringsbehov: Aktørar, omfang, samarbeid og nytte . . . . .	87
4.10.5	Skulane ved seks sosiale og medisinske institusjonar med kompetansesenterfunksjonar . . . . .	43	4	Sosiale og emosjonelle vanskar og lese- og skrivevanskar . . . . .	100
4.11	Planarbeid og oppfølging ved statens utdanningskontor m m . . . . .	44			
4.12	Brukarmedverknad . . . . .	44			
4.13	Vurdering av enkelte særskilde forhold . . . . .	44			
4.13.1	Eigne skular og klassar for spesialundervisning . . . . .	44			



DET KONGELEGE KYRKJE-,  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

# St meld nr 23

(1997–98)

## Om opplæring for barn, unge og voksne med særskilde behov

Den spesialpedagogiske tiltakskjeda og det statlege støttesystemet

*Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 27. mars 1998, godkjend i statsråd same dagen.*

### 1 Innleiing, samandrag og konklusjonar

#### 1.1 MÅL OG PRINSIPP FOR OPPLÆRINGA

Alle barn, unge og voksne skal gjennom grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring få hjelp til å ta hand om sitt eige liv og vise pliktkjensle og omsorg for andre. Eitt av dei overordna opplæringsmåla er formulert slik:

«Målet for opplæringa er å ruste barn, unge og voksne til å møte livsens oppgåver og meiste utfordringar saman med andre. Ho skal gi kvar elev kompetanse til å ta hand om seg sjølv og sitt liv, og samtidig overskott og vilje til å vere andre til hjelp.»

(Læreplan for grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring, Generell del)

Det pedagogiske arbeidet med å realisere slike overordna opplæringsmål må ta utgangspunkt i evne og føresetnadene til den enkelte eleven. Dette er berbejelken i prinsippet om *tilpassa opplæring*. Alle elevar skal i skulen, uavhengig av bakgrunn, evner eller funksjonshemmingar, møte utfordringar som er i samsvar med føresetnadene deira. Berre da kan vi snakke om likeverdige opplæringstilbod.

Eit slikt ambisiøst pedagogisk mål set store krav til differensiering, med utgangspunkt i sentralt fastsette læreplanar. Einskapsskulen kombinerer fellesskap og mangfald gjennom på den eine sida å inkludere alle elevar i eit sosialt, fagleg og kulturelt fellesskap med klassen og skulesamfunnet som felles arena, og på den andre sida å forvente individuell tilpassing av metode og innhald.

For enkelte elevar trengst spesielt tilrettelagde pedagogiske tiltak for å støtte opp om, og i størst mogleg grad å møte særskilde behov for, tilpassa og inkluderande opplæring i den lokale skulen. Fleirtalet av elevar med særskilde behov kan få ekstra støtte og hjelp gjennom differensiering med basis i klassen og ved bruk av ordinære ressursrammer, gjennom t d gruppedeling, 2-lærarsystem, innanfor klassens ramme m m. Elevar som ikkje kan få eit tilfredsstillande tilpassa tilbod innan slike rammer, er i lovverket gitt ein eksklusiv *individuell rett til spesialundervisning, med grunnlag i enkeltvedtak og etter sakkunnig fagleg vurdering*. I landsgjennomsnitt får vel 6 % av elevane i grunnskulen i Noreg spesialundervisning etter enkeltvedtak, og ein noko lågare prosentdel i barnehage og vidaregåande opplæring.

Denne stortingsmeldinga omhandlar først og fremst organiseringa av det spesialpedagogiske tilbodet til barn, unge og voksne med særskilde behov, særleg med tanke på det faglege hjelpe- og støtteambeidet frå lokal pedagogisk-psykologisk teneste (PP-teneste eller PPT) og statlege kompetansesentra. I botn for meldinga ligg prinsippet om tilpassa opplæring for alle, og retten til spesialundervisning for dei som treng tilbod om tiltak utover det dei vanlege ressursrammene og differensieringsmodellane gir rom for.

Dei aller fleste barn, unge og voksne i Noreg med særskilde behov får opplæring i lokalsamfunnet. Det er her kvaliteten på det pedagogiske tilbodet skal si-

krast. Skulen skal, i samarbeid med dei føresette, utforme og gi barnet/den unge eit tilpassa opplæringstilbod. Barn som etter sakkunnig vurdering har eit dokumentert behov for eit spesialpedagogisk tilbod før grunnskulealder, har ein juridisk rett til å få det. I tilfelle barnehagen eller skulen treng tilleggskompetanse i arbeidet med å gi eit tilbod tilpassa dei spesielle føresetnadene til den enkelte, skal det skaffast nødvendig hjelp og støtte frå lokal PP-teneste, statlege spesialpedagogiske kompetansesenter eller andre faglege hjelpe- og rettleiingstenester. Utgangspunkt, rettar og plikter når det gjeld slike spesialpedagogiske tilbod, finst nedfelte i lover, forskrifter og læreplanar for skuleverket.

Det er kommunen og fylkeskommunen som har det formelle ansvaret for å leggje til rette opplæringa for alle elevar, også dei som har særskilde behov. Dette prinsippet vil bli ført vidare i ei ny felles opplæringslov. Lærlingar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skule. Vidare kan fylkeskommunen samtykkje i at det blir fastsett avvikande kontraktvilkår for lærlingar. Ungdommar som er særst lite skulemotiverte, kan etter sakkunnig vurdering få heile den vidaregåande opplæringa i bedrift.

Staten skal syte for at kommunar og fylkeskommunar har eit tilstrekkeleg samla inntektsgrunnlag til å kunne følge opp det formelle opplæringsansvaret sitt. Utover dette har staten tradisjonelt ivaretatt spesialpedagogisk spisskompetanse på nasjonalt nivå, for å supplere og støtte det lokale arbeidet med å gi alle barn, unge og voksne med særskilde behov eit individuelt tilpassa pedagogisk tilbod.

## 1.2 VIKTIGE PREMISSAR FOR SPESIALUNDERVISNINGA OG SÆRSKILT TILRETTELagd OPPLÆRING<sup>1</sup>

Barn, unge og voksne med særskilde opplæringsbehov representerer svært ulike grupper. Det er store variasjonar mellom grupper som fysisk funksjonshemma, synshemma, hørselshemma, personar med språk- og talevanskar, grupper med sosiale og emosjonelle vanskar, samansette lærevanskar eller spesifikke fagvanskar. Forskjellane er vidare store internt i kvar enkelt gruppe. Behova for omfang og grad av særskild tilrettelegging vil såleis variere.

Gjennom undersøkingar og statistikk framgår at det finst store variasjonar og lokale «kulturforskjellar» m o t organisering og tilrettelegging av opplæring for elevar med særskilde behov. Slike forskjellar kan best forklarast med ulike tradisjonar og ulik erfaring og kompetanse når det gjeld å leggje til rette opplærings- tilbodet for desse elevane.

I den spesialpedagogiske debatten og i praksis er merksemda retta mykje mot timetal, elevkategoriar og ressursar. Barnehagen og skulen sine faglege og pedagogiske føresetnader for å utvikle tilpassa og inklude-

rante læringsmiljø, med rom for mangfaldet av evner og moglegheiter, er ofte mindre diskutert. Auka kompetanse i forhold til desse utfordringane, i første omgang gjennom å kanalisere ressursar inn i generelle tilretteleggingstiltak, vil kunne ha positiv, førebyggjande verknad og redusere behovet for meir tradisjonell og segregerte spesialundervisning etter enkeltvedtak.

Tradisjonelt har spesialpedagogisk debatt ofte dreidd seg om diagnoser, funksjonshemmingar og problem, i staden for å samle seg om elevane sitt meistrings- og utviklingspotensial. På den andre sida kan ei "allmenngjering" av særskilde vanskar – utan særskild tilrettelegging av opplæringssituasjonen – lett usynleggjere reelle behov og problem. Det er derfor viktig å finne ein rimeleg balanse mellom generelle pedagogiske tilnærmingar og særskilde, spesialpedagogiske metodar og tiltak. I møtet med desse samansette utfordringane treng både lærarar og foreldre nødvendig hjelp og rettleiing frå leiinga på skulen og frå faglege hjelpeinstansar med spesialpedagogisk kompetanse.

Det er viktig å streke under at tilrettelegging av opplæringa for barn, unge og voksne med særskilde behov er eit samla ansvar for barnehagen, skulen og vaksenopplæringa. Det handlar ikkje berre om å tilpasse opplegget for det faglege arbeidet, men om å byggje eit inkluderande og trygt lærings- og oppvekstmiljø i vid meining. I grunnskulen inngår skulefritidsordninga som ein viktig og integrert del av det samla skulemiljøet.

Dei føresette skal vere ein nær samarbeids- og samtalepartner med personalet i barnehage og skule. Når det gjeld barn og unge med særskilde behov, er dette spesielt viktig. Foreldre kjenner barna sine betre enn nokon andre og vil derfor vere viktige i eit samhandlingsforhold. Arbeidet med tilpassa opplegg og individuelle opplæringsplanar skal skje i nær kontakt mellom skule og foreldre, slik at viktige pedagogiske

### <sup>1</sup> DEFINISJONAR

Tilpassa opplæring

Grunnskolelova § 7 første ledd bestemmer at «alle elevar har rett til å få opplæring i samsvar med dei evnene og føresetnadene dei har». Regelen slår fast som generelt prinsipp at all opplæring så langt råd er, skal tilpassast den enkelte eleven.

Elevtilpassa opplæring som generelt mål er ikkje komme særskilt til uttrykk i lov om vidaregåande opplæring. Det må likevel leggjast til grunn at elevtilpassa opplæring er eit prinsipp også i den vidaregåande opplæringa. (NOU 1995:18).

Læreplan for grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring, generell del, byggjer på at opplæringa skal tilpassast den enkelte.

Spesialundervisning

Spesialundervisning er særskilt tilrettelagd opplæring for å sikre enkelte elevar retten til tilpassa opplæring jf. gsl § 8, lvgo § 8 og § 11 og vol § 5.

Eleven skal ha eit særleg behov i den forstand at han ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av den vanlege opplæringa. Det er ein føresetnad at det skal ligge føre sakkunnig vurdering før vedtak blir gjort. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Nemninga *spesialundervisning* er i lovverket nytta om det spesielt tilrettelagde opplæringstilbodet som blir gitt etter eit slikt vedtak.

Retten til spesialundervisning må vurderast på bakgrunn av det utbyttet eleven kan ha av det konkrete opplæringstilbodet ved skulen.

prinsipp kan følgjast opp også heime, der dette er naturleg.

For voksne skal arbeidet med tilpassa opplegg og individuelle opplæringsplanar skje i nær kontakt mellom ansvarleg sektor, brukar/brukarrepresentant, sakkunnig instans, helse- og sosialetat og arbeidsstad eller arbeidsmarknadsetat.

### 1.3 SAMANDRAG OG KONKLUSJONAR BAKGRUNNEN FOR OG OPPBYGGINGA AV MELDINGA

#### 1.3.1 Bakgrunn og hovudtema for meldinga

Departementet varsla i St.prp. nr. 1 (1995–96) at det ville bli fremja ei stortingsmelding med m a evaluering av omstruktureringa av spesialundervisninga frå 1992, jf kap 1.4. Denne meldinga omfattar ikkje det spesialpedagogiske arbeidet i barnehage og skule i vidaste meining, men er særleg konsentrert om organiseringa av det faglege hjelpe- og støtteapparatet på lokalt og nasjonalt plan. Departementet vurderer i meldinga gjeldande ordningar og legg fram framtidige modellar for organisering og bruk av ressursane. Eleven sine interesser har stått i sentrum under arbeidet med meldinga. Endringar er grunngitt med at dei kan føre ressursar og kompetanse nærmare elevane og dei pedagogiske kvardagsutfordringane enn dagens ordningar, for å medverke til å utvikle ein enda betre og meir inkluderande skule for alle, der behova til brukaren har høgste prioritet.

I ein slik prosess er det likevel nødvendig å prøve å få eit oversiktsbilete av, og å sjå i samanheng, alle ledd i det vi kan kalle ei spesialpedagogisk tiltakskjede – frå det enkelte tiltak innan ramma av klassen via lokal PP-teneste, statlege spesialpedagogiske kompetansesenter og andre faglege kompetanseinstitusjonar, f eks innan helse- og sosialsektoren. Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen har i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1997–98) uttalt følgjande:

«Komiteen vil understreke at både grunnskole og videregående skole er en skole for alle der alle skal få like muligheter til å utvikle seg. Komiteen vil fremheve at målet for den læringen og treningen som kompetansesentrene skal drive, er å sikre at elevene skal kunne mestre hverdagen og fungere selvhjulpne i samfunnet så raskt og så godt som mulig.

I denne sammenheng er det viktig å styrke PP-tjenestens kapasitet og kompetanse.....

Komiteen viser til den varslede stortingsmeldingen om statlige kompetansesentra. I arbeidet med denne stortingsmeldingen mener komiteen det må settes fokus på forholdet mellom PP-tjenesten, nærskole og kompetansesentrene, slik at de samlet utgjør en helhet i arbeidet med barn, unge og voksne med særskilte opplæringsbehov. Komiteen vil i forbindelse med denne stortingsmeldingen komme tilbake til en nærmere drøftelse av ressursbruken innenfor spesialpedagogisk sektor for alle tre forvaltningsnivåer.»

Samla sett går det i dag omkring 6 milliardar kroner til spesialundervisning etter enkeltvedtak og andre spesialpedagogiske tiltak på kommunalt, fylkeskom-

munalt og statleg nivå. I tillegg kjem monalege midlar til andre former for tilpassa opplæring, t d delingstimar m m. Meldinga legg i utgangspunktet til grunn at dei økonomiske og personellmessige ressursane som går til elevar med særskilte opplæringsbehov blir vidareførte, men at dei med tanke på verknaden for brukarane, kan utnyttast betre enn i dag.

Om lag 99,5 % av alle som får særskilt tilrettelagd opplæring, får dekt behovet innanfor vanleg skule og barnehage. 50 000–55 000 barn, unge og voksne som får slik særskilt tilrettelagd opplæring etter enkeltvedtak, får tilbodet sitt innanfor lokalskulen og den lokale barnehagen. Knapt 3 500 elevar får opplæring i kommunale eller fylkeskommunale spesialskular eller spesialklassar utanom vanleg skule. Dette er mellom anna opplæring i sosiale og medisinske institusjonar, barneverninstitusjonar, kommunale og interkommunale skule- og miljøtiltak, tilbod for psykisk utviklingshemma og skular innanfor kriminalomsorga. Ved statlege kompetansesentra for hørselshemma er det om lag 310 heiltidselevar.

Lokale barnehagar og skular treng faglege hjelp og støtte frå fagpersonell med spesiell, pedagogisk og/eller psykologisk kompetanse for å kunne gi brukarane tilpassa tilbod med god kvalitet. Dels etterspør lærarar og førskulelærarar hjelp til individuell utgreiing og rådgiving om tilbodet til den enkelte brukar, såkalla "individretta arbeid". Men dels dreier det seg også om behov for meir generell pedagogisk rettleiing og hjelp til personalet i spørsmål om organisering og praktisk metode for å oppnå eit kvalitativt betre læringsmiljø, såkalla "systemretta arbeid". PP-tenesta sitt faglege rådgivingsansvar er derfor vidtrekkjande og femner om både individretta og systemretta oppgåver. Det same gjeld dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra og andre faglege instansar, som skal supplere den lokale PP-tenesta med spisskompetanse som det ikkje er naturleg å vente å finne lokalt.

Dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra skal i all hovudsak drive utoverretta verksemd overfor dei opplæringsansvarlege i kommunane og fylkeskommunane. Utgreiing og rettleiing kan skje ved dei einskilde kompetansesenter ved korttidsopphald, eller direkte i lokalmiljøet. Det er i alt ca. 330 elevar (310 hørselshemma og 20 med samansette lærevanskar) under opplæring i heilårs skuleavdelingar ved spesialpedagogiske kompetansesenter.

Dei spesialpedagogiske kompetansesentra skal i utgangspunktet gi støtte og hjelp til elevar med særleg tunge og ofte samansette problem i forhold til opplæring. Det dreier seg først og fremst om grupper med få brukarar, såkalla «lågfrekvente» grupper: synshemma, hørselshemma, elevar med store språk- og talevanskar. Enkelte senter arbeider likevel med grupper der talet på barn, unge og voksne med problem er relativt stort, såkalla «høgfrekvente» grupper. Det gjeld først og fremst elevar med sosiale og emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar og samansette lærevanskar (under dette psykisk utviklingshemma).

Samla sett blir det i dag nytta omtrent like store ressursar i dei 20 statlege kompetansesentra som i den landsdekkjande, lokale PP-tenesta med ca. 280 kontor. På kvart nivå finst om lag 1 500 årsverk. Departementet vurderer denne fordelinga i meldinga, ut frå eit overordna spørsmål om korleis vi bør organisere det samla hjelpe- og støtteapparatet slik at brukarane får best mogleg nytte av den tilgjengelege kompetansen. Vurderingane tek utgangspunkt i eit overordna mål om å gi barnehage og skule hjelp til å gi alle barn, unge og voksne med særskilte behov likeverdige opplærings-tilbod av god kvalitet nær brukaren, og i at det faglege hjelpe- og rettleiingsapparatet lokalt og sentralt skal fungere mest mogleg samordna og funksjonelt.

### 1.3.2 Oppbygginga av meldinga

I kap 2 blir verdigrunnlaget for meldinga omtalt. Det blir gitt ei kort historisk oversikt over utviklinga på feltet frå 1945 og fram til i dag. Omgrepet funksjonshemming blir diskutert, og det blir gitt ei oversikt over enkelte internasjonale dokument som er relevante for opplæringslovgivinga. Kapitlet gir også ei kort oversikt over verdiar og prinsipp i læreplanverket. Det formelle og juridiske grunnlaget, med vekt på rettar og plikter på det spesialpedagogiske området, vil gå fram av proposisjonen om ny opplæringslov og blir derfor ikkje gitt inngåande omtale i denne meldinga.

I kap 3 blir det gitt ei oversikt over dei mest aktuelle brukargruppene på det spesialpedagogiske feltet. Det blir vidare gitt ei oversikt over dei samla ressursane på feltet i form av kompetanse, årsverk og kostnader, og over talet på brukarar på dei ulike forvaltningsnivåa. Dette er ytterlegare utdjupa i vedlegg 1 og vedlegg 2.

I kap 4 gir departementet ei samla vurdering av heile den spesialpedagogiske tiltakskjeda, mellom anna på bakgrunn av forskingsrapportar, evalueringsrapportar og synspunkt frå arbeidstakarorganisasjonar, brukarorganisasjonar, dei statlege utdanningskontora og andre aktørar på området. Departementet vurderer ulike forhold både ved enkelte ledd i tiltakskjeda og i forhold til heilskapen, og foreslår endringar når det gjeld framtidig organisering, arbeidsdeling og drift.

I kap 5 blir dei økonomiske, administrative og personellmessige konsekvensane av forslaga i meldinga behandla.

Vedlegg 1 inneheld ein brei presentasjon av kommunale og fylkeskommunale spesialpedagogiske tiltak for førskulebarn, barn i grunnskulealder, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Oversikta viser tal på brukarar på ulike alderssteg, fordeling på ulike vanskegrupper mm. Vidare blir det gitt ei oversikt over tal på elevar som får spesialundervisning i eigne organisatoriske eller alternative tiltak, spesialskular, eigne tiltak knytte til sosiale og medisinske institusjonar eller andre særskilte opplæringsstiltak knytte til det vanlege skuleverket. Det blir og gjort greie for organi-

sering, bemanning, fagsamansetjing, arbeidsoppgåver og arbeidsprofil for PP-tenesta.

Vedlegg 2 inneheld ei brei omtale av dei ulike elementa i det statlege spesialpedagogiske støtteapparatet. Dette omfattar dei spesialpedagogiske kompetansesentra, Programmet for Nord-Noreg, FoU-program, syns- og audiopedagogtenesta, kompetansesentersystem for små grupper funksjonshemma, opplæring innanfor kriminalomsorga, samarbeid med frivillige organisasjonar, skuleverksemd ved somme sosiale og medisinske institusjonar, spesielle prosjekt og teiknspråkopplæring.

Vedlegg 3 gir ei framstilling av grenseflater mellom spesialpedagogiske tiltak i opplæringssektoren og tilgrensande tenester i andre sektorar. Det blir vidare gitt ei oversikt over omfanget av og aktørane i det tverrfaglege og tverretatlege kompetansenettverket lokalt, og opplysningar om korleis brukarane opplever dette komplekse hjelpeapparatet.

Vedlegg 4 skisserer nærmare bakgrunnen for eit særskilt praksisretta kompetansehevingsprogram for PP-tenesta m v i arbeidet framover, med særleg tanke på sosiale og emosjonelle vanskar, åtferdsproblem og lese- og skrivevanskar.

## 1.4 OMSTRUKTURERINGA AV SPESIALUNDERVISNINGA FRÅ 1992: STATLEGE STØTTETILTAK

Behandlinga av Innst. S. nr. 160 (1990-91) i Stortinget, jf St.meld. nr. 54 (1989-90) og St.meld. nr. 35 (1990-91) *Om opplæring av barn, unge og voksne med særskilte behov*, innebar omorganisering av statlege spesialskular til kompetansesenter og utvikling av ulike tiltak for å fremje kompetanseheving og oppbygging av nettverk mellom ulike fagmiljø. Hovudmålet var å sikre at alle barn, unge og voksne med særskilte behov får tilpassa og tilrettelagd opplæring i sitt eige oppvekstmiljø, så langt det er praktisk mogleg.

Omstruktureringa av spesialundervisninga frå 1. august 1992 var meint å skulle styrkje heile den landsomfattande spesialpedagogiske tiltakskjeda. Fleire statlege spesialskular vart slått saman og omorganiserte til 20 statlege spesialpedagogiske kompetansesenter. For dei fleste sentra innebar dette omlegging av verksemda frå skuledrift til utoverretta verksemd med vekt på fagleg rettleiing, hjelp og støtte til kommunar og fylkeskommunar. Det vart etablert 2 senter for synshemma, 6 senter for hørselshemma, 3 senter for sosiale og emosjonelle vanskar, 2 senter for språk, tale og kommunikasjon og 7 regionale senter for samansette lærevanskar/psykisk utviklingshemming. Fleire statlege spesialskular vart overførte til anna forvaltningsnivå eller annan sektor. Oversikt over dei ulike kompetansesentra som vart oppretta, finst i vedlegg 2, pkt 1.1. Her går det også fram kva for oppgåver dei har, og det blir gitt ei detaljert oversikt over ressursbruken.

Omstruktureringa innebar også etablering av eit

eige utviklingsprogram for Nord-Noreg, med vekt på utvikling av lokale, spesialpedagogiske tyngdepunkt og nettverkssamarbeid. Det vart dessutan etablert eit lokalt forsøks- og utviklingsprogram for perioden 1993-1995 med særleg vekt på fagleg styrking av PP-tenesta, og eit eige, fleirårig forskingsprogram under Noregs forskingsråd (1993-1998), *Spesialpedagogisk kunnskaps- og tiltaksutvikling*. Frå 1993 vart det etablert statlege synspedagog- og audiopedagogstillingar i alle fylke.

Andre statlege støttetiltak i samanheng med omstruktureringa har m a vore oppbygging av kompetansesystem for sjeldne og mindre kjende grupper funksjonshemma, drift av 4 regionsenter for døvblinde i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet og skuleverksemd ved 6 sosiale og medisinske institusjonar med kompetansesenterfunksjonar. Dessutan blei det som ledd i regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma, 1994-1997, etablert eit 2-årig nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for lærarar (1996-97) og opplæringsprogram i teiknspråk for foreldre frå hausten 1996.

Sentralt brukarforum, eit samarbeidsorgan mellom Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, andre departement og dei funksjonshemma sine brukarorganisasjonar, vart oppretta i 1993 i samband med omstruktureringa av spesialundervisninga. Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon har sekretariatsansvaret for brukarforumet.

## 1.5 VURDERING AV DEN SPESIALPEDAGOGISKE TILTAKSKJEDA OG DEN VIDARE DRIFTA

### 1.5.1 Ein omfattande evalueringsprosess med mange aktørar

Vurderingane i denne meldinga byggjer på ein omfattande gjennomgang av heile den spesialpedagogiske tiltakskjeda, under dette dei statlege kompetansesentra. Gjennomgangen er utført dels av styra for dei landsdekkjande og dei regionale kompetansesentra og av styret for Programmet for Nord-Noreg, dels av Møreforskning.

Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå desse gjennomgangane, anna materiale og innhenting av synspunkt frå brukarorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar og utdanningskontora vurderer departementet i denne meldinga m a

- forhold knytte til det lokale opplæringstilbodet i barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring
- forhold ved tilbodet frå lokal/fylkeskommunal PP-teneste
- forhold ved det statlege spesialpedagogiske hjelpe- og støtteapparatet
- forhold rundt kompleksiteten i det samla spesialpedagogiske kompetansenettverket

I kap 4 er det gjort nærmare greie for vurderingane og konklusjonane frå Møreforskning, styra og dei ulike høyringsinstansane. Sjølv om det i dette materialet finst store forskjellar i synet på framtidig organisering av det faglege hjelpe- og støtteapparatet, er konklusjonar og tilrådingar relativt samanfallande på tre sentrale punkt:

- 1 Tenestetilbodet frå dei statlege kompetansesentra synest i dag å vere betre tilpassa etterspørsel og behov hos brukarane og samarbeidspartnarane enn tidlegare.
- 2 Samla sett er den spesialpedagogiske tiltakskjeda topptung. Det blir brukt mykje ressursar på statleg nivå høgt oppe i tiltakskjeda, for langt unna brukarane. Det blir derfor rådd til å omfordele meir av desse statlege ressursane til lokal PP-teneste.
- 3 Spesialpedagogiske tiltak og tenester er ofte dårleg samordna med tiltak og tenester frå andre sektorar (helse- og sosialsektor, barnevern, arbeidsmarknadsetat, osv). Det er i løpet av ein del år bygd opp ei rekkje tenestetilbod som dels er overlappende og parallelle.

### 1.5.2 Departementet sine generelle vurderingar

Departementet har som nemnt vore oppteke av å sjå nærmare på heile den spesialpedagogiske tiltakskjeda for barn, unge og voksne med særlege opplæringsbehov. I ein slik gjennomgang er det naturleg å vurdere spesielt arbeidsdeling og ressursbalanse forvaltningsnivåa imellom, dvs forholdet mellom barnehage/skule, lokal PP-teneste og statlege spisskompetansetilbod.

I botn for departementet sine vurderingar ligg m a slike overordna prinsipp:

- Alle med særlege behov skal ha tilbod om tilpassa og inkluderande opplæring.
- For å gi kvar enkelt brukar eit kvalitativt godt tilbod må opplæringa differensierast og tilpassast individuelle føresetnader.
- Det spesialpedagogiske hjelpe- og støtteapparatet skal sikre tilgjengeleg hjelp av høg fagleg kvalitet nærast mogleg brukarane.
- Det er behov for ein gjennomgang av ansvars- og ressurstildelinga forvaltningsnivåa imellom.
- Det er behov for større samordning av tenestetilbod på tvers av sektorgrenser.

Utviklinga på det spesialpedagogiske området har mange positive trekk. Kompetanseutviklinga lokalt, på barnehage- og skulenivå, har vore stor. Undersøkingar viser at foreldre og føresette i stor grad er positive til lokale spesialpedagogiske tilbod. Tilsvarende er lærarar, skular og barnehagar gjennomgåande tilfredse med dei spesialpedagogiske kompetansesentra og dei andre hjelpetenestene i kompetansenettverket (jf vedlegg 3). Når det gjeld dei statlege sentra, ligg forklaringa etter departementet si vurdering først og

fremst i ein svært målbevisst endringsprosess dei siste åra.

Trass i mange positive utviklingstrekk er det likevel som hovudregel eit sterkt behov for å leggje det tilpassa opplæringstilbodet betre til rette lokalt. Nyare forskning påviser til dels overraskande store lokale variasjonar i organisering og innhald i den tilpassa opplæringa. Vi finn heile variasjonsbreidda frå ein segregerte praksis i tråd med gammal spesialskuletradisjon til maksimal grad av integrering av funksjonshemma innan rammene av ordinær opplæring i klasse og lokal skule.

På grunnlag av ei samla vurdering av status og utfordringane går departementet inn for ei omlegging av den samla spesialpedagogiske tiltakskjeda lokalt, regionalt og nasjonalt. Det blir i kap. 4 gjort meir utfyllande greie for grunngeving av og innhald i forslaga. Omlegginga har følgjande hovudelement:

- **Ei omfordeling av ressursar frå statlege kompetansesenter, primært innan områda samansette lærevanskar og sosiale og emosjonelle vanskar, til lokal PP-teneste.** Mens dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra i løpet av året tek ansvar for ca. 8–10 000 av dei mest ressurskrevjande elevane, har PP-tenesta eit årleg «kunde grunnlag» på ca. 80–90 000 barn, unge og voksne. Ressursmessig har dei to instansane omtrent like mange årsverk. Sjølv om brukarane i kompetansesentra gjennomgåande er tyngre enn PP-tenesta sine brukarar og produksjonstala ikkje kan samanliknast direkte, er det grunnlag for å meine at det eksisterer ein ubalanse når det gjeld ressursfordelinga mellom dei to tenestene.
- **Ein meir utoverretta arbeidsprofil i PP-tenesta.** I dag blir svært store ressursar bundne til kontorretta arbeid med utgreiingsoppgåver og sakkunnig vurdering av enkeltlevar. Det medfører mindre tid til dagleg rådgivings- og oppfølgingsarbeid med direkte tilknytning til organisering, tiltaksutvikling og tilrettelegging av opplæringa i barnehagar og skular. Det er og naudsynt med styrka innsats i PP-tenesta for dei voksne. Det krev stor grad av samarbeid med andre sektorar og etatar.
- **Meir «spissing» av det statlege kompetansetilbodet.** Ressurskrevjande grupper av funksjonshemma, som det er relativt få av (synshemma, hørselshemma, elevar med store språk- og talevanskar og andre meir sjeldne funksjonshemmingar), treng tilgjenge til statleg spisskompetanse på tilnærma same nivå som idag. Ein kan ikkje vente at ein lokalt innehar nødvendig kompetanse for å leggje opplæringa til rette for slike elevgrupper, utan hjelp frå eit statleg senter med spisskompetanse. For elevar med sosiale og emosjonelle problem, samansette lærevanskar og f eks lese- og skrivevanskar er situasjonen annleis. Her handlar det om problem og behov som finst ved dei fleste barnehagar og skular. Det er derfor viktig å ha fagleg hjelp og støttekompetanse nær tilgjengeleg, helst

lokalt. I tillegg trengst statleg spisskompetanse konsentrert om dei mest samansette og tunge problema.

- **Styrking av kompetansen på området utagerande åtferd.** Den nasjonale spisskompetansen på sosiale og emosjonelle vanskar vil bli samla ved Senter for åtferdsforskning. I tillegg vil noverande regionale kompetansesenter bli tilført kompetanse for å styrke innsatsen i forhold til barn og unge med utagerande åtferd, og det vil bli lagt opp til forsterka samarbeid med kompetansemiljø innan barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien.
- **Betre samordning og kontakt mellom ulike hjelpetiltak, på tvers av forvaltningsnivå og sektorgrenser.** I dag opplever mange frustrasjon over å stå som brukar overfor det store og uoversiktlege kompetansenettverket med forankring i ulike sektorar og fagkulturar. Svak samordning medfører ressursøyding, faglege konflikhtar mellom ulike tenestetilbod og brukaroppleving av å vere "kasteball" mellom ulike instansar. Det er viktig å regulere samhandlinga mellom dei mange aktørane i kompetansenettverket ved avtalebasert samarbeid. Samarbeid om planlegging og tiltaksutvikling for voksne brukarar er ei særleg utfordring.

### 1.5.3 Vidare drift og endringar

I det følgjande blir det gitt ei kortfatta, samla oversikt over hovudelementa i dei endringane som departementet vil leggje til grunn for framtidig modell for arbeidsdeling og ressursbruk i den spesialpedagogiske tiltakskjeda. Deretter blir tiltaka omtalte kvar for seg.

#### Omfordeling av kompetanse og ressursar frå nasjonalt til lokalt nivå

Hovudmålet med departementet sitt opplegg er å styrkje det spesialpedagogiske tilbodet lokalt, både på barnehage-, skule- og PPT-nivå, for å få mest mogleg kompetanse nærmast mogleg brukarane. Dei viktigaste verkemidla for å få dette til er følgjande:

- Styrking av PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar med inntil 300 nye fagstillingar, som inneber ein auke i årsverk på i overkant av 20 %.
- Eit 3-årig, praksisretta kompetanseutviklingsprogram med sikte på å
  - styrkje PP-tenesta innanfor bestemte område, spesielt med tanke på åtferdsvanskar, lese- og skrivevanskar og samansette lærevanskar
  - vri arbeidsprofilen i PP-teneste og statlege kompetansesenter endå meir i retning av brukarfokusert utoverretta arbeid (systemarbeid)
  - styrkje kontakten og nettverkssamarbeidet mellom statlege kompetansesenter og lokal PP-teneste, og kompetansesentra imellom
- Styrkje læremiddelutviklinga, primært gjennom Nasjonalt læremiddelsenter og Samisk utdanningsråd

Bygge ned delar av det statlege kompetansesentersystemet gjennom avgrensing og konsentrasjon av funksjonar/oppgåver, primært innan områda samansette lærevanskar og sosiale og emosjonelle vanskar, og omorganisering m a av den statlege syns- og audiopedagogtenesta i fylka og avvikling av landsdels- og fylkestiltak under det særskilde Nord-Noreg-programmet

- Styrkje tiltak i forhold til samiske brukarar
- Initiere FoU-arbeid med relevans til det spesialpedagogiske praksisfeltet
- Forenkling av styringsstrukturen for dei statlege kompetansesentra, med eitt felles nasjonalt styre, men framleis med eige sektorstyre for hørselssektoren, underlagt styret

Meir utfyllande vurdering og grunngiving framgår av kap 4.

### Finansiering av endringane

Dei styrkingstiltaka departementet går inn for, har eit samla kostnadsnivå på 130 mill kroner (1997-prisnivå), og skal finansierast innanfor dei eksisterande økonomiske rammene på kap 0243 Kompetansesentra for spesialundervisning:

- Konsentrasjon og «spissing» av funksjonar ved kompetansesentra for samansette lærevanskar gir rom for nedbygging av talet på årsverk med gjennomsnittleg ca. 40–50 %. Nedbygginga frigjer ca. 78 mill kroner. Den endelege fastsetjinga av bemanninga ved dei enkelte senter vil departementet komme attende til i budsjettsamanheng, etter forslag frå dei aktuelle styra.
- Avvikling av Rogneby (senter for sosiale og emosjonelle vanskar) frigjør ca 7 mill kroner.
- Ved synssentra Huseby og Tambartun og Bredtvet senter for språk/tale blir det i alt lagt opp til ein reduksjon tilsvarande 50 årsverk til saman, dels som følgje av omorganisering til eitt felles synssenter med 2 avdelingar, dels som følgje av ei viss «spissing» av funksjonane på Bredtvet. Reduksjonen frigjer ca. 16 mill. kroner. Den endelege fastsetjinga av bemanninga ved dei enkelte senter vil departementet komme attende til i budsjettsamanheng, etter forslag frå styret .
- Det særskilde Programmet for Nord-Noreg blir avvikla som eige program. Avviklinga av landsdels- og fylkestiltak frigjer ca. 9 mill. kroner.
- Omlegging til ei forenkla styre- og sekretariatsordning frigjer ca. 6 mill. kroner.
- Andre omdisponeringar, m a mindreforbruk til venteløn frå forrige omstillingsperiode, frigjer ca. 14 mill. kroner.

### Styrkinga av PP-tenesta

Grunngivinga for å omfordele ressursar frå statleg til kommunal og fylkeskommunal sektor ligg dels i å

styrkje PP-tenesta både når det gjeld kapasitet og kvalitet, dels i å vri arbeidet meir i retning av brukarorientert rettleiing, kompetanseutvikling og pedagogisk utviklingsarbeid som omfattar elevar, fagpersonell og foreldre i barnehage og skule. Departementet ser PP-tenesta som sjølve ryggrada i det spesialpedagogiske hjelpesystemet. Ei dårleg fungerande PP-teneste har m a problem med å ta imot og følgje opp fagleg hjelp og støtte frå kompetansesenter høgare oppe i tiltakskjeda.

Siktemålet med å ruste opp PP-tenesta er først og fremst å styrkje handlingskompetansen i skule og barnehage for å skape gode og stimulerande læringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæring. Barnehage og skule har behov for hjelp og støtte frå ein instans som arbeider lokalt på permanent basis og som kjenner kommunesektoren, lokalmiljøet, skulane, barnehagane og dei mange aktørane i kompetansenettverket godt. Ei PP-teneste med nær kontakt med barnehage, skule og lokalmiljø, og med fagpersonale med høg og relevant kompetanse, har derfor gode føresetnader for å gi råd og rettleiing om vanlege problem som samansette lærevanskar, sosiale og emosjonelle problem og lese- og skrivevanskar. Det er ikkje minst i forhold til slike utfordringar barnehage og skule i dag melder at dei kjem til kort og etterspør tilgjengeleg rådgivingskompetanse.

Tiltaka inneber altså at den lokale PP-tenesta kan styrkjast med ca. 300 årsverk, herav 280 årsverk i trinn I frå 1. august 1999 og 20 årsverk i trinn II seinare. Konkret vil dette skje ved å overføre ressursar til kommunar og fylkeskommunar tilsvarande dei 300 årsverka, i første omgang som øyremerkte midlar.

I utgangspunktet går departementet inn for å fordele PPT-årsverka fylkesvis etter ein fordelingsnøkkel med basis i folketalet. Den endelege og detaljerte fordelinga innan fylka på kommunalt og fylkeskommunalt nivå vil gjerast av departementet, etter grundig gjennomgang og fagleg tilråding i kvart fylke. Dei statlege utdanningskontora vil saman med kommunesektoren i fylka få hovudansvaret for å samordne ein slik fagleg gjennomgang. Fagleg eining for PP-tenesta og styret for kompetansesentra skal også trekkjast inn i desse prosessane.

Departementet legg til grunn at det blir etablert funksjonelle modellar, f eks interkommunale samarbeidsordningar, som sikrar alle delar av fylket og alle kommunar tilgang til spesialpedagogisk kompetanse på høgt nivå. Departementet er i denne prosessen oppteke av å få følgt opp positive erfaringar frå Nord-Noreg-programmet, med forsterka faglege tyngdepunkt lokaliserte til enkelte PP-kontor og avtalebasert samarbeid i større regionar. Etter ein periode på nokre år, når strukturane er på plass og årsverka er plasserte kommunane imellom, vil midlane bli innarbeidde i rammetilskotet til kommunesektoren.

### Framtidig organisering av statlege kompetansesenter m m

Kompetansesentra skal mellom anna medverke til at kommunar og fylkeskommunar får rettledning og støtte for å sikre kvaliteten på opplæringstilbodet for personar med store funksjonsvanskar. Vidare skal dei utvikle spesialpedagogisk kompetanse for elevgrupper med store og særskilte behov gjennom kartlegging, diagnostisering, rådgiving og utviklingsarbeid.

Departementet sitt opplegg til strukturendringar i det samla spesialpedagogiske hjelpe- og støtteapparatet inneber små endringar for dei såkalla «lågfrekvente» gruppene. For desse (synshemma, hørselshemma og sterkt språk- og/eller talehemma) vil staten halde oppe tilbodet omtrent som idag med mindre justeringar av kapasiteten og/eller visse interne omorganiseringstiltak. Dei største strukturendringane vil bli gjord for kompetansesenter for samansette lærevanskar og sosiale og emosjonelle problem, det vil seie for dei såkalla «høgfrekvente» gruppene.

Senter for leseforskning og Senter for åtferdsforskning er idag ein organisatorisk del av Høgskulen i Stavanger. Departementet vil be styret om å vurdere opplegg for nærmare tilknytning også mellom andre kompetansesentra og høgskulesystemet, i samråd med dei involverte institusjonane.

Spesielt vil styret bli bedt om å vurdere ny lokalisering av Birkelid kompetansesenter i samband med at Høgskulen i Agder får nye lokale på Gimlemoen, og samlokalisering av Ekne kompetansesenter med Høgskulen i Nord-Trøndelag si avdeling i Levanger.

For enkelte senter for samansette lærevanskar kan det bli aktuelt med reviderte geografiske dekningsområde.

For alle kompetansesentre vil det vere viktig å inngå samarbeidsavtalar med samarbeidspartnarane, for m a å avklare arbeidsoppgåver og funksjonsdeling, ansvarstilhøve m v.

Nedanfor blir det gitt ei kort framstilling av dei viktigaste endringane i det statlege kompetansesenter-systemet. Nærmare grunngiving og detaljar framgår av kap 4.

### A Kompetansesenter for hørsel

Hørselssektoren er dekt av seks kompetansesenter, alle lokaliserte i Sør-Noreg. Talet på heilårselevar ved døveskulane har vore tilnærma stabilt i perioden 1992–1998, men det har vore ei forskyving i elevtalet internt mellom dei ulike sentra.

Departementet vil halde oppe ressursnivået innanfor hørselssektoren så lenge brukarane ønskjer heildagstilbod ved statlege sentra. Departementet har likevel planar om ei geografisk omfordeling av ressursane innan sektoren, på bakgrunn av m a ein sterk nedgang i elevtalet ved Nedre Gausen kompetansesenter i Vestfold.

Departementet vil be dei aktuelle styra greie ut nærmare spørsmålet om å avvike tilbodet ved Nedre Gausen og omfordele ressursar til etablering av eit hørselssenter i Nord-Noreg. Som ledd i utgreinga skal det også vurderast å leggje tilbod for eventuelle andre vanskegrupper til eit slikt senter, f eks elevar med samansette lærevanskar, åtferdsproblem, språk/talevanskar og/eller synsvanskar (allkompetansesenter).

Dei statlege audiopedagogane i fylka vil bli knytte fagleg og administrativt til aktuelle hørselssenter.

### B Kompetansesenter for syn

Departementet går inn for at dei to synssentra Huseby (Oslo) og Tambartun (Trondheim) blir slått administrativt saman under felles leing frå 1. august 1999. Dette vil gjere det lettare å koordinere aktivitetane og tenestetilbodet til brukarane.

Departementet vil redusere bemanninga ved Huseby og Tambartun med til saman 25 årsverk frå 1. august 1999. Dette er basert på m a ei forventet effektivisering av drifta ved den ovannevnte samanslåinga. Vidare vil departementet peike på at dei to sentra har nesten same tal årsverk i dag som i 1993, samstundes som talet på heiltidselevar er redusert frå 66 i 1993 til 0 i dag. Vidare er talet på tilsette med hovudfagskompetanse tredobla i omstillingsperioden.

Dei statlege synspedagogane i fylka vil bli knytte fagleg og administrativt til dei to synssentra.

### C Kompetansesenter for språk- og talevanskar, lese- og skrivevanskar

Bredtvet kompetansesenter (Oslo og Søndre Land, Oppland) med omkring 115 årsverk dekkjer både høgfrekvente og lågfrekvente vanskegrupper. Styret har i lengre tid arbeidd for å spisse og avgrense verksemda til Bredtvet, i det ein har meint at senteret i for stor grad har teke på seg oppgåver som kommunesektoren sjølv burde dekkje. Forutan PP-tenesta med om lag 200 logopedar er det lokalt etablert fleire andre fylkeskommunale og kommunale eller interkommunale tilbod i denne sektoren.

I nokon grad har Bredtvet brukarar og samarbeidspartnarar som også kan få hjelp ved anten Senter for leseforskning (Stavanger), avdeling for pådregen hjerneskade ved Øverby kompetansesenter (Gjøvik) eller logopedisk avdeling ved Eikelund kompetansesenter (Bergen). Senter for leseforskning vil bli styrkt med inntil 3 årsverk frå 1999. Desse kompetansesentra vil elles komme under same styre frå 1. januar 1999, noko som vil gjere det lettare å sjå ressursane i denne sektoren under eitt.

På bakgrunn av det ovanståande og styrkinga av PP-tenesta går departementet inn for å redusere bemanninga ved Bredtvet med 25 årsverk frå 1. august 1999.

## D Kompetansesenter for sosiale og emosjonelle vanskar

Åtferdssektoren har i dag 3 små kompetansesentra som arbeider med ei svært høgfrekvent vanskegruppe: Senter for åtferdsforskning (Rogaland), Rogneby (Oppland og Sør-Trøndelag) og Lillegården (Telemark). Desse sentra arbeider i stor grad systemretta ut mot PP-teneste og skular. Vidare har mange brukarar ved dei 7 kompetansesentra for samansette lærevanskar tilleggssproblem i form av sosiale og emosjonelle vanskar og utagerande åtferd.

Departementet vil spesielt styrkje lokal PP-teneste sin kompetanse på dette feltet. Nasjonal spisskompetanse innan området blir foreslått samla i eitt kompetansesenter, Senter for åtferdsforskning, som vil bli styrkt med inntil 5 årsverk. Rogneby og Lillegården blir dermed avvikla som statlege kompetansesenter innan området åtferd. Delar av dei frigjorte ressursane vil bli brukt til å styrkje kompetanse innan området sosiale og emosjonelle vanskar ved sentra for elevar med samansette lærevanskar.

Rogneby blir heilt avvikla som åtferdssenter med 15 årsverk, men Oppland fylkeskommune vil få tilbod om å overta drifta av barnevernverksemda ved Rogneby.

Departementet er i utgangspunktet innstilt på å innlemme Lillegården (15 årsverk) i kompetansenettverket for elevar med samansette lærevanskar, primært som filial under Birkelid. Styret for dei statlege kompetansesentra vil bli bedt om å vurdere dette forholdet før endeleg avgjerd blir fatta.

Den foreslåtte modellen tilseier behov for tett nettverkssamarbeid mellom Senter for åtferdsforskning, dei regionale sentra for samansette lærevanskar, lokal PP-teneste og andre statlege tilbod for barn/unge med utagerande åtferd (f.eks. Barne- og familiedepartementet sitt forskings- og undervisningsprosjekt ved Universitetet i Oslo for barn/unge med tyngre åtferdsproblematikk og dei statlege regionale sentre innanfor barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien). Vidareutvikling av slikt nettverkssamarbeid inngår som prioritert oppgåve i det foreslåtte 3-årige kompetanseutviklingsprogrammet, jfr. kap. 4.9.

## E Kompetansesenter for samansette lærevanskar

Sektoren er i dag dekt av sju regionale senter med omkring 400 årsverk:

- Torshov, Oslo
- Birkelid, Songdalen og Tvedestrand
- Eikelund, Bergen
- Søreide, Gloppen
- Ekne, Levanger
- Øverby, Gjøvik
- Sandfallet, Alta (under Programmet for Nord-Noreg)

Dei viktigaste målgruppene har vore personar med

- samansette lærevanskar med låg intellektuell fungering, mellom desse psykisk utviklingshemma
- ulike spesifikke lærevanskar som gjer at individet ikkje tileignar seg dei kunnskaper, den dugleik og dei haldningar som er vanlege for alderen, utan at det ligg føre ein vesentleg evneretardasjon
- pådregne hjerneskarar av ulike slag

Mange av brukarane har som nemnd i tillegg sosiale og emosjonelle vanskar og åtferdproblem.

Fleire senter har hatt særlege eller landsdekkjande funksjonar innan avgrensa område, f.eks. Eikelund med logopedisk avdeling, Øverby med avdeling for pådregen hjerneskarade og Sandfallet med tospråkleg problematikk.

Departementet ønskjer å spisse og avgrense verksemda til desse sentra til dei tyngste tilfella, mens ei utbygd PP-teneste vil arbeide i forhold til lettare brukarar. Kompetansen på utagerande åtferd vil bli styrkt. Oppgåvene til kompetansesentre for samansette lærevanskar skal primært dekkje

- store samansette lærevanskar, deriblant djup psykisk utviklingshemming
- lære- og åtferdsvanskar med nevrologiske årsaker, deriblant ADHD, Tourettes syndrom, narkolepsi m m.

Eikelund, Øverby og Sandfallet skal framleis ha landsdekkjande spissfunksjonar, som i dag. Departementet vil dessutan leggje særskilde landsdekkjande oppgåver til Torshov, Birkelid og Ekne, jf. nærmare oversikt i kap 4.

Departementet er innstilt på å vurdere å leggje Søreide som filial under Eikelund og innlemme Lillegården i kompetansenettverket for samansette lærevanskar under Birkelid, jf. pkt. D. Styret vil bli bedt om å vurdere dette nærmare før endeleg avgjerd.

Dei sju regionale sentra vil bli reduserte med til saman 185 årsverk til 215 årsverk, som inneber ei nedbemanning på gjennomsnittleg ca 45 %. Sandfallet kompetansesenter vil bli mindre redusert enn andre regionale senter.

## Nord-Noreg-programmet

Sjølv om det spesielle programmet for Nord-Noreg blir avvikla som eige program, inneber omlegginga vidareføring og spreing av grunnideane: Styrking av den lokale PP-tenesta, konkret gjennom tilførsel av ressursar lokaliserte til enkelte «knutepunktkontor» i regionen, har vore den berande tanken bak programmet.

Intensjonane bak programmet blir vidareførte m a ved direkte styrking av PP-tenesta i heile landsdelen, og vidareføring av dei tidlegare institusjonstiltaka på tilnærma same nivå. Styrkinga skjer primært gjennom nye årsverk til PP-tenesta. Sandfallet kompetansesenter i Alta som m a har særlege oppgåver i forhold til den samisktalande befolkninga, vil bli halde oppe med noko redusert årsverksinnsats. Staten skal framleis

støtte regionsenteret for døvblindfødde i Troms. Driftsansvaret for Logopedisk senter i Sømna er overført til Nordland fylkeskommune frå 1. januar 1998 med statsfinansiering.

Det vil bli iverksett nye tiltak for å heve den spesialpedagogiske kompetansen for den samisktalende befolkninga. Det er særleg behov for utvikling av læremiddel og ressursar til utviklingsarbeid, studiestipend og etter- og vidareutdanning.

Departementet vil vurdere nærmare spørsmålet om å etablere eit statleg kompetansesenter for hørsel, ev. eit spesialpedagogisk «allkompetansesenter» i Nord-Noreg. Vidare blir det arbeidd med planar om etablering av eit hovudfagsstudium i spesialpedagogikk ved Universitetet i Tromsø.

### Syns- og audiopedagogtenesta

Departementet går inn for at den statleg finansierte synspedagogtenesta og audiopedagogtenesta i fylka – som i dag har svært ueinsarta fagleg og administrativ tilknytning – skal leggjast under aktuelle kompetansesenter for syn og hørsel. Føresetnaden skal likevel framleis vere at desse stillingane skal lokalisert i kvart enkelt fylke. Med det vil syns- og audiopedagogtenesta få ei heilskapleg administrativ og fagleg tilknytning, og kunne fungere som mellomledd på fylkesplanet mellom kommunane og dei aktuelle kompetansesentra på ein betre måte enn i dag.

### Læremiddel

Departementet ser det som ønskeleg å betre samordninga av læremiddelutviklinga og læremiddelproduksjonen ved Nasjonalt læremiddelsenter og kompetansesentra. Tilførsel av inntil 4 årsverk til Nasjonalt læremiddelsenter vil medverke til å styrkje den rolla institusjonen har i dette arbeidet.

Ei stilling vil bli oppretta ved Samisk utdanningsråd for å koordinere og styrkje læremiddelproduksjon og utvikling for samiske brukarar. Arbeidsdelinga mellom Samisk utdanningsråd og Nasjonalt læremiddelsenter om utvikling og produksjon av læremiddel på det spesialpedagogiske området vil bli vurdert nærmare.

Arbeid med å sikre tilfredsstillande tilgang på læremiddel m a i punktskrift, vil bli følgt opp.

### Andre statlege støttetiltak

- Autisneprogrammet frå 1993 er under evaluering med tanke på å byggje opp ei varig ordning for eit kompetansesystem for autisme frå 1999.
- Nasjonal kompetanseining for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi er samfinansiert med Sosial- og helsedepartementet. På bakgrunn av slutt-rapporten i 1997 vurderer departementa permanent vidareføring frå 1999.
- Tiltak som gjeld opplæringstilbod under kriminalomsorga, vil bli evaluerte seinare.
- Nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for lærarar og foreldre frå 1996 skal vidareførast.
- Departementet vil vidareføre Sentralt brukarforum og samarbeidet med organisasjonane i samband med den vidare omstruktureringa av spesialundervisninga.
- Verksemda ved skulane ved seks sosiale og medisinske institusjonar skal vidareførast.
- Fagleg eining for PP-tenesta, som vart oppretta i 1993, blir vidareført. Framtidig organisering, lokalisering og dimensjonering vil bli særskilt vurdert seinare.

### Framtidig styringsstruktur for kompetansesentra m m

Dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra og Programmet for Nord-Noreg er i dag lagde under tre styre. Under styret for dei landsdekkjande kompetansesentra er det i tillegg eit eige sektorstyre for hørselssektoren.

Som konsekvens av nedbygginga av dei regionale sentra og avviklinga av Programmet for Nord-Noreg, og ut frå ønsket om betre koordinering av sektoren, går departementet inn for at det frå 1. januar 1999 blir etablert eitt felles styre for alle dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra. Det nye styret skal og dekkje syns- og audiopedagogtenesta, skular ved seks sosiale og medisinske institusjonar med kompetansesenterfunksjonar og gjenverande institusjonstiltak under det noverande Programmet for Nord-Noreg.

Sektorstyret for hørsel blir halde oppe under det nye styret. Sekretariatet for det nye styret vil bli bygd opp rundt noverande sekretariat for dei landsdekkjande kompetansesentra i Molde, men den noverande tilknytninga til Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal vil bli avvikla.

## 2 Verdigrunnlag og mål

### 2.1 KORT HISTORIKK

Det har vore sterk utvikling i synet på kva sjansar og rettar funksjonshemma har til aktiv deltaking i samfunnet. Ideologiske, sosialpolitiske og økonomiske faktorar har påverka utviklinga nasjonalt og internasjonalt. Betring av opplæringstilboda for funksjonshemma har skjedd omtrent parallelt med endringane i tiltak og tenester for funksjonshemma innanfor andre sektorar (helse- og sosialsektor, trygdesystem, arbeidsmarknadssektor, bustadpolitikk mm). Det er gjort nærmare greie for den historiske utviklinga mellom anna i St.meld. nr. 54 (1989–90) *Om opplæring av barn og voksne med særskilte behov*, og i NOU 1995:18 *Ny lovgivning om opplæring*. Her skal berre kort nemnast nokre hovudlinjer i utviklinga av spesialundervisninga i Noreg etter 1945.

Spesialsकुlelova av 1951 påla staten å syte for undervisningstilbod for ulike grupper funksjonshemma i eigne skular. Dei svakaste vart likevel framleis vurderte som ikkje opplæringsdyktige og hadde derfor ingen opplæringsrett. Det vart sett i gang eit omfattande utgreiingsarbeid som sikta mot å byggje ut det statlege spesialsकुlesystemet i stor skala, etter kvart også for psykisk utviklingshemma som kunne ha utbyte av tilrettelagd opplæring med mindre teoretisk preg. Frå midten av 1950-talet til tidleg på 1980-talet var det ein kraftig auke i talet på spesialsकुlar og elevar i slike skular.

Gradvis vaks det fram større forståing for at dei spesialpedagogiske behova i større grad burde møtast innanfor det vanlege skuleverket. Ved ei endring i folkesकुlelova i 1955 vart kvar kommune forplikta til å gi hjelpeundervisning til elevar med lærevanskar, med statleg refusjon av utgiftene. Omfanget av denne hjelpeundervisninga steig raskt. Denne lokalt tilrettelagde spesialundervisninga i den vanlege skulen var eitdesentralisert alternativ til spesialsकुlesystemet. Det var likevel framleis ei form for segregering ved at undervisninga oftast vart gitt i særskilte hjelpeklassar. Som følgje av behovet for sakkunnig diagnostisering skjedde det etter kvart også ei utbygging av den pedagogisk-psykologiske rådgjevingstenesta (PP-tenesta). Dei første skulepsykologiske kontora vart etablerte i Aker og Oslo kommunar i 1946.

Debatten om organiseringa av spesialundervisninga skaut for alvor fart i 1960-åra. Den vanlege skulen var ikkje pålagd opplæringsansvar for dei sterkast funksjonshemma, og det var lange ventelister for plass i spesialsकुlane. Dei første sakene om mangelfull opplæring vart førte for retten. St.meld. nr. 42 (1965–66) *Om utbygging av spesialsकुlene* la opp til ei omfattan-

de utbygging som ville tilsvare over tredobling av elevtalet til over 8000. Dei konkrete utbyggingsplanane vart avviste av Stortinget i 1968.

I løpet av 1960-talet vart det retta kritisk søkelys mot eigne, spesialiserte og segregerte skuletilbod for funksjonshemma, og integreringsideologien med vekt på desentralisering og normalisering fekk aukande gjennomslag. St.meld. nr. 88 (1966–67) *Om utviklinga av omsorgen for funksjonshemmede* representerte eit brot med særomsorga, og avviste langt på veg etablering av særtiltak for funksjonshemma.

Blomkomiteen fekk i 1969 som mandat å utarbeide forslag til lovreglar som kunne erstatte spesialsकुlelova av 1951. Utgreiinga om lovreglar for spesialundervisning m m (avgitt 1970) representerer det til då viktigaste brotet i ein historisk tradisjon bygd på eit relativt omfattande spesialsकुlesystem. Blomkomiteen foreslo integrering av flest mogleg funksjonshemma i den vanlege skulen, og foreslo rett til spesialpedagogiske tiltak også for funksjonshemma barn under skulepliktig alder og for funksjonshemma voksne. Hovudprinsippa i utgreiinga frå Blomkomiteen vart lagde til grunn ved endringar i grunnskulelova og lova om vidaregåande opplæring frå 1975, sett i verk frå 1976. Det medførte at spesialsकुlelova av 1951 vart oppheva.

Utgreiinga frå Blomkomiteen førte mellom anna til følgjande viktige endringar:

- Utviding av opplæringsomgrepet, slik at også barn og unge som ikkje hadde fullt utbyte av tradisjonelle skulefag og teori, no fekk rett til opplæring.
- Krav om tilpassing av opplæringa til evner og føresetnader hos kvar enkelt elev.
- Også barn under skulepliktig alder fekk rett til spesialpedagogisk hjelp.

Ved ei endring i grunnskulelova i 1987 vart det med verknad frå 1988 presisert at alle barn så langt som mogleg skal få gå på den skulen dei geografisk høyrer til. Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget framheva særleg kva denne endringa kom til å seie for elevar med behov for spesialundervisning. Ungdom med særleg behov for tilrettelagd opplæring fekk ved lovendring i 1982 førsterett til inntak til vidaregåande opplæring. Same elevgruppa fekk i 1991 rett til vidaregåande opplæring i meir enn 3 år, når det etter sakkunnig vurdering er gjort vedtak om det. Frå 1994, då all ungdom fekk rett til 3 års vidaregåande opplæring, fekk elevar med behov for særskilt tilrettelagd opplæring rett til inntak på primært valt grunnkurs og høve til å få inntil 5 års vidaregåande opplæring.

## 2.2 VERDIGRUNNLAG OG MÅL

### 2.2.1 Omgrepet funksjonshemming

Ein kan gi fleire definisjonar av omgrepet funksjonshemming. Omgrepsbruken internasjonalt og i Noreg er ikkje eintydig. I regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma 1998–2001 er funksjonshemming definert slik:

«Funksjonshemming er et misforhold mellom individets forutsetninger og miljøets og samfunnets krav til funksjon på områder som er vesentlige for etablering og opprettholdelse av selvstendighet og sosial tilværelse.»

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon definerer i vedtektene sine funksjonshemming på tilnærma same måte. Denne definisjonen rettar søkjelyset mot samspelet mellom dei føresetnadene individet har og krava frå omgivnadene, og ikkje einseitig mot dei individuelle handikappa den funksjonshemma har. På den måten ser ein også meir på omgivnadene og korleis dei kan tilpassast for å redusere verknadene av funksjonshemminga, motverke utstøyting og verke inkluderande.

Funksjonshemmingar kan ha svært ulike årsaker, karakter, omfang og konsekvensar. Avhengig av kor godt samfunnet legg til rette dei ulike tenestetilboda, vil det verke inn på situasjonen for den funksjonshemma med omsyn til

- levekår og livskvalitet
- kor avhengig han blir av kva andre vil og kva andre gjer vedtak om
- høve til utfolding og deltaking i ulike aktivitetar i samfunnet
- omfang av samhandling og samver med andre

Denne forståinga av funksjonshemming legg vekt på det ansvaret samfunnet har for å tilpasse seg til den som er funksjonshemma. Det kan gjerast mellom anna gjennom fleksible service- og hjelpetiltak, fjerning av stengsel i nærmiljøet, ved å påverke haldningane i samfunnet og ved å leggje til rette for deltaking i sosiale nettverk og kulturfellesskap. Dette blir sterkt understreka i regjeringa sine handlingsplanar for funksjonshemma 1994–1997, 1998–2001 og i St meld nr 34 (1996–97) *Resultater og erfaringer fra regjeringens handlingsplaner for funksjonshemmede og veien videre*. Skulen har ansvar for å leggje til rette ikkje berre læringsmiljøet, men det totale skulemiljøet for funksjonshemma.

### 2.2.2 Internasjonale utviklingstrekk og Noreg i det internasjonale biletet

Den europeiske menneskerettskonvensjonen av 4. november 1950, første tilleggsprotokoll artikkel 2, slår fast at ingen kan nektast rett til utdanning. FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar av 16. desember 1966 gir i artikkel 13 (1) ein bindande regel som gir den enkelte rett til utdanning. FN-kon-

vensjonen om barn sine rettar av 20. november 1989 har i artikkel 23 reglar som slår fast at funksjonshemma barn skal få tilgang til formålstenlege hjelpetiltak, herunder undervisning og opplæring, innanfor ramma av tilgjengelege ressursar. Funksjonshemma barn skal ha reell tilgang til undervisning «på en måte som bidrar til at barnet oppnår den best mulige sosiale integrering og individuelle utvikling, også på det kulturelle og åndelige område.»

FNs generalforsamling vedtok i desember 1993 *Standardregler for like muligheter for mennesker med funksjonshemming*. Standardreglane er ikkje folkerettsleg bindande, men ei tilråding om korleis medlemslanda bør leggje forholda til rette for funksjonshemma. Reglane er mellom anna baserte på erfaringane frå FN's tiår for funksjonshemma (1983–1992). Dei internasjonale reglane om menneskerettane utgjer det politiske og moralske fundamentet for tilrådingane. Reglane peiker på forhold som er avgjerande for livskvaliteten til funksjonshemma og sjansane til å oppnå optimal deltaking og likestilling. Standardreglane understrekar det ansvaret medlemsstatane har for å fjerne hindringane dei funksjonshemma har for å kunne utøve sine rettar og sin fridom.

Generalforsamlinga definerer like sjansar som den prosessen som gjer tilbod i samfunnet og nærmiljøet tilgjengelege for alle og spesielt for funksjonshemma. I pkt 26 i standardreglane heiter det at funksjonshemma har rett til å bli buande i sitt lokalsamfunn og at dei bør få den støtta dei treng innanfor dei ordinære systema med omsyn til utdanning, helse, arbeid og sosiale tenester. I pkt. 6 i standardreglane heiter det m.a. om utdanning:

«Statane bør akseptere prinsippet om at barn, unge og voksne med funksjonshemming har lik rett til grunnskuleopplæring, vidaregåande opplæring og høgre utdanning i integrerte miljø. Dei bør sørgje for at slik utdanning er ein integrert del i det vanlege utdanningssystemet.

Det er viktig å merke seg at det etter standardreglane pkt 6.8 unntaksvis kan vurderast segregert undervisning, dersom det vanlege skulesystemet ikkje dekkjer behova tilfredsstillande. Siktemålet bør likevel vere å førebu elevane for opplæring i den vanlege skulen. Når det gjeld døve og døvblinde, heiter det at dei vil kunne få eit betre opplæringstilbod i spesialskular eller i spesialklassar eller eigne grupper i vanlege skular, på grunn av deira spesielle kommunikasjonsbehov (pkt 6.9).

Standardreglane omfattar også kultur- og fritidsaktivitetar for funksjonshemma:

«Statane skal sikre at menneske med funksjonshemming blir inkludert og kan ta del i kulturelle aktivitetar på lik linje med alle andre», regel 10.

«Statane skal setje i verk tiltak for å sikre at menneske med funksjonshemming får like sjansar til fritids- og idrettsaktivitetar», regel 11.

I over 20 år har dei industrialiserte landa i aukande grad prøvd å integrere funksjonshemma barn og unge i

det vanlege skuleverket. Målet med "inclusive education" er ein inkluderande skule som fremjar aktiv deltaking og likestilling. OECD-landa, den Europeiske Union og FN-organisasjonar som UNESCO m. fl. sluttar opp om ein slik skule for alle. I EU er det frå 1987 eit felles integrasjonsprogram som seinare er føljt opp av andre program (HELIOS I og II, EU-CREA, HORIZON) med same formål.

Det viktigaste diskusjonstemaet i internasjonale organisasjonar og fora er no korleis ein i praksis i klasserommet kan gjere intensjonane til røyndom, utan at elevar med særskilde behov opplever den lokale tilrettelegginga som reelt sett segregierende eller stigmatiserende.

Verdigrunnlaget og måla for spesialundervisninga i Noreg er i samsvar med dei måla og verdiane som det er vanleg semje om internasjonalt. I dag er likeverd og tilpassing grunnleggjande prinsipp i norsk skule. Opplæringa skal vere tilpassa evnene og føresetnadene til kvar enkelt, og ho skal vere likeverdig med den opplæringa andre får.

Sjølv om det har vore ei nokså eintydig utvikling i dei industrialiserte landa dei siste 20 åra, med nedbygging av spesialskulane og integrering av funksjonshemma elevar i det vanlege skuleverket, har ikkje landa komme like langt i denne prosessen. Internasjonal statistikk på området må tolkast med stor varsemd på grunn av ulike klassifikasjonar, definisjonar og ulik terminologi i dei ymse landa. Ein omfattande OECD-undersøking frå 1995, *Integrating students with special needs into mainstream schools*, viser, til liks med andre internasjonale studiar, at Noreg er blant dei landa som har komme lengst i integrering av elevar i den vanlege skulen. Godt under 1% av elevane i den obligatoriske skulen i Noreg fekk i perioden 1987–1991 spesialundervisning i spesialskular eller spesialklasser utanfor den vanlege skulen. Dette er til dels mykje mindre enn i dei fleste andre landa. I dag er det endå færre elevar i Noreg som får opplæring utanfor den vanlege skulen; om lag 0,6 %. I dei andre nordiske landa har det vore ei omtrent parallell utvikling.

### 2.2.3 Læreplanverket: Verdier, mål og prinsipp

Den generelle delen av læreplanen, som gjeld grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring, er eit forpliktande grunnlag for fagplanane i grunnskulen og læreplanane i vidaregåande opplæring. Læreplanane for faga gjeld og for spesialundervisninga, så langt dei pedagogisk sett passar. Individuell tilpassing må derfor både ta utgangspunkt i elevane sine evner og føresetnader og i mål, prinsipp og innhald i læreplanane for dei ulike skuleslaga.

Skuleverket skal planleggje og gjennomføre opplæringa og skulekvardagen innanfor ramma av læreplanane. Arbeidet lokalt skal medverke til god samanheng mellom det sentralt fastsette og det lokalt utforma innhaldet i opplæringa.

Den generelle delen av læreplanen legg m a vekt på

- å utvikle heile mennesket: det meiningssøkjande, skapande, arbeidande, allmenndanna, samarbeidande, miljøbevisste og integrerte mennesket
- å tilpasse opplæringa til den enkelte sine føresetnader: prinsippet om tilpassa opplæring
- å stadfeste trua på at alle er unike: kvar og ein kan komme vidare i sin eigen vekst, og individuell eigenart gjer samfunnet rikt og mangfaldig
- å gi alle elevar del i felles referanserammer

I prinsipp og retningslinjer i læreplanverket for grunnskulen tek ein utgangspunkt i einskapsskulen, med likeverdig og tilpassa opplæring for alle i eit samordna skulesystem bygd på det same læreplanverket. Einskapsskulen skal kombinere fellesskap og mangfald gjennom å femne om alle grupper, uavhengig av heimstad, sosial bakgrunn, kjønn, religion, etnisk bakgrunn eller funksjonsevne.

Tilpassa opplæring er eit overordna og gjennomgåande prinsipp for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Alle elevar skal få møte oppgåver og utfordringar dei kan strekke seg etter og vekse på, og som dei maktar og meistrar. For å møte individuelle behov må både sentralt lærestoff og lokalt lærestoff tilpassast føresetnadene til elevane. Det gir grunnlag for ulik fordjuping og for variasjon i art, vanskegrad, mengd, tempo og progresjon i opplæringa. Elevar med behov for og rett til spesialundervisning etter enkeltvedtak, skal arbeide på grunnlag av individuelle opplæringsplanar.

Fellesskapet skal vere inkluderande, og elevar med særskilde opplæringsbehov skal ta del i det sosiale, faglege og kulturelle fellesskapet på likeverdig måte. Det vil seie at alle elevar som hovudregel skal få opplæring i skulen på heimstaden, og høre til i eit klasse- og elevfellesskap. For elevar med særskilde behov er samarbeid med foreldra spesielt viktig for å finne fram til det som samla sett er det beste opplæringstilbodet, og for å få ei felles forståing av kva ein kan vente av eleven i innsats og utvikling. Samarbeid med foreldra er og viktig for individuell tilpassing av opplæringa for elevar frå språklege og kulturelle minoritetar.

Sett under eitt inneber prinsippa om tilpassa opplæring, med vekt på fellesskap, inkludering og tilpassing, krav om høg kompetanse for opplæring av barn, unge og vaksne med særskilde behov. Denne kompetansen trengst både på den enkelte skulen og i det spesialpedagogiske hjelpe- og støtteapparatet.

### 2.3 LOVFORANKRING FOR SPESIALUNDERVISNINGA

Det vil bli lagt fram ein odelstingsproposisjon om ny opplæringslov. Denne vil m a gi ei oversikt over gjeldande prinsipp og rettar når det gjeld spesialundervisninga. I meldinga her blir derfor desse spørsmåla ikkje kommenterte nærmare.

## 2.4 KONKLUSJON

Prinsippet om tilpassa opplæring og spesialundervisning som berande prinsipp for vidareutvikling av ein-skapsskulen ligg fast. Det er brei semje om eit dobbelt pedagogisk siktemål: å gi barn og unge del i eit sosialt, fagleg og kulturelt fellesskap og å gi vekstvilkår for individuelle føresetnader og forskjellar. Det er derfor viktig at opplæringa av barn, unge og voksne med særskilte behov og det faglege rettleiingsarbeidet som skal støtte opp om denne, er retta mot det behovet elevene har for individuelt tilpassa opplæring i skulekvardagen. Organisering av opplæringa etter desse overordna prinsippa skal fremja det generelle målet om full deltaking og likestilling i samfunnet for funksjonshemma.

Departementet tek sikte på å utarbeide rettleiings-

hefte om tilpassa opplæring, spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar på grunnskulens område. Veiledningshefte om særskilt tilrettelagt opplæring er alt utarbeidd for vidaregåande skule og for opplæring i bedrift.

Individuelle opplæringsplanar skal først og fremst vere ein pedagogisk arbeidsreiskap til praktisk hjelp for å gi eleven eit godt tilrettelagt opplæringstilbod i skulekvardagen. Det er viktig at det ikkje blir stilt så høge formelle krav til utforminga av slike planar at det krev urimeleg mykje tid til papirarbeid.

Departementet ser PP-tenesta som ein svært viktig aktør i det lokale arbeidet med å følgje opp intensjonane i lovgivinga og læreplanverket. Nærmare utdjupeing av PP-tenesta sine oppgåver vil komme i samband med ny opplæringslov og forskrifter til denne lova.

### 3 Den spesialpedagogiske tiltakskjeda: Brukargrupper, ressursar og tenesteyting på ulike forvaltningsnivå

I dette kapitlet blir det gitt ei oversikt over brukarane av dei spesialpedagogiske tenestene (etterspørselssida) og over ressursar og tenesteyting som gjeld spesialundervisning på dei ulike forvaltningsnivåa (tilbodssida). Ei meir detaljert oversikt over tiltak og tenester blir gitt i vedlegg 1 og vedlegg 2.

#### 3.1 BRUKARANE AV SPESIALPEDAGOGISKE TENESTER

##### 3.1.1 Omgrepa lågfrekvente og høgfrekvente grupper innan opplæringssektoren

Ulike norske og internasjonale kjelder gir forskjellige tal for omfanget av ulike vanskar og funksjonshemmingar. Dette kan komme av ulike definisjonar og avgrensingar, ulik omgrepsbruk og ulike nasjonale, kulturelle, faglege og historiske tradisjonar. Kjeldene reflekterer likevel eit relativt permanent mønster ved at enkelte vanskar er relativt sjeldne, andre mykje meir vanlege. Vanskegruppene synshemma og hørselshemma blir ofte karakteriserte som lågfrekvente grupper i opplæringsssamanheng, mens gruppene med sosiale og emosjonelle vanskar, samansette lærevanskar og lese- og skrivevanskar blir karakteriserte som høgfrekvente. I opplæringsssamanheng vil dette seie at det er relativt få brukarar med syns- eller hørselsvanskar, og tilsva-

rande relativt mange brukarar med samansette lærevanskar, lese- og skrivevanskar eller sosiale og emosjonelle vanskar. I samfunnet generelt er det likevel slik at syns- og hørselssvekte er ei høgfrekvent gruppe over eit visst aldersnivå. I denne meldinga vil bruken av omgrepa lågfrekvente og høgfrekvente grupper relaterast seg til omgrepsbruken i opplæringssektoren.

Når det i meldinga blir brukt slike klassifiseringar, er det for å illustrere viktige problemstillingar som ofte går igjen i den spesialpedagogiske omgrepsbruken og i statistiske oversikter.

##### 3.1.2 Enkelte norske undersøkingar

I 1989 gjennomførte departementet ei landsomfattande undersøking om behovet for spesialpedagogisk hjelp, fordelt etter ulike typar vanskar. Tabell 3.1 viser behov for spesialpedagogiske tiltak for ulike vanskegrupper innanfor dei ulike opplæringsnivåa, basert på primærvanske (hovudvanske).

Seinare norske undersøkingar stadfestar i stor grad mønsteret med markante forskjellar mellom lågfrekvente og høgfrekvente grupper.

Biletet blir vidare utfyllt ved kartlegging av sekundærvanskar i tillegg til hovudvansken. Undersøkingar er gjorde av m a PP-tenesta i Møre og Romsdal og ved

Tabell 3.1 Behov for spesialpedagogiske tiltak for ulike vanskegrupper innanfor ulike opplæringsnivå etter hovudvanske. 1989. Prosentvis fordeling 1)

Hovudvanske	Førskule	Grunnskule	Vidaregåande opplæring	Vaksenopplæring
Synsvanskar	2,8%	2,0%	1,8%	4,8%
Hørselsvanskar	3,9%	3,4%	3,1%	2,2%
Motoriske vanskar	9,8%	3,6%	4,7%	2,9%
Kommunikasjons- og språkvanskar	34,5%	8,1%	3,2%	14,9%
Psykososiale vanskar	26,5%	24,3%	20,6%	7,7%
Spesifikke fagvanskar	–	41,2%	28,3%	7,6%
Generelle lærevanskar psykisk utviklingshemming	15,6%	15,0%	27,6%	56,3%
Andre vanskar	6,9%	2,4%	10,7%	3,6%
Sum	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%
Av desse registrerte som multifunksjonshemma	18,7%	17,5%	20,5%	ikkje reg.
N=	7.148	20.762	5.442	6.689
(Talet på personar registrerte i PPT)	(7.457)	(19.413)	(3.973)	(2.492)

1) Svar frå 90% av kommunane, som omfatta 75% av befolkninga

Kjelde: Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1989: Handlingsplan – framtidig organisering av spesialpedagogiske tiltak og tenester. En oppsummering av resultatene fra behovsundersøkelsen i kommunene

Tabell 3.2 Omfang av hovudvanskar og vanskebelastning blant brukarar av PP-tenesta i Møre og Romsdal 1994–95 1)

Hovudvanske (Møre og Romsdal 1994–95)	Brukarar		Vanskebelastning og prosentfordeling				Sum
	Sum	I %	Éin moderat vanske	Fleire moderate vanskar	Éin funksjons-hemmande vanske	Fleire funksjons-hemmande vanskar	
Synsvanskar	51	1,1	28	14	14	45	101
Hørselsvanskar	94	2,0	32	20	6	42	100
Rørslevanskar	58	1,3	10	19	7	64	100
Motoriske vanskar	44	1,0	21	23	11	46	101
Språk/kom. vanskar	825	17,8	41	29	6	25	101
Spesifikke lærevanskar	1.025	22,1	43	29	7	20	99
Generelle lærevanskar	793	17,4	6	14	1	80	101
Psykososiale vanskar	1.131	24,4	34	24	15	28	101
svikt i påakting/ADD	231	5,0	17	25	6	53	101
Medisinske vanskar	190	4,1	19	18	17	46	100
Andre vanskar	186	4,0	43	24	15	18	100
Sum	4.628	99,9	31	24	9	37	101

1) Data frå 13 av 17 PP-kontor. I alt var det 6 519 brukarar av PP-tenesta i Møre og Romsdal, som òg omfattar brukarar det ikkje er gjort enkeltvedtak for.

Kjelde: PPT i Møre og Romsdal: Fylkesårsmelding for skuleåret 1994–95.

Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus av omfanget av samansette vanskar (jf tabell 3.2 og tabell 3.3). Møreundersøkinga konkluderer med at vel 1/3 (37%) av brukarane av det spesialpedagogiske hjelpe-

Tabell 3.3 Omfang av hovudvanskar og tilleggsvanskar blant brukarar av PP-tenesta som det er gjort enkeltvedtak for. Akershus 1992. 1)

Hovudvanske (Akershus 1992)	Brukarar		Tilleggs-vanskar	Tilleggs-vanskar pr hovud-vanske
	Sum	I %		
Synsvanskar	66	2,1	262	4,0
Hørselsvanskar	81	2,6	86	1,1
Motoriske vanskar	139	4,5	721	5,2
Språk/kom. vanskar	340	11,0	749	2,2
Spesifikke lærevanskar	536	17,3	751	1,4
Generelle lærevanskar	955	30,9	497	0,5
Psykososiale vanskar	747	24,2	1.056	1,4
Autisme	69	2,2	30	0,4
Andre vanskar	159	5,1	221	1,4
Sum	3.092	99,9	4.373	1,4

1) Det er opplyst at det sannsynlegvis er underregistrering av førskulebarn og voksne i talmaterialet.

Kjelde: Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus. Fylkesvise planer for opplæring av barn, unge og voksne med særskilte behov, 1993 – 1996.

apparatet hadde så store og samansette vanskar at dei kunne karakteriserast som multifunksjonshemma. Akershusundersøkinga viste gjennomsnittleg 1,4 tilleggsvanskar utover hovudvansken for dei som fekk spesialpedagogisk hjelp etter enkeltvedtak. Mange elevar har altså vanskar av samansett art. Resultata blir stadfesta av andre undersøkingar, seinast i ein rapport frå Møreforskning i 1996 (Skårbrevik 1996), jf vedlegg 1.

### 3.2 DEI SAMLA RESSURSANE I LANDET TIL SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK

#### 3.2.1 Talet på årsverk knytte til opplæring generelt

Ein må rekne med at bemanninga i barnehagar og skular i forhold til barne- og elevtalet har ein viss samanheng med skulane sitt høve til å tilpasse opplæringstilbodet. Tabell 3.4 viser utviklinga i talet på årsverk og elevar m m for perioden 1980–1995.

Tabellen viser at det har blitt stadig færre barn/elevar pr lærarårsverk både i førskulen, grunnskulen og vidaregåande skule frå 1980 og fram til 1995. Når det gjeld grunnskulen, er den viktigaste forklaringa meir ressursar til spesialundervisning og generelle pedagogiske styrkingstiltak og delingstimar. For vidaregåande opplæring er den viktigaste forklaringa at talet på yrkesfaglege elevar har auka. Noko av denne utviklinga kan ein og forklare med redusert leseplikt for lærarane, endring av klassedelingstalet på barnesteget og auka timetal i småskulen. På alle opplæringsnivå unntatte grunnskulen har elevtalet auka i forhold til i 1980. Tala indikerer at barnehage og skule i perioden

Tabell 3.4 Talet på barn/elevlar og lærarårsverk (undervisningspersonale) på ulike opplæringsnivå. 1980–1995. Avrunda tal

Opplæringsnivå	År	Barn/elevlar i alt	Lærarårsverk i alt 1)	Barn/elevlar pr lærarårsverk
Førskule (0–6 år), barnehagar og tilbod til 6-åringar i skulen	1980	78.200	Ikkje oppgitt	–
	1985	98.500	16.200	6,1
	1990	139.400	27.600	5,1
	1995	216.900	44.100	4,9
Grunnskule (7–15 år)	1980	591.300	43.400	13,6
	1985	530.600	44.100	12,0
	1990	471.800	47.000	10,0
	1995	478.500	49.000	9,8
Vidaregåande skule (16–19 år) 4)	1980	151.200	15.800	9,57
	1985	188.900	20.000	9,45
	1990	200.400	23.700	8,46
	1995 A	191.200	25.000	7,65 3)
	1995 B	180.700 2)	23.700	7,62 3)

1) Med lærarårsverk meiner ein primært undervisningspersonell. For grunnskulen og vidaregåande skule er ressursar til administrasjon haldne utanfor. I grunnskulen er det for 1995 medteke assistentar, som utgjer ca 3% av årsverkstalet. For førskulesektoren er òg rekna med personale utan førskulelærarutdanning. Lærarårsverk i vidaregåande skule (Alt. B) er utrekna med utgangspunkt i lærarårsverk for fylkeskommunale skular, medrekna same lærartettleik for skular med andre eigarar.

2) Omrekna til heilårselevlar.

3) Kjelde for 1995 A er Statistisk sentralbyrå. Kjelde for 1995 B er VSI for 1995–96.

4) Eksklusive elevlar og ressursar ved folkehøgskular, AMO-kurs og lærlingordningar.

Kjelder: Barnehager og tilbud til 6-åringar i skolen, Statistisk sentralbyrå,

Utdanningsstatistikk. Videregående skoler, Statistisk sentralbyrå, Grunnskolens Informasjonssystem, Videregående skoles Informasjonssystem (VSI). St.prp. nr. 1 1996–97, NOU 1995: 18

har styrkt ressursinnsatsen i forhold til barn og elevlar med særskilde opplæringsbehov, med siktemål å realisere målet om likeverdig og tilpassa opplæring lokalt.

### 3.2.2 Den spesialpedagogiske kompetansen på ulike opplæringsnivå

I grunnutdanninga for førskulelærarane og allmennlærarane blir det gitt ei generell innføring i spesialpedagogiske emne. I tillegg har delar av undervisningspersonellet spesialpedagogisk vidareutdanningskompetanse. Tabell 3.5 viser kor mange av dei tilsette i barnehagar og skular som har spesialpedagogisk vidareutdanning på 1. avdelingsnivå eller høgare i åra 1992–93 og 1995–96.

Blant lærarane i grunnskulen var det i 1984 ca 70 elevlar pr lærar med spesialpedagogisk vidareutdanning, mot 47 elevlar pr lærar i 1994. Dessutan var dei fylkesvise variasjonane mindre i 1994 enn i 1984.

Tabell 3.5 Del av lærarane og førskulelærarane som hadde spesialpedagogisk vidareutdanning på 1. avdelingsnivå eller høgare i 1992–93 og 1995–96

År	Barnehager	Grunnskuler	Vidaregåande skule
1992–93	14,1 %	16,4 %	4,6 %
1995–96	20,4 %	17,9 %	7,7 %

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden.

Innan PP-tenesta er det eit relativt høgt utdanningsnivå. Pr. 1996 hadde ca. 41% av fagpersonellet hovudfag eller høgare utdanning, og 49% 3-årig pedagogisk utdanning eller høgare. 10 % er sosialfagleg personell med minst 3-årig høgskuleutdanning.

Ved dei statlege kompetansesentra er kompetansenivået heva monaleg i løpet av omstillingsperioden frå 1992. Tabell 3.6 viser formalkompetansen ved dei landsdekkjande og regionale kompetansesentra i 1993 og 1996. Den delen av dei tilsette som har mindre enn 3-årig utdanning, er redusert frå 31 % i 1993 til 22 % i 1996.

Blant fagpersonalet ved statlege kompetansesenter med 3-årig utdanning eller meir hadde 31% hovudfag eller høgare utdanning pr. 1996, og relativt sett flest ved dei regionale sentra. Nærmare oversikt framgår av tabell 1.20 i vedlegg 1.

### 3.2.3 Omfanget av spesialundervisning og ressursar til delingstimar

Godt over 50.000 personar får årleg spesialundervisning eller særskilt tilrettelagd opplæring etter enkeltvedtak, og sakkunnig vurdering på førehand (jf tabell 3.7).

Oversikta omfattar berre spesialundervisning etter enkeltvedtak. Førebels tal for spesialundervisninga for 1997 viser om lag det same omfanget.

I tillegg blir det brukt ressursar til ulike former for differensiering og tilrettelegging av opplæringa i form

Tabell 3.6 Utdanningsbakgrunn ved statlege kompetansesenter etter talet på årsverk. 01.01.1993 og 01.01.1996

Statlege kompetanse-senter	Hovudfag/ høgare	3-årig ped.- eller høgare	3-årig sos.- ped.utd. eller høgare	Anna 3-årig utd.	Mindre enn 3-årig utd.	Sum
Landsdekkjande senter						
1993	92	376	134	72	352	1.026
1996	187	338	137	73	235	970
Regionale senter						
1993	58	135	102	9	97	401
1996	139	93	57	15	66	370
Sum 1993	150	511	236	81	449	1.427
Sum 1996	326	431	194	88	301	1.340

Kjelde: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1996: Evalueringsrapport 1992 – 1995. Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1996: Virksomhetsrapport 1992 – 1995

av klassedeling, tolærarsystem, gruppeundervisning mm. Slike styrkingstiltak blir ikkje definerte som spesialundervisning, men omfanget bør, slik departementet ser det, sjåast i samheng med nivået på spesialundervisning etter enkeltvedtak.

Omfanget av spesialundervisning i grunnskulen har auka jamt dei siste åra med ein topp i 1995–96, samtidig som omfanget av ressursar (lærartimar) til delingstimar har vore tilnærma stabilt/svakt aukande.

Tabell 3.8 viser at nivået på delingstimar og spesialundervisning i gjennomsnitt utgjer godt over 40 prosent av det samla elevtimestalet. Dette vil seie at for kvart lærarårsverk som er bunde opp i basisressursen elevtimestal, blir det i tillegg brukt vel 0,4 lærarårsverk til spesialundervisning og delingstimar utanom valfag.

Omfanget av spesialundervisning for førskulebarn og voksne har gjennomgåande vore relativt stabilt eller svakt aukande dei siste åra. I vidaregåande skule er

det vanskelegare å seie noko sikkert om tendensane dei seinare åra på grunn av svakare datagrunnlag.

I tillegg til spesialundervisning innanfor opplæringsinstitusjonane blir det gitt særskilt tilrettelagd opplæring utanom den ordinære skulen i form av eigne organisatoriske tiltak eller avdelingar knytte til ulike institusjonar og statlege kompetansesenter. Dette gjeld særskilte skule- og miljøtiltak, eigne kommunale skular for elevar med åtferdsvanskar og elevar med generelle lærevanskar/psykisk utviklingshemming, skular tilknytte helse- og sosialsektoren, barnevernet, skular for hørselshemma ved kompetansesentra, fengselsundervisning mm. Til saman er det omkring 3 700 elevar i desse tiltaka (ca 2 500 i grunnskule og 1 200 i vidaregåande skule), med ca 2 000 lærarårsverk. Detaljert oversikt går fram av tab 1.12 i vedlegg 1.

Tabell 3.7 Personar med spesialundervisning eller særskilt tilrettelagd opplæring etter enkeltvedtak. 1994–95 og 1995–96. Avrunda tal

Opplæringsnivå	År	Personar	I % av aktuell alderskategori	Merknad
Førskule 0–6 år	1994	7.650 1)	1,8%	4,2% av talet på barn i barnehage og 6-årstilbod i skule
Grunnskule 7–15 år	1995–96	30.850	6,4%	Svakt stigande, 2/3 gutar
Vidaregåande skule 16–19 år	1995–96	ca. 8.000 – 10.000	ca. 4,2% – 5,5% 2)	Nesten 2/3 gutar
Vaksenopplæring	1995–96	5.900	–	Undervisning på grunnskulen sitt område
Sum		52.400 – 54.400		

1) Barn med tilførd ekstraressurs - sjå tabell 1.1 i vedlegg 1.

2) Minimum 4,2%, maksimum 5,5% – sjå fotnote 3 i tabell 3.4.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå: Barnehager og tilbud til 6-åringer i skolen 1994. GSI 1995/96. Skårbrevik. 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Evaluering av prosjektet «Omstrukturering av spesialundervisning».

Tabell 3.8 Lærartimar til spesialundervisning etter enkeltvedtak og delingstimar utanom valgfag som prosentvis tillegg til det samla elevtimatealet

	1993–94	1994–95	1995–96	1996–97
Delingstimar utanom valgfag	18,6	18,1	19,2	19,2
Spesialundervisning etter enkeltvedtak	21,3	22,6	23,2	21,9
<b>Totalt</b>	<b>39,9</b>	<b>40,7</b>	<b>42,4</b>	<b>41,1</b>

1) Med det samla elevtimatealet meiner ein her det undervisningstimatealet ein elev har pr. år på kvart trinn, multiplisert med talet på klassar på kvart trinn. Dette vil vere skulen sin **basisressurs**, dvs det lærartimatealet som trengst for å ha **ein** lærar i  **kvar** klasse i **alle** timar som må til for å oppfylle minstekravet om undervisningstimar etter § 2 i forskrifta om læreplanverka.

Kjelde: GSI

### 3.2.4 Ressursbruken til spesialundervisning på dei ulike nivå

I Budsjett-innst.S.nr. 12 (1997–98) uttalte kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen at ein i samband med denne meldinga ønskte å komme nærmare tilbake til ei drøfting av ressursbruken innanfor spesialpedagogisk sektor på alle tre forvaltningsnivå. Talmaterialet i tabell 3.9 gir ei samla oversikt over tal på brukarar, årsverk og driftsutgifter knytte til spesialundervisning og særskilt tilrettelagd opplæring etter enkeltvedtak på alle opplæringsnivå, pr. 1995.

### Ressurar og tenesteyting ved spesialundervisning i kommunal og fylkeskommunal regi lokalt

Departementet legg til grunn at det i 1995 gjekk med om lag 3 660 mill kroner til spesialundervisning og særskilt tilrettelagd opplæring lokalt i kommunal og

Tabell 3.9 Brukarar, årsverk og kostnader ved spesialundervisning (enkeltvedtak) og spesialpedagogiske tiltak på ulike nivå i Noreg. 1995. Avrunda tal

Tiltak/forvaltningsnivå	Opplæringsnivå, talet på brukarar direkte					Talet på årsverk, overslag	Sum driftsutg mill kr, overslag
	Førskule	Grunnskule	Vidaregåande skule	Vaksenopplæring	Sum		
Spesialundervisning/særskilt tilrettelagd opplæring lokalt 1)	7 650	30 850	8 000 –10 000	5 900	52 400 – 54 400	11 410	3 660
Spesialundervisning i særskilde organisatoriske tiltak, utanom statlege kompetansesenter 5)		2 340	1 050		3 390	1 700 6)	595
PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar					80–90 000	1 568 3)	485 4)
18 statlege spesialpedagogiske kompetansesenter, kap 0243					8 000 7)	1 410	520
Andre statlege spesialpedagogiske tiltak på kap 0243 2)	–	–	–	–	–	–	180
<b>Sum</b>	–	–	–	–	–	–	<b>5.440</b>

Kjelder: Kjelder referert i tabell 3.4.

Fagleg eining for PP-tenesta 1995

Fagleg eining for PP-tenesta 1996

Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesenter

Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter

Styret for Programmet for Nord-Noreg

Skårbrevik 1996

Statsrekneskapen

1) Tilfelle der det blir gjort enkeltvedtak, omfattar ikkje delingstimar

2) Andre statlege spesialpedagogiske tiltak omfattar dei tiltaka under kap 0243 som er nemnde under avsnitt 3.2.4 framanfor

3) Ikkje tal pr 1995. Tal pr 1.9.1996 frå Fagleg eining for PP-tenesta, inkl. merkantil sektor

4) Rekneskapstal for 1995. Budsjettet for 1996 er på 509 mill kr.

5) Nærmare detaljar i tabell 1.11 vedlegg 1. I tabellen her er brukarar og ressursar i statlege kompetansesenter førte opp under kap 0243.

6) Berre årsverk til opplæring.

7) Noko usikkert talgrunnlag, sjå vedlegg 2.

fylkeskommunal regi. Sum årsverk er 11 410. Tala gjeld alle opplæringsnivå (førskule, grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring). Fellesutgifter o l er ikkje tekne med i denne berekninga. Talet er truleg minimumstal. I vedlegg 1, avsnitt 7 blir det gjort nærmare greie for dette berekningsgrunnlaget.

### **Ressursar og tenesteyting ved spesialundervisning i særskilde organisatoriske tiltak**

Talmaterialet er basert på informasjon frå ulike kjelder, slik det framgår av tabell 1.12 i vedlegg 1. I tabellen her er tal for skuleverksemd ved statlege spesialpedagogiske kompetansesentra haldne utanfor. Det er lagt til grunn ein årsverkkostnad i alt på 350 000 kroner. Det er berre teke med kostnader for opplæringspersonalet her. Utgiftene er berekna til 595 mill. kroner pr. 1995.

### **Ressursar og tenesteyting ved PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar**

Talmaterialet er basert på ei eiga landsomfattande undersøking utført av Fagleg eining for PP-tenesta. Driftsutgiftene er berekna til 485 mill kroner i 1995. Ulike kjelder tyder på at det er omkring 80–90 000 brukarar pr år i PP-tenesta.

### **Ressursar og tenesteyting ved statlege spesialpedagogiske kompetansesenter**

Ved dei 18 statlege spesialpedagogiske kompetansesentra var det i 1995 eit forbruk på til saman om lag 1410 årsverk og 520 mill kroner i netto driftsutgifter, inklusive omstillingseininga og eksklusive Programmet for Nord-Noreg. Nærmare detaljar går fram av tabell 2.4 i vedlegg 2. Kompetansesentra ytte i 1995 tenester til om lag 8 000 brukarar direkte. I tillegg kjem kursverksemd, læremiddelproduksjon m m som sentra driv. Samla oversikt over tenesteytinga ved kompetansesentra framgår av vedlegg 2, tabellane 2.1 – 2.3.

### **Ressursar og tenesteyting ved andre statlege spesialpedagogiske tiltak**

Utgiftene omfattar tiltak over statsbudsjettet til Programmet for Nord-Noreg, Nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk, syns- og audiopedagogtenesta, lokalt utviklingsprogram, sentralt forskingsprogram, opplæring ved seks sosiale og medisinske institusjonar

med kompetansesenterverksemd, styrkingstiltak for PP-tenesta, kompetansesentersystem for små grupper funksjonshemma, Sentralt brukarforum og internasjonalt samarbeid. Utgiftene var i 1995 i alt om lag 180 mill kroner. Nærmare omtale går fram av vedlegg 2.

### **3.3 SAMLA OVERSIKT OVER BRUKARAR OG RESSURSAR INNANFOR DET SPESIALPEDAGOGISKE FELTET**

I tabell 3.9 blir det gitt ei samla oversikt over talet på brukarar, årsverk og kostnader ved spesialundervisninga (enkeltvedtak) og enkelte andre spesialpedagogiske tiltak i landet, fordelt på ulike tenester og forvaltningsnivå og på ulike opplæringsnivå.

Som det går fram av tabell 3.9, reknar departementet med at det i 1995 vart brukt nær 5,5 milliardar kroner til spesialundervisning etter enkeltvedtak og spesialpedagogiske tiltak på ulike forvaltningsnivå. I 1998 er utgiftene til desse tiltaka truleg omkring 6 milliardar kroner. I tillegg kjem utgifter til styrkingstiltak i form av delingstimar (sjå tabell 3.8) og andre pedagogiske tiltak som meir snevert definert ikkje kan karakteriserast som spesialundervisning eller særskilt tilrettelagd opplæring, men som meir eller mindre direkte kjem dei nemnde vanskegruppene til gode. Eit eksempel er ekstratilskott på ca 20 mill kroner årleg på statsbudsjettet til fire folkehøgskular, som kompensasjon for meirutgifter for å leggje til rette for inntak av funksjonshemma elevar. Eit anna eksempel er tilskott på statsbudsjettet til vaksenopplæring for funksjonshemma i regi av studieforbunda. Det blir vidare gitt tilskott til private skular for funksjonshemma, og delar av løyvinga til Nasjonalt læremiddelsenter går til spesialpedagogiske formål.

### **3.4 KONKLUSJON**

Den samla oversikta viser at store ressursar blir brukte til spesialpedagogiske tiltak, både i form av spesialundervisning etter enkeltvedtak og anna særleg tilpassa opplæring. Tala viser m a at det blir brukt om lag like mange årsverk i dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra som i den samla PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar. Med dette som bakgrunn går departementet inn for å omfordele ressursar frå statleg til kommunalt nivå, for å styrkje den lokale kompetansen og bringja meir av ressursane nærmare brukarane, jf kap 4. Siktemålet er at dette skal medverke til høgare kvalitet på opplæringstilbodet og hjelpetiltaka for dei som treng spesialpedagogiske tiltak.

## 4 Vurdering av heile den spesialpedagogiske tiltakskjeda: Vidare drift og endringar

### 4.1 EI SAMLA VURDERING

Departementet byggjer dei tiltaka det er gjort greie for i denne meldinga på ei brei vurdering av heile den spesialpedagogiske tiltakskjeda. Det inneber ei nærmare vurdering av organiseringa og bruken av spesialpedagogiske ressursar i kommunesektoren og på statleg nivå.

Vurderingane byggjer mellom anna på dei evalueringane av omstruktureringa frå spesialskular til kompetansesentra som er gjorde av Møreforskning, og synspunkt frå styra for kompetansesentra, brukarorganisasjonane, arbeidstakarorganisasjonane og statens utdanningskontor.

I avsnitt 4.2 – 4.3 blir det gitt ei kort oversikt over status og utviklingstrekk på det spesialpedagogiske feltet.

I avsnitt 4.3 – 4.6 blir vurderingar frå Møreforskning, styra, organisasjonane og utdanningskontora refererte. I avsnitt 4.7 – 4.8 legg departementet fram si samla vurdering av den spesialpedagogiske tiltakskjeda og går m a inn for ei monaleg omfordeling av ressursar frå det statlege kompetansesentersystemet til PP-tenesta lokalt. I avsnitt 4.9 blir det presentert eit praksisretta kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta, spesielt med tanke på arbeidet med åtferdsproblem og lese- og skrivevanskar. I avsnitt 4.10 – 4.13 blir enkelte andre tiltak og spørsmål vurdert nærmare.

### 4.2 MYKJE BRA, MEN FRAMLEIS ULØYSTE OPPGÅVER

Frå 1975 er det gjennomført eit omfattande arbeid i barnehagar og skular for å realisere målet om tilpassa og likeverdig opplæring for alle. Det er oppnådd positive resultat på mange område. Departementet vil mellom anna framheve som generelle inntrykk at

- så å seie alle barn med funksjonshemmingar får plass i barnehage når det blir søkt om opptak etter § 9 i barnehagelova
- så å seie alle barn og unge får opplæring i sin lokale grunnskule
- all ungdom har fått rett til 3-årig vidaregåande opplæring
- det er etablert ei oppfølgingsteneste for ungdom som fell utanfor opplæringssystemet og arbeidslivet
- elevar med store og samansette funksjonshemmingar oftast får tilbod i vanleg skule
- det er gitt auka ressursar til spesialpedagogiske tiltak dei siste åra

- talet på lærarar med spesialpedagogisk kompetanse er auka, og det er registrert betre bruk av den spesialpedagogiske kompetansen
- det er auka i bruken av individuelle opplæringsplanar
- det er utvikla betre forvaltningsrutinar både ved kvar enkelt skule, i PP-tenesta og i skuleadministrasjonen i kommunane og fylkeskommunane
- mange foreldre er tilfredse med opplæringstilbodet til barn og unge med særskilde behov
- det har vore stor aktivitet når det gjeld lokalt utviklingsarbeid for å styrkje tilpassa opplæring
- førskulelærarar og lærarar er i hovudsak tilfredse med dei mange hjelpetenestene i kompetansenettverket

Det er likevel store lokale variasjonar. Desse synest meir å reflektere ulike "kulturar" i skulen enn skilnader i objektive behov hjå elevane. Framleis står det igjen spørsmål om ein har funne fram til dei beste løysingane når det gjeld organisering, innhald og arbeidsmåtar for kvar enkelt. Sjølv om dei aller fleste barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei lokalbasert opplæring, fører ikkje det alltid til deltaking i det sosiale fellesskapet.

Noreg har lang tradisjon og erfaring med spesialpedagogisk forskning og praksis knytt til diagnostisering og kompensatoriske tiltak. I den spesialpedagogiske debatten dei siste åra er det etterlyst ei sterkare vektlegging av kunnskap og kompetanse retta mot sjølv innhaldet i og organiseringa av spesialundervisninga.

Den største utfordringa no er å realisere prinsippet om tilpassa opplæring i praksis. Også internasjonalt handlar debatten i dag i sterk grad om korleis ein på kvar skule, i klasserommet og på verkstaden kan omsetje intensjonar og mål i god pedagogisk praksis.

### 4.3 SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK LOKALT: UTVIKLINGSTREKK OG STATUS

#### 4.3.1 Tiltak innanfor det vanlege opplæringssystemet

##### Omfang

- I skuleåret 1995–96 er det for alle opplæringsnivåa samla omkring 50 000 – 55 000 personar som får spesialundervisning etter enkeltvedtak. I grunnskulen har omfanget vore svakt stigande dei siste åra fram til ein topp i 1995/96, samtidig som

omfanget av ressursane til delingstimar har vore tilnærma stabilt.

- Omfanget av spesialundervisning for førskulebarn og voksne har vore svakt stigande.
- Innanfor dei ulike opplæringsnivåa er det relative omfanget av spesialundervisning størst i grunnskulen og minst i barnehagen.

### Organisering

- I førskulealderen får dei aller fleste barna med behov for spesialpedagogisk hjelp tilbod i barnehagar. Svært få får tilbod i spesialbarnehage eller i eiga avdeling.
- I grunnskulen blir spesialundervisning oftast gitt gjennom tolærarorganisering, einetimar og gruppetimar innanfor den vanlege skulen.
- I ein del kommunar, særleg større kommunar, er det organisert egne opplæringsavdelingar ved enkelte skular, t d for psykisk utviklingshemma («forsterka skular») og for hørselshemma.
- I vidaregåande opplæring er nær 2/3 av elevane som får særskilt tilrettelagd opplæring integrert i ordinære klassar, mens 1/3 går i egne klassar i form av tilrettelagde grunnkurs, grunnkurs over 2 år, 8-grupper, 4-grupper, APO-tiltak (Arbeid, Produksjon og Opplæring) og anna.
- Innanfor vaksenopplæringa er det store forskjellar i organiseringa av opplæringa. I 1/3 av kommunane går opplæringa føre seg i egne opplæringscenter eller avdelingar.

### Geografiske variasjonar

- I førskulealderen er det visse geografiske variasjonar i omfanget av spesialundervisning etter enkeltvedtak, men mindre enn i grunnskulen.
- Innanfor grunnskulen er det store geografiske variasjonar i omfanget av spesialundervisning: mellom fylke, mellom kommunar i same fylke og mellom skular i same kommune.
- Innanfor vidaregåande opplæring er det til dels store variasjonar mellom fylka med omsyn til organiseringa av den særskilt tilrettelagde opplæringa.

### Kjønnsforskjellar

- I barnehagen og grunnskulen er nærmare 70% av dei som får spesialundervisning, gutar.
- Nær 2/3 av dei som får særskilt tilrettelagd opplæring i vidaregåande skule, er gutar.
- Knapt 55% av dei som får vaksenopplæring på grunnskuleområdet, er menn.

### 4.3.2 Særskilt organiserte einingar og skular

Det er oppretta ulike opplæringstiltak organiserte i egne einingar innanfor det offentlege skuleverket.

Dette er særskilte kommunale skule- og miljøtiltak og egne skuleeiningar for elevar med psykososiale vanskar, klassar eller skular for psykisk utviklingshemma, skular ved helse- og sosialinstitusjonar av ulike slag, statlege skuletilbod for døve, fengselsundervisning mm. Om lag 0,6% av elevane i grunnskule og vidaregåande opplæring får tilbod gjennom egne opplæringstiltak. Omfanget har vore relativt stabilt, men svakt minkande dei siste 10 åra. Departementet viser til nærmare omtale av denne typen tiltak i vedlegg 1, pkt 2.9.

Departementet ser behovet for mangfald når det gjeld organiseringsmodellar for tilpassa opplæring. Det må likevel presiserast at det skal liggje til grunn klare sakkunnige vurderingar og formelle vedtak for å flytte elevar frå heimeskulen til alternative opplæringstilbod.

### 4.3.3 PP-tenesta

Data frå Fagleg eining for PP-tenesta og Møreforskning viser mellom anna:

- Det har vore stagnasjon i talet på oppretta fagstillingar i PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar dei siste åra (1 390 årsverk i 1994 mot 1 393 årsverk i 1996).
- Det er store fylkesvise variasjonar i utbygginga av PP-tenesta. Dekninga er relativt best i Nord-Noreg, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Oppland, mens Nord-Trøndelag, Hordaland, Rogaland, Østfold, Vestfold, Akershus og Oslo har det relativt sett det dårlegaste tilbodet.
- Vakansen i stillingar i 1996 er gjennomgåande låg (9%), og lågare enn i 1994 (11%). Han er størst for psykologar og PP-rådgivarar.
- Tendensen med relativ auke i talet på PP-rådgivarar og spesialpedagogar og reduksjon i talet på sisonomar i tenesta frå 1980 til 1994 er ytterlegare forsterka fram til 1996.
- Tidlegare tendens til oppsplitting i stadig fleire mindre kontor er stansa.
- Presset mot PP-tenesta har vore aukande: i dag har tenesta om lag 80 000 – 90 000 brukarar årleg. Av desse er det etter sakkunnig vurdering gjort enkeltvedtak for ca 50 000 – 55 000 brukarar.
- PP-tenesta ønskjer å bruke meir ressursar på utoverretta systemarbeid i skular og barnehagar og noko mindre ressursar til individuelt klientarbeid, m a sakkunnige vurderingar.

## 4.4 VURDERING AV KOMPETANSEBEHOVET LOKALT

### 4.4.1 Organiseringa av spesialundervisninga, lokale kulturar

Ulike undersøkingar og løpande statistikk viser heller store forskjellar og ulike "lokale kulturar" når det gjeld organisering og tilrettelegging av opplæringa for elevar med særskilte behov. Lokalt er det store variasjo-

nar når det gjeld generell tilpassing på den eine sida og spesialundervisning på den andre. Lærarane og skulane har ulike erfaringar og kompetanse med tilrettelegging av opplæringstilbod for elevar med særskilde behov. Ein elev med rett til spesialundervisning på ein skule ville ikkje nødvendigvis hatt rett til spesialundervisning på ein annan skule. Forskjellen kan m a basere seg på at enkelte skular er betre i stand til å tilretteleggje opplæringstilbodet til dei ulike elvane. Dette illustrerer vidare behovet for god tilrettelegging og planlegging av læringsmiljøet generelt.

Tabell 1.5 i vedlegg 1 viser dei lokale variasjonane i omfanget av spesialundervisninga på grunnskulenivå mellom fylka, og ikkje minst mellom kommunar i same fylke. Også innanfor vidaregåande opplæring varierer organisering og tilrettelegging mellom fylka.

Behovet for spesialundervisning etter enkeltvedtak synest eit stykke på veg å vere avhengig av lokal fleksibilitet, kompetanse og den evna barnehagane og skulane har til å differensiere opplæringa generelt. Ein organisasjon som i høg grad er prega av fastlåste mønster, vil vere mindre fleksibel til å tilpasse daglege rutinar, aktivitetar og opplæring til dei ulike elevgruppene sine behov. Ein altfor omfattande bruk av spesialundervisning kan reise spørsmål om den generelle opplæringa er godt nok tilpassa alle elevane.

Departementet ser det som viktig å bruke den spesialpedagogiske kompetansen lokalt i det daglege arbeidet i barnehagen og skulen, ikkje minst for å forebygge problem med lese- og skrivevanskar og åtferdsvanskar. Det er ønskeleg at kommunane og fylkeskommunane bruker ressursar til å utvikle det ordinære opplæringstilbodet mest mogleg variert og fleksibelt, både når det gjeld innhald, organisering og metode. På den måten oppnår ein eit betre tilpassa opplæringstilbod til alle elevane. Dette må og gjelde tilbod til vaksne. Differensieringa bør ta sterkare omsyn til alder og generell livssituasjon. Spesialundervisning etter enkeltvedtak bør såleis berre brukast når det ligg føre særlege behov for ekstraordinære tiltak.

I det daglege arbeidet er det viktig å finne ein rimeleg balanse mellom allmennpedagogiske og spesialpedagogiske tilnærmingar og opplegg. Skal dette lukkast, er det nødvendig å gi læraren nødvendig rettleiing og støtte frå leiinga på skulen, kollegaer og hjelpeinstansar.

#### 4.4.2 Deltaking i det sosiale fellesskapet

Deltaking i det sosiale fellesskapet er særleg viktig for elevar med særskilde opplæringsbehov.

Møreforskning (Skårbreivik 1996) har kartlagt korleis lærarane og foreldra ser på den sosiale situasjonen og trivselen for elevar med spesialundervisning. Vurderingane til lærarane var mellom anna:

- Relativt mange av dei aktuelle elevane i grunnskulen er sosialt isolerte og lite saman med andre. Isolasjonen er større på høgare klassesteg.

- Problema med sosial isolasjon i grunnskulen aukar med tiltakande funksjonshemming.

På den andre sida gir vel 90 % av foreldra til barn som får spesialundervisning på alle klassesteg, uttrykk for at barna deira trivst godt eller svært godt på skulen, med høgaste score i vidaregåande opplæring. I vidaregåande opplæring er det heller ikkje dei sterkast funksjonshemma elevane som trivst dårlegast. Det er heller ikkje registrert forskjellar i trivsel mellom dei som går i egne organiserte grupper og dei som får opplæring i vanlege klassar i vidaregåande skule.

Møreforskning er varsam med å trekkje eintydige konklusjonar:

"... (det gir) i alle fall ikkje inntrykk av å vere utbreidd mistrivsel i denne aktuelle elevgruppa. På den andre sida viste resultatane frå 1993 at vi nok finn ein del elevar med større funksjonsvanskar som er isolerte i skolemiljøet, og dette har neppe endra seg i perioden.

Trivsel og sosial integrasjon treng ikkje vere uttrykk for det same. Elevar kan trivast på skolen, sjølv om dei ut frå lærarane og andre sine vurderingar er sosialt isolerte. Det er mange elevar som over tid har lært seg å leve med sosial isolasjon, og skolen endrar ikkje på dette. Men dei kjem ut og i kontakt med andre, sjølv om det berre er som tilskodarar. Dei får knyte sin identitet til ei klasse og ein skule som alle andre, og gjennom dette oppleve ein fellesskapsfølelse som dei opplever som positiv sjølv om dei ikkje aktivt får vere med. Difor skal vi nok vente ulike vurderingar på desse spørsmåla. Men det må ikkje ha som konsekvens at vi overser betydninga av å bli aktivt integrert i dei ulike aktivitetane som går føre seg på skolen."

For elevar med særskilde opplæringsbehov inneber eit inkluderande fellesskap mykje meir enn fysisk plassering i skulen. Bruk av arbeidsmåtar som prosjektarbeid, temaorganisert opplæring, leik og praktisk arbeid i opplæringa gir godt grunnlag for å etablere tilhørsel og sosial deltaking. Både elevane, lærarane og leiinga på skulen har ansvar for at kvar enkelt elev kjenner seg heime i og kan ta del i fellesskapet. For vaksne elevar vil såvel sosial utvikling som fagleg læring ofte vere nært knytta til arbeidsplassen og sosialt fellesskap med kolleger.

Kultursektoren blir sjeldan omtalt som samarbeidspart i det spesialpedagogiske arbeidet med barn, unge og vaksne med særskilde behov. Dette er og erfaringar frå ansvarsreforma for psykisk utviklingshemma. Denne reforma er av mange vurdert som vellykka på fleire måtar, men minst vellukka i relasjon til målet om reell integrasjon i nærmiljøet (Romøren 1995: *HVPU-reforma i forskningens lys*). Det er såleis ønskeleg at kultursektoren i kommunane kjem sterkare inn ved tilrettelegging av tilbod for elevar med særskilde behov. Dette kan skje på ulike måtar, og tiltaka vil kunne avhenge av korleis kommunane har organisert tenesteapparatet. Det er m a ønskeleg å trekkje dei frivillige organisasjonane med, for å sikre at kulturelle tiltak/fritidstilbod inngår i eit samla tilbod til kvar enkelt elev.

Evalueringane tyder på at dei statlege kompetanse-

sentra hittil ikkje har komme langt nok i å gi råd til kommunane om korleis dei kan få funksjonshemma elevar til å ta del i sosiale og kulturelle tiltak lokalt. Departementet har bede kompetansesentra om å auke innsatsen på dette området, men og å hjelpe til med å leggje til rette for deltaking i «likemannsgrupper», dvs miljø der grupper med dei same funksjonshemmingane kan møtast. For funksjonshemma elevar i vanleg skule er det på same måte svært viktig å ha treffstader og sosial tilknytning til andre i same livssituasjon.

Styret for dei landsdekkjande kompetansesentra har nyleg sett i verk eit eige 3-årig prosjekt *Kulturmedvirkning i skole og fritid for sansehemmede* (1997–1999), i samarbeid med kompetansesenter for syn og hørsel, Statens utdanningskontor i Sør-Trøndelag, enkelte kommunar og Norsk Musikk- og kulturskoleråd. Prosjektet har som mål å utvikle kompetanse og kulturforståing innanfor praktisk-estetiske og kunstneriske fag for sansehemma som er integrerte i vanleg skule, og å betre opplæringa på desse områda i dei statlege skulane for teiknspråkbrukarar. Det er og eit mål å betre fritids- og kulturdeltakinga for sansehemma barn, unge og vaksne. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil følgje opp prosjektet vidare, og føreset samarbeid med Kulturdepartementet om saka.

#### 4.4.3 Kompetanse i støtteapparatet for ulike brukargrupper

Møreforskning understrekar at kvaliteten på det spesialpedagogiske tilbodet blir skapt i skulane:

«kompetansenettverket, anten dette er representert ved PP-tenesta, kompetansesentra eller andre konsultative instansar, kan berre bidra med informasjon om forhold hos eller rundt eleven som kan ha betydning for tilrettelegging av opplæringa. Denne kompetansen vurderer skolen om den har nytte av, og i dette kan både PP-tenesta og kompetansesentra bli betre. Skolen må sjølv utvikle kompetansen på å undervise. Det er denne kompetansen lærarane etterlyser, men den kan berre utviklast ved skolane. Det er denne kompetansen som kan skape betre spesialpedagogiske tilbod. Og først når denne kompetansen er på plass har vi fått kompetansen ut til brukarane.»

Barn og unge med funksjonshemmingar og lærevanskar utgjør svært ulike grupper med ulike problem, jf kap 3. Enkelte vanskar er sjeldne, og berre nokre få barnehagar og skular møter barn og unge med slike vanskar. Dette vil ofte vere barn og unge som er knytte til klart definerte vanskar og diagnosar (synshemming, hørselshemming, avgrensa diagnosar knytte til spesifikke syndrom m m).

Ein kan ikkje vente at barnehagar og skular sit inne med kompetanse på alle typar vanskar. Lokalt vil det derfor vere behov for tilgang på tenester og kompetanse utanfrå som kan gi støtte i arbeidet med best mogleg tilpassa opplæring, i form av råd og rettleiing til både brukarar, foreldre og pedagogisk tilsette. Dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra på desse vanskeområda vil ha ein sentral funksjon her.

Dei problema som skular og barnehagar oftast opplever i kvardagen, er knytte til ulike samansette lærevanskar, lese- og skrivevanskar og sosiale og emosjonelle problem.

Desse høgfrekvente gruppene er representerte i mest alle barnehagar og skular. Dei utgjør så vanlege utfordringar at støttefunksjonane må vere lett tilgjengelege.

Den utfordringa det er å skulle gi barn og unge tilpassa opplæring, er ikkje berre knytt til det arbeidet spesialpedagogane gjer og til spesialundervisning etter enkeltvedtak. Det dreier seg og om korleis barnehagen og skulen blir organisert og leidd, om elev- og læringssyn, kva verdiar og normer som blir prioriterte, kva innhald som blir presentert for barna og kva for arbeidsmåtar som blir valde. Samarbeid mellom allmennlærarar og spesialpedagogar er nødvendig for å sikre kvaliteten på opplæringstilbodet for elevane.

Barnehagar og skular har behov for hjelp og støtte for å møte desse utfordringane på formålstenleg måte. Det er viktig at dei som gir rettleiing og råd, kjenner lokalmiljøet og den skulen og barnehagen dei skal hjelpe.

Hjelpa for dei høgfrekvente gruppene bør i første rekke komme frå lokale tenestetilbod som kan gi kontinuerleg rettleiing, hjelp og støtte. PP-tenesta har her sentrale oppgåver. Statlege kompetansesenter skal supplere det lokale nivået med spisskompetanse på meir avgrensa område.

Læreplankompetanse og evne til lokal og individuell tilpassing trengst for å kunne planleggje og tilretteleggje opplæringa og gi god spesialundervisning. Det er derfor nødvendig at slik kompetanse blir vektlagt tungt i framtidig utdanning av lærarar og spesialpedagogar.

#### 4.4.4 Funksjonane til PP-tenesta

Ei velfungerande PP-teneste er grunnleggjande for å sikre elevar med lærevanskar eit best mogleg opplæringstilbod. Tenesta skal gi sakkunnige vurderingar av høg kvalitet og stå for praktisk fagleg rådgiving til dei tilsette i skulen og foreldra.

Departementet ser PP-tenesta som ein berebjelke i den spesialpedagogiske tiltakskjeda og foreslår derfor å styrkje tenesta over heile landet.

Det er venta at PP-tenesta skal vere den viktigaste instansen barnehagane, skulen, den kommunale vaksenopplæringa og lærebedriftene kan vende seg til når dei treng hjelp. Samtidig er det venta at PP-tenesta skal ha tilknytning til og samarbeide med andre hjelpeinstansar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå. I denne rolla skal PP-tenesta både kunne vere nettverksbyggjar og formidlar. Der PP-tenesta fungerer godt, er ho nær brukarane, har god lokalkunnskap, ein innarbeidd posisjon som sakkunnig og rådgivande organ og ei viktig rolle overfor andre lokale instansar.

Arbeidsoppgåvene til PP-tenesta varierer i dag nokså mykje. I ein del kommunar har arbeidet til ten-

esta i stor grad vore konsentrert om rapportarbeid og sakkunnig vurdering av enkeltelevar, mindre om skuleutvikling og utvikling av klassemiljø. Departementet viser til at arbeidet med sakkunnig vurdering står sentralt i lovverket. Departementet vil likevel presisere at det må vere balanse mellom arbeidet med sakkunnig vurdering og andre meir systemretta og førebyggjande oppgåver.

Rådgeving i samband med utarbeiding av individuelle opplæringsplanar for dei som får spesialundervisning, er blant PP-tenesta sine oppgåver. Desse skal uttrykkje mål for opplæringa, innhald og organisering. Departementet er opptatt av at dei individuelle opplæringsplanane blir utforma enkelt og kortfatta, som ein praktisk arbeidsreiskap til nytte for både elev, lærar og foreldre. Det er viktig å unngå unødvendig papirarbeid.

Departementet er generelt oppteke av å bringe PP-tenesta sterkare inn som aktiv støttespelar for skule, barnehage og andre hjelpetenester i samband med m a planarbeid, målfokusering og evaluering av eige arbeid. Ikkje minst må støtta til hjelpetenester for vaksne brukarar styrkjast. Skular og barnehagar og vaksenopplæringa må i større grad få hjelp til å løyse enkle oppgåver sjølve.

#### **4.5 EKSTERN VURDERING AV HEILE DEN SPESIALPEDAGOGISKE TILTAKSKJEDA, STRUKTUR OG BALANSE**

Møreforskning har, som tidlegare nemnt, gjennomført ei særskild evaluering av omstruktureringa av spesialundervisninga frå 1992. Vidare har styra for landsdekkjande og regionale kompetansesenter og styret for Programmet for Nord-Noreg (PNN) utarbeidd eigne evalueringsrapportar for åra 1992–1995 og tilrådingar for vegen vidare.

Evalueringsrapportane er blitt presenterte i Sentralt brukarforum og er sende til brukarorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar, utdanningskontora i fylka m.fl. til orientering. Organisasjonane har vore inviterte til å kommentere rapportane skriftleg.

Vurderingane frå Møreforskning, styra og dei ulike høringsinstansane varierer, men det er relativt samfallande oppfatningar på tre sentrale punkt:

1. Tenestetilbodet frå kompetansesentra er i dag betre tilpassa etterspørsel og behov hos brukarane og samarbeidspartnarane enn tidlegare. Brukarmedverknaden er aukande, og kvaliteten på tenestene er betra. Dei fleste lærarane, foreldra og andre brukarrepresentantane er positive til samarbeidet med sentra.
2. Samla sett er balansen mellom det ansvaret forvaltningsnivåa har for tenesteyting og dei ressursane dei får, ikkje tilfredsstillande. Særleg kjem det til uttrykk uro over at PP-tenesta ikkje har større ressursar.
3. Spesialpedagogiske tiltak i opplæringssektoren og

tenester i andre sektorar, først og fremst helse- og sosialsektoren, er ofte dårleg samordna, jf vedlegg 3.

#### **4.5.1 Evalueringa frå Møreforskning**

Møreforskning stiller generelt spørsmålet om kommunar og fylkeskommunar har behov for hjelpa frå kompetansesentra, og om denne hjelpa har betra den spesialpedagogiske praksisen:

«Dette må framleis vere eit ope spørsmål. Vi finn ingen samanheng mellom kvaliteten på tilboda slik desse blir vurdert av PP-tenesta, lærarar og foreldre og samarbeidet med kompetansesentra eller andre instansar i det spesialpedagogiske kompetansesystemet. Gevinsten er nok i første rekke å hente i skolen. Dersom vi i dei resultatata vi har funne skulle trekke fram forhold som kan ha bidratt til eit betre spesialpedagogisk tilbod er det etablering av spesialpedagogiske team og bruk av individuelle læreplanar.

Kvaliteten på det spesialpedagogiske tilbodet blir skapt i skolen.»

Ikkje minst må støtta til hjelpetenester for vaksne brukarar styrkast.

Møreforskning drøftar den rolla kompetansesentra har innanfor det omfattande spesialpedagogiske kompetansesenettnettet, utan å vurdere konkret kvart enkelt senter eller sektortilbod. Møreforskning er skeptisk til kor godt kompetansesenterstrukturen passar til utfordringane i dag. Møreforskning er og oppteken av forholdet til overlappande tenester, særleg habiliteringstenesta:

«Det er verd å notere seg at den fylkeskommunale habiliteringstenesta er bygt ut i perioden utan at denne utbygginga har vore relatert til utbygging av dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra. Samansettinga av bemanninga ved habiliteringsteama og målgruppene for fleire kompetansesentra ser ut til å vere overlappande».

Møreforskning hevdar at den kompetansesenterstrukturen vi har i dag, ikkje er spesielt godt eigna til å ta seg av behovet til brukarane.

#### **4.5.2 Vurderingane frå styret for dei landsdekkjande kompetansesentra og styret for dei regionale kompetansesentra**

Begge styra understrekar at sentra har omstilt seg i forhold til etterspørselen og behova hos brukarane og samarbeidspartnarane, og at det blir gitt meir hjelp på fagleg høgt nivå i takt med oppbygginga av kompetansen hos personalet. Begge styra finn likevel at mange senter framleis tek på seg oppgåver som utan tvil er eit kommunalt eller fylkeskommunalt ansvar, samtidig som sentra manglar kapasitet til å ta seg av viktige behov som berre kan imøtekommast på høgste kompetansenivå, til dømes behova hos multifunksjonshemma brukarar. Både styret for dei landsdekkjande kompetansesentra og styret for dei regionale kompetansesentra tilrår generelt at generalistkompetansen ved

sentra blir bygd ned og at sentra får meir spisskompetanse. Styret for dei landsdekkjande sentra rår til at eventuelle frigjorde ressursar frå kompetansesentra blir brukte til kompetansebyggjande tiltak på fylkesnivå.

Styra peiker på at det er eit fåtal av sentra som lukkast i å hjelpe lokalmiljøa med å leggje til rette for kulturelle aktivitetar og deltaking i fritidsaktivitetar for dei funksjonshemma. Begge styra legg og vekt på behovet for å avklare ansvars- og oppgåvefordelinga mellom dei mange aktørane i ulike sektorar som har delansvar overfor brukarane av spesialpedagogiske tenester.

På kort sikt foreslår styret for regionale sentre m a ei begrensa nedbygging av 2–3 kompetansesentre for samansette lærevanskar. På lengre sikt har styret for dei regionale kompetansesentra foreslått å redusere den statlege innsatsen på kompetansesenternivå ved å slå saman dei 18 landsdekkjande og regionale sentra for ulike vanskegrupper til 4–5 større statlege regionale senter. Desse skal dekkje alle vanskegrupper og lokaliserast i nærleiken av universitetsbyane (allkompetansesenter). Unnateke er eit fåtal skular for hørselshemma som er avhengige av teiknspråklege læringsmiljø.

Styret for dei landsdekkjande kompetansesentra har ikkje gått inn på å vurdere dei regionale kompetansesentra. Dette styret foreslår å regionalisere dekningsområda for kompetansesentra, tilpassa det noverande helseregionmønsteret, å styrkje sambandslinjene mellom opplæringssektoren og andre sektorar og å koordinere ulike sektortiltak på fylkesnivå i ein "kompetansebase".

#### 4.5.3 Vurderingar frå arbeidstakarorganisasjonane

Nesten alle arbeidstakarorganisasjonane ønskjer ei markert styrking av PP-tenesta, og ser med uro på statusen, legitimiteten og kapasitetsproblema til PP-tenesta. Fleire av desse ønskjer ein forskriftsfesta nasjonal minstestandard for bemanning og kompetanse i tenesta. Samtidig ønskjer organisasjonane å halde ved like ressursane til dei statlege kompetansesentra slik dei er i dag. Arbeidstakarorganisasjonane stiller seg negativt til eventuell overføring av ressursar mellom forvaltningsnivåa. Dei meiner at det er for tidleg å gjere større endringar i kompetansesenterstrukturen.

#### 4.5.4 Vurdering frå brukarorganisasjonane

Brukarorganisasjonane understrekar prinsippet om at tenestene skal vere nær brukarene og at primæransvaret og kompetansen må liggje hos kommunane og fylkeskommunane. Brukarorganisasjonane ønskjer generelt å styrkje PP-tenesta. Få brukarorganisasjonar uttaler seg om framtidig dimensjonering og strukturering av kompetansesentra, bortsett frå at dei fleste, også Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO),

understrekar spesielt det behovet hørselssektoren har for kapasitet til heilårsopplæring.

FFO rår til at ein byggjer ned og omstrukturerer kompetansesentersystemet slik at ressursane blir kanaliserte til 4–5 senter som skal yte tenester til alle vanskegruppene (allkompetansesenter), med unntak for hørselshemma. Frigjorde ressursar kan kanalisere til PP-tenesta og andre instansar på lågare forvaltningsnivå. Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) uttaler at dei ønskjer å redusere den statlege kompetansesenterdrifta slik at det blir færre senter. Dei regionale kompetansesentra for samansette lærevanskar og psykisk utviklingshemming ønskjer NFU å avvike. Det er føresetnaden at frigjorde ressursar og frigjord kompetanse går til å styrkje lokale tiltak, spesielt PP-tenesta.

#### 4.5.5 Vurderingar frå dei statlege utdanningskontora

Fleire utdanningskontor uttaler at ein generelt bør styrkje tilboda lokalt, og flytte kompetansen nærmare brukarane. Det blir påpeikt at det er lite rasjonelt når manglande kapasitet lokalt medfører at brukarar blir pressa oppover i tiltakskjeda. Fleire utdanningskontor tek til orde for at dei statlege kompetansesentra for høgfrekvente vanskegrupper med sosiale og emosjonelle problem og samansette lærevanskar bør byggjast ned til fordel for tilsvarande styrking av PP-tenesta lokalt, mens ein bør behalde kompetansesentermodellen for dei lågfrekvente gruppene (synshemma, hørselshemma, andre små grupper funksjonshemma).

Fleire utdanningskontor har elles i tilstandsrapportar dei seinare åra uttrykt uro over store kommunevise variasjonar i omfanget av spesialundervisninga etter enkeltvedtak.

### 4.6 PROGRAMMET FOR NORD-NOREG

#### 4.6.1 Særlege trekk ved Programmet for Nord-Noreg

Bakgrunnen for Programmet for Nord-Noreg (PNN) var dei særlege geografiske og befolkningsmessige forholda i landsdelen. Dei viktigaste elementa i programmet er:

- Sterk satsing på kommunale og fylkeskommunale spesialpedagogiske tenester og mindre bruk av statlege kompetansesenter enn fylka i Sør-Noreg.
- Eit kompetansesystem basert på eit desentralisert nettverk mellom faglege tyngdepunkt og lokale tiltak og tenester, med PP-tenesta som viktigaste knutepunkt.
- Faglege tyngdepunkt representerte ved
  - Sandfallet kompetansesenter i Finnmark, for samansette lærevanskar med vekt på samiske brukarar
  - eitt fylkeskommunalt regionsenter for døvblinde i Troms frå 1994, dels statsfinansiert, dels kommunalt finansiert

- eitt fylkeskommunalt spesialpedagogisk senter i Nordland, tidlegare Hernesveien skole, som også administrerer den statlege syns- og audio-pedagogtenesta i Nordland
- Logopedisk senter i Sømna kommune i Nordland, fylkeskommunalt driftsansvar med statsfinansiering.
- Styrking av PP-tenesta i landsdelen.
- Tilføring av statlege midlar til kjøp av kommunale, eventuelt fylkeskommunale, tenester gjennom eit avtalebasert samarbeid, som kompensasjon for at Nord-Noreg berre har eitt statleg kompetansesenter.

Nærmare omtale av dei ulike elementa i Programmet for Nord-Noreg går fram av vedlegg 2.

#### 4.6.2 Vurderingar av Programmet for Nord-Noreg

##### Vurderingar frå styra

Styret for PNN skisserer ei vidareføring av programmet i tre fasar under eit eige, sjølvstendig styre med politisk representasjon frå kommunar, fylkeskommunar og Sametinget, og dessutan frå brukar- og arbeidstakarorganisasjonar.

Styret foreslår at omfanget av PNN blir auka frå nivået i dag på om lag 30 mill kroner pr år til minimum 50 mill kroner pr år ved inngangen til fase 3 (etter år 2000).

Styret for regionale kompetansesenter og styret for landsdekkjande kompetansesenter finn ikkje tungtvagande grunnar til å halde oppe eigne løysingar og program for Nord-Noreg, og meiner at ein ikkje bør ha eit eige tiltaksprogram i denne landsdelen.

##### Evaluering frå Møreforskning

Møreforskning er relativt kritisk til gjennomføringa av PNN. Dei tiltaka som er sette i verk, har i hovudsak vore baserte på lokale initiativ som styret har løyvd midlar til. Etter Møreforskning sitt syn er det mest positive at programmet har styrkt PP-tenesta og det arbeidet Sandfallet har gjort med spesialpedagogiske problem knytt til samisktalande.

##### Vurderingar frå arbeidstakarorganisasjonane og brukarorganisasjonane

Dei fleste arbeidstakarorganisasjonane ønskjer i hovudsak å vidareføre PNN-modellen med eit avtalebasert samarbeid mellom staten, kommunane og fylkeskommunane. Brukarorganisasjonane kommenterer i liten grad programmet. FFO meiner prosjektet bør vidareførast slik at det kan utvikle seg i tråd med intensjonane, og NFU støttar hovudideen om utbygging av spesialpedagogisk kompetanse i nettverk lokalt framfor å satse på spesialpedagogiske kompetansesenter.

##### Vurderingar frå statens utdanningskontor

Som nemnt i avsnitt 4.5.5 gir statens utdanningskontor gjennomgåande støtte til tanken om å styrkje PP-tenesta lokalt. Men få utdanningskontor seier noko om den modellen PNN legg til grunn for å realisere målet om tilførsel av spesialpedagogisk kompetanse til lågare forvaltningsnivå. Utdanningskontora i Nord-Noreg støttar modellen.

#### 4.7 SAMLA VURDERING FRÅ DEPARTEMENTET

##### 4.7.1 Bete balanse i tiltakskjeda: Styrking av PP-tenesta lokalt og nedbygging av kompetansesentra

Utgangspunktet for departementet si vurdering av kompetansesentersystemet er det behovet brukarane har for lett tilgjengelege tenester av høg kvalitet. Planlegginga og iverksettinga av spesialpedagogiske tenester skjer i dei aller fleste tilfelle lokalt, og i nært samarbeid med PP-tenesta. I den grad det er behov for støtte frå instansar i andre sektorar – til dømes helse- og sosialtenesta – blir det meste av hjelpa gitt frå instansar på kommunenivå, eventuelt fylkesnivå (jf vedlegg 3).

Departementet har merka seg at det er stor semje om at PP-tenesta må byggjast ut. Stortinget understreka i Innst. S. nr. 160 (1990–91) at PP-tenesta måtte styrkjast kvantitativt og kvalitativt, og har til liks med departementet vurdert PP-tenesta som sjølv basis i det spesialpedagogiske støttesystemet. Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget understreka i budsjettinnstillinga for 1998 at PP-tenesta måtte styrkjast, jf Budsjett-innst. S.nr. 12 (1997–98).

Departementet konstaterer at det i dagens modell er konsentrert store ressursar i den statlege delen av tiltakskjeda, dvs i kompetansesentra. Samtidig har den lokale PP-tenesta store kapasitetsproblem.

Staten har eit overordna ansvar for å få i stand ein rasjonell og fagleg tilfredsstillande tenestestruktur. På bakgrunn av dei analysane og vurderingane som er gjorde, går departementet inn for ein modell som styrker den lokale kompetansen, men der ein samtidig vidarefører ein nasjonal spisskompetanse innan avgrensede område. Ressursinnsatsen i delar av det statlege kompetansesentersystemet vil bli redusert og frigjorte ressursar brukt til styrking av PP-tenesta lokalt. Ressursane blir med dette flytte nærmare brukarane, til den instansen som har eit lovfesta ansvar og som har nær kjennskap til lokalmiljøet og lokale samarbeidspartnarar.

##### 4.7.2 Framtidig organisering av statlege kompetansesenter m m

Kompetansesentra skal mellom anna medverke til at kommunar og fylkeskommunar får rettleiing og støtte for å sikre kvaliteten på opplæringstilbodet for perso-

nar med funksjonsvanskar. Vidare skal dei utvikle spesialpedagogisk kompetanse for elevgrupper med store og særskilte behov gjennom kartlegging, diagnostisering, rådgiving og utviklingsarbeid. Utanom hørselssektoren er det ikkje lenger behov for å ha beredskap for heiltidselevar. Dei heiltidseleveane som i dag har tilbod ved Torshov kompetansesenter for samansette lærevanskar, vil framleis få dette tilbodet til dei går ut av skulen.

Departementet vil gjennomføre ei tilpassing av det statlege kompetansesentersystemet til behova lokalt. Dei statlege kompetansesentra for synshemming, hørselshemming og språk- og talevanskar vil med visse endringar halde fram som i dag. Desse yter tenester til særleg lågfrekvente vanskegrupper, der ein ikkje kan vente at kommunane og fylkeskommunane skal ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Den kompetansen desse sentra har, bør derfor framleis ivaretaast på statleg nivå.

Dei største strukturendringane vil bli gjorde for kompetansesenter for samansette lærevanskar og sosiale og emosjonelle problem, jf punkt D og E nedanfor. Både for desse sentra og for senter for lågfrekvente grupper vil det vere viktig å vurdere nærmare oppgåvene og samarbeidsforholdet til dei medisinske fagmiljøa generelt, med tanke på rasjonell utnytting av ressursane.

### A Kompetansesenter for hørsel

Hørselssektoren er dekt av seks kompetansesenter med nærmare 600 årsverk, alle lokaliserte i Sør-Noreg. Talet på heilårselevar ved døveskulane har vore tilnærma stabilt i perioden 1992–1998, men det har vore ei forskyving i elevtalet internt mellom dei ulike sentra.

Departementet vil halde oppe ressursnivået innanfor hørselssektoren så lenge brukarane har behov for heildagstilbod ved statlege sentra. Departementet har likevel planar om ei geografisk omfordeling av ressursane innanfor sektoren, på bakgrunn av m a ein sterk nedgang i elevtalet ved Nedre Gausen kompetansesenter i Vestfold. Departementet vil såleis vurdere å avvikle drifta av Nedre Gausen. Saman med foreldra vil ein finne fram til tilbod for elevane ved andre kompetansesenter eller ved lokale skular.

Departementet vil be dei aktuelle styra greie ut nærmare spørsmålet om å avvikle tilbodet ved Nedre Gausen og omfordele ressursar til etablering av eit hørselssenter i Nord-Noreg. Som ledd i utgreiinga skal det også vurderast om det kan vere aktuelt å leggje tilbod for eventuelle andre vanskegrupper til eit slikt senter, t d elevar med samansette lærevanskar, åtferdsproblem, språk/talevanskar og/eller synsvanskar (allkompetansesenter).

Ved kompetansesentra for hørselshemma vil teiknspråk ha høg prioritet. Kompetanseheving i teiknspråk for personalet, gjennomføring av foreldreopplæring og tilrettelegging av skuletilbod for hørsels-

hemma teiknspråkbrukarar lokalt og ved sentra er prioriterte arbeidsoppgåver. Departementet er oppteke av å arbeide vidare med etablering av eit avgrensa tal knutepunktskular for teiknspråkmiljø i vidaregåande skule.

Dei statleg finansierte audiopedagogane i fylka vil bli knytte fagleg og administrativt til aktuelle hørsels-senter frå 1. august 1999.

### B Kompetansesenter for syn

Departementet går inn for at dei to synssentra Huseby (Oslo) og Tambartun (Melhus) blir slått administrativt saman under felles leing frå 1. august 1999. Dette vil gjere det lettare å koordinere aktivitetane og tenestetilbodet til brukarane. Dei tre organisasjonane innanfor synssektoren – Norges Blindeforbund, Vestlandske Blindeforbund og Assistanse – har konkret tilrådd ei slik samanslåing i ein uttale til departementet.

Dei to synssentra har i dag 202 årsverk mot 216 årsverk i 1996. I løpet av omstillingsperioden frå 1992 er talet på heiltidselevar ved sentra gått ned frå 66 i 1993 til 13 i 1995. I dag er det ingen heiltidselevar att ved desse synssentra. Med dette som bakgrunn vil departementet redusere bemanninga ved Huseby og Tambartun med til saman 25 årsverk frå 1. august 1999. Departementet vil be styret greie ut dei praktiske sidene ved nedbygginga snarast råd.

Dei statleg finansierte synspedagogane i fylka vil bli knytte fagleg og administrativt til Huseby og Tambartun frå 1. august 1999.

### C Kompetansesenter for språk- og talevanskar, lese- og skrivevanskar

Bredtvet kompetansesenter (Oslo og Oppland) med omkring 115 årsverk dekkjer både høgfrekvente og lågfrekvente vanskegrupper for heile landet. Dette inneber oppgåver innanfor områda nedanfor med både individretta og systemretta tenester:

- Dysfasi: utviklingsmessige språk- og talevanskar
- Afasi: pådregne språkvanskar etter sjukdom eller hjerneskode
- Dysartri: talevanskar med nevrologiske årsaker
- Dysleksi: lese- og skrivevanskar
- Taleflytvanskar: stamming og løpsk tale
- Stemmevanskar: stemmeforstyrningar med funksjonelle og organiske årsaker
- Følgjer av leppe-, kjeve-, ganespalte
- Følgjer av laryngektomi: tap av stemme etter fjerning av strupehovudet.

Styret for landsdekkjande senter har i lengre tid arbeidd for å spisse og avgrense verksemda til Bredtvet, i det ein har meint at senteret i for stor grad har teke på seg oppgåver som kommunesektoren sjølv burde dekkje. I tillegg til PP-tenesta med vel 200 logopedar er det lokalt etablert fleire fylkeskommunale og kommunale eller interkommunale tilbod i denne sektoren, m a

eit kommunalt senter i Trondheim. Vidare er det eit fylkeskommunalt senter i Nordland og logopedisk senter i Sømna i Nordland (dei to siste tilknytt Programmet for Nord-Noreg).

I nokon grad har Bredtvet brukarar og samarbeidspartnarar som også kan få hjelp ved anten Senter for leseforskning (Stavanger), ved avdeling for pådregen hjerneskade ved Øverby kompetansesenter (Gjøvik) eller logopedisk avdeling ved Eikelund kompetansesenter (Bergen). Senter for leseforskning vil bli styrkt med inntil 3 årsverk frå 1999. Desse kompetansesentra vil elles komme under same styre frå 1. januar 1999. Det vil gjere det lettare å sjå ressursane i denne sektoren under eitt, og i samanheng med dei medisinske miljøa ved Sunnaas sjukehus og andre aktuelle helseinstitusjonar.

På bakgrunn av det ovanståande, og styrkinga av PP-tenesta, går departementet inn for å redusere bemanninga ved Bredtvet med 25 årsverk frå 1. august 1999. Departementet vil be styret greie ut dei praktiske sidene ved nedbygginga snarast råd, herunder kor reduksjonen bør skje.

#### D Kompetansesenter for sosiale og emosjonelle vanskar

Åtferdssektoren har i dag 3 små kompetansesenter med tilsaman knapt 45 årsverk, som arbeider med ei svært høgfrekvent vanskegruppe: Senter for åtferdsforskning (Rogaland), Rogneby (Oppland og Sør-Trøndelag) og Lillegården (Telemark). Desse sentra arbeider i stor grad systemretta ut mot PP-teneste og skular. Vidare har mange brukarar ved dei 7 kompetansesentra for samansette lærevanskar tilleggspørsmål i form av sosiale og emosjonelle vanskar og utagerande åtferd.

Departementet vil spesielt styrkje lokal PP-teneste sin kompetanse på dette feltet. Nasjonal spisskompetanse innanfor området blir foreslått samla i eitt kompetansesenter, Senter for åtferdsforskning, som vil bli styrkt med inntil 5 årsverk. Rogneby og Lillegården blir dermed avvikla som statlege kompetansesenter innan området åtferd. Delar av desse frigjorte ressursane vil bli brukt til å styrkje kompetanse innan området sosiale og emosjonelle vanskar ved sentra for elevar med samansette lærevanskar.

Rogneby blir heilt avvikla som åtferdssenter med 15 årsverk, men Oppland fylkeskommune vil få tilbod om å overta drifta av barnevernverksemda ved Rogneby (omfattar i dag sal av om lag 7 barnevernsplassar).

Departementet er i utgangspunktet innstilt på å innlemme Lillegården (15 årsverk) i kompetansenettverket for elevar med samansette lærevanskar, primært som filial under Birkelid. Styret for dei statlege kompetansesentra vil bli bedt om å vurdere dette forholdet før endeleg avgjerd blir fatta. I tilfelle vil Birkelid få utvida det geografiske dekningsområdet sitt til å omfatte også Rogaland fylke sør for Stavanger, mens Eikelund da vil dekkje Nord-Rogaland.

Den foreslåtte modellen tilseier behov for tett nettverksamarbeid mellom Senter for åtferdsforskning, dei sju sentra for samansette lærevanskar, lokal PP-teneste og andre statlege tilbod for barn/unge med utagerande åtferd (f.eks. Barne- og familiedepartementet sitt forskings- og undervisningsprosjekt ved Universitetet i Oslo for barn/unge med tyngre åtferdsproblem og dei statlege regionale sentre innanfor barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien). Vidareutvikling av slikt nettverksamarbeid inngår som prioritert oppgåve i det foreslåtte 3-årige kompetanseutviklingsprogrammet, jfr. kap. 4.9.

#### E Kompetansesenter for samansette lærevanskar

Sektoren er i dag dekt av sju regionale senter med omkring 400 årsverk:

- Torshov, Oslo
- Birkelid, Songdalen og Tvedestrand
- Eikelund, Bergen
- Søreide, Gloppen
- Ekne, Levanger
- Øverby, Gjøvik
- Sandfallet, Alta (Programmet for Nord-Noreg)

Dei viktigaste målgruppene har vore barn, unge og vaksne med

- generelle lærevanskar med låg intellektuell fungering, mellom desse psykisk utviklingshemma
- ulike spesifikke lærevanskar som gjer at individet ikkje tileignar seg dei kunnskaper, den dugleik og dei haldningar som er vanlege for alderen, utan at det ligg føre ein vesentleg evneretardasjon
- pådregne hjerneskadar av ulike slag

Ei viktig målgruppe for desse sentra vil vere personar med lære- og åtferdsvanskar av nevrologisk karakter, mellom desse personar med ADHD (Attention Deficit Hyperactivity Disorder, har avløyst MBD som diagnose), Tourettes syndrom («tics»: ufrivillige rørsler og lydar) og narkolepsi (søvnvanskar). Desse gruppene har ofte konsentrasjonssvikt og/eller hyperaktivitet, med motorisk uro, åtferdsavvik, impulsivitet, lærevanskar m m som tilleggspørsmål. Omfanget av slike problem blir rekna til mellom 1 % og 5 % (1 % i svært alvorleg grad).

Mange av brukarane har i tillegg sosiale og emosjonelle vanskar og åtferdproblem.

Fleire senter har hatt særlege eller landsdekkjande funksjonar innan avgrensa område, f eks Eikelund med logopedisk avdeling, Øverby med avdeling for pådregen hjerneskade og Sandfallet med samisktalande elevar med særskilde opplæringsbehov.

Departementet ønskjer å spisse og avgrense verksemda til desse sentra, og er som nemnt innstilt på å leggje Lillegården som ei avdeling under Birkelid som del av kompetansenettverket for samansette lærevanskar. Vidare vil departementet be styret greie ut organisering av Søreide som ei avdeling under Eikelund.

Alle sentra for samansette lærevanskar vil få felles

oppgåver i høve til store samansette lærevanskar, deriblant djup psykisk utviklingshemming, og lære- og åtferdsvanskar med nevrologiske årsaker, deriblant ADHD, Tourettes syndrom, narkolepsi m m.

Dessutan skal dei enkelte sentra ha spesielle eller landsdekkjande funksjonar:

- **Torshov:** Landsdekkjande funksjon for framand-språklege elevar med særskilde opplæringsbehov, og landsdekkjande funksjon for elevar med sær alvorleg og djup psykisk utviklingshemming.
- **Birkelid:** Landsdekkjande funksjon for tidleg stimulering av små barn med funksjonshemming (0–5 år).
- **Eikelund:** Regiondekkjande funksjon for tale- og språkvanskar, Vestlandet, og landsdekkjande funksjon saman med Bredtvet for personar med leppe-, kjeve- og ganespalte og strupeopererte, i samarbeid med Haukeland sjukehus.
- **Ekne:** Landsdekkjande funksjon for informasjonsteknologi for funksjonshemma.
- **Øverby:** Landsdekkjande funksjon for pådregne hjerneskaradar (trafikkulykker, stråleskaradar, nestendrukning, infeksjonar, hjerneslag m m).
- **Sandfallet:** Spesielt ansvar for samiske elevar med særskilde opplæringsbehov.

Departementet vil be styret om å vurdere opplegg for nærmare tilknytning mellom kompetansesentra og høgskulesystemet, i samråd med dei involverte institusjonane. Ei slik styrkt fagleg tilknytning vil m a vere ein fordel for lærarutdanninga ved høgskulane.

Spesielt vil styret bli bedt om å vurdere ny lokalisering av Birkelid kompetansesenter i samband med at Høgskulen i Agder får nye lokale på Gimlemoen, og samlokalisering av Ekne kompetansesenter med Høgskulen i Nord-Trøndelag si avdeling i Levanger.

Når det gjeld den tilknyttinga Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning har til Høgskulen i Stavanger, blir det vist til nærmare omtale i kap. 5.

Dei eksisterande sju sentra for samansette lærevanskar vil bli reduserte med til saman 185 årsverk til 215 årsverk, som inneber ei nedbemanning med gjennomsnittleg ca 40–50 %. Sandfallet vil bli mindre redusert enn dei andre regionale sentra. Eventuell innlemming av Lillegården i kompetansenettverket for samansette lærevanskar vil innebere tilførsel av 15 årsverk.

Departementet meiner at ein slik reduksjon av ressursane innanfor dette området er formålstenleg, med bakgrunn i konsentrasjon og «spissing» av det statlege ansvaret og styrkinga av den lokale PP-tenesta.

#### 4.7.3 Programmet for Nord-Noreg

Departementet vil utvikle dei såkalla fylkes- og landsdelstiltaka og styret/sekretariatet i det særskilde Programmet for Nord-Noreg, men institusjonstiltaka vil bli vidareført med visse tilpassingar. Sandfallet kompetansesenter, Alta blir vidareført, men med redusert årsverkinnsats. Regionsenteret for døvblindfødde i

Troms blir ført vidare. Logopedisk senter i Sømna er overført til Nordland fylkeskommune med statsfinansiering frå 1. januar 1998.

Hovudideen i programmet – å satse på lokal PP-teneste – blir vidareført og forsterka. Departementet vil såleis presisere at å utvikle delar av programmet, ikkje inneber at ein nedprioriterer det desentraliserte tenestenettverket. Styrkinga av PP-tenesta på landsbasis inneber tvert om tilslutning til ideen i Nord-Noreg-programmet på nasjonalt nivå.

Utvikling av landsdels- og fylkestiltaka i Nord-Noreg-programmet og reduksjon av aktiviteten ved Sandfallet frigjer ressursar. Departementet vil tilføre landsdelen ressursar tilsvarande til saman 36 faste fagårsverk i PP-tenesta. Dette vil innebere ein auke i talet på fast oppretta fagstillingar i PP-tenesta i Nord-Noreg med 19%. Til samanlikning har PP-tenesta i Nord-Noreg fått tilført omlag 8–10 årsverk i knutepunktkontor gjennom Programmet for Nord-Noreg hittil.

Som nemnd tar departementet sikte på å få vurdert nærmare etablering av eit hørselssenter, evt. allkompetansesenter i Nord-Noreg i samband med utvikling av Nedre Gausen kompetansesenter. Vidare blir det arbeid med planar om etablering av eit hovudfagsstudium i spesialpedagogikk ved Universitetet i Tromsø, etter initiativ frå Styret for Programmet for Nord-Noreg.

Ved ein ny styringsmodell med eitt felles styre for alle kompetansesentra, jf. kap. 5, vil Nord-Noreg ta del i dei utviklingsprosjekt m v som styret finansierer.

#### 4.7.4 Spesialpedagogisk kompetanseheving og nettverksbygging i samiske område

Sjølv om det i løpet av omstrukturingsperioden gjennom Programmet for Nord-Noreg har vore ein monaleg statleg innsats innanfor det samiske området, er det langt igjen før den spesialpedagogiske kompetansen i dei samiske områda er på nasjonalt nivå. I landsdelen finst det tre samiske språkgrupper: nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Dette gjer arbeidet med å byggje opp kompetanse enda meir krevjande. Det er viktig å understreke at det sørsamiske området ikkje berre er avgrensa til Nord-Noreg.

I dei samiske språkområda er det mangel på kvalifisert samisktalande fagpersonell. I tillegg er det mangel på samiske spesialpedagogiske læremiddel. Det trengst vidare ressursar til utviklingsarbeid innanfor det spesialpedagogiske området.

Departementet vil vurdere nærmare den framtidige rolla Sandfallet kompetansesenter skal ha generelt, og spesielt oppgåver i det samiske språkområdet. Her vil det også vere aktuelt å sjå nærmare på tilhøvet mellom Sandfallet, Samisk utdanningsråd og Samisk høgskule.

Departementet vil tilføre om lag 1,6 mill kroner årleg til Samisk utdanningsråd for ytterlegare å styrkje den spesialpedagogiske kompetansen i samiske miljø. Det kan vere aktuelt å prioritere t d følgjande tiltak:

- studiestipend for spesialpedagogisk utdanning på 1. avd. og 2. avd. nivå
- læremiddelutvikling
- utviklingsarbeid
- etter- og vidareutdanningstilbod i spesialpedagogikk

I tillegg vil Samisk utdanningsråd få tilført ekstra ressursar tilsvarande eitt årsverk for å medverke til å styrkje og koordinere læremiddelproduksjon- og utvikling for samisktalande elevar med særskilde opplæringsbehov, jf. 4.10.3.

Arbeidsdelinga mellom Nasjonalt læremiddelsenter og Samisk utdanningsråd på læremiddelfeltet vil bli vurdert nærmare.

#### **4.8 STYRKING AV PP-TENESTA OG ENKELTE ANDRE SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK**

##### **4.8.1 Utbygging av PP-tenesta**

Departementet sine forslag vil frigjere midlar til styrking av PP-tenesta med inntil 300 årsverk.

Auka kapasitet i PP-tenesta skal gi eit styrkt tilbod både kvalitativt og kvantitativt, m a gjennom meir vekt på systemretta arbeid med sikte på tiltaksutvikling og rettleiing for personalet i skular og barnehagar.

Departementet vil fordele årsverka til PP-tenesta på dei ulike fylka omtrent slik det framgår av tabell 4.1.

I utgangspunktet går departementet inn for å fordele PPT-årsverka fylkesvis etter ein fordelingsnøkkel med basis i folketallet. Den endelege og detaljerte fordelinga på kommunalt og fylkeskommunalt nivå internt i fylka vil gjerast av departementet etter grundig gjennomgang og fagleg tilråding i kvart fylke. Dei statlege utdanningskontora vil saman med kommunesektoren i fylka få hovudansvaret for å samordne ein slik fagleg gjennomgang. Fagleg eining for PP-tenesta og styret for kompetansesentra skal også trekkjast inn i desse prosessane.

Departementet legg til grunn at det blir etablert funksjonelle modellar, f eks interkommunale samarbeidsordningar, som sikrar alle delar av fylket og alle kommunar tilgang til spesialpedagogisk kompetanse på høgt nivå. Departementet er i denne prosessen oppteke av å få følgt opp positive erfaringar frå Nord-Noreg-programmet, med forsterka faglege tyngdepunkt lokaliserte til enkelte PP-kontor og avtalebasert samarbeid i større regionar.

##### **4.8.2 Fagleg eining for PP-tenesta**

Fagleg eining for PP-tenesta blei i samband med omstruktureringa av spesialundervisninga etablert i 1993 med to årsverk for å ivareta nasjonale oppgåver. Ei nærmare oversikt over verksemda framgår av vedlegg 2, punkt 3.3.

Fagleg eining vil ha viktige oppgåver i åra framover, m a i samband med det tre-årige praksisretta

kompetanseutviklingsprogrammet for arbeidet med åtferdsproblem, lese- og skrivevanskar og samansette lærevanskar som er skissert i kap 4.9. Viktige oppgåver vil også vere arbeid med elektronisk nettverk for PP-tenesta, utvikling av felles registreringssystem m m. Dessutan hjelper Fagleg eining departementet med utgreingar av ulike slag.

Spørsmålet om framtidig dimensjonering, lokalisering og tilknytning for Fagleg eining vil bli vurdert særskilt seinare, m a med bakgrunn i erfaringane med kompetanseutviklingsprogrammet og utbygginga av PP-tenesta.

##### **4.8.3 Andre styrkingstiltak**

Når ev personalpolitiske kostnader ved omstillinga er avvikla, vil det i trinn II bli frigjort ytterlegare styrkingsmidlar på ca 8 mill kroner pr år (sjå kap 5). Det vil også bli frigjort midlar når det 3-årige kompetansehevingsprogrammet for PP-tenesta m m er fullført, jf pkt 4.9. Dessutan vil det blir frigjort ressursar når skuleavdelinga ved Torshov kompetansesenter blir avvikla omkring år 2001 – 2002.

Dei frigjorte midlane kan nyttast t d til læremiddelutvikling, bruk av ny teknologi, kompetansehevingsstiltak m m. Departementet vil komme attende til desse spørsmåla i samband med dei årlege budsjettproposisjonane.

#### **4.9 PRAKSISRETTA KOMPETANSEHEVINGSPROGRAM FOR PP-TENESTA MV**

Parallelt med styrkinga av PP-tenesta vil departementet setje iverk eit 3-årig praksisretta kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar og leiinga i grunnskule og vidaregåande skule. Det er særleg på områda åtferdsproblem og lese- og skrivevanskar lærarar og skular i dag etterspør fagleg bistand og høve til kompetanseutvikling. Desse problemområda vil få ein sentral plass i kompetansehevingsprogrammet. Kompetanseutvikling i forhold til samansette lærevanskar vil også stå sentralt i dette programmet. Ei styrka PP-teneste skal jobbe vidare med kompetanseutvikling og tiltaksarbeid lokalt i skuleverket.

I denne statlege satsinga vil Senter for åtferdsforskning få eit samordningsansvar på oppdrag frå departementet. Senteret har mangeårig erfaring i arbeidet med åtferdsproblem generelt, og har vore ein spydspiss i tiltaksutvikling lokalt mot mobbing m m. Senteret har dessutan brei erfaring generelt med systemretta arbeid og fagleg nettverksbygging lokalt. Vidare vil Senter for leseforskning få eit sentralt ansvar i programmet.

Som ledd i kompetansehevingsprogrammet vil det bli arrangert regionale samlingar over heile landet. Departementet vil nytte midlar til dekning av utgifter til desse samlingane med 4,2 mill kroner pr år i perioden 2000 – 2002.

Tabell 4.1 Oppretta årsverk i PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar i 1996 og tilførsel av nye årsverk

Fylke	Folketal pr 01.01.97.		Fast oppretta årsverk 1996 2)			Tilførsel av nye årsverk	
	Totalt 1)	I %	Fagstillingar	Innbyggjarar pr. fagstilling	Merkantilt personell	Nye fagstillingar	Nye fagstillingar i %
Østfold	241.206	5,5	65	3.711	9	+ 16	5,3
Akershus	446.385	10,2	141	3.166	17	+ 28	9,3
Oslo 4)	493.973	11,2	68	7.264	14	+ 35	11,7
Hedmark	186.021	4,2	59	3.153	8	+ 12	4,0
Oppland	182.443	4,2	68	2.683	6	+ 12	4,0
Buskerud	230.763	5,3	73	3.161	7	+ 15	5,0
Vestfold	206.108	4,7	57	3.616	6	+ 14	4,7
Telemark	163.467	3,7	57	2.868	5	+ 11	3,7
Aust-Agder	100.602	2,3	38	2.647	5	+ 9	3,0
Vest-Agder	151.577	3,5	55	2.756	6	+ 11	3,7
Rogaland	360.380	8,2	120	3.003	14	+ 23	7,7
Hordaland	426.896	9,7	128	3.335	15	+ 26	8,6
Sogn og Fjordane	108.032	2,5	47	2.299	7	+ 9	3,0
Møre og Romsdal	241.493	5,5	88	2.744	14	+ 16	5,3
Sør-Trøndelag	258.246	5,9	104	2.483	9	+ 17	5,7
Nord-Trøndelag	127.236	2,9	36	3.534	7	+ 10	3,3
Nordland 3)	240.304	5,5	89	2.700	12	+ 18	6,0
Troms 3)	151.191	3,4	51	2.965	9	+ 11	3,7
Finnmark 3)	75.643	1,7	49	1.544	5	+ 7	2,3
Sum	4.391.966	100,1	1.393	3.153	175	+ 300	100,0

1) Statistisk Sentralbyrå 1997: Befolkningsstatistikk 1997, Hefte 1. NOS C 391 (foreløpige tall)

2) Fagleg eining for PP-tenesta, 1997: PP-tjenesten i Norge i 1996

3) Eksklusive statleg finansierte årsverk i PP-tenesta under Programmet for Nord-Noreg

4) Dette er fast oppretta årsverk. Oslo har i tillegg vel 20 årsverk i PP-tenesta som er oppretta som engasjement frå 1997

Viktige element i utviklingsprogrammet vil vere

- å utvikle PP-tenesta sin kompetanse innanfor fagfeltet sosiale og emosjonelle problem, lese- og skrivevanskar og samansette lærevanskar
- å utvikle PP-tenesta sin kompetanse i systemretta arbeid
- å styrkje kontakten og nettverkssamarbeidet mellom aktuelle statlege kompetansesenter og mellom PP-tenesta og kompetansesentra
- å utvikle og utvide den støttemiljøet lærarane og skulen får frå PP-tenesta på desse områda
- å auke lærarane sin kompetanse for klasseleiing og tiltaksorganisering
- å styrkje skuleleiinga og lærarkollegiet si rolle på desse områda
- å hjelpe skulane til å utarbeide handlingsplanar og modellar for å førebyggje og meistre åtferdsproblem og lese- og skrivevanskar
- å styrkje elevane sin sosiale og faglege dugleik og meistringskompetanse
- å initiere FoU-arbeid med relevans til det spesialpedagogiske praksisfeltet

I tillegg til Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning, vil dei statlege utdanningskontora, andre aktuelle kompetansesentre og kommunar/fylkeskommunar (PP-tenesta/skuleleiinga) vere sentrale aktørar i

programmet lokalt og regionalt. Fagleg eining for PP-tenesta vil bistå i gjennomføring av kompetansehevingsprogrammet. Ein tek sikte på nært samarbeid med lærarorganisasjonane. Også Foreldreutvalet for grunnskulen og andre foreldreorganisasjonar og elevorganisasjonar vil bli trekte inn i arbeidet.

### Særskilde satsingsområde

Det er særleg på to område norske lærarar melder om behov for tiltak. Det gjeld sosiale og emosjonelle vanskar og lese- og skrivevanskar. Departementet vil derfor satse spesielt på desse to områda i det treårige praksisretta kompetansehevingsprogrammet:

### Sosiale og emosjonelle vanskar

Nyare norske undersøkingar syner at om lag 10 % av elevane i grunnskulen har problemskapande åtferd, av desse er langt fleire gutar enn jenter. Også i vidaregåande skule er det til dels store åtferdsproblem.

Det er relativt stor forskjell på skular og klassar når det gjeld elevåtferd. Vedvarande uro og konfliktrar i skulekvardagen er blant dei viktigaste utfordringane skulen har, der lærarane ofte står utan relevant hjelp og støtte.

I arbeidet med desse problema kan det vere grunn til å skilje mellom

- alvorleg utagerande åtferd som gjeld få elevar, der barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien m fl er viktige samarbeidspartnarar for skulen
- den mindre alvorlege, men langt meir omfattande og vedvarande uro og forstyrning av undervisninga som gjer læringsmiljøet ringare, og som er ei belastning for mange medelevar og lærarar
- dei elevane som trekkjer seg attende i isolasjon og passivitet

Problemåtferd i skulen representerer samansette problem. Dette reiser sentrale spørsmål om oppvekstmiljøet, barna og dei unge sine vaksenrelasjonar og om kvaliteten på støttesystemet for skulen. Ofte framstår åtferdsproblema som ein samspelvanske mellom elev og skule, der både kompetanse og dugleik hos den enkelte eleven, oppvekstmiljøet, lærarhaldningane og lærarkompetanse, arbeidsformene, organiseringa og tilrettelegginga av undervisninga inngår.

Barne- og familiedepartementet har utarbeidd ein handlingsplan for barn og unge med alvorlege åtferdsproblem. Det er etablert eit 5-årig forskings- og undervisningsopplegg ved Universitetet i Oslo frå hausten 1997. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil styrkje opplegget med 0,4 mill kroner årleg i prosjektperioden med sikte på å vurdere problemstillingar knytte til opplæring for denne gruppa. Det vil vere viktig å etablere nettverkssamarbeid mellom Universitetet i Oslo, Senter for åtferdsforskning og kompetansesenter for samansette lærevanskar i gjennomføringa av det praksisretta kompetansehevingsprogrammet. Departementet er vidare innstilt på å vidareføre og spreie erfaringar frå skulemeklingsprosjektet til alle grunnskular.

Ein nærmare presentasjon av problemfeltet blir gitt i vedlegg 4.

### Lese- og skrivevanskar

Elevar med lese- og skrivevanskar eller dysleksi er truleg ei av dei største gruppene som treng særskilde tiltak eller spesialundervisning. Undersøkingar viser at elevar som har lese- og skrivevanskar, tilsvarende ca 10 % av den samla elevmassen på alle 10 årstrinn i grunnskulen. Men vi snakkar her om ei lite einsarta gruppe. Vanskane kan ha ulike årsaker og kan arte seg på ulike måtar. Den funksjonelle lesedugleiken vil og kunne variere ut frå ulike situasjonar. Den gruppa som kan reknast som dyslektikarar er vesentleg mindre, rundt 1–2 %, somme meiner 5 %. Med gode tiltak kan dyslektikarar betre sine livsvilkår monaleg.

Innanfor dette feltet er førebygging og tidleg oppdaging spesielt viktig. Tiltak for å betre lesedugleiken må og omfatte opplegg for å stimulere leselysta og påverke lesemengda. For å sikre ei god lese- og skriveopplæring for alle barn og unge, vil lærarutdanninga stå sentralt. Spørsmål om lese- og skrivevanskar, førebygging og tiltak inngår i lærarutdanninga i dag, men vil bli sterkare vektlagde i nye rammeplanar. Som

nemnt tidlegare vil Senter for leseforskning bli styrkt med inntil 3 årsverk.

Skal ein satse på betre lesedugleik på alle nivå, er det og viktig å setje i verk tiltak for voksne dyslektikarar og funksjonelle analfabatar. I 1998 vil behov og tiltak for voksne bli kartlagde og det vil bli etablert eit fagleg nettverk i samarbeid med Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter, med sikte på eit breiare tilbod til voksne og til fagleg utvikling og spreing av prosjekt.

I regi av Senter for leseforskning er det utarbeidd kartleggingsprøver i lesedugleik på ulike årstrinn, sjå vedlegg 4. Som ledd i arbeidet med å førebyggje utvikling av lese- og skrivevanskar, vil departementet gjennomføre forsøk med obligatorisk bruk av kartleggingsprøver i 2. klasse. Norsk dysleksiforbund og lærarorganisasjonane vil m a vere naturlege samarbeidspartnarar i eit slikt forsøk.

Ein nærmare presentasjon av problemfeltet blir gitt i vedlegg 4.

## 4.10 VURDERING AV ANDRE STATLEGE STØTTETILTAK

### 4.10.1 Synspedagogtenesta og audiopedagogtenesta

Som ledd i omstruktureringa av spesialundervisninga blei det med verknad frå 1993 oppretta til saman 23 synspedagogstillingar og 21 audiopedagogstillingar lokalisert ute i fylka med statleg finansiering. Alle fylka har minst ei statleg (eller statleg finansiert) synspedagogstilling og ei statleg (eller statleg finansiert) audiopedagogstilling. Dette var eit ledd i arbeidet med å sikre retten til opplæring i lokalmiljøet også for synshemma og hørselshemma. I tillegg er det 18 årsverk for synspedagogar og audiopedagogar i interkommunale og fylkeskommunale stillingar.

Nærmare oversikt over arbeidsoppgåvene til syns- og audiopedagogtenestene går fram av vedlegg 2.

Dei statlege utdanningskontora har tilsyn med verksemda. Elles er den faglege og administrative tilknyttinga svært ueinsarta, jf vedlegg 2, pkt. 5.

Statens utdanningskontor i Aust-Agder hadde eit koordinerande etableringsansvar frå 1993 til 1995. Den faglege samordningsfunksjonen er frå 1996 overført til Styret for dei landsdekkjande kompetansesentra.

Det har komme fleire innspel om omorganisering av tenesta. Organisasjonane for synshemma understrekar at fylkessynspedagogane og kompetansesentra for synsvanskar må samarbeide om tenestene sine, og foreslår regionale fylkessynspedagogcenter med fleire grupper fagpersonell, m a audiopedagogar. Audiopedagogane har gitt uttrykk for at dei ønskjer ein einsarta organisasjonsmodell, og helst med fagleg og administrativ tilknytting til utdanningskontora.

Departementet vurderer det som prinsipielt uheldig med fagleg og administrativ tilknytting til utdan-

ningskontora, som er klageinstans og har tilsynsansvar for tenesta. Departementet har vurdert tre hovudmodellar som aktuelle:

1. Tilknytning til dei statlege hjelpemiddelsentralane i fylka (trygdesektoren), som har ansvar for formidling, tilpassing av og opplæring i bruken av tekniske hjelpemiddel og tolketeneste for hørselshemma og døvblinde
2. Etablering som fylkeskommunal teneste
3. Etablering som del av det statlege spesialpedagogiske kompetansesentersystemet for syn og hørsel, dvs fagleg og administrativt styrt av syns- og hørselssentra, men lokalisert ute i fylka

Departementet vil sjå syns- og audiopedagogtenesta i samanheng med kompetansesentersystemet for syn og hørsel. Dei 44 syns- og audiopedagogane skal derfor inngå som ein del av arbeidet og ressursinnsatsen ved synssentra og hørselssentra. Syns- og audiopedagogane blir med dette kompetansesentra sin forlengta arm på fylkesnivå. Departementet trur dette vil innebere betre koordinering av ytingane enn i dag, og ikkje minst gi eit betre samla brukarretta og systemretta tilbod til tunghørtgruppa. I arbeidet med døvblinde er det viktig med eit nært samarbeid mellom synspedagogane og audiopedagogane.

Departementet vil knyte synspedagog- og audiopedagogtenesta administrativt og fagleg til kompetansesentra for syn og hørsel frå 1. august 1999. Departementet vil vurdere nærmare tilknyttinga til og arbeidsdelinga med dei aktuelle kompetansesentra, framtidig dimensjonering, fysisk lokalisering i fylka, tilvisingsrutinar o a i samråd med styret, syns- og audiopedagogane sjølv, sentra, brukarorganisasjonane og utdanningskontora. Arbeidet vil også skje i samråd med Sosial- og helsedepartementet, m a for å sikre koordinering med tilgrensande tenester.

#### **4.10.2 Kompetansesystem for små grupper funksjonshemma i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet**

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Sosial- og helsedepartementet samarbeider om å bygge opp kompetansesystem for små grupper funksjonshemma. Det er gjort nærmare greie for den Nasjonale kompetanseininga for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi, det særskilde Autismeprogrammet og kompetansesystem for døvblindblitte i vedlegg 2, pkt 6.

Prosjektperioden for Nasjonal kompetanseining skulle vore avslutta i 1997, men prosjektet vart prolongert ut 1998. Det vart utarbeidd ein sluttrapport frå prosjektet i 1997.

Autismeprogrammet blir evaluert i 1998. Eit forslag til vidareføring der mellom anna fleire spesialpedagogiske kompetansesentra inngår, har vore ute til brei høring.

Varige tiltak etter 1998 vil bli vurderte i samarbeid

mellom dei to departementa på bakgrunn av rapportar m m som ligg føre.

#### **4.10.3 Læremiddel**

Nasjonalt læremiddelsenter (NLS) har i dag ansvar for å bidra til at skuleverket har tilfredsstillande læremiddeldekning, både med omsyn til breidd, mangfald og kvalitet. NLS er ansvarleg og utførande ledd når det gjeld bruk av dei statlege støttemidlane til læremiddelutvikling. NLS har ansvaret for godkjenning av lærebøker og for utvikling og produksjon av m a læremiddel for lågfrekvente grupper. NLS har såleis oppgåver knytte til behovsvurdering, planlegging, produksjon og evaluering av ulike typar læremiddel, informasjon, spreiding, distribusjon, nordisk og internasjonalt samarbeid.

NLS har det overordna ansvaret for å samordne arbeidet med spesialpedagogiske læremiddel. Det blei i 1996 utarbeidd ein handlingsplan for slik koordinering. 1997 er første året i ei fleirårig satsing for å realisere måla i handlingsplanen. Læremiddel skal kunne brukast av fleire grupper. Eit læremiddel utvikla for ei gruppe funksjonshemma kan vere godt eigna for andre elevgrupper, også i vanleg opplæring. Læremiddel for synshemma punktskriftbrukarar og døve elevar er eit prioritert område.

NLS nyttar i dag fleire årsverk til arbeidet med læremiddel for elevar med særskilde behov. Dessutan går til saman om lag 55 årsverk til læremiddelutvikling og produksjon ved dei statlege kompetansesentra.

Kompetansesentra, forlag og andre læremiddelprodusentar er sentrale samarbeidspartar. I høve til kompetansesentra er det ønskeleg å styrkje den koordinerande rolla til NLS, slik at dei samla ressursane til formålet kan bli disponerte under eitt. Hittil har ein sett desse ressursane for lite i samanheng. Departementet vil ta initiativ til å betre koordineringsfunksjonen.

Departementet vil styrkje innsatsen for spesialpedagogisk læremiddelutvikling og læremiddelproduksjon med midlar tilsvarende inntil 4 nye årsverk ved NLS frå 1. august 1999. Saman med betre koordinering vil dette innebere ei styrking som vil komme brukarane til gode.

Av handlingsplanen for spesialpedagogiske læremiddel for samiske brukarar framgår at det er behov for mange typar læremiddel og tiltak for å tilfredsstille behova hos dei samiske elevane. God nasjonal og nordisk samordning er avhengig av nært samarbeid mellom Samisk utdanningsråd, NLS og aktuelle kompetansesenter. Ei stilling vil frå 1. august 1999 bli oppretta ved Samisk utdanningsråd for å koordinere og styrkje læremiddelproduksjon – og utvikling for samiske brukarar. Arbeidsdelinga mellom Samisk utdanningsråd og NLS om utvikling og produksjon av læremiddel på det spesialpedagogiske området vil bli vurdert nærmare.

### IT og funksjonshemma: Organisering av arbeidet

NLS har fått hovudansvaret for å følgje opp og koordinere dette arbeidet. Det heng også naturleg saman med det ansvaret NLS har på læremiddelområdet, både generelt og når det gjeld spesialundervisning. Ekne kompetansesenter vil få særskilte landsdekkjande oppgåver her.

NLS har også fått ansvaret for Skulenettet. Skulenettet er både det norske skuledatanettet og den norske delen av Nordisk skuledatanett.

Med nasjonale oppgåver på IT-området er NLS i arbeid med å leggje til rette for meir utstrakt bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i skuleverket, også når det gjeld funksjonshemma. NLS har byrja å utvikle eit eige område på Skulenettet for kommunikasjon og informasjon på det spesialpedagogiske feltet. Skulenettet er også lagt til rette for synshemma.

Departementets handlingsplan «IT i norsk utdanning. Plan for 1996–99», omfattar også IT og funksjonshemma. Denne planen vil bli revidert i 1998, og vil framleis ha funksjonshemma som ei viktig målgruppe.

#### 4.10.4 Ulike tiltak og prosjekt

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har frå 1993 finansiert eit breitt tilrettelagt utviklingsprogram med lokale forsøk (1993–95), styrking av PP-tenesta og etablering av Fagleg eining for PP-tenesta. Vidare har departementet iverksett eit sentralt forskingsprogram for spesialpedagogisk kunnskaps- og tiltaksutvikling (1993–98), forankra i Noregs forskingsråd.

Det lokale utviklingsprogrammet og det sentrale forskingsprogrammet er nærmare omtalte i vedlegg 2, pkt 3 og 4. Erfaringar og kunnskap frå FoU-programmet vil bli nytta mellom anna i det nye praksisretta kompetansehevingsprogrammet.

Problemstillingar knytte til opplæring av barn og unge med særskilte behov vil og bli tekne opp innanfor eit nytt forskingsprogram under Noregs forskingsråd knytta til evaluering av Reform 97. Det vil dessutan vere aktuelt å iverksetje forskning om vaksenopplæring.

Styret for dei regionale kompetansesentra har hatt ansvar for FRESKO-prosjektet (tovegs lyd- og biltelefon) og TESS-prosjektet (telekommunikasjon, etterutdanning og spesialundervisning i ein skule for alle). Desse er nærmare omtalte i vedlegg 2, punkt 10. Ansvaret for desse telekommunikasjonsprosjekta vil bli vurdert nærmare av departementet i samråd med m a NLS og aktuelle styre.

Opplæringa innanfor kriminalomsorga skjer på grunnlag av ein avtale mellom staten og fylkeskommunane. Denne verksemda blir nærmare omtalt i vedlegg 2, pkt 7. Nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for lærarar og teiknspråkopplæring for foreldre blir nærmare omtalt i vedlegg 2, pkt. 11.

#### 4.10.5 Skulane ved seks sosiale og medisinske institusjonar med kompetansesenterfunksjonar

I vedlegg 2 er det gjort nærmare greie for skulane ved seks sosiale og medisinske institusjonar under det regionale styret:

- Berg Gård skule
- Frambu skule
- Geilomo skule
- Solberg skule
- Sunnaas sjukehus skule
- Voksentoppen skule

Institusjonsskulane skal ta hand om elevane sine rettar etter opplæringslovene mens dei er pasientar i institusjonane, med vedlikehaldsundervisning, og med spesialundervisning når det er behov for det. Dette skal gjerast i nær forståing med dei opplæringsansvarlege instansane, og inneber også spreing av kompetanse til heimeskulane.

Styret for dei regionale sentra har oppsummert sine vurderingar av skulane etter første driftsår (1995) slik:

- Lite erfaring med og få høve til kompetansespreiing.
- Verksemda er primært innretta på å styrkje den medisinske behandlinga, i mindre grad på elevane sine rettar etter opplæringslovene.
- Det pedagogiske tilbodet omfattar vedlikehaldsundervisning, pedagogisk-psykologisk kartlegging, utprøving og tilpassing av hjelpemiddel.
- Skulane har det høgste omdømmet i landet på dei respektive fagfelta.

I vurderinga av den framtidige verksemda peiker styret på at målet er at skulane skal inngå som integrert del av institusjonen sitt tilbod. Dette blir realisert ved forpliktande samarbeid mellom skule og institusjon.

Når det gjeld det meir utoverretta arbeidet, peiker styret på at skulane skal medverke til å spreie kompetanse til lokalmiljøa og tilføre opplæringsansvarlege instansar kunnskap med sikte på å gi elevar dei rettane dei har etter opplæringslovene.

Dette oppnår ein ved å utvikle metodar, tiltak og tiltakskjeder der skulen i samarbeid med institusjonane sikrar at kompetanse blir overført til lokalmiljøa, og ved betre kontakt og samarbeid med dei lokale instansane før, under og etter institusjonsopphald.

Som følgje av avviklinga av styret for dei nåværande regionale sentra vil departementet gå inn for at ansvaret for skuleverksemda ved desse institusjonane blir lagt til det nye styret frå 1. januar 1999, med tanke på vidareføring og vidareutvikling av drifta. Departementet vil be det nye styret om å sjå ressursbruk og faglege og andre spørsmål ved skulane og den utoverretta verksemda i samheng med det statlege kompetansesenterstyret elles.

#### 4.11 PLANARBEID OG OPPFØLGING VED STATENS UTDANNINGSKONTOR M M

Statens utdanningskontor tek på vegne av departementet hand om statens behov for tilsyn, kontroll og rettleiing i sine respektive fylke. Dei tek også initiativ til og formidlar statleg støtte på særskilde satsingsområde. Dei har som ei av oppgåvene sine å følgje opp det spesialpedagogiske tilbodet til barn, unge og vaksne med særskilde behov.

Dei aktuelle utdanningskontora har vidare som oppgåve å føre tilsyn med kompetansesentra og medverke til å vidareutvikle nettverkssamarbeid i det enkelte fylket og mellom fylke, med sikte på at ressursar og kompetanse blir effektivt utnytta. I denne samanheng er det viktig å stimulere til utvikling av samarbeidsavtalar mellom dei ulike aktørane i kompetansenettverket, m a for å unngå overlapping og ansvarsfråskrivning. Utdanningskontora skal saman med andre regionale statsetatar medverke til at det kommunale, fylkeskommunale og statlege hjelpeapparatet opptre så samordna som mogleg. Slike samarbeidsavtalar er allereie inngått mellom ein del statlege kompetansesenter og andre aktørar. Det er viktig at kompetansesentra sjølv og dei tilsynsansvarlege arbeider vidare med slike samarbeidsavtalar.

I samband med styrkinga av PP-tenesta i kommunane og fylkeskommunane er det viktig at utdanningskontora er aktive medspelarar. Kontora har i dag ei bemanning og ein kompetanse som gjer dei til viktige støttespelarar i lokalt planleggings- og utviklingsarbeid, i nært samarbeid med den kommunale og fylkeskommunale leiinga.

Som del av totalansvaret er det viktig at utdanningskontora følgjer opp dei spesialpedagogiske tiltaka i barnehage, skule og vaksenopplæring i tilstandsrapportane og i dialogen med kommunane og fylkeskommunane.

Utdanningskontora må også ha god oversikt over og føre tilsyn med opplæring som blir gitt i form av særskilde skule- og miljøtiltak: egne kommunale skular eller tilbod til elevar med psykisk utviklingshemming eller psykososiale vanskar, skular ved ulike sosiale og medisinske institusjonar (barnevern, barne- og ungdomspsykiatri og vaksenpsykiatri, rusmiddelavvenning) mm. Dette må skje i nær kontakt med dei opplæringsansvarlege instansane og andre statlege tilsynsinstansar som fylkesmann og fylkeslege. Ei samla oversikt over slike opplæringstiltak framgår av vedlegg 1, tabell 1.12.

Departementet sette i 1990 ned ei arbeidsgruppe for å greie ut den pedagogiske verksemda ved barne- og ungdomspsykiatriske institusjonar. Arbeidsgruppa leverte rapporten sin hausten 1991. Ei liknande utgreiing om opplæring i vaksenpsykiatrien vart gjord i 1998. Departementet vil vurdere nærmare retningslinjer for denne verksemda.

I perioden 1990–1996 har utdanningskontora hatt ansvaret for samla fylkesvise planar for spesialpeda-

gogiske tiltak. Departementet vil vurdere nærmare spørsmålet om eventuell utarbeiding av nye rettleiande fylkesvise planar, på basis av erfaringar frå den førre planrunden. Det vil i alle tilfelle vere viktig å ha ei samla fylkesvis oversikt over dei spesialpedagogiske tenestene, ressursane og utfordringane på dei ulike forvaltningsnivåa.

#### 4.12 BRUKARMEDVERKNAD

Brukarar av tenester skal ha innverknad på vedtaksprosessane og utforminga av tenestetilboda. Dette er særleg viktig for funksjonshemma, som ofte er forhindra frå vanleg deltaking i demokratiske prosessar på grunn av manglande tilrettelegging eller andre samfunnsmessige hinder.

Informasjon til og medverknad frå foreldra er viktig i arbeidet med barn og unge med særskilde opplæringsbehov. Kommunikasjon med foreldre må vere eit sentralt element i arbeidet både på barnehage/skule-, PPT- og kompetansesenternivå.

Ved dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra har brukarmedverknaden vore organisert som deltaking i samarbeidsfora, i tilsetjingsråd o a, og ved særskilde organ i hørselssektoren og i styra for kompetansesentra.

I samband med utarbeidinga av evalueringsrapportar frå dei tre styra og Møreforskning har brukarorganisasjonane vore aktivt med.

Elles er det under regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma etablert fleire brukarmedverknadsprosjekt med Rådet for funksjonshemma som koordinator. Erfaringane med brukarmedverknad og brukarstyring i prosjekta under dei to handlingsplanane for funksjonshemma er tekne opp i St. meld. nr. 34 (1996–97), og vil derfor ikkje bli behandla nærmare her.

Departementet ønskjer framleis å trekkje brukarar med i vidareutviklinga av dei spesialpedagogiske tenestene. Departementet tek sikte på å vidareføre Sentralt brukarforum. Departementet vil ta representasjon frå brukarhald med i det nye styret for kompetansesentra. Brukarrepresentasjon og brukarmedverknad er også aktuelt i andre organ.

#### 4.13 VURDERING AV ENKELTE SÆRSKILDE FORHOLD

##### 4.13.1 Eigne skular og klassar for spesialundervisning

Nokre få barn og unge får opplæring i egne avdelingar eller egne klassar, einingar og skular for spesialundervisning. Ei nærmare oversikt over slike tilbod i grunnskule og vidaregåande opplæring utanom heimeskulen framgår av vedlegg 1, tabell 1.12.

Departementet har konstatert at det er etablert eit breitt spekter av tiltak i kommunar og fylkeskommunar, særleg innretta på elevar med sosiale og emosjonelle vanskar og elevar i sosiale og medisinske institu-

sjonar og i barnevernet. Spesielt gjeld dette større kommunar. For elevar med store, samansette lærevanskar og psykisk utviklingshemming har enkelte kommunar laga eigne opplæringsavdelingar ved ein eller fleire av grunnskulane.

Departementet meiner at slike tilbod ofte kan fungere som positive og nyttige pedagogiske supplement. Dei kan ta hand om tryggleiksaspekt i samband med sosiale, læringsmessige og medisinske problem, og medverke til å byggje opp eit trygt miljø der sosial læring og praktiske aktivitetar får stor vekt.

Norsk Forening for Utviklingshemmede gir uttrykk for uro over auken i omfanget av eigne opplæringsavdelingar og «forsterka skular» for elevar med psykisk utviklingshemming.

Arbeidet med å fordele elevane mellom dei tilgjengelege skulane skal etter gjeldande rett ta utgangspunkt i eit hovudprinsipp om at eleven skal gå på nærmaste skule.

Retten til å gå på den nærmaste skulen og å høyre til i ein klasse gjeld også dei som får spesialundervisning. Ein del kommunar har utvikla eigne tilpassa tilbod for elevar med særskilde behov, lokaliserte til bestemte grunnskular. Foreldre står fritt til å velje om dei vil ta i mot slike tilbod, eller om dei vil at barna deira skal gå på nærmaste skule. Det kan likevel ikkje stillast krav om tilsvarende tilrettelagde tilbod på alle skular.

§ 2–4 nr 5 i grunnskoleforskriften gir kommunen rett til å bestemme at opplæringa i og på teiknspråk skal givast på ein annan stad enn den skulen eleven soknar til.

#### 4.13.2 Kjønnsforskjellar i spesialundervisninga

I dei seinare åra har i overkant av 2/3 av dei elevane i grunnskule og vidaregåande skule som får spesialundervisning etter enkeltvedtak, vore gutar. Det er forska lite på kjønnsforskjellane når det gjeld elevprestasjonar og omfang av spesialundervisning.

Det er vanskeleg å finne gode og eintydige forklaringar på desse kjønnsforskjellane.

Departementet er opptatt av dette og vil ta initiativ til ein nærmare analyse av grunnlaget for dei store kjønnsforskjellane på det spesialpedagogiske feltet.

#### 4.13.3 Tiltak for personar med afasi

Personar med afasi (språkforstyrningar etter hjerneskaide eller slag) har ofte behov for eit breitt opplærings- og behandlingstilbod frå både opplæringssektoren og helsetenesta. I nokon grad inneber dette uklare ansvarsforhold og ulik finansiering. I samråd med Sosial- og helsedepartementet vil det bli oppnemnt ei arbeidsgruppe eller utval som vil få i oppdrag å gjen-

nomgå alle sider ved dei tenestetilboda vi har på dette området i dag.

Nærmare detaljar om tiltak for personar med afasi framgår i vedlegg 3, pkt 2.6.

#### 4.13.4 Rett for blinde elevar til likeverdig opplæring

I Innst. S.nr. 275 (1996–97), jf dokument nr. 8:25 (1996–97), har kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen bedt om at spørsmålet om lovfesting av rett for blinde elevar til likeverdig opplæring blir utgreidd.

Departementet vil understreke at blinde elevar i dag har rett til likeverdig opplæring. Ein slik rett for blinde elevar følgjer av grunnskulelova sine generelle reglar om tilpassa opplæring og spesialundervisning. Alle elevar har rett til tilpassa opplæring (§ 7 nr 1), og dei elevane som har særlege opplæringsbehov, t d blinde, har rett til spesialundervisning (§ 8 nr 1). Spesialundervisninga skal vere likeverdig med den undervisninga som andre elevar får.

Det nærmare innhaldet i retten til spesialundervisning vil byggje på ei skjønsmessig totalvurdering av ei rekkje forhold, der målet er å finne fram til kva som verkar rimeleg og rettferdig ut frå behova til den enkelte, sett i lys av samfunnsutviklinga elles.

I praksis er det truleg på læremiddelområdet at blinde elevar i dag møter dei største problema i skulekvardagen. På grunnskulens område er desse problema mindre enn tidlegare. Men i vidaregåande opplæring er det framleis slik at læremiddel ofte ikkje er tilgjengelege i punktskrift når undervisningsåret tek til. Dette har dels samanheng med at bestillingane kjem seint, og at produksjonsprosessen tek lang tid. Etter departementet sitt syn er problema med læremiddelsituasjonen for blinde i vidaregåande opplæring langt på veg eit spørsmål om betre praktisk tilrettelegging av bestillings- og produksjonsrutinar. Dette spørsmålet er teke opp med Nasjonalt læremiddelsenter, som har overordna ansvar for koordinering av utvikling og produksjon av læremiddel for lågfrekvente grupper (jf pkt. 4.10.3), og som har utarbeidd *straksplan for utvikling om læremiddel for blinde og sterkt svaksynte elevar som har punktskrift som skriftspråk*. Departementet ser det som viktig at dette arbeidet blir følgt opp.

Ved reduksjonen i bemanninga ved Huseby og Tambartun kompetansesenter er det ein føresetnad frå departementet si side at dette ikkje skal skje til ulempe for læremiddelproduksjon- og utvikling ved desse sentra.

#### 4.13.5 Organisering av særskilt tilrettelagd opplæring i vidaregåande skule

Av kap 4 og vedlegg 1 vil det framgå at ein svært stor del av elevane i vidaregåande skule med behov for særskilt tilrettelagd opplæring, går i eigne klassar. Dette forholdet vil bli drøfta nærmare i kommande stortingsmelding om erfaringane med Reform 94.

#### 4.13.6 Budsjettering for skuleverksemda ved dei sosiale og medisinske institusjonane og private kompetansesenter for hørsel

I St prp nr 1 (1997-98) går det fram under kap 0243 Kompetansesentra for spesialundervisning at: «Statlige bevilgninger til kommunale sosialmedisinske institusjoner og private kompetansesentra ble til og med 1994 ført opp under henholdsvis kap 0221, post 60 og kap 0240, post 70. Fra 1995 er midlene ført over til kap 0243, post 11. Riksrevisjonen har tatt opp denne budsjetteringsmåten. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med saken etter at Stortinget har behandlet meldingen om spesialundervisning og det statlige støttesystemet».

Under handsaminga av statsbudsjettet for 1998 i Stortinget uttala kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1997-98): «Komiteen har merket seg at Riksrevisjonen har tatt opp budsjetteringsmåten for kommunale sosialmedisinske institusjoner og private kompetansesentra etter de endringer som ble foretatt og gjort gjeldende fra og med 1995. Komiteen har registrert at det i proposisjonen varsles at departementet vil komme tilbake til dette etter at Stortinget har behandlet meldingen om de spesialpedagogiske kompetansesentra. Komiteen mener at dette spørsmålet bør tas opp samlet».

Departementet viser til at staten gjennom sitt spesialpedagogiske kompetansesentersystem, har teke på seg eit ansvar for å sikre at det er tilgjengeleg spesialpedagogisk spisskompetanse for å møte behova til barn, unge og voksne med særskilte opplæringsbehov. Som eit alternativ til at staten skal byggje opp og drive nye spesialpedagogiske kompetansesenter parallelt med allereie eksisterande kommunale/ fylkeskommunale og private institusjonar, kjøper staten tilsvarende tenester ved desse.

Dei private institusjonane Andebu kompetansesenter og Briskeby kompetansesenter driv kompetansesenterfunksjonar på lik linje med dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra for hørsel. Institusjonane utfører oppgåver som staten har eit overordna ansvar for, ved at staten kjøper kompetansesentertenester av desse institusjonane.

Ved dei seks sosiale og medisinske institusjons-skulane kjem klientane i første rekkje til institusjonen for å få den spesialiserte medisinske behandlinga som institusjonen gjer. Institusjonane må òg gje undervisningstilbod under opphaldet til dei som har rett til det etter skulelovverket eller lov om vaksenopplæring. Vertskommunane for institusjonane har ikkje plikt til å etablere undervisningstilbod for andre enn dei fastbuande i kommunen. Vertskommunen har likevel tatt på

seg å tilby undervisning til elevar ved dei gjeldande institusjonar under føresetnad om at totalkostnadane dekkjast av staten og at kommunen ikkje blir pålagt eit administrativt komplisert gjesteelevoppgjer.

I tillegg til opplæring har institusjonane kompetansesenterfunksjonar på linje med dei kompetansesenter som frå før var budsjettert på kap 0243 post 11 (no post 01). Institusjonane har landsdekkjande funksjonar innanfor sine område. Staten har ansvar for at institusjonane har kompetanse og ressursar til å ivareta begge desse funksjonane. Institusjonane, som ivaretek eit heilskapleg tilbod til små/lavfrekvente diagnosegrupper, skal inngå i eit kompetansenettverk på linje med dei andre statlege sentra.

Før 1995 fekk desse institusjonane midlar i form av tilskott. Dei sosiale og medisinske institusjonane fekk tilskott over kap 0221 post 61 og Andebu og Briskeby kompetansesenter fekk begge tilskott over kap 0243 post 70 og kap 0240 post 70. Bakgrunnen for overføringa av midlane i 1995-budsjettet til kap 0243 post 11 var todelt. Departementet ønskte ein meir einsarta budsjettpraksis og ei betre muligheit for styring og samordning i bruken av midlane.

Gjennom desse overføringane er alle løyvingar til både statlege og ikkje-statlege institusjonar med spesialpedagogiske kompetansesenterfunksjonar/ utadretta spesialpedagogisk verksemd, samla på same budsjettkapittel. Dette muliggjer betre samordning og meir effektiv utnytting av midlane. Statens bruk av midlar til alle spesialpedagogiske kompetansesenter kan no vurderast samla innanfor same driftsposten, og ein kan gjere omprioriteringar mellom sentra knytte til endringar i behov m m. Slik departementet ser det, gir dette og ein betre muligheit for effektiv utnytting av dei budsjetttrammer som Stortinget løyver til føremålet.

Departementet meiner at det kan være ei skjønsmessig vurdering om staten si finansiering av desse institusjonane skal definerast som kjøp av tenester eller tilskott. Eit avgjerande moment for departementet er at staten har eit overordna ansvar for at elevane ved institusjonane er sikra eit heilskapleg tilbod i dei tilfelle ein ikkje kan forvente at eleven sin heimstadkommune/ fylkeskommune kan gi dette. Staten sikrar desse elevane sine rettar ved å finansiere drifta av institusjonane og regulerer, gjennom finansieringa, volum og innretning på aktivitetane ved institusjonane. Dette er etter departementet si vurdering moment som tilseier at finansieringa er å sjå på som kjøp av tenester frå dei ulike vertskommunane. I tillegg er departementet av den oppfatning at staten har betre styring når finansieringa av sentra definerast som kjøp av tenester og ikkje som tilskott til ei kommunal oppgåve.

## 5 Personellmessige, økonomiske og administrative konsekvensar

### 5.1 INNLEIING: OVERSIKT OVER DEI SAMLA ØKONOMISKE RAMMENE

I denne meldinga tek departementet opp fleire tiltak for å styrkje det samla tenestetilbodet for ulike brukar-grupper. Ein føresetnad er at tiltaka skal gjennomføres innanfor dei same økonomiske rammene som gjeld for kompetansesenterverksemda i dag. Dette gjeld og i den første perioden av omstillinga frå 1. august 1999. Ein kan då rekne med at det vil komme visse omstillingskostnader som legg mellombels bindingar på ein del av midlane. Omdisponeringa av midlane må derfor i nokon grad skje trinnvis, jf tabell 5.1.

Dei samla tiltaka skal haldast innanfor ei utgiftsramme på om lag 130 mill. kroner i 1997-prisnivå. Det vil m a medføre ein reduksjon i aktivitetsnivået ved 11 statlege spesialpedagogiske kompetansesenter med til saman 250 årsverk. Ein gjer dessutan ei omdisponering av budsjettmidlar (sjå tabell 5.2.).

### 5.2 PERSONELLMESSIGE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSNAR

Dei fleste av dei tilsette i stillingane som fell bort ved kompetansesentra, er kvalifiserte for tilsetjing i dei

stillingane som blir oppretta for å styrkje den lokale PP-tenesta. Dei resterande personane som vert oppsagde ved kompetansesentra, omfattar mellom anna ergoterapeutar, fysioterapeutar, miljøterapeutar, økonomi- og IT-konsulentar, kontorpersonell, kjøkkenpersonell og reinhaldspersonell. Dei fleste av desse har kvalifikasjonar som tilseier at dei har gode sjansar til anna arbeid slik arbeidsmarknaden er no.

Departementet legg til grunn at arbeidsmiljølova kap XII om overdraging av verksemd ikkje gjeld her. Derfor må staten i eigenskap av arbeidsgivar ved avvikling eller nedbygging av desse sentra seie opp dei tilsette som tiltaket får verknad for. Fast tilsett tenestemann med meir enn to års samanhengande teneste og mellombels tilsett tenestemann med meir enn fire års teneste kan seiast opp med seks månaders frist når stillinga blir inndregen eller arbeidet fell bort. For tilsette med kortare tenestetid gjeld kortare oppseiingstid. Overgang til nytt arbeid må i utgangspunktet skje ved tilsetjing hos ny arbeidsgivar etter vanlege prosedyrar.

Det vil bli etablert ei mellombels eining som kan handtere praktiske oppgåver som melder seg i samband med nedbygging av aktuelle kompetansesenter og etablering av nye tiltak.

Organiseringa av og oppgåver for ei slik personal-

Tabell 5.1 Bruk av midlar til nye tiltak (1997-prisnivå)

Tiltak	Omfang i årsverk	Beløp i kroner
<b>Trinn I)</b>		
Overføring av midlar til kommunane og fylkeskommunane med 370 000 kr pr årsverk til dekning av lønn og andre driftsutgifter	280 årsverk	103,6 mill.
Styrking av Senter for åtferdsforskning	4-5 årsverk	ca. 1,8 mill.
Styrking av Senter for leseforskning	2-3 årsverk	ca. 1,0 mill.
Styrking av Nasjonalt læremiddelsenter og Samisk utdanningsråd	4-5 årsverk	ca. 2,0 mill.
Kompetansehevingstiltak i samiske område		1,6 mill.
Treårig praksisretta kompetansehevingsprogram Regionale samlingar, rettleiingsmateriell m m.		4,2 mill.
Styrking av BFD sitt forskings- og undervisningsopplegg ved Universitetet i Oslo når det gjeld tyngre åtferdsproblematikk	1 årsverk	0,4 mill.
<b>Trinn II) 1)</b>		
Overføring av midlar tilsvarende om lag 20 årsverk til PP-tenesta ved frigjering av omstillingsmidlar	20 årsverk	7,4 mill.
Ytterlegare styrkingstiltak		8,0 mill.
<b>Sum</b>		<b>130 mill.</b>

1) Trinn II vil bli iverksett etter kvart som eventuelle omstillingskostnader fell bort.

Tabell 5.2 Frigjering av ressursar ved aktuelle kompetansesenter m m (1997-prisnivå)

Tiltak	Nedbygging i årsverk	Frigjering i kroner (omlag)
<b>Senter for samansette lærevanskar</b>	185 årsverk	78 mill.
Nedbygging med 40-50 % som samla inneber reduksjon frå om lag 400 til 215 årsverk ved Birkelid, Ekne, Søreide, Eikelund, Torshov, Øverby og Sandfallet		
<b>Senter for språk- og talevanskar</b>	25 årsverk	8 mill.
Nedbygging av Bredtvet frå om lag 115 til 90 årsverk		
<b>Senter for synsvanskar</b>	25 årsverk	8 mill.
Nedbygging av Huseby og Tambartun frå om lag 200 til 175 årsverk		
<b>Senter for åtferdsvanskar</b>	15 årsverk	7 mill.
Avvikling av Rogneby		
Samla reduksjon ved kompetansesentra	250 årsverk	101 mill.
Avvikling av landsdels- og fylkestiltak under Programmet for Nord-Noreg		9 mill.
Avvikling av styre og sekretariat for Programmet for Nord-Noreg		3,4 mill.
Nedbygging av styre og sekretariat tilknytte regionale kompetansesenter		2,6 mill.
Omdisponering av midlar, m a mindreforbruk til ventelønn frå førre omstillingsperioden		14 mill.
<b>Samla reduksjon og frigjering av midlar til styrking av PP-tenesta i kommunesektoren og andre tiltak</b>		<b>130 mill.</b>

eining vil bli nærmare vurderte når Stortinget har behandla meldinga. Departementet vil ta kontakt om dette med mellom andre Kommunenes Sentralforbund og dei aktuelle tenestemannsorganisasjonane.

Spørsmål om eventuell ventelønn må vurderast etter gjeldande reglar. Eventuell ventelønn og andre personellrelaterte kostnader ved omstillinga må dekkjast innanfor den noverande løyvinga til driftsutgifter på statsbudsjettet kap 0243 Kompetansesentra for spesialundervisning, jf innleiinga.

Statsbygg leiger ut lokala ved alle dei sentra omstillinga gjeld, og leigeavtalane kan seiast opp med 12 månaders varsel ved omorganiseringar. Under føresetnad av at husleigeavtalane vert oppsagde innan 1. august 1998, vil ein i utgangspunktet ikkje få meirutgifter til tomgangsleige i omstillingsperioden.

For å styrkje PP-tenesta vil det bli oppretta 300 nye fagstillingar. Ein vil overføre midlar til dekning av 280 stillingar i trinn I og ytterlegare 20 i trinn II. Med utgangspunkt i berekna lønns- og driftsutgifter pr. fagårsverk i PP-tenesta er det lagt til grunn ei overføring på 370 000 kroner pr. årsverk for nye stillingar. Dette inneber eit samla behov for overføring på 104 mill. kroner årleg i trinn I og ein auke med 7 mill. kroner i trinn II som øyremerkte midlar til lokalforvaltninga. Det er ein føresetnad at desse midlane seinare skal innarbeidast i rammetilskottet til kommunesektoren.

Departementet vil seinare i budsjettssamanheng komme attende til dimensjoneringa av dei enkelte kompetansesentra som blir omstrukturerte. Likeeins vil departementet komme attende til dimensjonering og iverksetjing av dei enkelte styrkingstiltaka.

Det er viktig å sikre at tilførselen av nye ressursar til kommunesektoren kjem elevane og skulesamfunnet direkte til gode, og ikkje erstattar eksisterande tenester. Det blir her vist til dei premissane som er lagde til grunn frå departementet si side når det gjeld fordeling av nye årsverk til lokal PP-teneste, jf. kap. 4.

Førebuingane til å tilsetje personale i dei nyoppretta stillingane vil nødvendigvis ta noko tid. Dei økonomiske berekningane har som føresetnad at overføring av midlar vert gjennomført etter prinsippet om at «midlane følgjer personen». Dette inneber at lønns- og driftsmidlar i oppstartingsåret skal overførast til vertskommunane etter kvart som nye medarbeidarar tiltrer. Slik vil ein unngå doble lønnskostnader, og omstillinga kan gjennomførast innanfor dagens budsjetttrammer.

### 5.3 ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR: SEKRETARIATSFUNKSJONANE

Dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra og Programmet for Nord-Noreg er i dag underlagde tre styre og eitt sektorstyre:

1. Styret for dei landsdekkjande kompetansesentra (senter for synshemma, hørselshemma, sosiale og emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar og språk- og talevanskar). Under dette styret vart sektorstyret for hørsel oppretta i 1996.
2. Styret for dei regionale kompetansesentra (senter for generelle lærevanskar/psykisk utviklingshemming, skuleverksemd ved seks sosiale og medisinske institusjonsskular med kompetansesenterfunk-

- sjonar, Nasjonal kompetanseining for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi).
3. Styret for Programmet for Nord-Noreg (Sandfallet kompetansesenter og dei andre tiltaka i programmet).

Funksjonstida for styra gjekk ut hausten 1997, men departementet har forlenget funksjonstida til utgangen av 1998.

Sekretariatsfunksjonane for den noverande styringsordninga for kompetansesentra er løyste på ulike måtar av praktiske grunnar. Styret for dei landsdekkjande kompetansesentra med det underliggjande sektorstyret for hørsel har sekretariat ved Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal. Utdanningsdirektøren er sekretariatsleiar. Sekretariatet under styret for dei regionale kompetansesentra har kontorfellesskap med Statens utdanningskontor i Hedmark med eigen sekretariatsleiar. Styret for Programmet for Nord-Noreg får sekretariatsfunksjonane dekte av Statens utdanningskontor i Troms. Utdanningsdirektøren er styreleiar.

Relativt få av høringsinstansane har uttalt seg om sjølve styringsstrukturen for kompetansesentra. Dei som har uttalt seg, har tilrådd eitt felles styre.

Som følge av endringar i kompetansesenterstrukturen, og av ønsket om ei samla styring av kompetansesentersystemet, tek departementet sikte på å avvikle dei tre styra frå 1. januar 1999 og å erstatte dei med eitt felles styre. Ordninga med eit sektorstyre for hørsel, underlagt styret, vil bli ført vidare.

Det nye styret for kompetansesentra treng eit slagkraftig sekretariat. Departementet ser det som mest naturleg å byggje sekretariatet opp med utgangspunkt i det noverande sekretariatet for dei landsdekkjande kompetansesentra, lokalisert til Molde. Sekretariatet må ha både administrativ, fagleg og økonomisk kompetanse til å sikre ei overordna og fast styring av den samla kompetansesenterverksemda, med grunnlag i prinsippa i denne meldinga. Sekretariatet skal ikkje lenger vere tilknytt Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal.

Det nye styret skal ha ansvar for

- kompetansesenterverksemda (inkl. gjenverande tiltak under Programmet for Nord-Noreg)
- skuleverksemda ved seks sosiale og medisinske institusjonar med kompetansesenterfunksjonar

I ein overgangsperiode må delar av funksjonane ved sekretariatet for regionale kompetansesentra haldast oppe. Dette sekretariatet vil ta hand om oppgåver som gjeld den planlagde eininga for å gjennomføre omstillingstiltak. Ressursar til å halde desse funksjonane i gang vil vere ein del av omstillingskostnadene.

Syns- og audiopedagogtenesta vil fagleg og administrativt bli lagd under dei respektive statlege kompetansesentra. Det nye styret får på den måten også ansvar for denne verksemda. Dei statleg tilsette synspedagogane blir knytte til kompetansesentra Huseby og Tambartun. Dei statleg tilsette audiopedagogane blir

knytte til aktuelle kompetansesentra i hørselssektoren. Somme av dei statleg finansierte syns- og audiopedagogane er tilsette i kommunale/ interkommunale/ fylkeskommunale stillingar. Desse vil få tilbod om statleg tilsetjing frå 1. august 1999. Det er føresetnaden at syns- og audiopedagogane skal gjere teneste innanfor sine respektive fylke, slik ordninga er i dag.

Det nye styret får såleis eit større arbeidsområde enn styret for dei landsdekkjande kompetansesentra har hatt. Det vil derfor vere nødvendig å styrkje sekretariatet ved å overføre sekretariatsfunksjonar frå dei nedlagde sekretariata. Departementet reknar med at det nye sekretariatet må ha ei bemanning på om lag 10 personar.

Det nye styret skal vere ein pådrivar i arbeidet for å realisere intensjonane bak omstruktureringa og omstillinga av verksemda i det statlege kompetansesentersystemet samla sett. I tillegg til det faglege og administrative ansvaret vil det både for styre og sekretariat vere eit særleg viktig saksfelt å ta ansvar for økonomiforvaltninga av kompetansesentra. Rapporteringsrutinane for resultatoppfølging av drifta og dei administrative styringsordningane ved kompetansesentra må vidareutviklast. Det vart i 1997 oppretta to stillingar for dette formålet.

Etter departementet sitt opplegg for styringsstruktur vil alle aktivitetar som blir lagde inn under ansvarsområdet til det nye styret, utgjere éi verksemd. Det inneber blant anna at tildeling av ressursar frå departementet går til styret, som tidlegare. Styret har ansvar for å fordele midlar på aktuelle driftseiningar innanfor dei rammer og føresetnader som vert gitt av departementet.

Sekretariatet må ha kompetanse til å kunne avlaste departementet i løpande forvaltningssaker, medverke til fagleg utvikling og gjere utgreingar for departementet. Når sekretariatet er fullt utbygd, vil dei løpande faglege oppgåvene og forvaltningssakene som gjeld kompetansesentra og tiltaka elles, for departementet sin del bli avgrensa til den overordna styringa.

Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning er organisatorisk ein del av Høgskulen i Stavanger og direkte underlagde styret for høgskulen. Samtidig inngår sentra i det landsdekkjande kompetansesenternetverket og skal prioritere oppgåver i denne samanhengen, i samsvar med mål og handlingsplanar vedtekne av styret for kompetansesentra. Departementet er innstilt på å vidareføre denne organisatoriske tilknytninga til høgskulen, men vil i framtida gi klarare styringssignal når det gjeld forholdet mellom kompetansesenteroppgåver og høgskuleoppgåver og ansvars- og rolledelinga mellom styret for høgskulen og styret for kompetansesentra.

#### 5.4 BETALINGSORDNING, PRISFASTSETJING PÅ TENESTER

Det er behov for å vurdere eventuelle endringar i betalingsordningane og prisfastsetjinga på tenester frå

kompetansesentra. Departementet vil be det nye styret, m a på bakgrunn av den kommande omstruktureringa av kompetansesentersystemet, å vurdere aktuelle ordningar og komme med forslag til eit system for betaling av tenester frå kompetansesentra.

Det er og behov for å sjå nærmare på betalingsordningane for reiser for elevar og føresette til og frå dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra. Betalingsordningane er i dag prega av store variasjonar knytte til refusjonar for reiser, m a i høve til trygdelovgivinga. Departementet vil drøfte slike spørsmål med Sosial- og helsedepartementet med sikte på å få ein

mest mogleg likearta praksis, uavhengig av bustadskommune.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

t i l r å r:

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 27. mars 1998 om opplæring for barn, unge og voksne med særskilde behov blir send Stortinget.

---

**Vedlegg 1****Spesialpedagogiske tiltak i kommunar og fylkeskommunar**

I dette vedlegget blir det gjort greie for spesialpedagogiske tiltak i kommunar og fylkeskommunar. Tiltaka blir presenterte for dei ulike opplæringsnivåa, først for førskulen, dernest for grunnskulen, vidaregåande opplæring og vaksenopplæringa.

Data er mellom anna henta frå offentleg statistikk og ulike evalueringsrapportar m m på det spesialpedagogiske feltet. Elevane er inndelte etter vanskegrupper på dei ulike opplæringsnivåa. Ei slik kategorisering kan lett framheve problema og vanskaner og gi inntrykk av at det berre er individuelle vanskar eller problem hos eleven sjølv som er årsak til at det er gitt spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp. Formålet med framstillinga her er å gi eit bilete av dei elevgruppene som får ulike former for spesialpedagogisk hjelp.

Det blir også gitt ei oversikt over PP-tenesta i landet. Til sist i vedlegg 1 blir det gitt oversikt over kostnadene i kommunar og fylkeskommunar til spesialundervisning/særskilt tilrettelagd opplæring etter enkeltvedtak på dei ulike opplæringsnivåa.

**1 SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK FOR FØRSKULEBARN****1.1 Barn som får spesialpedagogisk hjelp: Geografiske variasjonar**

Paragraf 8 nr. 6 i lov om grunnskulen gir barn under opplæringspliktig alder rett til spesialpedagogisk hjelp. Før det blir gjort vedtak, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering. Lov om barnehager § 9 gir funksjonshemma barn prioritet ved opptak i vanleg barnehage.

Tabell 1.1 viser kor mange barn som får spesialpedagogisk hjelp med tildelte ekstraressursar, kor mange

*Tabell 1.1 Barn i førskulealder 1994 1) som får spesialpedagogisk hjelp med tildelte ekstraressursar*

Barn 0 – 6 år	Barn med ekstra ressurs	I prosent av alle barn 0–6 år	I prosent av alle barn i barnehage
Barn som får spesialpedagogisk hjelp	7 643	1,8 %	4,2 %

1) Kjeldematerialet frå åra 1995 og 1996 har noko usikker kvalitet, og er derfor ikkje referert nærmare her.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå: Barnehager og tilbud til 6-åringar i skolen 1994.NOS C258

prosent dei utgjer av alle under opplæringspliktig alder og av alle som har barnehagetilbod.

Av dei 7 643 barna som fekk tilført ekstra ressursar i 1994, var 4 193 tekne opp etter barnehagelova § 9. I tillegg vart det etter § 9 teke opp 1 131 barn med særlege behov utan tilførsel av ekstraressursar.

Det er ikkje særleg store fylkesvise variasjonar i den delen av barna som får spesialpedagogisk hjelp med tilførsel av ekstra ressursar. Variasjonane ligg mellom 1,4 % og 2,4 %, jf tabell 1.2.

Den delen av barn i førskulealder som får spesialpedagogisk hjelp, har vore relativt stabil. Skuleåret 1988–89 fekk 1,9 % av alle barn under 7 år spesialpedagogisk hjelp.

Det er relativt sett færre barn som får spesialpedagogisk hjelp i private barnehagar enn i offentlege, med unntak for fylka Rogaland, Aust-Agder og Hordaland.

*Tabell 1.2 Generell barnehagedekning og prosentdel barn i førskulealder som får spesialpedagogisk hjelp med tilførsel av ekstra ressursar. 1994*

Fylke N = 7 643	Prosent av aldersgruppa i barnehage	I prosent av alle barn i fylket	I prosent av alle barn i barnehage
Østfold	35,8%	1,5%	4,2%
Akershus	40,5%	2,4%	5,9%
Oslo	50,3%	1,7%	3,3%
Hedmark	50,3%	2,4%	4,7%
Oppland	50,4%	1,4%	2,8%
Buskerud	38,7%	1,7%	4,5%
Vestfold	37,1%	1,8%	4,9%
Telemark	41,5%	1,8%	4,4%
Aust-Agder	40,8%	1,6%	3,9%
Vest-Agder	36,9%	1,4%	3,9%
Rogaland	38,7%	1,9%	4,9%
Hordaland	44,1%	1,6%	3,6%
Sogn og Fjordane	53,5%	1,4%	2,7%
Møre og Romsdal	41,1%	1,7%	4,1%
Sør-Trøndelag	44,3%	2,1%	4,7%
Nord-Trøndelag	48,2%	2,2%	4,5%
Nordland	47,2%	2,0%	4,2%
Troms	40,6%	1,4%	3,6%
Finnmark	49,2%	1,4%	2,9%
Landet	43,3%	1,8%	4,2%

Kjelde: Statistisk sentralbyrå: Barnehager og tilbud til 6-åringar i skolen 1994. Sjå fotnote 1) i tabell 1.1.

Tabell 1.3 Funksjonshemmingar blant barn med moderate og alvorlege vanskar, som får spesialpedagogisk hjelp i førskulealder. 1996. Prosentdel, avrunda tal

Vanskegruppe	I prosent
Synsvanskar	6%
Hørselsvanskar	5%
Rørslevanskar	11%
Motoriske vanskar	19%
Språk- og kommunikasjonsvanskar	41%
Lett til alvorleg psykisk utviklingshemming	16%
Konsentrasjonsvanskar	13%
Psykososiale vanskar, stress	8%
Medisinske vanskar	10%

Kjelde: Møreforskning, Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Evaluering av prosjektet «Omstrukturering av spesialundervisning».

I ei utvalsundersøking (Skårbrevik 1996) fekk 6,5 % av barna i offentleg barnehage spesialpedagogisk hjelp, mens 2,8 % av barna i private barnehagar fekk slik hjelp. Ut frå dette kan det sjå ut til at barn som får spesialpedagogisk hjelp, lettare får barnehagetilbod i offentlege enn i private barnehagar. Det er her viktig å understreke at den retten funksjonshemma barn har til prioritet ved opptak i barnehage, gjeld uavhengig av eigartilhøvet.

Den delen av førskulebarna som får spesialpedagogisk hjelp, er monaleg lægre enn den delen av elevane som får spesialundervisning i grunnskulen. Dette kan komme av at behova for hjelp og støtte kjem klarare fram i skulen fordi det der blir stilt sterkare krav om kunnskap og dugleik.

## 1.2 Typar funksjonshemmingar

Tabell 1.3 viser fordelinga av funksjonshemmingar blant førskulebarn med moderate og alvorlege vanskar som får spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnet har fleire vanskar eller funksjonshemmingar, er alle registrerte (summen vil derfor overstige 100 %).

Undersøkinga omfattar eit relativt lite tal barn. Materialet gir ein indikasjon på korleis funksjonshemmingar er fordelte blant barn i førskulealder som får spesialpedagogisk hjelp. Språk- og kommunikasjonsvanskar er dei mest dominerande problema, men man-

ge barn som får spesialpedagogisk hjelp, har også motoriske vanskar, konsentrasjonsvanskar, psykisk utviklingshemming og psykososiale vanskar. Barn med syns- og hørselsvanskar utgjer ein relativt liten del.

## 1.3 Spesialpedagogisk kompetanse hos førskulelærarane

Frå 1992–93 til 1995–96 har ein auka del av dei førskulelærarane som er tilsette i barnehagen, fått formell spesialpedagogisk kompetanse. I 1992–93 hadde 14,1 % av førskulelærarane minimum første avdeling spesialpedagogikk, mens 20,4 % hadde denne kompetansen i 1995–96 (Skårbrevik 1996). Sidan førskulelærarane har vore ein stabil del av personalet i barnehagane i same perioden, har den formelle spesialpedagogiske kompetansen i barnehagane blitt betra. Sidan førskulelærarane utgjer eit mindretal av dei tilsette i barnehagane, er det likevel mange barnehagar som ikkje har førskulelærarar med formell spesialpedagogisk kompetanse bland personalet.

## 1.4 Organiseringsformer

Det store fleirtalet av barn som får spesialpedagogisk hjelp, får det i ordinære avdelingar i vanlege barnehagar. I 1996 fekk berre ca 3–4 % av desse barna tilbodet i spesialbarnehage eller eigne avdelingar for funksjonshemma barn, og om lag halvparten av dei var hørselshemma (Skårbrevik 1996). Ei undersøking i Oslo og Akershus i 1995–96 viser at 9 % får spesialpedagogisk hjelp utanfor pedagogiske institusjonar (Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus). Det vil seie at desse barna får spesialpedagogisk hjelp i leikegrupper eller heime. Denne delen er lægre i Møre og Romsdal: ca 2 %.

Det er elles eit vidt spekter av organiseringsformer når det gjeld spesialpedagogiske tiltak for funksjonshemma førskulebarn. Dei kan grupperast i to hovudformer:

1. Ei svært vanleg organiseringsform er at talet på barn i ei vanleg avdeling i barnehagen blir redusert til f eks 8–12, og at ein så tek inn 1–3 funksjonshemma barn i denne avdelinga og bemannar ho ekstra etter behov.
2. Ein anna tilbodsform er at spesialpedagogane har ein base som dei arbeider ut frå. Barna får i utgangspunktet eit tilbod ved ein vanleg barnehage, men spesialpedagogar reiser ut frå basen og gir

Tabell 1.4 Elevar som får spesialundervisning etter enkeltvedtak. Grunnskulen

	1984–85	1992–93	1994–95	1995–96	1996–97	1997–98
Elevar som får spesialundervisning	16 239	27 115	29 655	30 075	30 356	34 733 1)
Prosent som får spesialundervisning	3,00%	5,87%	6,28%	6,28%	6,24%	6,22%

1) Førebels tal, klasse 1–10.

Kjelder: Grunnskulens informasjonssystem. St.prp. nr. 1 (1993–94).

Tabell 1.5 Spesialundervisning (enkeltvedtak). Fylkesvise gjennomsnittstal og spreining mellom kommunane. Grunnskulen pr. 1. september 1995

Fylke	Del av elevane som får spesialundervisning, gjennomsnitt	Del av elevane som får spesialundervisning, kommunevis variasjon			
		Dei to kommunane med lågste del		Dei to kommunane med høgste del	
Østfold	5,2%	1,6%	3,6%	7,9%	8,2%
Akershus	6,0%	2,6%	2,9%	8,0%	8,1%
Oslo	4,0%	–	–	–	–
Hedmark	7,9%	3,5%	3,9%	13,0%	13,1%
Oppland	5,6%	3,3%	3,4%	7,8%	12,9%
Buskerud	6,9%	3,5%	4,3%	12,4%	13,5%
Vestfold	5,9%	2,2%	3,6%	8,7%	9,7%
Telemark	6,2%	2,1%	3,0%	11,2%	14,0%
Aust-Agder	9,5%	2,6%	5,4%	17,9%	19,0%
Vest-Agder	6,2%	2,5%	2,6%	9,3%	11,4%
Rogaland	6,6%	3,4%	4,5%	14,3%	17,3%
Hordaland	6,9%	2,5%	3,0%	16,2%	18,5%
Sogn og Fjordane	5,2%	0,0%	0,6%	10,4%	18,3%
Møre og Romsdal	6,9%	2,8%	3,2%	16,2%	18,5%
Sør-Trøndelag	7,4%	2,3%	3,2%	11,4%	14,5%
Nord-Trøndelag	6,4%	3,8%	4,3%	10,3%	11,0%
Nordland	7,4%	2,1%	4,1%	15,6%	16,6%
Troms	6,8%	3,4%	3,7%	14,3%	15,2%
Finnmark	9,5%	2,7%	5,3%	14,3%	15,5%
Veid gjennomsnitt	6,28%				

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem.

hjelp til barnet i barnehagen, eller barnet kjem til barnehagen til faste tider og får spesialpedagogisk hjelp. Svært mange barnehagar med egne avdelingar for funksjonshemma, spesialbarnehagar e.l. ser ut til å bruke ei slik organiseringsform i tillegg til at barnet er fast ved barnehagen.

## 2 SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK I GRUNNSKULEN

### 2.1 Elevar som får spesialundervisning

Dei siste åra har omlag 30 000 elevar i grunnskulen fått spesialundervisning etter sakkunnig vurdering og enkeltvedtak. Dette utgjer ca 6,2–6,3 % av det samla elevtalet i grunnskulen, jf tabell 1.4.

Tabell 1.6 Elevar i grunnskulen som får spesialundervisning. Tildelingsprofil. Årstimar (lærartimar) i gjennomsnitt per elev og per elev som får spesialundervisning

Timar	1993-94	1994-95	1995-96	1996-97	1997-98	1993-94	1994-95	1995-96	1996-97
Undervisningstimar pr år									
1-100	9.345	9.439	8.977	8.245	–	32%	32%	30%	27%
101-160	8.006	7.640	7.843	8.065	–	28%	26%	26%	27%
161-360	7.608	8.021	8.535	8.850	–	26%	27%	28%	29%
360 +	4.080	5.309	4.720	5.196	–	14%	15%	16%	17%
Sum	29.039	30.409	30.075	30.356	34.733	100%	100%	100%	100%
Årstimar (lærartimar) per elev (rekna av alle)	10,5	11,1	11,4	10,6	10,3				
Årstimar (lærartimar) per elev som får spes.und.	170	173	180	170	165 <sup>1)</sup>				
Lærartimar per veke	4,5	4,5	4,8	4,5	4,3				

1) Førebels tal, klasse 1-10.

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem

Tabell 1.7 Lærarar med spesialpedagogisk kompetanse på minimum 1. avdelingsnivå. Grunnskulen

	1988–89	1992–93	1995–96
Lærarar med min. 1. avd. spesialpedagogikk	16%	16,4%	17,9%

Kjelde: St.meld. nr. 54 (1989–90). Møreforskning, Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Evaluering av prosjektet «Omstrukturering av spesialundervisninga».

Tabellen omfattar både spesialundervisning i heimeskulen og spesialundervisning i egne skular eller klassar. Tala for 1984–85 er baserte på det gamle tilskottssystemet til kommunane, da timane til spesialundervisning vart tildelte gjennom skuledirektørkontora. I dette systemet hadde også kvar skule ein ressurs til spesialundervisning på 10 % av timetalet, som skulen disponerte sjølv. Av den grunn var det truleg meir enn 16 000 elevar som fekk spesialundervisning det året. Tabell 1.4 viser uavhengig av dette at det er ein auke i talet på elevar som får spesialundervisning samanlikna med 1980-talet. Denne auken kan ha samanheng med at talet på elevar med problem og vanskar i skulen har vaks. Elles kan det også vere slik at skulane generelt ikkje i tilstrekkeleg grad lykkast med å tilpasse opplæringa til den enkelte elevens evner og føresetnader. Desse forholda blir drøfta nærmare andre stader i meldinga.

## 2.2 Lærarressursar til spesialundervisning og delingstimar

Samtidig med at talet på elevar som får spesialundervisning har auka, har det vore ein auke i lærarressursane til spesialundervisning. Også ressursane til generelle styrkingstiltak i form av delingstimar har auka. Delingstimar er lærartimer som blir nytta til å dele klassen, til tolærarsystem, undervisning i grupper o.l. Valfag, morsmålsundervisning og livssynsundervisning er ikkje inkluderte.

Oversikt over lærartimar til spesialundervisning etter enkeltvedtak og delingstimar utanom valfag, reknar som tillegg til det samla elevtimetalet, framgår av avsnitt 3.2.3 og tabell 3.8 i kapittel 3.

Både den gjennomsnittlege delen av ressursane som går til spesialundervisning og den delen som går til delingstimar utanom valfag, har auka i grunnskulen i perioden 1993–1996. Auka ressursar til spesialun-

Tabell 1.8 Kjønnsforskjellar i spesialundervisninga. Grunnskulen

	1993–94	1994–95	1995–96
Gutar	70,4%	71,3%	70,4%
Jenter	29,6%	28,7%	29,6%

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem.

dervisning har med andre ord ikkje si forklaring i at nivået på generelle styrkingstiltak (delingstimar) er redusert.

## 2.3 Geografiske variasjonar når det gjeld omfanget av spesialundervisninga

Mellom fylka, og mellom kommunane i kvart fylke, er det store variasjonar i omfanget av spesialundervisning etter enkeltvedtak. Dette reflekterer ulikskapar i organiseringa og tilrettelegginga av opplæringa lokalt, jf tabell 1.5.

## 2.4 Tildelingsprofil og årstimar mm

Tildelingsprofil og årstimar (lærartimar) i gjennomsnitt per elev og per elev som får spesialundervisning framgår av tabell 1.6.

## 2.5 Spesialpedagogisk kompetanse hos lærarane

Den formelle spesialpedagogiske kompetansen blant lærarane er ein del av grunnlaget for eit godt opplæringstilbod. Tabell 1.7 viser kva del av lærarane i grunnskulen som har minimum 1. avdeling spesialpedagogikk.

Nær kvar femte lærar i grunnskulen har formell spesialpedagogisk kompetanse på minimum 1. avdelingsnivå. Men denne spesialpedagogiske kompetansen er ikkje alltid tilfredsstillande utnytta i skulane. Lærarar med formell spesialpedagogisk kompetanse hadde berre ca 40 % av spesialundervisninga i 1995–96. Dette inneber at heile 60 % av spesialundervisninga vart utført av lærarar utan formell kompetanse i spesialpedagogikk. Dette talet er høgt og kan ha samanheng med at spesialundervisninga ikkje alltid blir prioritert i arbeidet med timeplanlegging på den enkelte skulen. Spesialpedagogar treng likevel ikkje berre drive med spesialundervisning; deira kompetanse vil også vere nyttig i andre samanhengar.

## 2.6 Kjønnsforskjellar

Av dei elevane som får spesialundervisning etter enkeltvedtak dei seinare åra, er vel 2/3 gutar. Dette framgår av tabell 1.8.

Det er forska lite på kjønnsforskjellane på dette området, og det finst ingen eintydige forklaringar på denne fordelinga. Det er vanskeleg å forklare forskjellane med biologiske forhold, dvs at gutar generelt skulle ha klart dårlegare læringsføresetnader enn jenter. Kjønnsforskjellane kan også sjåast i samanheng med at gutar krev meir merksemd enn jenter og derfor i sterkare grad synleggjer behova sine, eller med at opplæringa generelt ikkje er like godt tilpassa gutar som jenter.

## 2.7 Typar funksjonshemmingar

Tabell 1.9 viser utbreiinga av problem og vanskar blant dei elevane som får spesialundervisning. Regi-

Tabell 1.9 Fordeling av elevar som får spesialundervisning, etter vanske. Grunnskulen. 1996

Vanskegruppe	1996
Synsvanskar	3,0 %
Hørselsvanskar	2,2 %
Motoriske vanskar/rørslevanskar	10,1 %
Kommunikasjonsvanskar	19,9 %
Generelle lærevanskar	22,4 %
Konsentrasjonsvanskar	23,5 %
Psykososiale vanskar/psykososialt stress	20,7 %
Medisinske vanskar	8,8 %
Lese-/skrivevanskar/matematikkvanskar	33,1 %

Kjelde: Møreforsking 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden.

streringa er her gjort etter vanske eller funksjonshemming. For elevar med fleire funksjonshemmingar er alle registrerte (summen vil derfor overstige 100 %).

Saman med vanskar knytte til enkelte fag i skulen er samansette lærevanskar, konsentrasjonsvanskar og psykososiale vanskar dei mest vanlege. Synsvanskar og hørselsvanskar har lite omfang.

Dei seinare åra er det utvikla individuelle opplæringsplanar for å heve kvaliteten på det spesialpedagogiske arbeidet i skulen. Desse opplæringsplanane er utarbeidde for den enkelte eleven og omfattar mål, innhald og arbeidsmåtar i opplæringa. Av eit utval på 820 elevar som fekk spesialundervisning i 1995–96, hadde 92 % individuell opplæringsplan (Skårbrevik 1996). Dette er ein klar auke frå tidlegare år og kan tyde på at dei fleste elevane som får spesialundervisning etter enkeltvedtak, no har individuell opplæringsplan.

## 2.8 Organiseringsformer innanfor skulen

Det store fleirtalet av dei elevane som får spesialundervisning, får opplæringa i heimeskulen. Opplæringstilbodet omfattar for dei fleste av dei aktuelle elevane timar i vanleg klasse med eller utan generelle

Tabell 1.10 Organiseringsformer i spesialundervisninga 1979–80 og 1989–90. Grunnskulen

Organiseringsformer	% av talet på timar til spesialundervisning pr. veke	
	1979/80	1989/90
Einetimar	28 %	26 %
Gruppetimar	33 %	23 %
Ekstra lærar	26 %	43 %
Andre tiltak	13 %	8 %
Sum	100 %	100 %

Kjelde: Kiil/Innjord 1991. Spesialundervisning i grunnskolen: En kartleggingsundersøkelse ved skolene i 6 fylker sett i et 10 årsperspektiv.

Tabell 1.11 Organiseringsformer i spesialundervisninga. Grunnskulen. 1997

Organiseringsformer	4. klasse	7. klasse	9. klasse
Einetimar	56 %	44 %	37 %
Gruppetimar	24 %	50 %	73 %
Ekstra lærar	19 %	25 %	10 %
Assistent	23 %	10 %	6 %
I alt	122 %	129 %	126 %

Kjelde: Skaalvik 1998. Faglege og sosiale støttetiltak. Skolens vurdering av behov og tilbud. Spesialpedagogikk 2/98.

styrkingstiltak (klassedeling, tolærarsystem og gruppeundervisning) og timar til spesialundervisning etter enkeltvedtak. Spesialundervisninga vert organisert på bakgrunn av sakkunnig vurdering og som oftast med ein individuell opplæringsplan. Opplæringa kan organiserast i vanleg klasse med ekstralærar eller assistent, som timar i smågrupper saman med andre elevar (dei andre elevane kan også få spesialundervisning), i form av einetimar eller andre organisasjonsformer.

Fleirtalet av dei elevane som får spesialundervisning, får dette nokre få timar i veka (gjennomsnittleg 4–5 timar pr veke), og særleg i fag som norsk og matematikk. Resten av tida følgjer dei klasseundervisninga med eller utan andre former for tilrettelegging.

For elevar med spesialundervisning er val av organisasjonsform basert på sakkunnig vurdering av barnet sitt behov. Organiseringa kan variere etter art og grad av funksjonshemming, men vil også kunne variere ut frå lokale tradisjonar og haldningar til spesialundervisning (Moen/Øie 1994. *Spesialundervisning: En kartlegging av undervisningen for barn og unge med særskilte behov i grunnskolen og den videregående skolen*).

Dei mest brukte formene for organisering av spesialundervisning har vore einetimar, ekstra lærar (tolærarsystem) og gruppetimar.

Ei tidlegare undersøking viser bruken av ulike organiseringsformer i spesialundervisninga i 1979–80 og 1989–90 slik det framgår av tabell 1.10.

Forfatarane understreker at organiseringsformene kan kombinerast, og at det i somme høve kan vere vanskeleg å skilje mellom spesialundervisning etter enkeltvedtak og delingstimar.

Skårbrevik (1996) har data om ulike organiseringsformer for elevar med spesialundervisning i vanlege klasser eller grupper for 1992–93 og 1995–96. Bruken av tolærarsystemet er på same nivå dei to åra, mens bruken av einetimar gjekk opp. Det same gjeld bruk av gruppeundervisning og timar elevane får med assistent.

Skaalvik (1998) har i ein større undersøking i Trøndelagsfylka også vist organisering av spesialundervisning etter enkeltvedtak. Tabell 1.11 viser kor stor del av elevane som fekk spesialundervisning etter dei ulike organiseringsformene. Somme av elevane

Tabell 1.12 Elevar, og årsverk til opplæring, i egne organisatoriske opplæringstiltak utanom heimekommunen/heimeskulen. 1996

Type tiltak 1)	Grunnskule	Vidaregåande opplæring e.l.	I alt	Årsverk opplæring
Særskilde skule- og miljøtiltak («alternative tilbod»)	431	76	507	211
Eigne kommunale skular for elevar med sosiale/emosjonelle vanskar	202	–	202	136
Eigne kommunale skular/einingar for elevar med generelle lærevanskar/psykisk utviklingshemming	1 065	65	1 130	485
Skular ved barneverninstitusjonar 2)	130 (347)*	41 (176)*	171	173
Skular ved psykiatriske institusjonar	304 (155)*	333 (99)*	637	362
Skular ved institusjonar for rusmiddelmissbrukarar	46 (17)*	51 (41)*	97	56
Skular ved 6 sosiale/medisinske institusjonar 3)	–	–	–	79
Statlege skuletilbod for døve og døvblinde 4)	203	129	332	ca. 280 5)
Statlege skuletilbod for andre vanskegrupper (generelle lærevanskar, Torshov)	22	–	22	ca. 12
Skular innanfor fengselsvesenet/kriminalomsorga	154	486	640	ca. 195
Sum	2 557	1 181	3 738	ca. 1 989

1) Kvaliteten på datagrunnlaget er usikker. Truleg er fleire tiltak i s.k. forsterka skular utanom heimeskulen ikkje registrerte her.

2) Kvaliteten på datagrunnlaget er usikker. Det er truleg ei viss underregistrering. På den andre sida kan noko av denne verksemda vere registrert i GSI. Materialet kan tyde på at det ikkje er gjort enkeltvedtak for alle elevane.

3) Gjeld skular ved Geilomo, Frambu, Sunnaas, Statens Senter for Epilepsi, Voksentoppen, Berg Gard. Desse har sjeldan elevar over lengre tid.

4) Inklusive 27 elevar i førskulealder. Tala for elevar her er noko for høge, jf merknad til tab 2.6 i vedlegg 2.

5) Eksklusive internatverksemd.

\* Tala i parentes gjeld elevar med tilknytning til institusjonen som får opplæringstilbodet i vanleg skule.

Kjelder: Skårbrevik: Egne organiserte undervisningstilbud for barn og unge med sosiale og emosjonelle vansker. Møreforsking 1996. Statens utdanningskontor 1996. St.prp. nr. 1 (1996–97). Styra for statlege kompetansesenter, 1996. GSI.

fekk støtte organisert på meir enn ein måte. Summen utgjør derfor meir enn 100 %.

Tabellen viser at bruken av einetimar og assistent minkar frå 4. klasse til 9. klasse, mens bruk av gruppetimar aukar. I 4. klasse er einetimar den dominerande forma for spesialundervisning, mens gruppetimar er den dominerande forma i 9. klasse.

Dette mønsteret er også i tråd med ein studie av kvaliteten i opplæringstilbodet for elevar med matematikkvanskar (Holm 1997. *En studie av kvalitet i opplæringstilbudet for elevar med matematikkvansker*). Frå 1. til 3. klasse er ekstra lærar inne i klassen den modell som blir mest brukt. På desse klassetrinna blir også einetimar brukt ofte, mens gruppeundervisning utanfor klassen blir lite brukt. For elevar i 4. – 6. klasse blir ekstralærar, einetimar og gruppeundervisning utanfor klasse brukt omtrent like mykje. I 7. – 9. klasse blir gruppeundervisning utanom klassen og einetimar mest brukt.

Vedeler finn i ei undersøking om tilrettelagt tilbod til barn med særskilde behov ved skulestart, at 39 % ikkje har tilrettelagte tilbod utover kva klasseundervisninga ordinært gir rom for (Vedeler 1997. *Tilpasset opplæring i skolestarten sett i organisasjonskulturelt og pedagogisk – psykologisk perspektiv*). Dei øvrige barna med særskilde behov blir tilgodesett med eitt el-

ler fleire tiltak i tillegg. Tolærarsystem og einetimar blei benytta om lag like mykje, mens andre tilbod er assistent/ekstrahjelp i klassen og timar i gruppe eller individuelt med logoped, spesialpedagog eller fysioterapeut.

I følgje denne undersøkinga hadde 80 % av barna med enkeltvedtak i denne aldersgruppa individuell opplæringsplan.

I følgje undersøkinga blir delingstimar og timar etter enkeltvedtak brukt i skulen fleksibelt til gruppeinndelingar, individuelle opplegg og deling av klassen i enkelte timar etter behov. Det gjer at det kan vere vanskeleg å skilje bruken av delingstimar utan valfag og spesialundervisning etter enkeltvedtak. Dette er også bekrefta av enkelte andre undersøkingar.

## 2.9 Særskilt organiserte einingar og skular utanom heimekommunen/heimeskulen

Det store fleirtalet av dei elevane som får spesialundervisning, får opplæringa i heimeskulen. Om lag 99,4 % av elevane i skulepliktig alder får sitt opplæringstilbod i vanleg klasse i heimeskulen. Berre ca 0,6 % av elevane får opplæringa i egne organisatoriske einingar som spesialskular, institusjonsskular, egne avdelingar eller andre former for særskilde tiltak. Særskilt

Tabell 1.13 *Kjønnsforskjellar i spesialundervisning for eit utval elevar i vidaregåande skule*

	Gutar	Jenter
Elevar med spesialundervisning 1992–93	63,4%	36,6%
Elevar med spesialundervisning 1995–96	63,8 %	36,2%

Kjelde: Møreforskning (Skårbrevik 1996)

oversikt over dette framgår av tabell 1.12, som også viser slike tiltak på vidaregåande nivå.

Dette talet har vore svakt fallande sidan 1988–89. Nedbygginga av det statlege spesialsकुलेtilbodet, jf Innst. S. nr. 160 (1991–92), har omfatta få heilårselevar. Nedlegging eller overføring av tenestetilbodet hadde konsekvensar for ca 300 elevar i 1992.

Skuletilboda ved barneverninstitusjonar, institusjonar innanfor barne- og ungdomspsykiatrien og institusjonar for rusmiddelmissbrukarar i tabell 1.12 er organiserte som eigne skuleavdelingar for barn og unge som bur i desse institusjonane. Men omtrent halvparten av bebuarane i slike institusjonar får opplæringstilbodet i vanlege skular i nærleiken.

I 1995–96 var det 15 spesialsकुलur for elevar med sosiale og/eller emosjonelle vanskar i kommunane. Elevane ved desse skulane kan også ha samansette lærevanskar. Desse skulane blir i hovudsak drivne av kommunar med relativt mange innbyggjarar og stor folketettleik.

Andre særskilde opplæringstiltak som kommunane gir, gjeld elevar som har behov for miljøskifte og/eller eit anna innhald i undervisninga enn dei får i vanleg skule. I 1995–96 var det vel 50 einingar som gav slike alternative opplæringstilbod til barn og unge med store sosiale og emosjonelle vanskar og behov for miljøskifte. Dette er først og fremst eit tilbod til elevar på ungdomstrinnet, men det finst også enkelte alternative opplæringstilbod til elevar på barnetrinnet. Det har vore ein viss auke i omfanget av desse tiltaka dei seinare åra. Skiljet mellom desse særskilde tiltaka og spesialskulane for elevar med sosiale/emosjonelle vanskar kan vere noko tilfeldig.

Om lag 45 særskilt organiserte skular gir tilbod til elevar med generelle lærevanskar/psykisk utviklingshemming. Elevtal og lærarårsverk framgår av tabell 1.12. Fleirtalet av desse elevane får likevel opplæringa organisert integrert eller i eigne einingar innanfor skulen, der det finst nødvendig lærarkompetanse og ulike hjelpemiddel. Til desse særskilt tilrettelagde tilboda kjem også funksjonshemma elevar frå andre skulekrinsar. Talmateriale for desse tilboda innanfor skulen inngår ikkje i tabell 1.12.

Skulane for døve elevar er i hovudsak eigne opplæringsavdelingar ved statlege spesialpedagogiske kompetansesenter for hørselshemma. Døve elevar i kommu-

nale/fylkeskommunale tilbod (til dømes knutepunkt-skular) inngår ikkje i talmaterialet i tabell 1.12. Nærmarare oversikt over dette framgår av vedlegg 2, tabell 2.7.

### 3 VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Før Reform 94 vart inntak av elevar til særskilt tilrettelagd opplæring i vidaregåande skule gjort etter to ordningar: førerett eller individuell vurdering. I 1988–89 vart 2,9 % av elevane tekne inn på førerett og 2,6% etter individuell vurdering, til saman 5,5 % (KUF 1989).

Frå skuleåret 1994–95 har alle elevar med rett til vidaregåande opplæring rett til å komme inn på eitt av tre valde grunnkurs. Elevar med særleg behov for særskilt tilrettelagd opplæring, og som på grunnlag av sakkun-ning vurdering prioriterer eitt bestemt grunnkurs, har rett til inntak på dette grunnkurset. Ein elev som har behov for spesialpedagogisk hjelp og støtte, har også rett til spesialundervisning (lov om videregående opplæring § 11). Denne retten gjeld også elevar utan lovfesta rett som er tekne inn til vidaregåande opplæring.

#### 3.1 Elevar som får særskilt tilrettelagd opplæring

Informasjonen om kor mange elevar som er tekne inn på særskilde vilkår og som får særskilt tilrettelagd opplæring på vidaregåande nivå, er noko usikker. Av ei undersøking med data frå 8 fylke framgår at 5,7 % av elevane i vidaregåande skule i 1995–96 vart tekne inn til spesialundervisning (Skårbrevik 1996). I tabell 3.7 i kap 3 framgår det at det med utgangspunkt i noko ulike kjelder er mellom 8 000 og 10 000 elevar i vidaregåande opplæring som får særskilt tilrettelagd opplæring, dvs mellom 4,2 % og 5,5 % av elevane.

Den delen av elevane som får særskilt tilrettelagd opplæring, har truleg vore relativt stabil i dei seinare åra. I grunnskulen får til samanlikning omlag 6,2–6,3 % av elevane spesialundervisning etter enkeltvedtak. Denne forskjellen mellom skuleslaga kan komme av at det i vidaregåande opplæring er større høve til differensiering (gjennom blant anna ulike studieretningar) enn i grunnskulen.

#### 3.2 Kjønnsforskjellar

Også i vidaregåande opplæring er det monalege kjønnsforskjellar med omsyn til kven som får særskilt tilrettelagd opplæring. Tabell 1.13 viser fordelinga på gutar og jenter.

Tilnærma to av tre som får særskilt tilrettelagd opplæring, er gutar. Dette talet ser ut til å vere relativt stabilt, og det er vanskeleg å gi eintydige forklaringar på dette forholdet (jf kommentar om liknande kjønnsforskjellar i grunnskulen).

#### 3.3 Typar funksjonshemmingar

Tabell 1.14 viser utbreiinga av problem og vanskar blant dei elevane som får særskilt tilrettelagd opplæ-

Tabell 1.14 Fordeling av elevar som får særskilt tilrettelagd opplæring, etter vanskegruppe. 1996

Vanskegruppe	1996
Synsvanskar	3,3 %
Hørselsvanskar	2,7 %
Motoriske vanskar/rørslevanskar	13,1 %
Språk- og kommunikasjonsvanskar	18,6 %
Generelle lærevanskar	25,5 %
Konsentrasjonsvanskar	10,4 %
Psykososiale vanskar/ psykososialt stress	13,4 %
Medisinske vanskar	9,7 %
Lese- og skrivevanskar	27,5 %
Reknevanskar	25,5 %

Kjelde: Møreforskning (Skårbrevik 1996): Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden.

ring. Registreringa er gjort etter vanske eller funksjonshemming. For elevar med fleire funksjonshemmingar er alle registrerte (summen vil derfor overstige 100 %).

Tabellen viser at det er generelle lærevanskar, ulike former for fagvanskar og kommunikasjonsvanskar, som er dei største vanskegruppene innanfor vidaregåande opplæring. Psykososiale vanskar og konsentrasjonsvanskar ser ut til å vere eit noko mindre problem i vidaregåande opplæring enn i grunnskulen, jf tabell 1.9 her og tabell 3.1 i kap 3. Hørselsvanskar og synsvanskar er eit relativt lite problem innanfor vidaregåande opplæring som for dei andre opplæringsnivåa.

### 3.4 Spesialpedagogisk kompetanse hos lærarane

I dei seinare åra er det blitt vesentleg fleire lærarar med formell spesialpedagogisk kompetanse i vidaregåande opplæring. I 1992–93 hadde 4,6 % av lærarane minimum 1. avdeling spesialpedagogikk, mens 7,7 % av lærarne i skuleåret 1995–96 hadde denne kompetansen (Skårbrevik 1996). Prosentdelen er likevel vesentleg lægre enn i grunnskulen.

### 3.5 Organiseringsformer

Tilbod til elevar med behov for særskilt tilrettelagd opplæring skal ta utgangspunkt i dei vanlege læreplanane. Særskild tilrettelegging skal skje innanfor og som del av det vanlege tilbodet i skulen.

Ein del av dei elevane som treng særskilt tilrettelagd opplæring, vil i somme tilfelle ha mest nytte av tilbod som er organiserte spesielt. Slike tilbod kan eventuelt takast over lengre tid og/eller med redusert omfang. Det kan også av andre grunnar vere formålstenleg at skulen tilbyr kurs organiserte på annan måte, f eks kurs som gir delkompetanse.

Tilboda er gjerne organiserte noko ulikt frå fylke til fylke (Markussen og Høydal: *FAFO-notat 1995:14. Fra første til andre. Om overgang fra første til andre*

*år for elevar som har særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring*). Men FAFO poengterer at det ikkje er nokon grunn til å tru at desse forskjellane i organisering og tilbodsstruktur er av ein slik art at det er til hinder for eit tilpassa, tilrettelagt og likeverdig utdanningstilbod.

Av dei elevane som får særskilt tilrettelagd opplæring, går nær to tredelar i vanlege klassar, mens vel ein tredel går i egne klassar. Samanliknar vi fylka, ser vi at det varierer ein god del, frå ca. 75–80 % integregert i vanleg klasse i eitt fylke, til 40 % i eit anna (Markussen og Høydal, *FAFO-notat 1995:14* og Båtevik, Kvalsund, Myklebust og Steinsvik, *Møreforskning, 1998. Når vilkår varierer. Særskild tilrettelegging i vidaregåande opplæring – gjennomgåande mønster*). Eigne klassar kan vere 4- eller 8-grupper, tilrettelagde grunnkurs, grunnkurs over to år, APO m m. Elevar med dei største funksjonsvanskane, som elevar med samansette lærevanskar, utgjer ein større del av elevane i egne klassar enn dei som er integrerte i vanlege kurs.

Når det gjeld spørsmålet om kva studieretningar desse elevane går i, viser forfatarane at gutane er tolt dominerande på mekaniske fag, mens det er motsett i helse- og sosialfag, og til ein viss grad innan allmennfag. Jentene er også i klart fleirtal i formgivingsfag. Dei snakkar om eit kjønnssegregert val- og kanaliseringmønster når det gjeld fordelinga mellom dei ulike studieretningane. Og denne segregeringa er mykje sterkare for særvilkårselevar enn for elevar på ordinære vilkår. Det var ei liknande slagside også før Reform 94.

Elevar som får særskilt tilrettelagd opplæring, er ei samansett gruppe med ulike former for, og ulik grad av, funksjonsvanskar. Ein elev som i hovudsak går i vanleg klasse, kan i tillegg både ha einetimar og ekstratimar. Den same eleven kan i tillegg ha tilpassa tekniske hjelpemiddel, som rullestol og/eller datamaskin.

Det er minimale kjønnskilnader når det gjeld dei ulike tilretteleggingstiltaka. Men tendensen er at ein større prosentdel av gutane gjer seg nytte av dei forskjellige tilboda. Eit unntak er at ein større del av jentene er i 8-gruppe og 4-gruppe, noko som kan indikere at jentene på særvilkår har nokre tyngre funksjonsproblem enn gutane. At jentene bere utgjer 36–37 % av alle særvilkårselevar, kan også tyde på at det skal meir til før dei får særskilt tilrettelagt opplæring (Kvalsund, Myklebust, Båtevik og Steinsvik, 1998).

Møreforskning (Skårbrevik 1996) fann at det i vidaregåande skule vart lagt større vekt på kommunikasjonstrening, trening i spesifikk dugleik og personleg og sosial funksjonsevne for dei elevane som hadde størst funksjonsvanskar. For elevar med mindre funksjonsvanskar vart det, som venta, lagt mest vekt på å leggje opplæringa slik til rette at elevane skal kunne oppnå yrkeskompetanse.

Delkompetanse er ein av tre valbare kompetanseformer for elevar i vidaregåande opplæring. Delkompetanse inneber at elevar kan arbeide for å oppnå kom-

Tabell 1.15 Elevantal i spesialundervisning for voksne, 20 år og eldre, på grunnskulen sitt område. 1992–93 til 1995–96

	1992–93	1993–94	1994–95	1995–96
Kvinner	2 422	2 412	2 380	2 723
Menn	2 824	2 709	2 813	3 195
Sum	5 246	5 121	5 193	5 918

Kjelde: GSI

petanse innanfor delar av fag eller studietilbod. Ved avslutta vidaregåande opplæring vert elevens oppnådde kompetanse dokumentert gjennom eit delkompetansebevis. Dersom eleven seinare gjennomfører og består dei delane av opplæringa dei tidlegare ikkje har fullført og bestått, vert vitnemål utstedt. Elevar kan arbeide mot delkompetanse innanfor rammene av ordinær klassestruktur. Eit opplæringsløp med sikte på delkompetanse kan bli gjennomført som eit særskilt tilrettelagd opplæringsløp.

Ungdom med behov for særskilt tilrettelagd opplæring har same rett som andre elevar til å følgje hovudmodellen med 2 år i skule og 1+1 år i bedrift. For lærlingar som har behov for særskilt tilrettelagd opplæring, gir staten ekstra tilskott utover dei vanlege tilskotta. I tillegg er det høve til å søkje om ekstraordinært tilskott. Dette høvet til å søkje om ekstraordinært tilskott var eit eige tiltak, *Fagopplæring i arbeidslivet*, i regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma

1990–93, og er seinare vidareført som del av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sin vanlege verkemiddelpakke. Tiltaket er i berre liten grad kjent i næringslivet. SINTEF IFIM har evaluert korleis tiltaket har fungert for dei lærlingane og bedriftene som hadde søkt om støtte i løpet av handlingsplanperioden. SINTEF IFIM konkluderer med at for dei som har gjennomført eit læreforhold med denne ekstra støtta, må tiltaket karakteriserast som ein suksess. Av alle avslutta læreforhold enda 88 % med bestått fagprøve. Dette ligg nær det normale resultatet for vanlege lærlingar. Problemet ligg såleis ikkje i kva resultat dei oppnår som gjennomfører læreperioden, men i at så få funksjonshemma, på grunn av svak interesse for avvikande læreforhold i næringslivet, har fått høve til å ta fagprøve (V. Havn og T. Buland, *SINTEF IFIM, 1996. Evaluering av tiltaket «Fagopplæring i arbeidslivet» under Handlingsplanen for funksjonshemmede 1990–93*). Folketrygda gir tilskott til tekniske hjelpemiddel for å leggje undervisningssituasjonen til rette for elevar og lærlingar med behov for særskilt tilrettelagd opplæring.

Som i grunnskulen er det svært få elevar i vidaregåande opplæring som får særskilt tilrettelagd opplæring i egne organisatoriske tiltak, jf tabell 1.12.

#### 4 VAKSENOPPLÆRING

I skuleåret 1995–96 fekk ca 6 000 voksne, 20 år og eldre, spesialundervisning etter § 5 andre ledd i vak-

Tabell 1.16 Vurdering av opplæringstilbod for barn og elevar som får spesialundervisning etter enkeltvedtak skuleåret 1995–96. Prosent førskulelærarar og lærarar som har svart ja

Spørsmål	Barnehage Har svart ja	Grunnskule Har svart ja	Vg. opplæring Har svart ja
Spesialundervisninga har tilstrekkeleg omfang	54%	48%	50%
Opplæringa tilpassa barnet/eleven sitt opplæringsbehov	78%	60%	56%
Ressursar til opplæring i samsvar med sakkunnig tilråding	70%	70%	60%
Tilrettelegging av opplæringa i samsvar med barnet/eleven sine føresetnader	75%	67%	59%
Opplæringa i samsvar med barnet/eleven sine føresetnader	86%	63%	57%
Opplæringa av barnet/eleven prioritert på linje med andre i kommunen	---	86%	81%
Barnet/eleven har utbytte av opplæringa	91%	78%	74%
Læraren/førskulelæraren har tilstrekkeleg kompetanse	51%	53%	55%
Undervisninga gjer det mogleg å ha vedk. med på det som skjer i klassen/barnehagen	85%	62%	83%
Undervisninga er metodisk tilpassa barnet/eleven sine vanskar	77%	53%	49%
Klassemiljøet/barnehagemiljøet fremjar sosial integrasjon av eleven	81%	52%	66%
Skolemiljøet fremjar sosial integrasjon av eleven	---	52%	56%
Undervisningstilbodet fremjar personleg vekst hos barnet/eleven	90%	67%	79%

Kjelde: Skårbrevik 1996. Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden.

Tabell 1.17 PPT-kontor og årsverk i 1994 og 1996

	1994	1996
Kontor	286	283
Årsverk i fagstillingar	1.390	1.393
Årsverk for merkantilt personell 1)	–	175
Fagpersonar per kontor	4,86	4,92

1) 1994-tal ligg ikkje føre.

Kjelde: Fagleg eining for PP-tenesta 1995 og 1997.

senopplæringslova, jf tabell 1.15. Det er relativt små kjønnsforskjellar.

Talet på vaksne som får spesialundervisning på grunnskulen sitt område, har auka svakt. Parallelt har det likevel vore ein liten nedgang i talet på lærartimar til spesialundervisning for vaksne, frå 762 245 i 1994-95 til 747 005 i 1995-96.

I ca 1/3 av kommunane er det organisert egne vaksenopplæringsssenter eller avdelingar som gir spesialundervisning til personar over 20 år. I dei andre kommunane er det skule- og oppvekstetaten som har det formelle ansvaret, men opplæringa kan drivast i bustader, aktivitetssenter, verkstader m m.

I samband med kontrollgjennomgang på GSI for vaksenopplæringa, melder fleire utdanningskontor at PP-tenesta i ein rekkje kommunar ikkje prioriterer sakkunnige vurderingar for vaksne. Frå enkelte kommunar blir det opplyst at det ikkje er kapasitet til å ta seg av vaksne, frå andre stader heiter det berre at tilråding ikkje er gjort. Det blir arbeidd med å få fram eit betre talgrunnlag for vaksenopplæringa i kommunane generelt.

## 5 KVALITATIVE FORHOLD

I ein rapport frå Møreforskning (Moen, Øie 1994) blir det referert at

"... halvparten av klasselærerne er fornøyde med elevenes framgang på områdene hvor de har fått spesialundervisning. 15% sier de ikke er fornøyde, mens rundt 1/3 vet ikke. Over 30% av klasselærere vurderer at elever med spesialundervisning vil få det beste undervisningstilbudet i enetimer med spesiallærer eller i spesialklasse, på spesialskole eller andre tilbud."

I evalueringsrapporten frå 1996 (Skårbrevik 1996) refererer Møreforskning dei vurderingar førskulelærarane og lærarane har gjort av ulike sider ved opplæringstilbodet for barn og elevar som får spesialundervisning, slik det framgår av tabell 1.16.

Møreforskning hevdar at det har skjedd kvalitetsmessige framskritt i spesialundervisninga frå 1992-93 til 1995-96. Møreforskning forklarar kvalitetshevinga i det spesialpedagogiske tilbodet med at det er etablert spesialpedagogiske team og meir omfattande bruk av individuelle opplæringsplanar, og ikkje med samarbeidet med kompetansesenter eller andre instansar i det spesialpedagogiske kompetansesystemet.

Av vedlegg 3 framgår at dei som bruker spesialpe-

dagogiske tenester, ofte også bruker andre hjelpetjenester innanfor f eks helse- og sosialsektoren, barnevernet, psykiatrisk sektor m m. Både barnehagane, skulane og foreldra gir uttrykk for at dei har nytte av samarbeidet med dei fleste eksterne instansane for dei som får spesialundervisning etter enkeltvedtak, når kvar instans blir vurdert for seg. Ser ein dei samla tenestene under eitt, er resultatet dårlegare. Då seier 78 % av foreldra til førskulebarn, men berre 52 % av foreldra til elevar på barnetrinnet og 45 % av foreldra til elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule at det er minst ein instans dei fekk svært god hjelp av. Møreforskning meiner at dette er eit lite tilfredsstillande resultat.

Kvaliteten på tenestene blir ikkje halden for å vere like god for dei ulike vanskegruppene. Det framgår at foreldra til barn og unge med synsvanskar og hørselsvanskar (lågfrekvente grupper) er mest tilfreds, mens foreldra til barn med psykisk utviklingshemming, lese/skrivevanskar eller sosiale og emosjonelle vanskar (høgfrekvente grupper) er minst tilfreds, jf vedlegg 3.

## 6 PP-TENESTA

Grunnskulelova § 9 pålegg kommunane å opprette pedagogisk-psykologisk teneste, anten berre for kommunen sjølv eller i samarbeid med andre kommunar. Etter grunnskulelova § 9 nr. 2 kan departementet fastsetje forskrifter og oppgåver for tenesta. Slike reglar er gitt i grunnskuleforskrifta § 16, som bestemmer at PP-tenesta skal omfatte elevar med rett til spesialpedagogisk hjelp etter grunnskulelova, privatskulelova og vaksenopplæringslova. Vidare fastset forskrifta hovudtrekka i arbeidsfeltet. Etter § 16 nr. 3 skal PP-tenesta gi råd til skule- og barnehagepersonalet og til foreldra, arbeide med førebyggjande tiltak, gjere undersøking eller gi sakkunnig vurdering i enkeltsaker på alle opplæringsnivå, tilvise til undersøking og/eller behandling hos andre og gi hjelp til ungdom som er i arbeid eller i vidaregåande opplæring etter grunnskule.

Lov om vidaregåande opplæring § 11 pålegg fylkeskommunen å syte for at elevane får høve til eigna pedagogisk-psykologisk rådgiving. Lærlingane har også rett til å nytte den pedagogisk-psykologiske tenesta, jf lov om fagopplæring i arbeidslivet § 13 femte ledd. PP-tenesta skal og samarbeide med den fylkeskommunale oppfølgingstenesta.

Oppgåvene og funksjonane til tenesta har utvikla seg og blitt utvida i tråd med den vekt som er blitt lagt på retten til tilpassa og likeverdig opplæring for alle barn og unge etter dei evner og føresetnader dei har. PP-tenesta gir no, meir enn før, rettleiing og råd til den enkelte skulen og barnehagen når det gjeld opplæring for den enkelte eleven. Vidare gir tenesta også råd og rettleiing generelt om opplæringa i den enkelte klassen og når det gjeld organiseringa av det spesialpedagogiske arbeidet i skular og barnehagar, jf pkt 6.3 nedanfor.

Tabell 1.18 Fagstillingar ved PP-kontora etter kontorstorleik, eksklusive merkantile stillingar. 1994 og 1996

	Inntil 3 fagstillingar	3–6 fagstillingar	7 eller fleire fagstillingar	Sum
PP-kontor 1994	72 (27%)	140 (53%)	53 (20%)	265 (100%) 1)
PP-kontor 1996	82 (29%)	145 (52%)	53 (19%)	280 (100%) 2)

1) I 1994 mangla opplysningar om kontorstorleik for 21 kontor.

2) I 1996 mangla opplysningar om kontorstorleik for 3 kontor. Dei fleste av desse var truleg i kategorien inntil 3 fagstillingar.

Kjelde: Fagleg eining for PP-tenesta 1995 og 1997.

## 6.1 Organisering

Tabell 1.17 viser talet på PPT-kontor og tilsette i PP-tenesta i 1994 og 1996.

I 1994 var det 161 kontor som dekte berre ein kommune. Tilsvarende tal for 1996 var 155 kontor. Dette inneber at bortimot 2/3 av kommunane samarbeider om ei PP-teneste som dekkjer to eller fleire kommunar. Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal har det høgste innslaget av interkommunale kontor.

Åtte fylke har i hovudsak ei gjennomgåande teneste som omfattar både førskulealder, grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Det er eiga fylkeskommunal PP-teneste for vidaregåande opplæring i ni fylke, mens det i to fylke er varierende dekningsområde. Dette organisasjonsmønsteret gjeld både for 1994 og 1996.

I dei siste 10–15 åra er det blitt stadig fleire reint kommunale kontor. Men samtidig har det også vore ein auke i talet på tilsette, slik at gjennomsnittstalet på tilsette faktisk har auka i same perioden. Som det framgår, har talet på årsverk for fagstillingar likevel ikkje auka i perioden 1994–1996. Samtidig ser det ut

til at ein tidlegare tendens til oppsplitting i stadig fleire kontor no har stansa.

## 6.2 Bemanning og fagsamansetjing

Gjennomsnittleg hadde PPT-kontora i 1994 knapt 4,9 fagstillingar, men talet varierte frå 0,5 til 28,5. Variasjonsbreidda er omtrent den same i 1996. Tabell 1.18 viser fordelinga på fagstillingar etter kontorstorleik.

Den fylkesvise dekninga av fagstillingar i PP-tenesta viser elles store variasjonar, jf tabell 4.1 i kap 4.

Personellsituasjonen i PP-tenesta er relativt stabil, sjølv om somme kontor og regionar har vakansar og stor gjennomtrekk. I 1994 var det vakanse i 11% av fagstillingane mot knapt 9% i 1996. Flest ledige stillingar er det for PP-rådgivarar (14% i 1996), og det er særleg psykologar det er mangel på. PP-tenesta lokalt er ein liten organisasjon, ømtogleg for gjennomtrekk og vakansar. Tenesta blir også lett overbelasta dersom det er sterk pågang frå skular og barnehagar om hjelp med enkeltbarn og enkeltelevar.

Tverrfagleg bemanning har vore ein viktig kvalitetsdimensjon i PP-tenesta sitt arbeid, både med enkeltlevar og når det gjeld organisasjonen i det heile. Tabell 1.19 viser ulike faggrupper i PP-tenesta 1980–1996.

Tabellen viser klar nedgang i det relative talet på sosialfagleg utdanna personell. Saman med det relativt store talet på ledige PP-rådgivarstillingar har dette redusert dei tverrfaglege aspektene ved tenesta.

Tabell 1.20 viser utdanningsnivået for fagpersonellet i PP-tenesta og i kompetansesentra. Som ein ser, er utdanningsnivået i PP-tenesta svært høgt, og noko høgare enn i kompetansesentra samla.

Tabell 1.21 viser utdanningsnivået i PP-tenesta meir spesifisert på fagkategoriar, og på fylkesnivå. Det er relativt store variasjonar mellom fylka når det gjeld fagsamansetjinga. Tabellen gjeld utdanninga til dei som var tilsette pr. 1. september 1996, utan omsyn til stillingsbrøk. Oversikt over den totale bemanninga i PP-tenesta fylkesvis for oppretta fagstillingar og merkantilt personell framgår av tabell 4.1 i kap 4.

## 6.3 Arbeidsprofil

Det er tidlegare gjennomført fleire undersøkingar om korleis ressursane i PP-tenesta er fordelte på ulike arbeidsoppgåver. Hausten 1996 gjennomførte Fagleg eining for PP-tenesta ei landsomfattande undersøking

Tabell 1.19 Faggrupper i PP-tenesta, eksklusive merkantilt personell. 1980–1996. Prosentvis fordeling av oppretta stillingar

Faggrupper	1980	1985	1994	1996
PP-rådgivarar 1)	49%	41%	40%	44%
Spesialpedagogar, pedagogar 2)	30%	33%	41%	46%
Sosialfagleg personell 3)	21%	17%	11%	10%
Andre	–	9%	8%	–
Sum	100%	100%	100%	100%

1) Cand. psychol., cand. paed., cand. paed. spec., cand. polit.

2) Spesialpedagogar 1. og 2. avd. Lærarar og førskulelærarar utan spesialpedagogisk vidareutdanning utgjer eit lite mindretal.

3) Sosionom, barnevernpedagog (3-årig).

Kjelder:

1980: Skolepsykologi nr. 1/1981.

1985: Kiil: Fra PP-tjenestens arbeidsfelt, kartlegging av PP-tjenesten. 1989.

1994: Fagleg eining for PP-tenesta 1995.

1996: Fagleg eining for PP-tenesta 1997.

Tabell 1.20 Utdanningsnivået for fagpersonell i PP-tenesta og i statlege spesialpedagogiske kompetansesenter. Eksklusive merkantilt personell med mindre enn 3-årig utdanning. 1996

Utdanningsnivå	PP-tenesta i alt		Landsdekkjande kompetansesentra		Regionale kompetansesentra		Kompetansesentra i alt	
	personar	%	personar	%	personar	%	personar	%
Hovudfag eller høgare 1) 3-årig pedagogisk ut- danning eller høgare 2)	586	41%	187	25%	139	46%	326	31%
3-årig sosialfagleg/sosial- pedagogisk utdanning el- ler høgare 3)	698	49%	338	46%	93	30%	431	42%
	149	10%	210	29%	72	24%	282	27%
Sum fagpersonell 4)	1.433	100%	735	100%	304 5)	100%	1.039	100%

1) Cand. psychol., cand. paed., cand. paed. spec., cand. polit.

2) Spesialpedagog 2. avd., logoped, lærar og førskulelærar.

3) Sosionom, barnevernpedagog, vernepleiar.

4) For PP-tenesta er talmaterialet basert på talet på personar utan omsyn til stillingsbrøk (1 433 personar, 1 393 stillingsheimar + dei heimlane i Nord-Noreg som er finansierte av Programmet for Nord-Noreg). For kompetansesenter er talmaterialet basert på årsverk. I PP-tenesta er det i tillegg merkantilt personell, og i kompetansesentra merkantilt personell og anna personell med mindre enn 3-årig utdanning.

5) Eksklusive Sandfallet.

Kjelder: Styret for dei landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesentra 1996. Evalueringsrapport 1992-95.

Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesentra 1996. Rapport om verksemda 1992-95. Fagleg eining for PP-tenesta 1997.

Tabell 1.21 Utdanningsnivå for fagpersonell i PP-tenesta. Fylkesvis oversikt 1996. Avrunda prosenttal. A = absolutte tal

Fylke	Fagpersonar etter utdanningsnivå 1)																			
	Cand. psychol.		Cand. paed.		Cand. paed. spec.		Cand. polit.		Sosionom		Barne- verns- pedagog		Spesial- ped. 2.avd		Logoped		Andre		Totalt	
	A	%	A	%	A	%	A	%	A	%	A	%	A	%	A	%	A	%	A	%
Østfold	8	12	8	12	11	17	2	3	4	6	2	3	18	27	10	15	3	5	66	100
Akershus	44	31	13	9	9	6	15	11	14	10	1	1	33	23	8	6	6	4	143	100
Oslo	31	41	5	7	12	16	2	3	18	24	0	0	7	9	0	0	0	0	75	100
Hedmark	11	19	2	3	3	5	4	7	3	5	1	2	26	45	6	10	2	4	58	100
Oppland	8	11	3	4	2	3	6	8	4	6	0	0	28	39	9	12	12	17	72	100
Buskerud	21	30	6	9	2	3	4	6	10	14	1	1	12	17	10	14	4	6	70	100
Vestfold	16	25	4	6	1	2	10	16	5	8	0	0	14	22	10	15	4	6	64	100
Telemark 2)	7	13	2	4	5	9	6	11	5	9	2	4	18	33	7	13	2	4	54	100
Aust-Agder	9	26	0	0	3	8	2	6	2	6	0	0	11	31	7	20	1	3	35	100
Vest-Agder	6	10	2	3	1	2	10	16	7	12	2	3	14	23	16	26	3	5	61	100
Rogaland	33	28	4	3	3	3	20	17	10	9	2	2	23	20	17	15	4	3	116	100
Hordaland	51	44	3	2	0	0	1	1	9	8	0	0	17	15	25	22	9	8	115	100
Sogn og Fjordane	6	13	1	2	0	0	0	0	4	9	1	2	19	40	14	30	2	4	47	100
Møre og Romsdal	16	17	6	7	2	2	11	12	5	5	0	0	31	33	16	17	6	7	93	100
Sør-Trøndelag	21	18	2	2	0	0	13	11	9	8	3	2	39	33	22	18	10	8	119	100
Nord-Trøndelag	2	5	0	0	1	2	12	29	0	0	0	0	17	42	7	17	2	5	41	100
Nordland	14	15	3	3	5	5	10	11	7	7	2	2	43	44	10	10	3	3	97	100
Troms	9	15	4	7	0	0	9	15	4	7	4	7	16	27	10	17	3	5	59	100
Finnmark	0	0	0	0	0	0	8	17	5	11	3	6	24	50	5	10	3	6	48	100
Sum landet	313		68		60		145		125		24		410		209		79		1433	
Sum landet i %		22		5		4		10		9		2		29		14		5		100

1) Oppgitt for kvar person utan omsyn til stillingsbrøk. Talet på personar her er derfor noko større enn talet på oppretta fagstillingar (1 393 fagstillingar).

2) Fordelinga av fagpersonar under spesialpedagog 2. avd. og logoped kan vere noko tilfeldig. Opplysningar frå eitt PP-kontor manglar.

Kjelde: Fagleg eining for PP-tenesta 1997.

Tabell 1.22 Arbeidsprofilen i PP-tenesta. Faktisk og ønskt prioritering. 1996

Type arbeidsoppgåver	Faktisk prioritering	Ønskt prioritering
Individuelt arbeid med enkeltindivid/foreldre	42 %	35 %
Systemretta arbeid med barnehage/skole/lærebedrift	28 %	32 %
Samarbeid med andre etatar/instansar	16 %	17 %
Internt arbeid/leing	14 %	16 %
Sum	100 %	100 %

for departementet om faktisk og ønskt arbeidsprofil. Undersøkinga viste at PP-tenesta sjølv ønskte ei viss dreining av arbeidsprofilen frå individretta arbeid til systemretta arbeid, jf tabell 1.22. Dette forholdet blir nærmare diskutert i kap 4.

## 7. KOSTNADENE I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR TIL SPESIALUNDERVISNING/SÆRSKILT TILRETTELAGD OPPLÆRING

Tabell 3.9 i kapittel 3 gir eit samla tal på spesialundervisning/særskilt tilrettelagd opplæring (enkeltvedtak) lokalt i kommunar/fylkeskommunar tilsvarende 3 660 mill kroner (11 410 årsverk) pr 1995. Berekningsgrunnlaget framgår av pkt 7.1 – 7.4 nedanfor.

### 7.1 Grunnskule

Kommunane skal føre utgifter til spesialundervisning på kap 1.260 – 1.264 i kommunerekneskapen. Ofte blir utgiftene ikkje skilde ut, men førte saman med utgifter til vanleg undervisning. For å få fram utgiftene til spesialundervisning på nasjonalt nivå har departementet derfor teke utgangspunkt i statistisk materiale for talet på årstimar til spesialundervisning (Grunnskolen Informasjonssystem). Omrekna til årsverk inkl. konverteringsressursar utgjer dette om lag 6 700 lærarårsverk til spesialundervisning. Ut frå ei berekning av gjennomsnittleg lønn pr. lærarårsverk i grunnskulen er det lagt til 20 % for sosiale utgifter. På dette grunnlaget er dei reine lærarkostnadene til spesialundervisning i grunnskulen rekna til om lag 1 790 mill kroner i 1995. Ut i frå erfaringstal kan ein leggje til 20 % av totale lønnskostnader til andre driftsutgifter, dvs

om lag 360 mill kroner. Dette gir samla om lag 2 150 mill kroner til spesialundervisning på grunnskulens område.

### 7.2 Førskule

I utgangspunktet er det lagt til grunn same forholdstal mellom brukarar og årsverk som i grunnskulen, men med ca 20 % lågare utgifter til lønn. Dette gir om lag 1 660 årsverk og 355 mill kroner i lønnsutgifter. Legg ein til 20 % for andre driftsutgifter, gir dette samla omkring 425 mill kroner til spesialundervisning for førskulebarn.

### 7.3 Vidaregåande opplæring

På oppdrag frå departementet har Statistisk Sentralbyrå tidlegare berekna kostnadene til særskilt tilrettelagd opplæring i vidaregåande skule til om lag 542 mill kroner. Talet inkluderer undervisning ved sosiale og medisinske institusjonar. På den andre sida er det også i vidaregåande skule slik at utgifter til spesialundervisning ikkje alltid blir skilde frå andre utgifter til opplæring. Med utgangspunkt i same forholdstal mellom brukarar og årsverk som i grunnskulen, men med ca 15 % høgare lønnsnivå, gir dette om lag 1 950 årsverk og 720 mill kroner til særskilt tilrettelagt opplæring. Dette er truleg noko lågt rekna.

### 7.4 Vaksenopplæring

Her er teke utgangspunkt i oppgitte tal for lærartimar i 1995 (762 245 timar). Ein har rekna kostnadene tilsvarende som for lærartimar på ungdomssteget. Dette gir ein berekna lærarkostnad på om lag 305 mill kroner som svarer til omkring 1 100 årsverk. Med 20 % tillegg til andre driftsutgifter gir dette samla omkring 365 mill kroner til spesialundervisning innanfor vaksenopplæringa.

### 7.5 Andre kommunale og fylkeskommunale utgifter knytte til spesialundervisning

I tillegg til dei ovannemnde utgiftene på 3 660 mill kroner lokalt kjem om lag 595 mill kroner (1 700 årsverk) til kommunal og fylkeskommunal spesialundervisning i særskilte organisatoriske tiltak og ca 485 mill kroner til PP-tenesta (1 568 årsverk) pr 1995, jf kap 3.2.4 og tabell 3.9.

**Vedlegg 2****Det statlege støttesystemet for spesialundervisning****1 STATLEGE SPESIALPEDAGOGISKE KOMPETANSESENTER****1.1 Omorganiseringa av statlege spesialskular til kompetansesenter**

Talet på statlege og kommunale spesialskular og på elevar i desse skulane var høgst omkring 1980. Ut over på 1980-talet gjekk tala ned til omkring 80 skular og knapt 2.300 elevar i 1991–92. Av dei var 43 skular statsdrivne (41 statlege + 2 private). Frå 1. august 1992 vart 28 av desse omorganiserte til 20 (18 statlege og 2 private) kompetansesenter, og her var det da omkring 670 heiltidselevar igjen.

Av dei 15 skulane som da stod att, vart fire lagde ned og 11 overførte til anna forvaltningsnivå og/eller annan sektor frå 1. august 1992:

**Nedlagde**

- Glitrehaug skule (lærevanskar)
- Breili vidaregåande skule (lærevanskar)
- Varna skule (åtfersvanskar)
- Elvemo skule (åtfersvanskar)

**Overførte**

- Øvsttun skule (åtfersvanskar) til barnevernet i Hordaland
- Røvika skule (åtfersvanskar) til barnevernet i Nordland
- Åsgård skule (åtfersvanskar) til barnevernet i Buskerud
- Trogstad skule (åtfersvanskar) til barnevernet i Rogaland, Hordaland, Sør-Trøndelag, Akershus og Oslo
- Hassel skule (åtfersvanskar) til Justisdepartementet
- Sævarhagen skule (åtfersvanskar) til Stord kommune
- Solheim skule (lærevanskar) til ein interkommunal offentleg stiftelse
- Nordstumboen vidaregåande skule (lærevanskar) til Hedmark fylkeskommune
- Langbakken vidaregåande skule (lærevanskar) til Nordland fylkeskommune
- Kjelle vidaregåande skule (lærevanskar) til Akershus fylkeskommune
- Vold vidaregåande skule (lærevanskar) til Oppland fylkeskommune

Dei 28 gjenverande skulane vart omorganiserte til 13 landsdekkjande og 7 regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter; kvar gruppe med sitt eige styre. Dei fleste landsdekkjande sentra har likevel regionaliserte opptaksområde, og fleire regionale senter har landsdekkjande oppgåver. Dette framgår nærmare av pkt. 1.4 og 1.5 nedanfor.

**Landsdekkjande statlege og private spesialpedagogiske kompetansesenter***Synssektoren*

- Huseby kompetansesenter (inkl. Hovseter barnehage), Oslo
- Tambartun kompetansesenter, Sør-Trøndelag

*Hørselssektoren*

- Skådalen kompetansesenter, Oslo
- Nedre Gausen kompetansesenter, Vestfold
- Vestlandet kompetansesenter (inkl. Hunstad, Bjørkåsen og Kongstein skular), Hordaland og Rogaland
- Møller kompetansesenter (inkl. Trondheim off. skule og Vikhov skule), Sør-Trøndelag
- Andebu kompetansesenter (AKS), Hjemmet for døde, Vestfold (privateige, stiftelse, avtalebasert)
- Briskeby kompetansesenter, Oslo (privateige, Hørselshemmedes Landsforbund, avtalebasert)

*Sosiale og emosjonelle vanskar*

- Rogneby kompetansesenter, Oppland
- Lillegården kompetansesenter, Telemark
- Senter for åtfersforskning (inkl. Lindøy skule), Rogaland

*Språk-, tale-, lese- og skrivevanskar*

- Bredtvet kompetansesenter (inkl. Halmrast skule), Oslo og Oppland
- Senter for leseforskning, Rogaland

**Regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter***Samansette lærevanskar (inkl. psykisk utviklingshemming)*

- Birkelid kompetansesenter (inkl. Lunde skule), Vest-Agder og Aust-Agder

- Eikelund kompetansesenter, Hordaland
- Ekne kompetansesenter (inkl. Røstad skule), Nord-Trøndelag
- Søreide kompetansesenter, Sogn og Fjordane
- Torshov kompetansesenter, Oslo
- Øverby kompetansesenter (inkl. Elton skule), Oppland
- Sandfallet kompetansesenter, Finnmark (under styret for Programmet for Nord-Noreg)

### Andre senter

I tillegg er det fire regionsenter for døvblindfødde: Ved Solveigs Hus, Hjemmet for døve (stiftelse), ved Skådalen kompetansesenter, ved Vestlandet kompetansesenter og ved Regionsenteret for døvblindfødde i Nord-Noreg (det sistnemnde under Programmet for Nord-Noreg). Disse blir delvis finansierte av Sosial- og helsedepartementet (den utoverretta/konsultative verksemda) og kommunane (budelen).

Frå 1. januar 1995 vart Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning overførte til høgskulesektoren og underlagde Høgskulen i Stavanger, mens den tidlegare Lindøy skule vart overført til Rogaland fylkeskommune. Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning har likevel framleis tilknytning til kompetansesentersystemet gjennom økonomiske overføringar og målstyring frå styret for landsdekkjande senter.

### 1.2 Oppgåver og produksjon ved kompetansesentra

Dei overordna måla for kompetansesentra har vore å

- medverke til at dei opplæringsansvarlege – kommunane og fylkeskommunane – får rettleiing og støtte for å sikre kvaliteten på opplæringstilbodet for personar med store funksjonsvanskar
- utvikle spesialpedagogisk kompetanse for barn, unge og vaksne med store og samansette behov gjennom kartlegging, diagnostisering, rådgiving og utviklingsarbeid
- sikre skule- og miljøtilbod for elevar når lokalsamfunnet manglar kompetanse (spesielt aktuelt med heiltidsopplæring i hørselssektoren)
- tilby foreldre, lærarar og andre fagpersonar m m kurs og etterutdanning (kompetansspreiing)
- ta del i forplikande nettverksarbeid omkring enkeltelevar (tverrfagleg og tverretatleg samarbeid)

I 1992 hadde kompetansesentra svært ulike føresetnader for å realisere desse måla. Somme senter kunne i hovudtrekk halde fram det arbeidet dei hadde drive dei siste 5–10 åra. Andre måtte leggje om tenesteprofilen frå hovudvekt på rein skuledrift til verksemd utoverretta mot kommunesektoren i form av kartlegging, diagnostisering, rådgiving, kursverksemd m m. Enkelte senter hadde personale med kompetanse på hovudfagsnivå, andre hadde få tilsette med slike formelle faglege kvalifikasjonar. Det vart derfor iverksett eit et-

ter- og vidareutdanningsprogram ved Institutt for spesialpedagogikk, Universitetet i Oslo og ved Avdeling for økonomi-, kommunal- og sosialfag, Høgskulen i Oslo. Det vart dessutan etablert ei omstillingseining. Det har elles skjedd nyrekruttering til sentra, men evalueringsrapportane frå styra for 1992–1995 viser at dette ikkje har tappa lokalsamfunna eller PP-tenesta for kvalifisert arbeidskraft; det har vore gjensidig rekruttering.

Gjennom omfattande planlegging og styring er tenesteprofilen ved sentra, sedde under eitt, monaleg endra i løpet av omstillingsperioden 1992–1995. Tenestene er i dag, langt meir enn før, retta mot kommunar og fylkeskommunar. Dette er i samsvar med dei mål Stortinget sette for omstillinga. Men det er framleis heller store variasjonar frå senter til senter når det gjeld tenesteprofilen og vektlegginga av oppgåvene; dette er avhengig av ulike lokale behov, ulike behov i forskjellige vanskegrupper, ulik kompetanse og kultur ved sentra m m.

Å utarbeide informative oversiktstabellar som viser utviklinga i tenesteproduksjonen og ressursbruken ved sentra er komplisert, da ein her har senter med ulik tradisjon og svært ulike arbeidsområde. Registrerings- og klassifikasjonssystemet for tenesteproduksjonen (KIS – Kompetansesentra sitt informasjonssystem) vart utvikla i 1994 og teke i bruk i 1995. Når produksjonstala har vore gjennomgådde – særleg for dei første åra – har det vist seg å vere ulike definisjonar av dei omgrepa som har vore nytta, både mellom senter og over tid. Dei produksjonstala som kjem ut, er derfor noko usikre og ikkje fullt ut samanliknbare. Likevel gir dei eit godt bilete av tendensane i tenesteproduksjonen. Systemet er framleis under utvikling og tilpassing, og å sikre eintydig omgrepsbruk er ein viktig del av dette arbeidet.

Rekneskapstala er hovudsakleg henta frå statsrekneskapen. Det har berre til ein viss grad vore mogleg å splitte opp statsrekneskapstala frå tidlegare år på alle dei ulike formål som er omtalte i denne meldinga og som blir finansierte på statsbudsjettet kap 0243. Det er derfor supplert med opplysningar frå andre kjelder, som årsmeldingar og tildelingsbrev.

Oversikt over tenesteproduksjonen ved kompetansesentra i 1994, 1995 og 1996 framgår av tabell 2.1. Aktivitetstal for tidlegare år kan ikkje givast eksakt, jf forklaringa ovanfor. Tabellen gir produksjonstal samla for dei respektive landsdekkjande og regionale sentra. Mellom dei ulike sentra kan det vere heller store variasjonar i produksjonsprofilen, spesielt mellom dei landsdekkjande sentra som dekkjer svært ulike vanskegrupper. Det høge talet på heilårselevar og internatar ved dei landsdekkjande kompetansesentra kjem i det vesentlege av elevtala ved døveskulane, jf nærmar detaljar i tabell 2.2 og 2.6. Godt over halvparten av utgreiingane ved dei landsdekkjande sentra blir gjorde av Bredtvet (språk-, tale-, lese- og skrivevanskar) åleine.

For fleire utoverretta aktivitetar har det vore auka

Tabell 2.1 Tenesteproduksjon ved statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1994 – 1996, eksklusive Programmet for Nord-Noreg

Type aktivitet (produksjon)	Landsdekkjande kompetansesenter			Regionale kompetansesenter		
	1994	1995	1996	1994	1995	1996
Opplæring langtid (over 12 veker), omrekna til heilårselevar 1)	364	321	332	42	27	18
Internatår, omrekna til heilår	119	109	105	17	5	3
Opplæring korttid (under 12 veker), elevar	564	925	1.145	0 4)	0 4)	0 4)
Utgreiingar inkl. lokal oppfølging 2)	2.472	2.729	2.646	926	1.285	1.410
Konsultasjon, rådgiving 3)	1.945	2.002	1.569	648	695	1.056
Kurs for brukarar, foreldre, samarbeidspartnarar mm						
– kursdagar	1.426	2.392	3.356	652	435	348 5)
– deltakarar	14.039	23.161	27.213	12.193	8.235	4.600 5)

1) Omrekna til elevår: 12–22 vekers opphald = 0,5 elevår/heilårselev 23–38 vekers opphald = 1,0 elevår/heilårselev

2) Utgreiingar er saker der senteret har hatt ansvar for forundersøking, diagnostisering og tiltaksrådgiving, og etterarbeid med oppfølging (internt og eksternt). Tala er noko usikre.

3) Konsultasjon og rådgiving er saker der senteret gir konsultasjon, råd, rettleiing eller fråsegn, men der samarbeidsparten har saksansvaret. Tala er noko usikre.

4) Opplæring som er gitt i samband med utgreiingsopphald, er registrert som utgreiing.

5) Eksklusive Torshov kompetansesenter.

Kjelder: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1996. Evalueringsrapport 1992–1995 og årsmeldingar 1994 – 1996.

Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1996. Rapport om verksemda 1992–1995 og årsmeldingar 1994–1996.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Tabell 2.2 Heilårsopplæring (ordinær skuledrift over 12 veker i førskule og skule) ved statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1992–93 til 1997–98

Sektor	1992		1993		1994		1995		1996		1997	
	Tal ele- var 1)	Om- rekna elevår 2)										
Landsdekkjande:												
Syn	63	46	66	41	47	25	13	6	0	0	0	0
Hørsel	403	334	381	333	383	330	365	306	386	322	384	324
Døvblinde	14	13	14	12	11	9	9	9	10	10	10	
Åtferd 3)	11	6	4	2	0	0	0	0	0	0	0	0
Språk og tale	6	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Regionale: Samansette lærevanskar 4) 5)	176	ca. 131	118	85	66	42	30	27	21	18	12	11
Sum	673	533	583	473	507	406	417	348	417	350	406	345

(Merknad: Dei oppgitte tala her for hørsel er for høgt for heile perioden 1992–1997. Dette skuldast at det skjedde ein dobbelttelling dels av kurselevar, dels av heilårselevar ved overgangsfasen mellom skuleslaga, dvs. ved overgang frå førskule til grunnskule og frå grunnskule til vidaregåande skule. Tendensen i talaterialet (stabilitet i elevtalet) er imidlertid riktig. Korrekt elevtal pr. 1. mars 1998 er 308 heilårselevar innanfor hørsels- og døvblindesektoren tilsaman. Dette framgår av tabell 2.6)

1) Tal på langtidselevar ved slutten av skuleåret.

2) Omrekna til elevår: 12–22 vekers opphald = 0,5 elevår/heilårselev og 23–38 vekers opphald = 1,0 elevår/heilårselev.

3) Eksklusive heilårselevar ved Rogneby som Oppland fylkeskommune har betalt for.

4) Eksklusive heilårselevar ved Øvergården skule som har vore administrert av Ekne kompetansesenter, men finansiert av 3 fylkeskommunar (21 heilårselevar i 1992, avvikla etter 1995–96).

5) Av desse fekk 36 elevar i 1992 garanti for å få fullføre grunnskulen ved Torshov kompetansesenter. Dei siste elevane avsluttar opplæringa ved Torshov omkring år 2001. 18 elevar fekk en slik garanti ved Øverby; her er det frå hausten 1996 ingen elevar igjen.

Kjelder: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesentra.

Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesentra

Tabell 2.3 Tenesteprofilen ved dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra 1994 – 1996, eksklusive Programmet for Nord-Noreg, Senter for leseforsking og Senter for åtferdsforsking. Avrunda tal

Type aktivitet	Landsdekkjande kompetansesenter, prosentdel av årsverka			Regionale kompetansesenter, prosentdel av årsverka		
	1994	1995	1996	1994	1995	1996
Opplæring langtid (over 12 veker)	39%	37%	35%	24%	11%	5%
Opplæring korttid (under 12 veker)	7%	7%	8%	0%	0%	0%
Utgreiingar inkl. lokal oppfølging 1)	11%	12%	10%	55%	77%	65%
Konsultasjon, rådgiving 2)	8%	8%	8%	13%	3%	9%
Kurs	5%	6%	8%			1%
Kunnskaps-/informasjonsspreiing	2%	5%	3%	3%	3%	4%
Læremiddelproduksjon	5%	4%	4%			3%
FoU	6%	6%	6%	5%	6%	3%
Anna	17%	15%	18%	Fordelt ovanfor	Fordelt ovanfor	10%
Sum	100%	100%	100%	100%	100%	100%

1) Utgreiingar er saker der senteret har hatt ansvar for forundersøking, diagnostisering og tiltaksrådgiving, og etterarbeid med oppfølging (internt og eksternt). Tala er noko usikre.

2) Konsultasjon og rådgiving er saker der senteret gir konsultasjon, råd, rettleiing eller fråsegn, men der samarbeidsparten har saksansvaret.

Kjelder: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesentra 1996.

Evalueringsrapport 1992–1995. Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesentra 1996. Rapport om verksemda 1992–1995. Årsmeldingar og anna statistisk materiale frå styra.

tenesteyting både ved dei landsdekkjande og dei regionale sentra frå 1994 til 1996. For langtidsopplæringa har det likevel samla sett vore sterk nedgang i talet på heilårselevar, frå knapt 700 i 1992 til vel 400 i 1997, jf spesifisert oversikt i tabell 2.2. Innanfor synssektoren, åtferdssektoren og språk-, tale-, lese- og skrivesektoren er heiltidsopplæringa ved sentra no heilt avvikla. Innanfor dei regionale kompetansesentra er det no berre heilårselevar ved Torshov kompetansesenter, der elevane i 1992 fekk garanti for å få fullføre grunnskulen ved senteret.

Ved døveskulane har talet på heilårselevar vore tilnærma stabilt i perioden 1992 – 1997, jf tabellane 2.2 og 2.6. Pr. mars 1998 er det vel 300 heilårselevar innanfor hørsel- og døvblindesektoren, jf tabell 2.6.

Det er såleis særleg hørselsentra som nyttar større ressursar til heilårsopplæring og internatverksemd. Omkring 2/3 av ressursane ved desse sentra går til døveskulane inklusive internatdrifta. 1/3 av ressursane går til den meir utoverretta kompetansesenterverksemda.

Tabell 2.3 viser den samla tenesteprofilen ved kompetansesentra i 1994 – 1996 uttrykt ved fordelinga av ressursane (målte i årsverk) til ulike slag aktivitetar.

### 1.3 Ressursar ved kompetansesentra i løpande og faste prisar

Tabell 2.4 viser utviklinga i ressursbruken ved dei enkelte kompetansesentra i perioden 1993–1996 målt i netto driftsutgifter og årsverk.

Målt i løpande prisar har det vore ein svak auke i ressursbruken ved kompetansesentra i perioden. I tillegg har komme kostnader til omstillingseininga, som gjer at den samla ressursbruken har auka ytterlegare.

Hørselssektoren har stått for ein ikkje liten auke, mens det innanfor dei andre sektorane, unnateke språk/tale (Bredtvet), har vore reduksjonar. Ved dei regionale sentra har det vore ein reduksjon i husleigeutgiftene i perioden frå 33,5 til 30,4 mill kroner, mens det har vore ein auke i husleiga ved dei landsdekkjande sentra frå 45 til 53 mill kroner frå 1992 til 1996.

Tilgjengeleg talmateriale viser at det har vore ein viss nedgang i talet på årsverk i bruk ved sentra totalt (ca. 5 %), men tilnærma stabilitet innanfor hørselssektoren. Det har vore størst reduksjon ved kompetansesentra for samansette lærevanskar og ved Bredtvet. Kvaliteten i rapporteringa av personalressursar har vore noko varierende når det gjeld stillingar som ikkje krev heimel. Tabell 2.4 skulle likevel gi eit representativt bilete av utviklinga. Det høyrer med at i løpet av perioden er mange tilsette overførte til omstillingseininga (sjå tabell 2.4). Talet på årsverk i kompetansesentersystemet inklusive omstillingseininga har såleis auka i perioden 1993–1996 med om lag 2 %.

Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen har i Innst. S. nr. 224 (1995–96) bede om ei spesifisert oversikt over den økonomiske utviklinga ved dei enkelte sentra i løpet av omstillingsperioden. For å få fullt ut samanliknbare tal over tid, er tala i tabell 2.4 derfor presentert i tabell 2.5 i faste 1996-prisar.

Som det går fram av tabell 2.5, har det innanfor hørselssektoren vore stabilitet i ressursbruken i åra 1993–1996 målt i faste prisar. Innanfor dei andre sektorane er ressursbruken noko redusert, relativt sett mest for dei to åtferdsentra. Her har det likevel vore auka løyvingar til Senter for åtferdsforsking som ikkje inngår i tabell 2.4 og 2.5. Medrekna omstillingseininga har den samla ressursbruken i samband med kom-

Tabell 2.4 Ressursbruk ved statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1993–1996, og kjøp av tenester ved private senter. Netto driftsutgifter i mill. kroner, løpande prisar. Omfattar utgiftspostane 01, 11 og 21 på statsbudsjettet kap 0243, fråtrekte korresponderande inntekter på postane 01, 15 og 16 på kap 3243 \*. Inklusive døvblindsenter, eksklusive Programmet for Nord-Noreg, Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning

Kompetansesenter	1993		1994		1995		1996	
	Mill kr	Årsverk						
Syn:								
Huseby	45,7	128	44,5	147	46,6	126	46,5	119
Tambartun	37,2	88	34,5	91	35,2	87	35,4	83
Sum syn	82,9	216	79,0	238	81,8	213	81,9	202
Hørsel:								
Skådalen 1)	34,3	110	33,7	108	33,2	113	33,4	104
Nedre Gausen	15,9	48	16,7	49	17,4	48	17,4	44
Vestlandet 1)	54,5	180	54,3	189	58,4	174	63,5	212
Møller	43,6	130	45,3	141	46,0	118	45,3	115
Andebu, Hjemmet for døve	28,2	82	31,4	91	33,0	91	34,3	85
Solveigs Hus	0,7	2	0,7	2	0,7	2	0,7	2
Briskeby	12,1	32	11,8	26	11,9	33	11,9	32
Sum hørsel	189,3	584	193,9	606	200,6	579	206,5	594
Sosiale og emosjonelle vanskar:								
Rogneby 2)	7,4	14	6,8	16	7,3	17	6,5	15
Lillegården	8,4	19	8,5	18	8,4	17	7,5	15
Sum sosiale og emosjonelle vanskar	15,8	33	15,3	34	15,7	34	14,0	30
Språk/tale:								
Bredtvet (sum)	40,6	147	43,6	126	42,5	124	42,8	123
Samansette lærevanskar:								
Birkelid	31,8	83	33,2	74	30,7	80	29,8	75
Eikelund	28,5	82	29,9	77	29,4	74	31,0	78
Ekne 3)	29,7	51	23,6	52	24,7	53	24,2	50
Søreide	18,7	55	20,1	43	16,1	34	14,3	31
Torshov	23,5	58	28,7	62	30,3	63	30,3	63
Øverby	34,9	89	36,5	66	33,2	82	33,6	80
Sum samansette lærevanskar	166,7	418	172,0	374	164,4	386	163,2	377
Sum ekskl. omst.eininga	495,3	1,398	503,8	1,378	505,0	1,336	508,4	1,326
Omstillingseininga: 4)								
Det regionale styret			4,7		10,2		12,3	
Det landsdekkjande styret			0,8		5,4		9,1	
Styret for Programmet for Nord-Noreg			0,3		0,6		0,6	
Sum omstillingseiniga	0,0	0	5,8	45	16,2	76	22,0	100
Sum inkl. omst.eininga	495,3	1,398	509,6	1,423	521,2	1,412	530,4	1,426

1) Eksklusive midler frå Sosial- og helsedepartementet til utoverretta tiltak for døvblindfødde, men inklusive årsverk.

2) Ekskl. kostnader og årsverk tilknytte barnevernsverksemd finansierte av Oppland fylkeskommune.

3) Årsverkstala for Ekne er dels baserte på skjønn, idet tilgjengeleg materiale ikkje klart har skilt ut den delen av verksemda som gjeld sal av tenester vedr. Øvergården skule.

4) Omstillingseininga vart oppretta 1.4.94. Personar tilknytte omstillingseininga varierer i løpet av året. Årsverk er berekna ut frå eit gjenomsnitt. Tala her inkluderer Programmet for Nord-Noreg og administrasjonsutgifter som blir belasta dei tre styra.

\*) I tillegg kjem utgifter på post 45 Store nyinnkjøp og utgifter til styre/sekretariat, prosjekt mv

Kjelder: Statsrekneskapen, evalueringsrapportar og årsmeldingar mv frå styra og kompetansesentra

Tabell 2.5 Ressursbruk ved statlege spesialpedagogiske kompetansesenter 1993–1996, og kjøp av tenester ved private senter. Netto driftsutgifter på statsbudsjettet kap 0243 og 3243 som definert i tab. 2.4. Beløp i mill. kroner, omrekna til faste 1996-prisar 1). Inklusive døvblindesenter, eksklusive Programmet for Nord-Noreg, Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning

Kompetansesenter	1993	1994	1995	1996
	Mill kr	Mill kr	Mill kr	Mill kr
Syn:				
Huseby	49,7	47,3	48,2	46,5
Tambartun	40,4	36,7	36,4	35,4
Sum syn	90,1	84,0	84,6	81,9
Hørstel:				
Skådalen	37,3	35,9	34,3	3,4
Nedre Gausen	17,3	17,7	18,0	17,4
Vestlandet	59,3	57,8	60,4	63,5
Møller	47,4	48,2	47,6	45,3
Andebu, Hjemmet for døve	30,8	33,6	34,2	34,3
Solveigs Hus	0,8	0,7	0,7	0,7
Briskeby	13,2	12,6	12,3	11,9
Sum hørsel	206,1	206,5	207,5	206,5
Sosiale og emosjonelle vanskar:				
Rogneby	8,0	7,2	7,6	6,5
Lillegården	9,1	9,0	8,7	7,5
Sum sosiale og emosjonelle vanskar	17,1	16,2	16,3	14,0
Språk/tale:				
Bredtvet (sum)	44,3	46,5	44,0	42,8
Samansette lærevanskar:				
Birkelid	34,6	35,3	31,7	29,8
Eikelund	30,9	31,8	30,4	31,0
Ekne	31,8	25,1	25,5	24,2
Søreide	20,3	21,4	16,6	14,3
Torshov	25,5	30,5	31,4	30,3
Øverby	37,9	38,8	34,3	33,6
Sum samansette lærevanskar	181,0	182,9	169,9	163,2
Sum ekskl. omstillingseininga	538,6	536,1	522,3	508,4
Omstillingseininga	–	6,2	16,8	22,0
Sum inkl. omstillingseininga	538,6	542,3	539,1	530,4

1) Ved omrekning til faste 1996-kroner er nytta følgjande deflatorar:

Lønnsutgifter – deflator knytt til lønnsoppgeret i staten

Husleige – deflator på 75% av konsumprisindeksen

Utgifter elles – deflator lik konsumprisindeksen

Kjelder: Evalueringsrapportar frå styra 1992 – 1995 og statsrekneskapen. Årsmeldingar frå styra 1996.

petansesentersystemet vore tilnærma stabil i perioden, i faste prisar.

#### 1.4 Utviklinga ved dei enkelte kompetansesentra og sektorvis utvikling etter 1992

I dette avsnittet blir det gjort kort og stikkordsmessig greie for utviklinga ved dei enkelte kompetansesentra og den sektorvise utviklinga. Til slutt blir det gitt ei

oversikt over bruken av personalressursane til ulike typar tiltak ved sentra.

##### 1.4.1 Verksemd under styret for dei landsdekkjande kompetansesentra

###### Kompetansesenter på synssektoren

Sektoren er dekt av dei to synssentra Tambartun, Sør-Trøndelag og Huseby, Oslo. Dei hadde ulike utgangspunkt ved overgangen frå spesialskule til kompetanse-

Tabell 2.6 Heilårsopplæring (førskule og skule over 12 veker): Tal på elevar (ikkje omrekna) ved statlege landsdekkjande spesialpedagogiske kompetansesentra for hørsel og døvblinde 1995 – 1997 1) og pr 1. mars 1998, fordelte på skular og opplæringsnivå

Skule/senter	Førskule			Grunnskule			Vidaregåande skule			Sum			Elevtal 1. mars 1998
	95	96	97	95	96	97	95	96	97	95	96	97	
Møller				45	48	52		5	4	45	53	56	45
Skådalen	25	25	18	56	70	57	1	1	1	82	96	76	73
AKS				5	4	7	8	10	8	13	14	15	14
Nedre Gausen				28	24	25				28	24	25	18
Hunstad, Vest- landet	8	10	1	60	64	67			1	68	74	69	54
Briskeby							53	39	46	53	39	46	
						17							
Bjørkåsen, Vestlandet							60	69	79	60	69	79	58
Kongstein, Vestlandet							25	27	28	25	27	28	29
Sum	33	35	19	194	210	208	147	151	167	374	396	394	308

1) Tala er gjennomsnittstal for vår og haust kvart år. Kolonna til høgre gjeld pr 1. mars 1998 og er basert på eksakt elevteljing. På bakgrunn av m a dobbeltteljing av heilårselevar i overgangsfasen mellom skuleslaga er tala for åra 1995–1997 i tabellen her for høge, jf nærmare merknader til tabell 2.2.

senter i 1992. Tambartun (førskule og barnesteget på grunnskulen) hadde avvikla skuleavdelinga alt på 1980-talet. Hovseter kurssenter for synshemma førskulebarn og Huseby utdanningscenter for synshemma ungdom og vaksne var to uavhengige institusjonar som i 1992 vart slått saman til eitt senter. Ved Huseby er det i løpet av omstillingsperioden gjennomført omfattande organisasjonsendringar for å møte dei nye oppgåvene. Sentra dekkjer no ulike geografiske område i landet, mot tidlegare ulike aldersgrupper. Skuledrifta for heiltidselevar ved Huseby vart avvikla i første halvår 1995.

Tala på utgreiingar og korttidsopphald ved sentra auka i perioden, parallelt med at den lokale kompetansen har auka og mindre krevjande saker i større grad blir utgreidde og behandla lokalt. Den lokale utviklinga gjeld særleg synspedagogtenesta og kompetansehevinga ved hjelpemiddelcentralane på fylkesplanet for brukarar og samarbeidspartnarar. Omfanget av dette har auka i perioden. Læremiddelproduksjonen har vore noko mindre enn etterspørselen, spesielt gjeld dette punktskriftbøker for vidaregåande skule. Det har elles vore ein svak auke i omfanget av FoU-arbeid ved synssentra.

Det har vore ein svak nedgang i ressursane, men sterk auke (3-dobling) i talet på tilsette med hovudfagskompetanse. Ca 7 % av dei tilsette ved synssentra er sjølv synshemma.

### Kompetansesenter på hørselssektoren

Sektoren er dekt av seks hørselssentra, av desse to private (Briskeby og AKS – Andebu kompetansesenter).

Skådalen, Nedre Gausen, Vestlandet og Møller kompetansesenter har relativt likt oppgåvespekter. En-

kelte landsdekkjande funksjonar er delte mellom sentra. Arbeids- og funksjonsfordelinga for sentra er fastsett slik etter ein eigen plan vedteken av styret:

Møller kompetansesenter: Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark.

Vestlandet kompetansesenter: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane – landsdekkjande opptaksområde for vidaregåande opplæring.

Skådalen kompetansesenter: Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark og Oppland.

Nedre Gausen kompetansesenter: Aust-Agder, Vest-Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud.

Briskeby kompetansesenter: Landsdekkjande oppgåver for tunghørte unge og vaksne.

AKS: Landsdekkjande oppgåver for hørselshemma med ulike funksjonshemmingar.

Omkring 2/3 av totalressursane ved hørselssentra er knytte til skule- og internatdrift. Samla sett har det vore tilnærma stabilitet i talet på heilårselevar ved døveskulane i perioden 1992–1997, slik det framgår av tabell 2.2. Tabell 2.6 viser talet på heilårselevar ved hørselssentra og sentra for døvblinde fordelt på dei ulike skulane og opplæringsnivåa 1995–1997, og ei eksakt elevteljing pr 1. mars 1998. Som det framgår, er elevtalet mykje redusert ved Nedre Gausen og Briskeby den seinaste tida.

Førskulebarna går til Skådalen og Vestlandet, grunnskulebarna i det vesentlege til Skådalen, Nedre Gausen, Vestlandet (Hunstad) og Møller. Briskeby og Vestlandet (Bjørkåsen og Kongstein) dekkjer det meste på vidaregåande nivå.

Det samla elevtalet i heilårstilbod ved dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra utgjør omkring

Tabell 2.7 Talet på døve og døvblinde heilårselevar 1) med teiknspråk som førstespråk, fordelt på opplæringsnivå og ulike typar skuletilbod, pr. 1. mars 1998

Opplæringsnivå	Type skuletilbod	Statlege spesialpedagogiske kompetansesentra	Hørselsklasse/avdeling/ skule (FS og GS) Knutepunkt-skule (VGO)	Vanleg heimeskule	Sum
Førskule (FS)		14	38	73	125
Grunnskule (GS)		182	119	100	401
Vidaregåande opplæring (VGO)		112	33	18	163
Sum		308	190	191	689

1) Samanhengande opplæring i meir enn 12 veker (ikkje omrekna).

Kjelde: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesentra

45% av den teiknspråklege elevgruppa i landet. Tabell 2.7 viser fordelinga av talet på døve og døvblinde heilårselevar på ulike typar skuletilbod. Som det vil framgå, er nærmare 70% av dei døve/døvblinde elevane med teiknspråk som førstespråk i vidaregåande opplæring heilårselevar ved eit statleg kompetansesenter. Tilsvarande er ca 45% av grunnskuleelevane og 11% av dei i førskulealder med teiknspråk som førstespråk, heiltidselevar ved eit statleg kompetansesenter.

Ca 1/3 av dei samla ressursane ved hørselssentra går til utoverretta verksemd til døve eller tunghørte brukarar og nettverka og samarbeidspartnarane deira lokalt.

Omfanget av korttidsopphald ved sentra har auka monaleg i perioden, særleg ved Briskeby, Møller, Nedre Gausen og Vestlandet, unnateke for vaksne. Mot slutten av perioden 1992–1995 auka omfanget av utgreiingar, mest for grunnskuleelevar, derest for førskulebarn. Vidare har omfanget av konsultasjonar og rådgiving auka, og det same gjeld kursverksemda både ved sentra og eksternt. Dessutan blir det drive FoU-verksemd og læremiddelproduksjon.

Det har vore tilnærma stabilitet i ressursbruken ved hørselssentra, men sterk auke i talet på tilsette med hovudfagskompetanse. Ca 10 % av dei tilsette ved kompetansesentra er sjølv hørselshemma teiknspråkbrukarar.

### Kompetansesenter på døvblindføddesektoren

Døvblindfødde får tilbod ved tre av hørselssentra: Skådalen, Vestlandet og Solveigs Hus, og dessutan ved Regionsenteret for døvblindfødde i Nord-Noreg (fylkeskommunalt). Det sistnemnde inngår i det spesialpedagogiske kompetansenettverket i Nord-Noreg i regi av Programmet for Nord-Noreg.

Eit fåtal personar får heilårsopplæring i skule ved sentra, jf tabell 2.2. Elles driv sentra utoverretta verksemd: utgreiingar, konsultasjonar og kursverksemd, FoU og læremiddelutvikling m m. Sosial- og helsedepartementet finansierer den utoverretta/konsultative verksemda for gruppa, og kommunane butilbodet.

Ressursane til dette går ikkje inn i talmaterialet framfor.

### Kompetansesenter på språksektoren (språk- og tale-, lese- og skrivevanskar)

Brukarane får hjelp frå to nokså ulike kompetansesenter både når det gjeld storleik, oppgåver og ansvarsområde: Bredtvet og Senter for leseforskning.

Bredtvet senter for logopedi starta omstillinga til dagens kompetansesenterverksemd på 80-talet. Senteret dekkjer desse vanskeområda, som representerer dels høgfrekvente, dels lågfrekvente grupper:

- Dysfasi: utviklingsmessige språk- og talevanskar
- Afasi: pådregne språkvanskar etter sjukdom eller hjerneskadar
- Dysartri: talevanskar med nevrologiske årsaker
- Dysleksi: lese- og skrivevanskar
- Taleflytvanskar: stamming og løpsk tale
- Stemmevanskar: stemmeforstyringar med funksjonelle og organiske årsaker
- Følgjer av leppe-, kjeve-, ganespalte
- Følgjer av laryngektomi: tap av stemme etter fjerning av strupehovudet

Bredtvet arbeider innanfor alle desse vanskeområda, med individuelle og systemretta tenester. Senter for leseforskning (SLF), som dekkjer eitt vanskeområde, har langt færre årsverk enn Bredtvet, og har eksistert frå 1989. SLF har arbeidsoppgåver både som spesialpedagogisk kompetansesenter for lesevanskar og dysleksi og som del av Høgskulen i Stavanger (frå 1995) med undervisning, forskning og rettleiing. Tildeling frå det landsdekkjande styret til SLF går ikkje fram av tabell 2.4 og 2.5.

Det har vore tilnærma stabilitet i ressurstilgangen til desse to sentra i perioden, men nedgang i talet på årsverk ved Bredtvet. Bredtvet har ei stor mengd utgreiingar. Hovudområda afasi, dysartri og stemmevanskar omfattar tenester hovudsakleg til vaksne, mens dysfasi og ganespalte i det vesentlege gjeld førskule- og grunnskulebarn. Dysleksiutgreiingar omfat-

Tabell 2.8 Årsverk brukte til ulike typar tenester ved landsdekkjande kompetansesenter. 1996. Inklusive døvblindesektoren unnateke utoverretta verksemd. Eksklusive Senter for leseforskning og Senter for åtferdsforskning. Avrunda tal

Senter/Sektor	Opp- læring langtid	Opp- læring korttid	Utgreiing/ oppfølging	Konsultasjon/ rådgjeving	Kurs	Kunn- skaps-/ info- spreiing	Lære- middel	FoU	Anna	Sum
Huseby		18	14	20	10	6	16	11	24	119
Tambartun		10	6	20	18	2	9	15	3	83
Sum syn		28	20	40	28	8	25	26	27	202
Skådalen	66	1	4	10	4	1	1	3	14	104
Nedre Gausen	20	4	3	2	5	1	0	3	6	44
Vestlandet	137	4	10	11	12	9	2	3	24	212
Møller	47	13	3	5	10	3	3	3	28	115
Andebu, Hj.for døve	35	21	3	7	3	1	2	4	9	85
Solveigs Hus 1 )					2					2
Briskeby	23	2		1	2				4	32
Sum hørsel	328	45	23	36	38	15	8	16	85	594
Rogneby				3	2	1		5	4	15
Lillegården				1	2	1		3	8	15
Sum åtferd				4	4	2		8	12	30
Bredtvet			52		4	4	3	3	57	123
Sum språk og tale			52		4	4	3	3	57	123
I alt	328	73	95	80	74	29	36	53	181	949
I alt i %	35%	8%	10%	8%	8%	3%	4%	6%	19%	101%

1) Kompetansesenterdelen utgjør berre 0,7 mill kroner.

Kjelde: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesenter: Årsmelding 1996.

tar både barn og voksne; det same gjeld stamming og løpsk tale.

I tillegg til Bredtvet og Senter for leseforskning kjem tenester ved den logopediske avdelinga ved Eikelund kompetansesenter for samansette lærevanskar i Bergen, under styret for regionale kompetansesentre (yter tenester hovudsakleg til Vestlandet). Dessutan blir det gitt eit visst logopedisk tilbod ved Øverby kompetansesenter, ved avdeling for pådregen hjerne-skade.

Vidare finst det eit kommunalt senter i Trondheim, eit fylkeskommunalt senter i Nordland (Spesialpedagogisk senter i Nordland) og eit fylkeskommunalt drevet senter i Nordland med statleg finansiering (Logopedisk senter på Sømna i Helgeland). Dei to sistnemnde sentra inngår i det spesialpedagogiske kompetansenettverket i Nord-Noreg.

Innanfor den kommunale/fylkeskommunale PP-tenesta i landet er det oppretta omkring 200 årsverk for logopedar.

### Kompetansesenter for sosiale og emosjonelle vanskar

Sektoren er representert ved tre relativt små senter som arbeider med ei svært høgfrekvent vanskegruppe. Dei tre sentra dekkjer kvar sine delar av landet:

Rogneby: Oppland, Hedmark, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.

Lillegården: Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud, Vestfold, Telemark og Aust-Agder.

Senter for åtferdsforskning: Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland, Troms og Finnmark.

Rogneby og Lillegården driv no hovudsakleg utoverretta tenester: konsultasjonar og rådgiving, og særleg kurs og systemretta arbeid. Lokalmiljøa etterspør ofte tenester i krisesituasjonar. I forhold til omfanget av vanskegruppa når sentra likevel få individ direkte, da hovudvekta av innsatsen nødvendigvis må vere retta mot utviklingsarbeid og kompetanseheving lokalt. Det blir lagt stor vekt på å byggje opp kunnskap og innsikt når det gjeld vaksenrolla i relasjons- og samspelproblematikk i barnehage og skule.

I omstillingsperioden har Rogneby hatt avtale med Oppland fylkeskommune om sal av inntil 10 barnevernsplassar. I 1997 er omfanget redusert til 7 plassar. Ressursar til denne delen av verksemda ved Rogneby inngår ikkje i talmaterialet frammanfor. Drift av barnevernverksemda ved Rogneby kompetansesenter kan ev overtakast etter avtale mellom Oppland fylkeskommune og Statsbygg som eigar av lokala.

Senter for åtferdsforskning er knytt til Høgskulen i Stavanger frå 1995 og driv i hovudsak FoU-arbeid, kursverksemd og etterutdanning. Senteret har hovudansvaret for forskning om åtferdsvanskar, men har samtidig oppgåver som dei to andre kompetansesentra i åtte fylke.

For Rogneby og Lillegården har det vore nedgang i ressurstilgangen i perioden. Sett i samanheng med tildelinga frå det landsdekkjande styret til Senter for åtferdsforskning har det vore tilnærma stabilitet i ressurstilgangen til sentra for sosiale og emosjonelle vanskar (går ikkje fram av tabell 2.4 og 2.5).

### Bruken av personalressursar i dei landsdekkjande sentra

Tabell 2.3 gir eit samla uttrykk for aktivitetane (tenesteprofilen) ved kompetansesentra i perioden 1994 – 1996. I tabell 2.8 er det gitt ei tilsvarande sentervis og sektorvis oversikt for 1996 for dei landsdekkjande sentra med årsverk brukte til ulike typar tenester.

Tabellane illustrerer klart både store sektorvise variasjonar og variasjonar mellom sentra når det gjeld tenesteprofil.

#### 1.4.2 Verksemd under styret for dei regionale kompetansesentra

##### Kompetansesenter for samansette lærevanskar

###### Målgruppene

Målgruppene for dei landsdekkjande kompetansesentra er i mange tilfelle relativt lett identifiserbare diagnosegrupper, som til dømes personar med synsvanskar og hørselsvanskar. Samansette lærevanskar er meir kompliserte å diagnostisere, og blir ofte identifiserte med generell evneretardasjon, til skilnad frå spesifikke lærevanskar som inneber eit misforhold mellom evnepotensial og prestasjon. Personar med samansette lærevanskar vil ofte vere lettare eller tyngre psykisk utviklingshemma.

Målgruppa for dei regionale sentra er likevel ikkje avgrensa til gruppa psykisk utviklingshemma, sjølv om denne gruppa er heller stor. Med samansette lærevanskar vert det referert til vanskar i motoriske, sosiale, emosjonelle, kognitive og språklege utviklingsområde som medverkar til at barn og unge ikkje tileignar seg kunnskap, dugleik og haldningar som ein normalt ventar at dei skal ha på bestemte alderstrinn. Dette kan også innebere generell intellektuell fungering godt under gjennomsnittet, og som fører med seg, eller går saman med, sviktande sosial tilpassing.

Målgruppa er såleis personar som har

- ulike spesifikke lærevanskar som gjer at individet ikkje oppnår dei kunnskapar, den dugleik og dei haldningar som er vanlege for alderen utan at det ligg føre nokon vesentleg evneretardasjon (f eks ADHD; Tourettes syndrom og narkolepsi)
- meir generelle lærevanskar med låg intellektuell fungering, medrekna alvorleg og djup psykisk utviklingshemming
- pådregne hjerneskaradar, deriblant trafikkskarade.

Slik målgruppa her er framstilt, vil spesifikke lærevanskar vere svikt i innlæringa innanfor eitt eller fleire av dei nemnde utviklingsområda. Men for at den enkelte skal vere omfatta av målgruppa for kompetansesentra, skal det vere ein vesentleg eller alvorleg svikt i innlæringa på bestemte område. Lette, spesifikke lærevanskar, som t d lese- og skrivevanskar, hører ikkje med.

###### Dei enkelte sentra

Dei regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesentra for samansette lærevanskar og psykisk utviklingshemming dekkjer fleire typar oppgåver og tenester. Dei har i dag hovudsakleg verksemda retta mot dei opplæringsansvarlege instansane (kommunar og fylkeskommunar) med rettleiing og støtte gjennom kartlegging, diagnostisering, rådgiving om tiltak og oppfølging i lokalmiljøet. Kompetanseoverføringa til kommunane og fylkeskommunane skjer hovudsakleg gjennom arbeidet med den enkelte, men sentra bruker også noko av ressursane til systemretta arbeid gjennom konsultasjon og rådgiving, kunnskaps- og informasjonsspreiing og FoU. Langtidsopplæring (heiltids-elevlar) er avvika med unntak for Torshov kompetansesenter.

Enkelte senter har regionale og/eller landsdekkjande funksjonar på avgrensa fagområde. Samla sett har det vore ikkje liten nedgang i talet på årsverk ved dei regionale sentra i perioden, men monaleg auke i tilsette med hovudfagskompetanse. Ressurstilførselen i perioden er redusert, rekna i faste prisar. Delar av reduksjonen kjem av lågare husleigeutgifter etter kvart.

Birkelid kompetansesenter, Kristiansand, har Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark (tidlegare også Rogaland) som tenestedistrikt, og har eit mindre avdelingskontor (Lunde) i Tvedestrand. Senteret dreiv allereie i 1992 i stor grad utoverretta verksemd. Saman med Ekne har Birkelid hatt landsdekkjande ansvar for målgruppa når det gjeld læremiddel (registrering, utvikling, utprøving og informasjon).

Eikelund kompetansesenter i Bergen var i hovudsak ein spesialskule for lettare psykisk utviklingshemma. Senteret har i dag Rogaland og Hordaland som tenestedistrikt. Logopedavdelinga på Eikelund har brukarar med tale- og språkvanskar på Vestlandet og landsdekkjande funksjon for gruppa med leppe-/kjeve-/ganespalte og laryngektomerte.

Tabell 2.9 Årsverk brukte til ulike typer tenester ved regionale kompetansesenter (eksklusive Sandfallet). 1996. Avrunda tal

Senter	Avdeling	Opp- læring langtid	Opp- læring korttid	Utgreiing/ oppfølging	Konsulta- sjon/råd- giving	Kurs	Kunn- skaps-/info.- spreiing	Lære- middel	FoU	Anna	Sum
Birkelid		0	0	53	4	1	4	3	2	8	75
Eikelund	Samansette lærevanskar	0	0	44,5	0	1	2	2	1	6	56,5
	Språk/tale	0	1,5	14,5	1	1	0	0	1	2,5	21,5
Ekne		0	0	27	5	1	7	4	1	5	50
Søreide		0	0	22	3	0	1	1	1	3	31
Torshov		18	0	21,5	15,5	1	1	0	2	4	63
Øverby	Samansette lærevanskar	0	0	38	3	0,5	1	2	1	5	50,5
	Pådr.hj.skade	0	0	24	1	0,5	0	0	1	3	29,5
I alt		18	1,5	244,5	32,5	6	16	12	10	36,5	377
I alt i %		5 %	0 %	65 %	9 %	1 %	4 %	3 %	3 %	10 %	100 %

Kjelde: Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter.

Tabell 2.10 Prosentvis bruk av dei samla tenestene frå landsdekkjande kompetansesenter, fordelt på fylka og vekt i forhold til berekna kostnader. 1996. Avrunda tal

Fylke	Senter	Skådalen	Nedre Gausen	Vest- landet	Møller AKS 1)	Briskeby	Rogneby	Lille- gården	Bredtvet	Huseby	Tam- bartun	
Østfold		7	7	2	2	3		10	7	7	2	
Akershus		47	1		10	20		10	17	12	2	
Oslo		12			5	26		11	15	18	3	
Hedmark		9	1	1	2	2	4		5	4	2	
Oppland		13		5	2	5	25		6	5	3	
Buskerud		5	24	1	11	7		17	7	6		
Vestfold		1	31	2	21	7		18	6	6	2	
Telemark		2	16		4	1		25	5	8	2	
Aust-Agder			8	1	1	3		9	3	4	2	
Vest-Agder			12	5	3	2			4	4	2	
Rogland				19	4	4			2	12	2	
Hordaland		1		45	4	2	5		1	4	13	
Sogn og Fjordane				5	4				1	1	6	
Møre og Romsdal		1		4	12	3	9		4	2	13	
Sør-Trøndelag		1		6	32	8	3	56	1	2	19	
Nord-Trøndelag		1			10	5	1	10	2	3	14	
Nordland				3	24	5	1		5	2	6	
Troms		1			14	6			4	1	4	
Finnmark					8	2	4		4	1	3	
Sum		100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	
Netto drifts- kostnad mill kroner 1996 (jf tabell 2.5)		33,4	17,4	63,5	45,3	34,3	11,9	6,5	7,5	42,8	46,5	35,4

1) Eksklusive Solveigs Hus.

Kjelde: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesenter.

Tabell 2.11 Prosentvis bruk av dei samla tenestene frå regionale kompetansesentra, fordelt på fylka og vekta i forhold til berekna kostnader. 1996. Avrunda tal

Fylke	Senter	Birkelid	Eikelund	Ekne	Søreide	Torshov	Øverby	Sandfallet
			Samansette lærevanskar	Språk/tale- vanskar			Samansette lærevanskar	Pådrege- hjerne- skade
Østfold				0,1			20	2,5
Akershus				0,1			49	3,6
Oslo				0,1			15	1,2
Hedmark				0,1			19	2,1
Oppland							22	2,5
Buskerud							19	2,4
Vestfold				0,1			16	0,5
Telemark		33		0,1				1,0
Aust-Agder		30						0,5
Vest-Agder		35		0,2				0,5
Rogland		2	37,5	7,0				7,8
Hordaland			34,5	7,7				0,6
Sogn og Fjordane				3,9		58		0
Møre og Romsdal				4,9	20	42		6,6
Sør-Trøndelag				1,0	41			0,6
Nord-Trøndelag				0,7	39			0,6
Nordland				1,1				1,4
Troms				0,6				0,7
Finnmark				0,3				4,9
Delsum			72,0	28,0			60,0	40,0
Sum		100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Netto driftskost- nad, mill kroner 1996 (jf tabell 2.5)		29,8	31,0	24,2	14,3	30,3		33,6
								10,3

Kjelder: Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesentra og Styret for Programmet for Nord-Noreg.

Ekne kompetansesenter, Ekne i Nord-Trøndelag, var tidlegare ein rein spesialskeule for elevar i vidaregåande alder med lærevanskar og psykososiale vanskar. Skuledrift vart vidareført for fylkeskommunane si rekning, men avvika i 1996. Kompetansesenterdrifta er bygd opp frå grunnen av. Ekne har Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Nordmøre og Romsdal som tenestedistrikt, og saman med Birkelid landsdekkjande ansvar for læremiddel.

Søreide kompetansesenter, Sandane i Sogn og Fjordane, var i hovudsak ein spesialskeule med innslag av kompetansesenterfunksjonar for diagnosegruppa MBD/ADHD og er det minste av dei regionale sentra. Senteret har Sogn og Fjordane og Sunnmøre som tenestedistrikt.

Torshov kompetansesenter, Oslo, var ein tilnærma rein spesialskeule for elevar med lettare psykisk utviklingshemming. I 1992 vart det gitt garanti for at dei som da var elevar, skulle få gå grunnskuletida ut på Torshov. Etter kvart som skuledrifta er redusert, er ressursar overførte til utoverretta verksemd. Senteret har Østfold, Oslo, Akershus og Vestfold som tenestedistrikt.

Øverby kompetansesenter, Gjøvik, vart til ved at Elton skule og Øverby vidaregåande skule vart slått saman. Senteret har i dag landsdekkjande funksjon for elevar med pådrege hjerneskarar, t d etter trafikkulykker. Skuledrifta vart avvika i 1993. Senteret har Hedmark, Oppland og Buskerud som tenestedistrikt.

#### Andre oppgåver

Styret for dei regionale kompetansesentra har også oppgåver i høve til Nasjonal kompetanseining for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi (pkt 6.2) og skuleverksemda ved nokre sosiale og medisinske institusjonar med kompetansesenterfunksjon (pkt 9).

#### Bruken av personalressursane i dei regionale sentra

Tabell 2.3 gir eit samla uttrykk for aktivitetane (tenesteprofilen) ved kompetansesentra i perioden 1994 – 1996. I tabell 2.9 er det gitt ei tilsvarande sentervis oversikt for 1996 for dei regionale sentra med årsverk brukte til ulike typar tenester.

Tabell 2.12 Bruk av tenester ved statlege spesialpedagogiske kompetansesenter fordelt på fylka 1). Kroner pr innbyggjar. 1996. Avrunda tal

Fylke	Senter	Landsdekkjande kompetansesentra	Regionale kompetansesentra eksklusive Sandfallet	Sandfallet kompetansesenter	Sum
Østfold		57	29	–	86
Akershus		81	37	–	118
Oslo		51	10	–	61
Hedmark		53	38	–	91
Oppland		90	45	–	135
Buskerud		77	31	–	108
Vestfold		108	25	–	133
Telemark		80	63	–	143
Aust-Agder		71	91	–	162
Vest-Agder		70	71	–	141
Rogaland		59	48	–	107
Hordaland		90	31	–	121
Sogn og Fjordane		70	88	–	158
Møre og Romsdal		72	61	–	133
Sør-Trøndelag		131	41	–	172
Nord-Trøndelag		112	77	–	189
Nordland		84	3	1	88
Troms		81	3	3	87
Finnmark		101	23	125	249
Sum (gjennomsnitt)		79	37	2	118

1) Eksklusive Senter for leseforskning og Senter for åtferdsforskning.

Kjelder: Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesenter, Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter, Styret for Programmet for Nord-Noreg.

### 1.5 Den geografiske fordelinga av kompetansesentertenestene

Data frå årsmeldingane, evalueringsrapportane og anna materiale frå styra for dei landsdekkjande og regionale kompetansesentra viser at det har vore ubalanse i den geografiske fordelinga av tenester. Det har vore ein klar tendens til at dei nærmaste og dei mindre kommunane i det definerte opptaksområdet har relativt sett stor bruk av tenester. Større kommunar og meir fjerntliggjande kommunar nyttar gjennomgåande sentra i mindre omfang.

Den geografiske ubalansen har truleg minka i løpet av omstillingsperioden, med større vekt på regionalisering av tenestene i definerte opptaksområde og satsing på betre spreiding av tenestene. Tabellane 2.10 og 2.11 viser prosentvis bruk av tenester i alt ved dei ulike sentra, fordelt på fylka og vekta i høve til kostnadene og omfanget av dei ulike tenestene.

Tabell 2.12 viser fylkesvis bruk av tenester i kroner pr innbyggjar ved dei landsdekkjande og regionale sentra. Det er framleis heller store fylkesvise forskjellar i bruken av sentra, og det er klar tendens til at lokaliseringfylket har større bruk av tenester enn andre fylke i opptaksområdet. I nokon grad blir dette utjamna når ein ser alle kompetansesentra under eitt. Går ein inn på kommunenivå, blir ulikskapen i bruken av sentra truleg vesentleg større.

Det framgår elles at dei tre nordlegaste fylka framleis nyttar landsdekkjande kompetansesenter i Sør-Noreg i ikkje lite omfang (over landsgjennomsnittet), og at Sandfallet blir nytta i det vesentlege av Finnmark fylke. Ser ein bruken av alle statlege spesialpedagogiske kompetansesenter i landet under eitt, bruker dei tre nordlegaste fylka dei i omtrent same omfang (kr. 114 pr innbyggjar) som fylka i gjennomsnitt (kr. 118 pr innbyggjar). Ein av dei viktigaste ideane med Programmet for Nord-Noreg – klart mindre bruk av statlege kompetansesenter enn fylka i Sør-Noreg – er derfor ikkje realisert.

Finnmark fylke, Nord-Trøndelag fylke og Sør-Trøndelag fylke nyttar kompetansesentra mest, i høve til folketalet. Oslo, Østfold og Troms fylke nyttar kompetansesentra minst.

Ei omfattande evaluering av kompetansesentersystemet er gitt i kap 4 i meldinga, med oversikt over vidare drift og endringar.

## 2 PROGRAMMET FOR NORD-NOREG

### 2.1 Spesielle trekk ved Programmet for Nord-Noreg

På bakgrunn av St prp nr 1 (1987–88), komitemerknadene og tilslutninga til dei i Stortinget, tok skuledirektørane i Nordland, Troms og Finnmark i 1988 i fellesskap initiativet til eit spesialpedagogisk utviklingspro-

gram for Nord-Noreg. Bakgrunnen var spesielle geografiske og befolkningsmessige forhold i landsdelen. Skuledirektørane foreslo å etablere eit desentralisert spesialpedagogisk nettverk med utgangspunkt i enkelte faglege tyngdepunkt og lokale tiltak og tenester i landsdelen.

Dei viktigaste elementa og intensjonane i Programmet for Nord-Noreg, som vart iverksett som forsøksordning frå 1993, er:

- Sterk satsing på kommunale og fylkeskommunale spesialpedagogiske tenester, og mindre bruk av statlege kompetansesenter enn fylka i Sør-Noreg.
- Utvikling av eit kompetansesystem basert på eit desentralisert nettverk mellom faglege tyngdepunkt og lokale tiltak og tenester, med PP-tenesta som viktig knutepunkt.
- Faglege tyngdepunkt representerte ved
  - eitt statlig regionalt kompetansesenter for sammansette lærevanskar, Sandfallet i Finnmark
  - eitt fylkeskommunalt regionsenter for døvblindfødde i Troms frå 1994, dels statsfinansiert, dels kommunalt finansiert
  - eitt fylkeskommunalt spesialpedagogisk senter i Nordland, tidlegare Hernesveien skule, som etter avtale med Statens utdanningskontor i Nordland også administrerer den statlege syns- og audiopedagogtenesta i Nordland
  - Logopedisk senter i Sømna kommune. Driftsansvaret for senteret er overført Nordland fylkeskommune frå 1. januar 1998, men senteret vert framleis driven med statlege midlar. Desse midlane vil bli innarbeidde i rammefinansieringa til kommunar og fylkeskommunar etter gjeldande reglar
- Styrking av PP-tenesta i landsdelen.
- Statleg kjøp av kommunalt, eventuelt fylkeskommunalt initierte og kommunalt produserte tenester i eit avtalebasert samarbeid, som kompensasjon for at Nord-Noreg berre har eitt statleg kompetansesenter (Sandfallet) og etter planen relativt mindre bruk av tenester ved kompetansesenter i Sør-Noreg enn fylka sørpå.
- Eit eige styre disponerer dei statlege ressursane.

## 2.2 Oppgåver og tenesteyting under Programmet for Nord-Noreg

### Sandfallet kompetansesenter

Styret for Programmet for Nord-Noreg har direkte instruksjonsmyndigheit berre overfor Sandfallet kompetansesenter. I styret si vurdering av perioden 1993–1995 er det overordna målet for verksemda ved senteret framstilt slik:

"Senteret skal bidra til kompetanseoppbygging lokalt overfor barn, unge og voksne med sammensatte lærevanskar, spesielt innanfor bruk av informasjonsteknologi i spesialpedagogisk arbeid. Senteret skal betjene heile Nord-Norge-regionen og særleg ivareta flerkulturelle forhold i sitt arbeid."

Det er vanskeleg å gi eksakte tal for produksjonen ved Sandfallet for heile omstillingsperioden. Det usikre i datagrunnlaget er også understreka av styret. Det framgår likevel av styret si vurdering at senteret med sine ca 23 årsverk

- ikkje har langtidselevar
- har svært lite korttidsopplæring
- har få utgreiingar (omkring 20 per år)
- har få konsultasjons- og rådgivingssaker (9 saker i 1995)
- har aukande omfang av kursverksemd
- har stort omfang av læremiddelutvikling
- gir FoU-arbeidet svært høg prioritet
- yter tenester nesten berre til Finnmark – ca 93% i 1996 (1 utgreiing for Nordland og Troms i heile omstillingsperioden 1992 – 1995)
- har særleg kompetanse når det gjeld informasjonsteknologi og bruk av IT i spesialundervisning
- har som oppgåve å opprette og drive IT-konferansesystemet Kom Sa
- har som særleg oppgåve å byggje opp kompetanse på tospråklegheit/fleirkulturelle forhold, med vekt på samisk
- inngår som tyngdepunkt i det spesialpedagogiske kompetansenettverket i Nord-Noreg
- har mange tilsette i studiepermisjon

Tabell 2.13 viser tenesteprofilen ved Sandfallet i 1995–1996 uttrykt ved ressursfordelinga målt i årsverk til ulike typar aktivitetar.

### Nettverksutvikling . Statleg kjøp av kommunalt eller fylkeskommunalt produserte tenester. Forsøksavtalar. Utvikling av faglege tyngdepunkt

Styret for Programmet for Nord-Noreg har pr 1996, innanfor ei ramme på 4 mill kroner, inngått avtalar om kjøp av tenester frå

- PPT for Tromsø kommune om åtferds- og tilpassingsvanskar (1 årsverk)
- Hammerfest PPT om brukarar med åtferds- og tilpassingsvanskar (1 årsverk)
- Alstahaugregionen PPD om brukarar med lese- og skrivevanskar (1 årsverk)
- Nordland fylkeskommune v/Spesialpedagogisk senter om brukarar med omfattande språkvanskar knytte til multifunksjonshemmingar (2 årsverk)
- PPD for Sør-Troms om brukarar med språk-, kommunikasjons-, lærevanskar (1 årsverk)
- Midt-Finnmark PPD om brukarar med språkvanskar og skadar, særleg i førskulealder (1 årsverk)
- PPD i Vesterålen og Lødingen om brukarar med Tourettes syndrom (1 årsverk)

Frå 1997 har styret vidare inngått avtale med Sømna kommune om kjøp av tenester (1 årsverk) ved Logopedisk senter for brukarar med talevanskar (stamming og løpsk tale), og utvida avtalen med PPD for Vesterålen og Lødingen om brukarar med ADHD (1 årsverk).

Tabell 2.13 Tenesteprofil ved Sandfallet kompetansesenter 1995 og 1996, Programmet for Nord-Noreg

Type aktivitet	Del av årsverk 1)	
	1995	1996
Opplæring langtid (over 12 veker)	0%	0%
Opplæring korttid (under 12 veker)	1%	0%
Utgreiingar inkl. oppfølging	29%	31%
Konsultasjon, rådgiving	1%	0%
Kunnskaps- og informasjonsspreiing	3%	7%
Kurs (brukarar og samarbeidspartnarar)	12%	22%
Læremiddelproduksjon	13%	10%
FoU, internat- og miljøtiltak	41%	30%
Sum	100%	100%

1) Basert på talet på fagstillingar i spesialpedagogisk tenesteproduksjon, avrunda tal.

Kjelder: Styret for Programmet for Nord-Noreg 1996: Program for Nord-Norge og spesialpedagogiske fagmiljøer i landsdelen – en samlet vurdering av utviklingen 1993 – 1995 og utfordringer videre. Sandfallet kompetansesenter: Årsmelding 1995 og 1996

### Faglege tyngdepunkt elles

Når det gjeld tenesteproduksjonen ved dei andre faglege tyngdepunkta under Programmet for Nord-Noreg, som altså ikkje er statleg styrte tenester, er det gitt følgjande nøkkeltal for verksemda i 1995 basert på informasjon frå styret:

- Fylkeskommunalt regionsenter for døvblindfødde i Troms med 18 brukarar (bebruarar) og toverretta verksemd, 13 årsverk.
- Fylkeskommunalt spesialpedagogisk senter i Bodø, Nordland: 466 brukarar, 801 utgreiingar, 457

Tabell 2.14 Ressursbruk under Programmet for Nord-Noreg 1993–1996. Brutto driftsutgifter i mill. kroner på statsbudsjettet kap 0243. Eksklusive omstillingseininga

Tiltak/aktivitet	1993 mill kr	1994 mill kr	1995 mill kr	1996 mill kr
Styret og sekretariatet	3,0	3,4	3,5	3,4
Sandfallet kompetansesenter	10,3	10,1	10,2	10,3
Logopedisk senter (v/ PNN)	3,2	3,5	3,5	0,4
Logopedisk senter (v/ SU-Nordland) 1)	–	–	–	3,2
Regionsenteret for døvblindfødde	1,4	1,4	1,1	1,2
Tiltak landsdelen	8,0	3,2	2,8	3,6
Tiltak Nordland	2,3	4,2	3,7	3,2
Tiltak Troms	2,3	2,8	2,4	2,0
Tiltak Finnmark	2,3	1,9	2,9	1,7
Anna 2)	–	–	–	1,1
Sum	32,8	30,5	30,1	30,1

1) Frå 1996 er dette tilskottet vidareført ved overføring frå Statens utdanningskontor i Nordland (ikkje på budsjettet for styret for PNN).

2) Utgifter til postane 21 og 45 – inngår i dei øvrige utgiftstala for åra 1993–1995.

Kjelder: Styret for Programmet for Nord-Noreg 1996: Program for Nord-Norge og spesialpedagogiske fagmiljøer i landsdelen – en samlet vurdering av utviklingen 1993 – 1995 og utfordringer videre.

Årsmeldinga for Programmet for Nord-Noreg 1996. Statsrekneskapen.

konsultasjonar, rådgiving, 105 kurs, ingen læremiddelproduksjon eller FoU, ca 23 årsverk.

- Logopedisk senter, Sømna, Nordland: 57 brukarar i korttidsopplæring (under 2 veker) som blir utgreidde, får rådgiving og kurs, 13 årsverk.

### Andre aktivitetar under Programmet for Nord-Noreg

I tillegg til dei ovannemnde kjøpa av tenester frå kommunesektoren har styret brukt midlar til ei rekkje andre aktivitetar og kompetansehevande tiltak som informasjonsarbeid, andre prosjektstillingar knytte til mellom anna PP-tenesta, etterutdanningsstipend, tiltak for brukarmedverknad, ulike nettverkstiltak, FoU-verksemd, samiske tiltak osv. Det er også brukt midlar til arbeid med å få utgreidd spørsmålet om å etablere eit hovudfagstilbod i spesialpedagogikk ved Universitetet i Tromsø.

I 1996 vedtok styret for Programmet for Nord-Noreg *Veien vidare ..... plan for et spesialpedagogisk kompetansenettverk i Nord-Norge* som del av tilrådinga frå styret til departementet. I denne planen gjekk styret inn for å auke løyvinga til Programmet for Nord-Noreg frå i dag 30 mill kroner til minimum 50 mill kroner årleg.

### 2.3 Ressursar til Programmet for Nord-Noreg og samla statlege ressursar til spesialpedagogiske tiltak for befolkninga i Nord-Noreg

Tabell 2.14 viser utviklinga i den samla statlege ressursbruken under Programmet for Nord-Noreg i perioden 1993–1996. Som det framgår, har det vore ein svak nedgang i ressurstilførselen til tiltak under pro-

Tabell 2.15 Særskilde landsdels- og fylkestiltak under Programmet for Nord-Noreg i 1995 og 1996

Tiltak/aktivitet	1995 mill kr	1996 mill kr
Prosjektmedarbeidarar	1,0	–
Informasjonsarbeid	0,8	0,3
Etterutdanning, stipend mm	0,9	0,4
Brukarmedverknad	0,7	0,4
Nettverksmidlar, konferansar, samlinger	0,9	1,0
Kjøp av tenester – oppbygging av faglege tyngdepunkt	–	4,0
FoU – arbeid	5,9	2,5
Evaluering	–	0,6
Samisk utdanningsråd, tilskott	0,9	0,2
Andre tiltak	0,7	1,1
<b>Sum</b>	<b>11,8</b>	<b>10,5</b>

Kjelde: Styret for Programmet for Nord-Noreg

grammet i perioden. Av løyvinga for 1995 på i alt 30,1 mill kroner gjekk til saman 11,8 mill kroner til såkalla landsdelstiltak og fylkestiltak i kvart av dei tre fylka. Av løyvinga i 1996 (30,1 mill kroner) gjekk 10,5 mill kroner til landsdels- og fylkestiltak. Resten av ressursane gjekk til tiltak under styret og sekretariatet, Sandfallet kompetansesenter og anna institusjonsdrift. Landsdels- og fylkestiltaka er nærmare fordelte på ulike aktivitetar slik det framgår av tabell 2.15.

For å få ei samla oversikt over statleg finansierte spesialpedagogiske tiltak for befolkninga i Nord-Noreg, kan ein ikkje sjå på løyvinga til Programmet for Nord-Noreg åleine. Ein må også sjå på den brukte befolkninga i Nord-Noreg gjer av dei statlege kompetansesentra i Sør-Noreg. Som det framgår av pkt 1.5 framfor, nyttar dei tre nordlegaste fylka dei landsdekkjande kompetansesentra i Sør-Noreg i omtrent same omfang som fylka i Sør-Noreg, i gjennomsnitt.

Tabell 2.16 viser den samla statlege ressursinnsatsen på det spesialpedagogiske området for befolkninga i Nord-Noreg på kap 0243, samanlikna med den til-

svarande ressursinnsatsen for Sør-Noreg. Tabellen viser at fylka i Nord-Noreg brukte kompetansesentra i Sør-Noreg for om lag 43 mill kroner i 1996, i tillegg til løyvinga for Programmet for Nord-Noreg. Fylka i Nord-Noreg brukte samla 147 kroner pr innbyggjar av statlege spesialpedagogiske tiltak mot 119 kroner pr innbyggjar i fylka i Sør-Noreg, dvs 24% meir pr innbyggjar.

Ei nærmare evaluering av Programmet for Nord-Noreg, med oversikt over vidare drift og endringar, er gitt i kap 4 i meldinga.

### 3 LOKALT FORSØKS- OG UTVIKLINGSPROGRAM

For å realisere målet om å sikre alle eit likeverdig og tilpassa opplæringstilbod, har det vore viktig å styrkje den lokale kompetansen i kommunar, fylkeskommunar og PP-teneste, spesielt når det gjeld dei mest vanlege funksjonshemmingane. På denne bakgrunn og med basis i mellom anna fylkesvise planar for spesialpedagogiske tiltak utarbeidde av SU-kontora i 1992, vart det frå 1993 iverksett eit omfattande forsøks- og utviklingsprogram lokalt, der dei viktigaste elementa var:

- Utvikling av lokale prosjekt og forsøk (1993–1995)
- Styrking av PP-tenesta
- Etablering av Fagleg eining for PP-tenesta.

Måla for utviklingsprogrammet var å

- utvikle eit samordna og heilskapleg tilbod til elevar med sosiale og emosjonelle vanskar, elevar med lese- og skrivevanskar og elevar med store og samansette lærevanskar (mellom anna psykisk utviklingshemming)
- utvikle praktiske metodar for å fremje kommunikasjon, sosial dugleik og tilhør i lokalsamfunnet
- styrkje PP-tenesta gjennom tilbod om etterutdanning, utviklingsprosjekt og regionale konferansar
- utvikle faglege nettverk mellom kompetansesentra, PP-tenesta og andre samarbeidspartnarar

Tabell 2.16 Samla statleg ressursinnsats til spesialpedagogiske tiltak i Nord-Noreg og Sør-Noreg på kap 0243. Utgiftspostane 01, 11 of 21 fråtrekte korresponderande inntektspostar. 1996. Avrunda tal. 1)

Statlege spesialpedagogiske tiltak	Fylka i Nord-Noreg		Fylka i Sør-Noreg		Heile landet	
	Totalt mill kr.	Kroner pr innbyggjar	Totalt mill kr.	Kroner pr innbyggjar	Totalt mill kr.	Kroner pr innbyggjar
Bruk av landsdekkjande senter 2)	40,2	86	304,3	78	344,5	79
Bruk av regionale senter	2,9	6	160,3	41	163,2	37
Bruk av tiltak under Programmet for Nord-Noreg	25,6	55	–	–	25,6	6
<b>Sum</b>	<b>68,7</b>	<b>147</b>	<b>464,6</b>	<b>119</b>	<b>533,3</b>	<b>122</b>

1) Under Programmet for Nord-Noreg er løyvingane til styre og sekretariat tekne ut av tabellen her.

2) Eksklusive løyvingar frå det landsdekkjande styret til Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning. Fylka i Nord-Noreg brukte 28% av ressursane ved desse to sentra i 1996.

Kjelder: Styra for landsdekkjande senter, regionale senter og Programmet for Nord-Noreg.

Tabell 2.17 Prosjekt i det lokale utviklingsprogrammet 1993–1995

Tema	Prosjekt
Tverretatleg/tverrfagleg samarbeid	239
Individuelle opplæringsplanar	128
Utvikling av PP-tenesta	494
Læremiddelutvikling	39
Datateknologi	45
Anna metodeutvikling	165
Anna tiltaksutvikling	169

Kjelde: Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sin FoU-base

For å gjennomføre og følgje opp utviklingsprogrammet fekk kvart utdanningskontor tilført ei halv stilling til koordinering av lokale prosjekt og forsøk og ei halv stilling til planlegging og gjennomføring av styrkingstiltak for PP-tenesta.

### 3.1 Lokale prosjekt og forsøk 1993–1995

I prosjektperioden vart det til saman gjennomført 717 prosjekt. Kvart prosjekt kunne innehalde fleire tema. Summen i tabell 2.17 er derfor atskilleg større enn 717, ettersom mange av prosjekta er registrerte under fleire kategoriar.

Det vart gjennomført flest prosjekt i grunnskulen, nokon færre galdt førskulealder og vidaregåande opplæring, og heller få vaksenopplæring. Men mange prosjekt omfatta alle opplæringsnivåa. Dei fleste prosjekta vart kvalitetssikra gjennom ekstern rettleiing. Prosjekta har i stor grad dreidd seg om barn og unge med sosiale og emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar, generelle lærevanskar og psykisk utviklingshemming. Svært mange av prosjekta har også omfatta tverrfagleg og/eller tverretatleg samarbeid og samordning av tilbod og tenester. Utdanningskontora har utarbeidd rapportar om utviklingsprogrammet i dei ulike fylka. Det er utarbeidd ein brosjyre i departementet om erfaringar og resultat frå det lokale utviklingsprogrammet. Informasjon finst også på Skuledatanettet.

Tabell 2.18 Ressurstildeling til forsøks- og utviklingsprogrammet 1993–1995. Beløp i mill. kroner i brutto tildeling på statsbudsjettet kap 0243

Tiltak/aktivitet	1993 mill kr	1994 mill kr	1995 mill kr
Koordineringsstillingar ved utdanningskontora	6,3	6,9	6,9
Lokale prosjekt og forsøk, under dette tiltak for PP-tenesta 1)	21,8	21,8	25,2
Fagleg eining for PP-tenesta		1,2	1,2
Sum	28,1	29,9	33,3

1) 1993 og 1994 ekskl. Nordland, Troms og Finnmark.

Kjelde: Tildelingsbrev til statens utdanningskontor.

### 3.2 Styrking av PP-tenesta

Alle utdanningskontora i landet har gjennomført omfattande etterutdannings- og kompetansehevingstiltak for PP-tenesta i kommunar og fylkeskommunar. Blant dei viktigaste tiltaka er ulike former for fagkurs, opplæring i sakkunnig-arbeid, leiaropplæring, verksemdsplanlegging, organisasjonsutvikling, utvikling av systemkunnskap og tverrfagleg samarbeid, kurs for nyttilsette og anna. I tillegg har PP-tenesta mange stader teke del i lokale prosjekt og forsøk, anten som prosjektansvarleg, som deltakar eller som rettleiar.

### 3.3 Etablering av Fagleg eining for PP-tenesta

Fagleg eining for PP-tenesta vart etablert i 1993 med to stillingar opprinnelig for ein treårsperiode, administrativt knytt til Statens utdanningskontor i Hedmark, men med nasjonale oppgåver. Drifta er vidareført til i dag.

Fagleg eining har hatt ein viktig koordinerande funksjon i arbeidet med å styrkje den pedagogisk-psykologiske tenesta. Eininga har mellom anna

- i 1994 og 1996 gjennomført landsomfattande kartlegging av PP-tenesta: organisering, ressursar, personale m m
- initiert og gjennomført kompetanshevingstiltak og etterutdanning i fleire fylke
- deltatt i ei rekkje lokale utviklingsprosjekt i PP-tenesta, barnehagar og skular
- utarbeidd årsmeldingsmal og utkast til handbok for PP-tenesta
- utarbeidd utkast til rettleiingshefte for PP-tenesta sitt arbeid med sakkunnige vurderingar
- initiert utprøving og evaluert forsøk med nytt registreringssystem for PP-tenesta
- utarbeidd diverse rapportar og vore til hjelp for departementet i utgreiingsarbeid m m
- arrangert landskonferansar for PP-tenesta

### 3.4 Ressursar til det lokale utviklingsprogrammet

Tabell 2.18 viser utviklinga i den statlege ressursinnsatsen til det lokale utviklingsprogrammet 1993–1995.

Ei nærmare evaluering av programmet og oversikt over framtidige tiltak framgår av kap 4 i meldinga.

## 4 FORSKINGSPROGRAM UNDER NOREGS FORSKINGSRÅD 1993–1998: SPESIALPEDAGOGISK KUNNSKAPS- OG TILTAKSUTVIKLING

### 4.1 Bakgrunn og mål for forskingsprogrammet

Det er etablert eit forskingsprogram for spesialpedagogisk kunnskaps- og tiltaksutvikling for åra 1993–

1998. Programmet er administrativt forankra i Området for kultur og samfunn, Noregs Forskingsråd. Det er føresetnaden at KUF skal medverke med i alt 37 mill. kroner av kap 0243 i statsbudsjettet, fordelt på dei åra programmet varer.

Måla for forskingsprogrammet er å

- medverke til å styrkje kunnskapen om kva tiltak og tenester det er nødvendig å utvikle for å gi barn, unge og voksne med særskilte behov eit kvalitativt godt opplæringstilbod i lokalmiljøet
- vere praksis- og handlingsrelevant og kunne medverke til endringar i dei funksjonshemma sin situasjon

Bakgrunnen for denne omfattande forskingsinnsatsen er mellom anna at den spesialpedagogiske forskinga i Noreg har vore mest oppteken av problemstillingar knytte til særskilte målgrupper, særleg individspesifikke læreveskar. I ei kartlegging av 125 spesialpedagogiske forskingsprosjekt i Noreg i perioden 1985–1993 blir det konkludert med at det har vore stor interesse for forskning knytt til læringsmiljø og diagnostikk, språk og kommunikasjon, små vanskegrupper (td døve eller tunghørte) og innvandrarar og utviklingsland. Det har vore størst interesse for barnehage- og grunnskulenivået, og mindre interesse for vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Det har vidare vore lita forskingsmessig interesse for tema som likeverd, deltaking, likestilling, rettar, organisering og styring, førebyggjande verksemd og meistringsstrategiar. Det har også vore relativt lita forskingsmessig interesse for grupper med samansette læreveskar, åtferdsproblem m m (E. Befring og J. Sæbø. *Spesialpedagogiske forskningsoppgever. Norges Forskingsråd 1993*).

Omstruktureringa av spesialundervisninga dei siste 20 åra og ei stadig sterkare vekt på å integrere alle elevar i vanleg skule gjer at forskinga vil måtte rette merksemda mot problemstillingar både på individnivå og systemnivå, og kombinere innsikt på fleire fagområde. Det er venta at forskingsprogrammet vil gi departementet, og opplæringssektoren i det heile, ny kunnskap og betre grunnlag for å utvikle fagfeltet vidare.

#### 4.2 Problemområde og konkrete tema i forskingsprogrammet

Programstyret har skissert enkelte sentrale problemområde som grunnlag for prioritering av prosjekta:

- Behov og situasjon hjå brukarane
- Forsking om tiltak og tenester
- Rettar, etikk og maktutøving
- Kompetanseutvikling
- Læringsutvikling

Innanfor programmet Spesialpedagogisk kunnskaps- og tiltaksutvikling er det inntil 1997 påbegynt 23 prosjekt; tre av dei er avslutta. Dei fleste prosjekta blir avslutta i 1998. Programmet finansierer prosjekt ved alle

universiteta i landet, to regionale høgskular og fem forskingsinstitutt. Institutt for spesialpedagogikk, Universitetet i Oslo har fått tildelt om lag 1/4 av midlane. Programmet støttar eit tital doktorgradskandidatar. Ei samla oversikt over prosjekta er presentert av Noregs Forskingsråd, 1996, i *Spesialpedagogisk kunnskaps- og tiltaksutvikling – Programnotat og prosjektkatalog*.

Sidan forskingsprogrammet også skal vere praksis- og handlingsrelevant, har det vore viktig at det blir utvikla effektive kommunikasjonskanalar mellom forskarane, oppdragsgivarane, brukarane av forskingsresultata og allmenta. Det ligg ei særskild utfordring i å få fram forskingsresultat med relevans for brukarane. I den samanheng har Noregs Forskingsråd utarbeidd ein formidlingsplan med tanke på dei forskjellige målgruppene (Noregs Forskingsråd, 1996, *Spesialpedagogisk kunnskaps- og tiltaksutvikling – Formidlingsplan*).

Fram til og med 1997 er det publisert tre ferdige prosjektrapportar og ei rad artiklar m m med førebels resultat frå fleire av dei prosjekta som er i gong. To antologiar er gitt ut: P.Haug (red.), 1995: *Spesialpedagogiske utfordringar*, og J. Tøssebro (red.), 1997: *Den vanskelige integreringen*. Dei fleste sluttrapportane vil bli gitt ut i 1998.

#### 4.3 Ressursane til forskingsprogrammet

Til forskingsprogrammet er det på statsbudsjettet kap 0243 løyvd 37 mill kroner slik det framgår av tabell 2.19.

### 5 SYNSPEDAGOGTENESTA OG AUDIOPEDAGOGTENESTA

#### 5.1 Arbeidsoppgåvene

Som ledd i omstruktureringa av spesialundervisninga vart det med verknad frå 1993 oppretta synspedagogteneste (23 stillingar) og audiopedagogteneste (21 stillingar) i alle fylka, til saman 44 statleg finansierte stillingar. Dette var eit ledd i arbeidet med å sikre retten til opplæring i lokalmiljøet også for synshemma og hørselshemma. I tillegg er det i 1997 18 årsverk for synspedagogar og audiopedagogar i interkommunale eller fylkeskommunale stillingar.

Departementet utarbeidde i 1993 førebels retningslinjer for tenesta, der arbeidsoppgåvene er å

- registrere behova for syns- og audiopedagogiske tenester for alle alderskategoriar
- medverke til kartlegging og utgreiing, og til å utvikle individuelle opplæringsplanar på oppdrag frå og i samarbeid med PP-tenesta
- rettleie og informere fagpersonell i PP-tenesta, barnehagar, skular og andre opplæringsinstitusjonar, og elevar og foreldre
- leggje til rette kurs for elevar, foreldre og fagpersonell i samarbeid med aktuelle instansar i kommunen, fylket og på regionalt og landsdekkjande nivå

Tabell 2.19 Ressurstildeling til forskningsprogrammet ved Noregs Forskringsråd 1992–1996 1) på statsbudsjettet, kap 0243

	1992 mill kr	1993 mill kr	1994 mill kr	1995 mill kr	1996 mill kr
Forskningsprogrammet	1,0	4,0	8,0	8,0	8,0

1) For 1997 er det løyvd 8,0 mill kroner.

Kjelde: Statsrekneskapen

- gå inn i det faglege nettverket og utvikle funksjonelle samarbeidsrutinar med sjukehus (augeavdelingar, ØNH-avdelingar, habiliteringsteam m m), hjelpemiddelsentralar, kompetansesenter, helsestasjonar m m.

Seinare har audiopedagogane fått enkelte arbeidsoppgåver i samband med foreldreopplæring i teiknspråk.

Statens utdanningskontor har hatt tilsyn med verksemda. Statens utdanningskontor i Aust-Agder har hatt ansvaret for koordinering i etableringsfasen. Frå 1996 er samordningsfunksjonen overført til styret for dei landsdekkjande kompetansesentra.

I tilstandsrapportane frå utdanningskontora i 1995 er det oppgitt at synspedagogtenesta har registrert ca 3 200 synshemma og audiopedagogtenesta ca 4 000 hørselshemma. I 1995 har rundt 3 000 synshemma og ca 2 600 hørselshemma fått rettleiing, utgreiing, opplæringsplanar og tilpassing av hjelpemiddel. Talgrunnlaget er likevel usikkert, både fordi enkelte fylkestal manglar og fordi enkelte brukarar får fleire tenester.

Den delen av arbeidstida som i gjennomsnitt går med til ulike typar arbeidsoppgåver, er vist i tabell 2.20. Registreringsgrunnlaget har vore noko usikkert.

## 5.2 Organisering

Da den statleg finansierte syns- og audiopedagogtenesta i fylka vart etablert i 1993, var det i somme fylke allereie fylkeskommunalt eller kommunalt tilsette

Tabell 2.20 Statlege synspedagogar og audiopedagogar 1994 og 1996. Fordeling av arbeidstid på ulike typar aktivitetar

Type aktivitet	Del av årsverk			
	Synspedagogar		Audiopedagogar	
	1994	1996	1994	1996
Direkte brukarretta arbeid (rettleiing, rådgiving, sakkunnige utgreiingar m m)	ca 55%	ca 55%	ca 40%	ca 45%
Kursverksemd	ca 8 %	ca 11%	ca 17%	ca 17%
Samarbeid med andre yrkesgrupper, systemretta arbeid	ca 37%	ca 34%	ca 43%	ca 38%
Sum	100%	100%	100%	100%

Kjelder: Statens utdanningskontor i Aust-Agder, 1995: Vurdering av modeller for organisering av syns- og audiopedagogtjenesten. Styret for landsdekkjande statlege spesialpedagogiske kompetansesenter.

Tabell 2.21 Ressurstildeling til statleg synspedagogteneste og audiopedagogteneste 1993 – 1996 over statsbudsjettet kap 0243

	1993 mill kr	1994 mill kr	1995 mill kr	1996 mill kr
Synspedagog- og audiopedagogtenesta	18,0	19,7	19,7	20,2

Kjelde: Statsrekneskapen

synspedagogar og audiopedagogar. Det vart derfor oppna for å organisere og lokalisere dei statlege tenestene på ein fleksibel måte, tilpassa behov og nettverk i det enkelte fylket.

I 1997 er den statleg finansierte syns- og audiopedagogtenesta i fylka organisert slik:

- I 10 fylke har statens utdanningskontor fagleg og administrativ leiing.
- I 3 fylke har statens utdanningskontor fagleg, men ikkje administrativ leiing.
- I 4 fylke er stillingane utplasserte i eksisterande nettverk.
- I 1 fylke er det kombinert tilknytning.

## 5.3 Ressursar til syns- og audiopedagogtenesta

Til den statleg finansierte syns- og audiopedagogtenesta er det over statsbudsjettet kap 0243 nytta om lag 20 mill kroner pr år, jf tabell 2.21.

Ei nærmare evaluering av tenesta og oversikt over framtidig organisering framgår av kap 4 i meldinga.

## 6 KOMPETANSESENTERS SYSTEM FOR GRUPPER AV FUNKSJONHEMMA I SAMARBEID MED SOSIAL- OG HELSEDEPARTEMENTET

Det er etablert samarbeid med Sosial- og helsedepartementet om å byggje opp kompetansesystem for enkelte små grupper funksjonshemma.

## 6.1 Autismeprogrammet

Autismeprogrammet er etablert frå 1. august 1993, med hovudfinansiering frå Sosial- og helsedepartementet og ei mindre delfinansiering frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Den samla årlege budsjetttramma er omkring 10 mill. kroner. Autismeprogrammet er ei nasjonal satsing for å heve kvaliteten på tiltak og tenester for autistiske menneske i Noreg. Programmet skal

- medverke til å betre tiltaka og tenestene for autistar på landsbasis, og til å sikre tilfredsstillande kvalitet på desse tiltaka i framtida
- medverke til å utvikle, beskrive og setje i gang eit landsomfattande kompetansenettverk som kan byggje opp og formidle spisskompetanse til dei som arbeider med autistiske menneske

Programmet blir administrert av Institutt for spesialpedagogikk, Universitetet i Oslo, og er lokalisert til Torshov kompetansesenter i Oslo. Det er oppnemnt ei fagleg styringsgruppe med representantar frå instituttet, Torshov kompetansesenter, dei to departementa og Autisforeininga i Noreg.

Autismeprogrammet blir evaluert i 1998. Eit opplegg til vidareføring har vore ute til brei høring. Som varig tiltak vurderer departementa å opprette eit nasjonalt kompetansenettverk for autisme, bygd opp med ei sentral fagleg eining og 14 faglege knutepunkt. Det vil vere knutepunkt knytte til fagmiljø i alle helseregionane i landet.

I dette nettverkssystemet inngår nokre av dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra: Tambartun, Huseby, Andebu, Eikelund og Sandfallet. Også Statens senter for epilepsi er med, og dermed skuleavdelinga ved denne institusjonen.

Vidareføring av varige tiltak etter 1998 vil bli vurdert i samarbeid mellom dei to departementa på bakgrunn av dei rapportar m v som ligg føre.

## 6.2 Nasjonal kompetanseining for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi

Kompetanseininga vart etablert frå 1. februar 1994 som eit samarbeidsprosjekt for å utvikle kompetanse for dei nemnde diagnosegruppene. Prosjektet blir administrert av styret for dei regionale statlege kompetansesentra og er lokalisert til Torshov kompetansesenter. Tiltaket er ein del av regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma.

Den årlege budsjetttramma er vel 2 mill. kroner med 50 % delfinansiering frå Sosial- og helsedepartementet. Det er oppnemnt ei fagleg styringsgruppe med representantar frå departementa, Statens helsetilsyn og brukarorganisasjonane.

Eininga skal arbeide for at pedagogiske og medisinske fagmiljø kan tilfredsstillende dei behov diagnosegruppene har for einskapleg kompetanseutvikling og heilskapleg tiltaksutvikling i livsløpsperspektiv, og

medverke til å byggje nettverk mellom nasjonale, regionale og lokale fagmiljø som arbeider med utgreiing, opplæring og behandling av dei tre diagnosegruppene. Eininga er oppretta for å yte tenester til fagfolk i regionane. Hovudmål for prosjektet er:

- å samle, utvikle og spreie kompetanse om utgreiing, opplæring og behandling av diagnosegruppene
- å arbeide for å etablere og vidareutvikle samarbeidsformer og tverrfaglege nettverk som omfattar miljøa i kompetansesystemet.

Prosjektperioden for den nasjonale kompetanseininga for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi var planlagd avslutta i 1997, men prosjektet vart prolongert ut 1998. Ein sluttrapport vart utarbeidd i 1997. På bakgrunn av denne sluttrapporten frå prosjektet vil dei to departementa vurdere vidareføring av varige tiltak.

Begge departementa er samde om at vidareføring av varige tiltak er nødvendig, både når det gjeld autisme og lærevanskar med nevrologiske årsaker. Kompetansesentra sine oppgåver i høve til det sistnemnde er omtalte i pkt 4.2.7 i kapittel 4.

## 6.3 Kompetansesystem for døvblindblitte

Sosial og helsedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet er i gang med ei utgreiing av etablering av felles kompetansesystem for døvblindfødde og døvblindblitte. Utgangspunktet er tilboda i eksisterande kompetansesenter for døvblindfødde. Kompetansesystemet skal i prinsippet vere eit støtte-system for kommunane og fylkeskommunane sitt arbeid og ansvar for døvblinde.

## 6.4 Ressursar til samarbeidsprosjekta

Løyvingane til samarbeidsprosjekta på budsjettet for Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i åra 1993–1995 framgår av tabell 2.22. I tillegg kjem løyvingar over Sosial- og helsedepartementet sitt budsjett.

## 7 OPPLÆRING INNANFOR KRIMINALOMSORGA

Opplæring innanfor kriminalomsorga skjer på grunnlag av ein avtale mellom staten og fylkeskommunane. Etter § 35 i lov om vidaregåande opplæring kan fylkeskommunen også bli pålagt å administrere opplæring i fengsel som ikkje er omfatta av lov om vidaregåande opplæring, og dette skjer mellom anna når det gjeld grunnskuleundervisning.

Statens utdanningskontor i Hordaland har ansvaret for den statlege administrasjonen. I 1998 er det på kap 0231 post 61 i statsbudsjettet løyvd 77,7 mill. kroner i tilskott til opplæring i fengsla og oppfølgingsklassar.

Omfanget av opplæringstilboda i fengsla har vakse kraftig dei siste 25 åra. I 1970–71 var det berre 20 elevplassar. I 1996 var det

Tabell 2.22 Ressursar til samarbeidsprosjekt 1993 – 1996 på statsbudsjettet kap 0243

Tiltak	1993 mill kr	1994 mill kr	1995 mill kr	1996 mill kr
Autismeprogrammet 1)	0,7	0,7	0,7	0,7
Nasjonal kompetanse- tanning for ADHD m m 1)	0	1,3	1,3	1,3
Sum	0,7	2,0	2,0	2,0

1) Delfinansiering frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Kjelde: Statsrekneskapen

- opplæringsverksemd i 33 av dei 43 anstaltane i landet
- oppfølgingsklassar og prosjekt 11 stader i landet
- til saman 810 elevplassar (638 i fengsla, 172 utanfor), 640 av dei i bruk (av i alt 2 836 soningsplassar, av desse 1869 i lukka anstalt)
- grunnskuleopplæring i 24 % av plassane, vidaregåande opplæring i 51 % og anna opplæring i 25 %
- 405 elevar som tok eksamen eller oppnådde dokumentert delkompetanse, og 731 elevar som gjennomførte ikkje kompetansegivande kurs
- engasjert 276 lærarar i alt; 137 på heiltid og 139 på deltid (omrekna til ca 195 årsverk)

Undersøkingar viser at mange av dei innsette i fengsel ikkje har fullført grunnskulen, og få har fullført vidaregåande skule. Relativt mange uttrykkjer særskilt behov for hjelp med lese- og skrivevanskar og matematikk. Dårlege forkunnskapar og svake sosiale nettverk m m medfører derfor at relativt mange har behov for spesialundervisning eller særskilt tilrettelagd opplæring.

Fylkeskommunane er bedne om å lage ein samla plan for opplæringa innan kriminalomsorga i kvart fylke, i samarbeid med mellom anna fengselsleinga og utdanningskontora. Dette arbeidet er no i gang. Ei interdepartemental arbeidsgruppe er dessutan i gang med å gjennomgå og vurdere ulike sider ved fengselsundervisninga, med sikte på å leggje fram utgreiinga våren 1998. Ei anna arbeidsgruppe kom i februar 1997

Tabell 2.23 Tilskott til Sentralt brukarforum og frivillige organisasjonar frå statsbudsjettet kap 0243 i perioden 1992 – 1996

Tilskott til	1992 mill kr	1993 mill kr	1994 mill kr	1995 mill kr	1996 mill kr
Sentralt brukarforum	0	0,1	0,1	0,2	0,2
Organisasjonar elles	0,9	0,8	0,6	0,8	0,8
Sum	0,9	0,9	0,7	1,0	1,0

Kjelde: Statsrekneskapen

med rapporten *Tilbake til samfunnet?* der det vart lagt fram konkrete forslag for å styrkje oppfølgingsarbeidet.

Under behandlinga av budsjettet for 1997 ba Stortinget regjeringa om å ta initiativ til ei brei evaluering av «fengselsundervisningens rolle og ulike tiltak som kan styrke dette feltet av Kriminalomsorgen», jf Budsj. Innst. nr. 12 (1996–97). Dette arbeidet er no under førebuing.

## 8 SENTRALT BRUKARFORUM. SAMARBEID MED FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

### 8.1 Sentralt brukarforum

Som ledd i omstruktureringa av spesialundervisninga er det frå 1993 etablert eit Sentralt brukarforum, der Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon har sekretariatsansvaret. Sentralt brukarforum med 29 tilslutta organisasjonar er oppretta for å

- sikre at departementet får kjennskap til synspunkt frå fleire grupper funksjonshemma
- ha ein stad for gjensidig informasjon og drøfting
- sikre at brukarane blir haldne løpande orienterte og kjem med i viktige avgjerdsprosessar

Sentralt brukarforum har 3 – 4 møte årleg og fungerer som møtestad for brukarorganisasjonane, styra for kompetansesentra og Programmet for Nord-Noreg og departementa. Det gir ut meldingsbladet *Læring for alle*.

### 8.2 Ressursar til Sentralt brukarforum og organisasjonane

Tilskotta frå departementet til Sentralt brukarforum og dei frivillige organisasjonane i perioden 1992–1996 framgår av tabell 2.23.

Ei nærmare evaluering av Sentralt brukarforum og opplegg til vidare drift er gitt i kap 4 i meldinga.

## 9 SOSIALE OG MEDISINSKE INSTITUSJONAR UNDER DET REGIONALE STYRET

### 9.1 Skuleverksemd ved seks sosiale og medisinske institusjonar med kompetansesenterfunksjonar

I St. prp. nr.1 (1994–1995) fekk Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesenter frå 1995 ansvaret for skuleverksemda ved seks sosiale og medisinske institusjonar som har kompetansesenterfunksjon, og som skal gi undervisning til barn og unge mens dei får behandling i institusjonen. Dei seks skulane er

- Berg Gard skule, Sentralinstituttet for rehabilitering, Oslo
- Frambu skule, Frambu, Ski
- Geilomo skule, Geilomo barnesjukehus, Hol

Tabell 2.24 Ressursar ved institusjonsskulane 1995 og 1996 på statsbudsjettet kap 0243

Skule	1995 mill kr	1996 mill kr	1996 – del av ressursane brukt i utover- retta verksemd
Berg Gard skule	3,7	4,4	35%
Frambu skule	6,0	6,2	10%
Geilomo skule	1,9	1,9	17%
Solberg skule	5,4	6,2	7%
Sunnaas sjukehus skule	7,6	8,5	1%
Voksentoppen skule	3,4	1,6	6%
Sum	28,0	28,8	10,7%

Kjelde: Styret for regionale statlege spesialpedagogiske kompetan-  
sesentra.

Årsmelding 1995 og 1996.

- Solberg skule, Statens senter for epilepsi, Bærum
- Sunnaas sjukehus skule, Nesodden
- Voksentoppen skule, Voksentoppen senter for astma og allergi, Oslo

Normalt varer opphalda ved institusjonane og skulane nokre få veker. Dei fleste skulane driv også utoverretta verksemd, mot heimeskulen eller meir generelt.

Oppgåvene for styret har vore å

- godkjenne budsjettet for den enkelte institusjonen
- føre kontroll med at det er samsvar mellom godkjent budsjett og årsrekneskapen for undervisning og spesialpedagogisk rettleiing
- sjå til at undervisninga er i samsvar med lovverket
- kartleggje og beskrive innhaldet i og organiseringa av den pedagogiske rettleiingstenesta

Styret har fått fullmakt til å endre tildelinga mellom institusjonane.

## 9.2 Verksemda ved skulane

### Berg Gard skule, Sentralinstitutt for habilitering, Berg Gard

Dei fleste barn som søker til Berg Gard, har cerebral parese, ryggmergsbrokk og nevromuskulære sjukdommar. I tillegg kjem ei rekkje lågfrekvente nevrologiske skadar og sjukdommar. Ca 1/4 av tilvisingane er udiagnostiserte tilstandar. Behandlingsaktiviteten har auka på alle plan. Skulen driv no, meir enn før, pedagogisk-psykologisk diagnostikk og behandling knytt til dei medisinske tiltaka ved senteret. Den spesialpedagogiske kompetansen som får spesiell merksemd, gjeld kommunikasjonsutgreiingar og tilpassing av datateknologiske hjelpemiddel, taleprotesar og andre alternative kommunikasjonssystem. I tillegg oppgir skulen at han har spesiell kompetanse når det gjeld spesifikke lærevanskar hos barn og unge med cerebral parese, ryggmergsbrokk, muskelsykje, Rhetts syndrom og medfødde, sjeldne sjukdommar.

Berg Gard, som er lagd under det nye Rikshospitalet, er ein del av barneklirikken og har no nemninga Rikshospitalet, Berg Gard, seksjon for barnenevrologi og habilitering.

### Frambu skule, Frambu senter for sjeldne funksjonshemmingar

Frambu (tidlegare Frambu Helsesenter) gir landsdekkjande tilbod om opphald for 35 små og sjeldne diagnosegrupper for å styrkje både den funksjonshemma og familien i å meistre livssituasjonen sin. I hovudsak tek institusjonen imot heile familiar der eitt eller fleire barn er funksjonshemma, men også ungdom og vaksne får tilbod (foredrag, konsultasjonar, samtalegrupper og fysiske og sosiale aktivitetar). Alle deltakande barn får eit spesialpedagogisk tilbod i Frambu barnehage og skule.

### Geilomo skule

Skulen skal drive undervisning for elevane ved Geilomo barnesjukehus. Dette er det einaste sjukehuset som tilbyr langtidsopphald for barn og ungdom med problematisk astma, allergi og atopisk eksem. Rehabiliteringa ved sjukehuset har som formål opptrening på alle område, medisinsk, fysisk, pedagogisk og sosialt, til eit tilnærma normalt funksjonsnivå.

### Solberg skule, Statens senter for epilepsi

Statens senter for epilepsi er i dag den einaste norske institusjonen som har egne avdelingar for barn og ungdom med epilepsi. Senteret tek mot pasientar frå heile landet til utgreiing og behandling, og ved skulen vert det gjennomført grundige pedagogisk – psykologiske utgreiingar.

### Sunnaas sjukehus skule

Sunnaas sjukehus er eit av dei fremste spesialsjukehusa når det gjeld medisinsk rehabilitering etter ulykker, trafikkskadar og sjukdom. Dette er den største av dei seks skulane.

### Voksentoppen skule

Voksentoppen skule gir tilbod til barn i grunnskulealder ved Voksentoppen senter for astma og allergi. Forutan elevar som er underlagde instituttet, og andre korttidselevar, har skulen ei fast gruppe elevar frå Oslo og området omkring. I tillegg tek skulen imot elevar for kortare tid ved akutt forverring av sjukdommen, og gir elles hjelp og støtte ved problem på heimeskulen.

## 9.3 Ressursar ved institusjonsskulane

Frå hausten 1995 var det til saman 79 fagstillingar og 13 andre stillingar ved institusjonsskulane. Skulane

fekk slik ressurstildeling i 1995 og 1996 som framgår av tabell 2.24. Her framgår også kor stor del av ressursane som gjekk til den utoverretta verksemda i 1996.

Ei nærmare evaluering av skulane og oversikt over vidare drift er gitt i kap 4 i meldinga.

## 10 ULIKE PROSJEKT

### 10.1 FRESKO-prosjektet

Nemninga FRESKO står for Fjernrettleiingsprosjektet for dei regionale statlege spesialpedagogiske kompetansesentra. FRESKO-prosjektet blir administrert av styret for dei regionale kompetansesentra.

Formålet med prosjektet er å undersøkje om tovegs lyd- og bilettelefon er ein velegna metode og ein god reiskap for å gi brukarane eit kvalitativt betre opplæringstilbod i lokalmiljøet. Måla er:

- Elevane får eit forbetra opplæringstilbod i lokalmiljøet
- Kommunen og skulen får auka tilgang på fagleg ekspertise
- Kompetansesentra utviklar auka spesialpedagogisk kompetanse for fjernrettleiing, rådgiving og konsultasjon
- Kompetansesentra samverkar med andre eksterne kompetansesenter, høgskular og fagmiljø med tanke på auka spesialpedagogisk kompetanse

Omkring 50 funksjonshemma brukarar er knytte til prosjektet.

### 10.2 TESS-prosjektet

Omgrepet TESS står for Telekommunikasjon, etterutdanning og spesialundervisning i ein skule for alle. TESS-prosjektet starta i 1992 og er eit internasjonalt telekommunikasjonsprosjekt. Formålet er å utvikle eit godt spesialundervisningstilbod gjennom kommunikasjon der lærarar og elevar er aktive deltakarar. I Noreg blir prosjektet leidd av styret for dei regionale kompetansesentra. Den første prosjektperioden vart avslutta i 1995. Det er utarbeidd ein særskild prosjektrapport. I samarbeid med NLS er prosjektet vidareført i 1997.

I samband med nedbygginga av dei regionale kompetansesentra og det regionale styret vil det framtidige ansvaret for slike telekommunikasjonsprosjekt bli vurdert nærmare.

### 10.3 SUITE-, NONITE- og DELTA-prosjekta

Under regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma er det som prosjektbasert verksemd oppretta to IT-einingar for funksjonshemma: Sunnaas IT-eining, SUITE, og Nord-norsk IT-eining, NONITE. IT-einingane skal medverke til å heve kvaliteten på formidlinga av IT-baserte hjelpemiddel, SUITE for målgruppa barn, unge og voksne med rørslehemming og/eller hjerneskade, og NONITE for dei fleste grupper barn og unge inntil 20 år. Det er føresetnaden at IT-einingane skal medverke til samarbeid mellom pedagogiske, medisinske og tekniske fagmiljø.

Som del av Senter for tilrettelegging av miljø for funksjonshemma, DELTA, er det også lagt inn eit informasjonssekretariat for informasjonsteknologi for funksjonshemma.

Desse prosjekta blir administrerte av Sosial- og helsedepartementet.

## 11 NASJONALT OPPLÆRINGSPROGRAM I TEIKNSPRÅK FOR LÆRARAR OG TEIKNSPRÅKOPPLÆRING FOR FORELDRE

Som ledd i regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma 1994–1997 vart det etablert eit toårig nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for lærarar i 1996–97 og eit opplæringsprogram i teiknspråk for foreldre frå 1996.

I samsvar med Innst. S.nr. 275 (1996–97) vil det nasjonale opplæringsprogrammet for lærarar som skal undervise i teiknspråk, bli vidareført i 1998, særleg for lærarar ved kompetansesentra for hørselshemma og for lærarar ved knutepunktskular i vidaregåande opplæring.

Foreldre med nyoppdaga døve barn får tilbod om teiknspråkopplæring. Tilbodet har fått fast, heilskapleg struktur innanfor ei ramme på inntil 40 veker, mens barnet er i alderen 0–16 år. Kompetansesentra for hørselshemma står sentralt i gjennomføringa. Evalueringsrapport vil liggje føre hausten 1998.

Kostnadene ved desse tiltaka blir dekte dels på budsjettet til Sosial- og helsedepartementet (Regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma 1994–1997), dels av folketrygda og dels på statsbudsjettet kap 0243. Her er utgiftene dels belasta kompetansesentra sine budsjett, og dels gitt som særskild løyving til dekning av utgifter til kompetanseheving i teiknspråk for kommunar, høgskule og universitet (i alt 18 mill kroner utanom kompetansesentra for 1996 og 1997).

**Vedlegg 3****Kompetansenettverket og tilgrensande tenester for personar med særskilde opplæringsbehov: Aktørar, omfang, samarbeid og nytte****1 EIT KOMPLISERT FORVALTNINGS- OG HJELPEAPPARAT**

Det er i dag eit svært omfattande offentleg tenesteapparat til å ta seg av det velferdsbehovet befolkninga har på mange område. Tenestene er prega av arbeidsdeling, spesialisering og profesjonalisering. Spesialiseringa har auka dei siste 30–40 åra, mellom anna fordi spesialisering og oppdeling av komplekse og store oppgåver kan gjere oppgåveløysinga meir effektiv og lettare å handtere. Fordelane ved spesialisering og sektorisering av hjelpeapparatet er innlysande. Men utviklinga av eit differensiert tenesteapparat, der ulike sektorar, forvaltningsnivå og profesjonar ofte berre har ansvaret for ein "del" av brukaren (den funksjonshemma sjølv eller dei føresette), resulterer lett i uklare ansvarsforhold med mange aktørar. Eit uoversiktleg tenesteapparat kan og føre til at brukarane ikkje får den hjelpa dei har krav på.

I tabell 3.1 er det ei oversikt over enkelte aktuelle instansar og aktørar i arbeidet med barn, unge og voksne med særskilde behov. Det vil lett kunne utvikle seg til dels parallelle, overlappande og konkurrerande verksemdar, når fleire hjelpeinstansar har deloppgåver i arbeidet med å stette behovet hos brukarane. I slike tilfelle er det viktig å unngå ansvarsfråskrivning så vel som dobbeltarbeid og utvikling av parallelle tiltak. Brukaren har behov for heilskaplege løysingar, uavhengig av den eksisterande ansvarsdelinga og tenestestrukturen.

Undersøkingar viser eit samansett bilete av korleis brukarane oppfattar dei enkelte tenestene og systemet samla. Evalueringsrapporten frå 1996 frå Møreforskning viser at brukarane av dei spesialpedagogiske tenestene jamt over er godt nøgde med dei enkelte tenestene i kompetansenettverket, men mindre nøgde med systemet som heilskap.

Brukarane gir i somme tilfelle uttrykk for at dei kjenner seg som kasteballar i eit komplisert og uoversiktleg system, der det er "mange dører å banke på". I ei fråsegn om evalueringsrapportane frå styra for perioden 1992–1995 blir denne problematikken teken opp av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), der det m a heiter:

"FFO har i mange sammenhenger pekt på at det bygges opp parallelle tenestetilbud innanfor de ulike sektorene som f eks skole- og helsetjenesten. Dette innebærer at brukeren ofte må forholde seg parallellt til PP-tjenesten, barne- og ungdomspsykiatrien, habilite-

ringstjenesten, hjelpemiddelsentralen og trygdekontor osv.. For brukeren er det en merbelastning at man alltid må gjenfortelle hele sin historie hver gang man møter nye "hjelpere", omsorgspersoner, fagfolk..."

For å unngå ulempene med eit komplekst kompetansenettverk med mange aktørar, er det viktig at dei ulike tenestene samarbeider og samordnar verksemdene sine. Det faglege arbeidet og oppgåveløysinga får da betre kvalitet i form av heilskaplege strategiar og tiltak, og brukaren unngår ansvarspulverisering, dobbeltarbeid og unødvendige tilvisingar til andre instansar. Andre viktige gevinstar av samarbeid eller samordning handlar om økonomi og ressursutnytting. Ein vil som regel spare ressursar, og oppgåveløysinga kan effektiviserast.

Dette kjem både brukarane, tenesteapparatet og heile samfunnet til gode. Men ei rekkje undersøkingar viser at reelt samarbeid, og ikkje minst samordning, ikkje så lett let seg gjennomføre i praksis. Ofte utviklar det seg motstrategiar for å halde ved like sjølvstende og ressursar (Repstad, 1993: *Dugnadsånd og forsvarsverker. Tverretattlig samarbeid i teori og praksis*). Eller som det vart uttalt i St. meld. nr. 54 (1989–90): "Alle vil samarbeide, men ingen vil samordnes".

I dette vedlegget blir det gitt ei kort framstilling av enkelte parallelle tenester og grenseflater mellom opplæringssektoren og andre sektorar, og ei framstilling av kompetansenettverket og aktørane som arbeider med personar med særskilde opplæringsbehov.

**2 ENKELTE PARALLELLE TENESTER OG GRENSEFLATER MELLOM SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK OG TENESTER I ANDRE SEKTORAR****2.1 Viktige parallelle tenester eller grenseflater: Skjematisk oversikt**

Tabell 3.2 gir oversikt over enkelte parallelle tenester og grenseflater mellom spesialpedagogiske tiltak og tenester i andre sektorar. Erfaringane er at det i somme tilfelle kan vere tilfeldig om ein brukar blir vist til den eine eller andre utgreiings- eller behandlingsinstansen. Uklare grenser for ansvars- og oppgåvefordeling kan og føre til at brukarane opplever mangel på systematikk og heilskap.

For gruppa med sosiale og emosjonelle vanskar har det i løpet av få år vorte etablert, eller er under etablering, statlege kompetansesenter innanfor både

## Om opplæring for barn, unge og voksne med særskilte behov

Tabell 3.1 Aktuelle instansar og aktørar i arbeidet med barn, unge og voksne med særskilte behov

SEKTOR	UNDERVISNING, BARNEHAGE	BARNEVERN, SOSIAL, HELSE	KULTUR	TRYGD	ARBEIDSMARKNAD
Aktuelt område	Skular, undervisning, opplæring	Sosiale spørsmål, funksjonshemmingar	Helse	Trygd, attføring, rehabilitering	Arbeidsmarknad, attføring i opplæring
Adm./tenes- teyting Forvalt- ningsnivå	Admin., styring, tilsyn	Admin., styring, tilsyn	Tenes- teyting, produksjon	Admin., styring, tilsyn	Admin., styring, tenes- teyting, produksjon
STAT. SENTRAL- NIVÅ	KUF	BFD	Statlege somatiske og psykiatriske helseinstitusjonar	SHD (Riksryg- deverket)	AAD (Arbeids- direktora- tet)
	Statlege kompet.- sentra (LD eller REG)	BFD	Statlege spesialin- stitusjonar	SHD	Rehabili- terings/ attførings- institusjo- nar Nasjo- nalt senter for teknis- ke hjelpe- midd. og tilretteleg- ging av miljø for funksjons- hemma
STAT. FYLKESNIVÅ	Statens ut- danningss- kontor	Fylkes- mannen	Fylkeslegem. Kontroll sjef sjef (psykiatri)	Fylkes- kontor for trygdesaker tral	Fylkes- arbeids- kontoret
	Syns- pedagog og audiopeda- gogar	Fylkes- mannen, Fylkes- nemnda for sosiale sa- ker	Sosiale in- stitusj., rusmiddel- institusjon		Arbeids- rådgjeving- kontor
STAT. KOM- MUNENIVÅ				Tygd- dekontor	Arbeids- kontor (ev. inter- kommu- nalt)
	Vidare- gåande opp- læring. Opp- følgings- teneste. PPT. Spesialund. VG, og VO på grunnsk. omr. 1 alder 16-20 år	Leiar av fylkes- barne- vernet	Fylkeshelse- sjef	Fylkeskul- tursjef	Avklaring, rådgjeving, kvalifi- sering, ar- beidsfor- midling
FYLKESKOM- MUNE	Fylkes- skulesjef/ fylkesut- danningss- sjef	Barnevern- situasjonar mv Foster- heim rekr. og formidling	Fylkeshelse- sjef	Fylkeskul- tursjef	
	Grunnskule PPT. Spesialund førskulealder og grunnsku- le og 21 år og over	Barnevern situasjonar mv Foster- heim rekr. og formidling	Sosiale in- stitusj., rusmiddel- institusjon	Fylkeskul- tursjef	
KOMMUNE (ev. bydel/ kommunedel)	Skulesjef/ oppvekst- sjef	Barnevern situasjonar mv Foster- heim rekr. og formidling	Helse- og sosialsjef	Kultursjef	
	Grunnskule PPT. Spesialund førskulealder og grunnsku- le og 21 år og over	Leiar av barnevern- net	Sosiale te- neser, rus- middelom- sorg mm	Kultursjef	Kultur- og fritidstenes- ter

opplæringssektoren, helse- og sosialsektoren og barnevernet.

For hørselshemma er det seks kompetansesenter og 21 statlege audiopedagogar på fylkesplan innanfor opplæringssektoren, 26 hørselssentralar og øyre-nase-halsavdelingar i fylkeskommunale sjukehus, dessutan hørselsseksjon i dei statlege hjelpemiddelsentralane i kvart fylke, og statleg arbeidsrådgivingskontor i fylka.

For synshemma er det to statlege kompetansesenter og 23 statlege synspedagogar på fylkesplan innanfor opplæringssektoren, augeavdelingar eller optiske avsnitt i fylkeskommunale sjukehus, dessutan syns-seksjon i dei statlege hjelpemiddelsentralane i kvart fylke og statleg arbeidsrådgivingskontor i fylka.

For dei tre førstnemnde vanskegruppene er fleire av kompetansesentra og andre tilbod i dei ulike sektorane bygde til dels sterkt ut i løpet av få år. Fleire av dei har det til felles at dei berre arbeider med utgreiing, rådgiving, rettleiing, kompetanseoppbygging og etter- og vidareutdanning overfor førstelinjetenesta, ev and-relinjetenesta. Dei nemnde kompetansesentertene- stene og andre tenestene kan vanskeleg seiast å vere fullt ut koordinerte. Fleire av brukarorganisasjonane, mellom andre FFO, melder som nemnt om problem med parallelle tenestetilbod i dei ulike sektorane. Omfanget av dei problema slike paralleltilbod og gråsoner skaper, er ikkje kartlagt på systematisk vis hittil. Dei mest synlege og merkbare grenseflatene mellom delvis parallelle tenester finn vi for vanskegruppa med samansette lærevanskar og psykisk utviklingshemming. Her har opplæringssektoren og helse- og sosialsektoren kvar for seg utvikla sju statlege regionale spesialpedagogiske kompetansesenter og ei fylkeskommunal habiliteringsteneste i alle fylke. Dette blir nærmare omtalt nedanfor.

## 2.2 Særskilt om grenseflater mellom dei regionale spesialpedagogiske kompetansesentra og habiliteringstenesta i fylkeskommunane

Dei sju statlege regionale spesialpedagogiske kompetansesentra (inklusive Sandfallet) står til teneste for elevar med generelle lærevanskar og psykisk utviklingshemming, særleg i form av rettleiing og rådgiving overfor dei opplæringsansvarlege (kommunane og fylkeskommunane). Desse kompetansesentra har til saman om lag 400 årsverk, av dei om lag 190 årsverk for pedagogar og ca 25 årsverk for psykologar. I tillegg er det nokre få årsverk for helsepersonell ved desse sentra. Sentra vart etablerte i 1992 som del av omstruktureringa av spesialundervisninga.

I hovudsak vart fylkeskommunane si habiliteringsteneste for vaksne, og tildels habiliteringstenesta for barn, etablert i samband med ansvarsreforma for psykisk utviklingshemma tidleg på 1990-talet, men har alle kategoriar funksjonshemma som målgruppe. I ei særskild undersøking (Larsen, Hoem, Statens helse-tilsyn 1995: *Rapport om den fylkeskommunale habili-*

*teringsstenesten 3 år etter HVPU-reforma*) blir det oppgitt at psykisk utviklingshemma utgjør 85 % av klientane i habiliteringstenesta for vaksne, og nær 55 % av klientane i barnehabiliteringstenesta. I stor grad yter habiliteringstenesta i helsesektoren hjelp til første- og andrelinjetenesta i form av råd og rettleiing i tillegg til direkte individuelt pasientarbeid. Ved etablering av tenesta vart det frå sentralt hald rådd til at det mellom anna burde opprettast stillingar for psykologar og spesialpedagogar. Habiliteringstenesta i fylkeskommunane hadde ved utgangen av 1996 tilsette i ca 700 fagstillingar, av desse vel 90 psykologar og 110 pedagogar/spesialpedagogar.

Sosial og helsedepartementet har tidlegare gitt uttrykk for at det ikkje bør etablerast eigne tiltak for psykisk utviklingshemma. Dette vil sei at særleg vaksnehabiliteringstenesta bør orientere seg mot breiare målgrupper enn i dag. Sosial- og helsedepartementet vil komme tilbake til dette spørsmålet i samband med ei kommande stortingsmelding om rehabilitering.

Pedagogane og psykologane og andre i dei to tenestene utfører mange likearta oppgåver. Mellom desse to tenestene, i opplæringssektoren og i helsesektoren, har det derfor enkelte stader vore eit fagleg spenningsforhold. Det har vore uklart kva ansvar og kva avgrensing dei to instansane skal ha i forhold til kvarandre, og det har frå fleire hald vore etterlyst ein klarare grenseoppgang mellom habiliteringstenesta og dei regionale kompetansesentra. Slike signal har komme både frå brukarorganisasjonane, frå tenestene sjølve og frå tilsynsansvarlege m fl.

Forholdet er også påpeikt av Møreforsking (Skår-brevik 1996). Styret for dei regionale sentra har prøvd å regulere dette ved avtalt samarbeid med habiliteringstenesta, men dette har likevel ikkje vore tilstrekkeleg til å unngå at det framleis blir arbeidd parallelt.

## 2.3 Særskilt om overgang frå skule til arbeid for unge med funksjonshemming

Det har skjedd ei aukande integrering av funksjonshemma i skuleverket. Men dette har likevel ikkje medført auka arbeidslivsdeltaking for unge funksjonshemma. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet og Sosial- og helsedepartementet, på bakgrunn av Attføringsmeldinga, St.meld. nr. 39 (1991–92), gjennomført eit prosjekt i to fylke. Der såg ein nærmare på kva som kan gjerast for å betre sjansane for unge funksjonshemma til yrkesaktivitet og deltaking i samfunnslivet etter at dei er ferdige med skulegangen.

Erfaringane frå prosjektet viste at dei ungdommane som var med i prosjektet (primært ungdom med store lærevanskar), har føresetnader for å delta i arbeidslivet og kan integrerast i vanleg arbeid, dersom dei får nødvendig støtte og hjelp. Alle deltakarane hadde behov for hjelp frå fleire etatar i overgangen frå skule til arbeidsliv. Men tiltaksapparatet er differensiert og i liten grad samordna for at funksjonshemma

Tabell 3.2 Oversikt over delvis parallelle tenester og kompetansesentersystem på 2.- og 3.- linjenivå for ulike grupper funksjonshemma

Brukargruppe	Opplæringssektor (spes.ped.)	Helse- og sosialsektoren	Barnevernsektor	Trygdesektor	Arbeidsmarknadssektor
Åtferdsvanskar (sosiale og emosjonelle problem)	3 statlege spesialped. kompetansesenter, inkl. Senter for åtferdsforskning	Statens senter for barne- og ungdomspsykiatri. 5 statlege barne- og ungdomspsykiatriske region-senter. Barne- og ungdomspsykiatriske klinikkar/ avd. og poliklinikkar m m i fylkeskomm. Habiliterings-tenesta i fylkeskommunane	4 statlege regionale utviklings-senter i barnevernet. Fylkesbarnevernet		
Hørselshemma	6 statlege spesialped. kompetansesenter. 21 statlege audiopedagogar på fylkesplan	26 hørselssentralar + ØNH-avd. i fylkeskomm. sjukehus. Privatpraktiserande spesialistar (ØNH)		Statlege hjelpemiddelsentralar i fylka (hørselsseksjon, tolketeneste)	Senter for yrkesmessig attføring. Statlege arbeidsrådgivingskontor.
Synshemma	2 statlege spesialped. kompetansesenter. 23 statlege synspedagogar på fylkesplan	Augeavd. i fylkeskomm. sjukehus. Privatpraktiserande spesialistar (auge). Optikarar.		Statlege hjelpemiddelsentralar i fylka (synseksjon)	Statlege arbeidsrådgivingskontor
Generelle lærevanskar (under dette psykisk utv.hemming)	7 regionale statlege spesialped. kompetansesenter	Habiliterings-tenesta i fylkeskommunane		Statlege hjelpemiddelsentralar i fylka	

brukarar skal kunne sikrast heilskaplege tilbod. Erfaringar frå prosjektet viste at ansvarsområda og regelverket verkar avgrensande på utprøving av nye samarbeidsrutinar. Ingen etat er forplikta til å koordinere og følgje opp den totale livssituasjonen for ungdommen. Prosjektet viste og behov for å samordne dei ulike individuelle tiltaksplanane etatane har (dei individuelle opplæringsplanane i skulane, habiliterings-, tiltaks- eller omsorgsplanane i kommunane og attføringsplanane i arbeidsmarknadsetaten).

Institutt for sosialforskning (INAS) har evaluert prosjektet og har skrive to delrapportar undervegs og ein sluttrapport. Det er eit sterkt behov for å koordinere det tverretatlege samarbeidet ved overgangen frå skule til arbeidsliv for ungdom med funksjonshemmingar. Det er teke sikte på å følgje opp erfaringane

frå prosjektet i arbeidet med stortingsmeldinga om rehabilitering.

#### 2.4 Særskilt om tolketenesta for hørselshemma

Hjelpemiddelsentralane har fått det overordna formidlings- og forvaltningsansvaret for skulehjelpemiddel. Men sjølv om tolketenesta allereie er etablert som tilbod ved hjelpemiddelsentralane, er ikkje finansieringsansvaret for tolkehjelp for hørselshemma i grunnskule og vidaregåande opplæring overført til folketrygda. Folketrygda har likevel finansieringsansvaret for tolkehjelp til utdanning utover vidaregåande skule (høgskule og universitet).

Hjelpemiddelsentralen i Sør-Trøndelag har gjennomført eit tre-årig prosjekt der hjelpemiddelsentralen

har koordinert og administrert alle typar tolking i fylket. Resultata frå prosjektet viste at styring og koordinering av knappe tolkeressursar var ressursparande og gav økonomisk gevinst. Men det viktigaste resultatet var likevel at dette gav betre tilbod til hørselshemma brukarar. (Sluttrapport: *Skoletolkprosjektet i Sør-Trøndelag*. Tolketjenesten ved Hjelpemiddelsentralen i Sør-Trøndelag, 1996).

På bakgrunn av prosjektet er det etablert ei arbeidsgruppe som har som mandat å sjå nærmare på korleis undervisningstolkinga bør organiserast på alle utdanningsnivå og å greie ut administrative og økonomiske konsekvensar. Det er venta at arbeidsgruppa, som har representantar frå brukarorganisasjonane, hjelpemiddelsentralane, Rikstrygdeverket, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og tenestemannsorganisasjonane, leverer utgreiinga si våren 1998.

## 2.5 Særskilt om tekniske hjelpemiddel til bruk i skuleverket

Frå 01.01.97 er ansvaret for tekniske hjelpemiddel til bruk i skuleverket overført til folketrygda. Folketrygda skal ha ansvaret for alle hjelpemiddel som eleven/barnehagebarnet sjølv bruker, medan kommunen/fylkeskommunen framleis har ansvaret for skulen sitt eige utstyr, inklusive dei hjelpemidla som læraren nyttar i undervisninga. Kommunen/fylkeskommunen har også ansvaret for dei bygningsmessige endringane som er nødvendige for å gjere skulen/barnehagen tilgjengeleg. Dette gjeld m.a. vanleg inventar og tilkomst.

Det vert såleis skilt mellom pedagogiske hjelpemiddel, som er skuleeigaren sitt ansvar, og tekniske hjelpemiddel, der ein kan søkje om hjelp frå hjelpemiddelsentralen.

Rikstrygdeverket (RTV) tek endeleg avgjerd om kva hjelpemiddel som vert godkjent dekte over folketrygda. Billettelefon er døme på eit relativt nytt hjelpemiddel i undervisningssamanheng, der RTV førebels ikkje har teke endeleg avgjerd om hjelpemiddelet kan godkjennast.

## 2.6 Særskilt om tiltak for personar med afasi

Personar med afasi (språkforstyrningar etter hjerneska- de eller slag) har ofte behov for eit breitt opplærings- og behandlingstilbod frå både opplæringssektoren og helsetenesta. Rehabilitering av slagramma involverer mellom anna medisinske tiltak, fysioterapi, ergoterapi og logopedhjelp eller anna relevant hjelp til gjenvinning av språk- og kommunikasjonsevne.

Helsetenesta i kommunane og fylkeskommunane og logopedtenesta lokalt er viktige aktørar for slagramma. Kompetansesentra Bredtvet, Øverby og Eike- lund gir tilbod til denne gruppa. I PP-tenesta er det tilsett over 200 logopedar.

Prosjektrapportar frå det lokale utviklingspro- grammet for spesialundervisning gir signal om kapasitetsproblem og dårleg koordinering i kompetansenett- verket når det gjeld opplæringstilbodet til vaksne med afasi. Veikskapane her blir forklarte med manglande tilgang på logopedar, usikre rutinar og ansvarsforhold på kommunalt nivå og mangelfulle rutinar når det gjeld informasjon og samarbeid mellom sjukehus eller rehabiliteringseiningar og skuleverk.

Gjeldande rett slår fast at vaksne som har vore ut- sette for sjukdom eller skade, og som har særlege be- hov for spesialundervisning på grunnskulen sitt områ- de, har rett til slik opplæring etter vaksenopplærings- lova §§ 4 og 5 andre ledd.

Etter folketrygdlova § 5–10, med tilhørande for- skrifter, yter trygda godtgjering for utgifter til logo- pedbehandling hos privatpraktiserande logoped eller audiopedagog. Behandlinga må vere rekvirert av lege som ledd i behandling av sjukdom, skade eller lyte, og ho må ha noko vesentleg å seie for sjukdommen eller funksjonsevna til den trygda. Retten til godtgjering frå trygda fell bort i den utstrekning det offentlege yter stønad etter anna lovgiving.

I Ot.prp. nr. 7 (1988–89) *Om lov om endring i lov av 17. juni 1996 nr. 12 om folketrygden og i visse andre lover*, gjorde Sosial- og helsedepartementet i sam- råd med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdeparte- mentet framlegg om at folketrygda si refusjonsordning skulle avviklast. Det var føresetnaden at trygdemidla- ne skulle overførast til kommunane. Ansvaret for lo- gopedtenesta ville da heilt ut bli overført til kommunane. Stortinget gikk imot ei slik ordning, da ein særleg var redd for at dei afasiramma ville få eit dårlegare til- bod.

Det er i dag ulik praksis i kommunane når det gjeld å ta hand om retten til logopedhjelp for vaksne med afasi. Somme får logopedhjelp etter lov om vaksen- opplæring, andre etter lov om folketrygd. Den delte fi- nansieringsordninga skaper uklare ansvarsforhold. Forna språkoppplæring er ein viktig del av eit rehabili- teringsopplegg. Brukarmiljø har teke til orde for ei klårare grense mellom behandling og fornya opplæ- ring der dette er mogleg. Ei slik avgrensing vil gjere ansvarstilhovva for tiltak klårare. Uklare ansvarsfor- hold kan også medføre at brukarane vil ha vanskar med å vite kva instans dei skal vende seg til. Arbeids- tidsordninga for logopedar knytte til skuleverket (PP- tenesta) og vaksenopplæringa kan og skape problem i høve til kontinuiteten i tiltaka.

Spørsmålet om eventuelt å avvikle folketrygda si refusjonsordning for logopedbehandling vil bli vur- dert nærmare. I samråd med Sosial- og helsedeparte- mentet vil det bli oppnemnt ei arbeidsgruppe eller eit utval som vil få som oppdrag å gjennomgå alle sidene ved den ordninga vi har i dag.

Departementet vil understreke at det er viktig at vaksne med afasi får eit tilbod som er i samsvar med det behovet dei har for hjelp, behandling og opplæ- ring. Som ledd i arbeidet med utvikling av betre tilbod,

Tabell 3.3 Samarbeid mellom PP-tenesta og instansar utanfor skulen om barn og unge med spesialundervisning og særskilt tilrettelagd opplæring. 1993 og 1996

Opplæringsnivå	Omfang av samarbeid 1)	
	1993	1996
Førskule	97 %	93 %
1.-3. klasse	88 %	87 %
4.-6. klasse	78 %	80 %
7.-9. klasse	81 %	79 %
Vidaregåande opplæring	75 %	72 %
Alle opplæringsnivå	84 %	82 %

1) Samarbeid over fleire år.

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforskning.

er det i 1998 starta eit samarbeid med Møreforskning om spesialpedagogiske tiltak i kommunalt habiliterings- og rehabiliteringsarbeid, med vekt på samarbeid mellom afasiramma, pårørende og fagmiljø.

Tiltak for afasiramma må vere samordna og opplevast som meningsfulle. Frå brukarsida er det og ytra ønske om mindre ein-sidig vekt på ordlæring ved hjelp av logoped. Kommunikasjonsevna kan gjenvinnast ved hjelp av ulike teknikkar og metodar. På dette grunnlaget vil departementet i samarbeid med brukarorganisasjonane ta initiativ til forsøks- og utviklingsarbeid som kan gi kommunane nye idear til og modelar for opplæring av afasiramma.

Den enkelte kommunen bør ha klargjort dei rutinar og tilbod kommunen har for dei som blir ramma av afasi og treng behandling. PP-tenesta er den sentrale instansen når det gjeld sakkunnig vurdering. Enkelte kommunar lagar individuelle rehabiliteringsplanar for den enkelte. Det er særskilt viktig at tilboda frå PP-tenesta og vaksenopplæringa om logopedisk behandling, ved

Tabell 3.4 Tilvising av nye brukarar til PP-tenesta frå ulike instansar. Møre og Romsdal og Kristiansand 1994–95. Alle opplæringsnivå. Avrunda tal

Tilmeldingsinstans til PP-tenesta	Møre og Romsdal 1)	Kristiansand
Skule, barnehage, skulekontor	44 %	70 %
Føresette, brukarar sjølve	27 %	13 %
Primærhelsetenesta	12 %	9 %
Spesialisthelsetenesta	12 %	4 %
Sosialtenesta	2 %	1 %
Andre	3 %	3 %
Uregistrerte	12 %	–
Sum	100 %	100 %

Kjelder: PP-tenesta i Møre og Romsdal: Fylkesårsmelding for skuleåret 1994/95.

PP-tenesta i Kristiansand: Presentasjon av situasjonen for PP-tjenesten i Kristiansand. 1996.

Tabell 3.5 Nytilmelde brukarar av PP-tenesta som same år blir viste til andre hjelpeinstansar. Møre og Romsdal 1994–95, alle opplæringsnivå

Instansar	Sum
<i>Viste til instansar lokalt eller på kommunalt nivå:</i>	
Kommunal logoped	4,5 %
Helsestasjon/lege	2,0 %
Sosialkontor/barnevern	2,8 %
Fysioterapeut	2,3 %
Arbeids- eller trygdekontor	0,3 %
Andre lokale instansar	1,6 %
Sum lokale instansar	13,5 %
<i>Viste til instansar på fylkesnivå:</i>	
Syns- eller audiopedagog	2,9 %
Habiliteringstenesta	3,4 %
Psykiatriske tenester	4,6 %
Barneavd. ved sjukehus	1,8 %
Andre instansar på fylkesnivå	2,3 %
Sum instansar på fylkesnivå	15,0 %
<i>Viste til instansar på statleg/nasjonalt nivå:</i>	
Spesialpedagogiske kompetansesenter	4,9 %
Spesialinstitusjonar	1,5 %
Andre statlege/nasjonale instansar	0,3 %
Sum instansar på statleg/nasjonalt nivå	6,7 %
Sum i alt	35,2 %

Kjelde: PP-tenesta i Møre og Romsdal: Fylkesårsmelding for skuleåret 1994/95.

sida av andre opplæringstilbod, blir integrerte i slike planar.

Departementet har tatt initiativ til å betre informasjonen om rettar, ansvarsforhold og kvalitetssikring når det gjeld tiltak for voksne med afasi.

Departementet vil vurdere om tenester frå kompetansesentra Bredtvet, Øverby og Eikelund kan medverke til ytterlegare kompetanseheving i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilbod til voksne med afasi.

### 3 PP-TENESTA: ARBEID OG SAMARBEIDSPARTNARAR

#### 3.1 Arbeidsoppgåver

PP-tenesta skal saman med andre rettleiingstenester hjelpe barn, foreldre og personale med å utvikle gode læringsvilkår for dei som treng særskild hjelp. PP-tenesta har etter forskrift for grunnskulen § 1–6 nr. 3 som oppgåve å arbeide med førebygging, praktisk rådgiving, undersøkingar og hjelp til barn og elevar ved

- å gi råd til fagpersonale i skule, barnehage, skuleadministrasjon, til foreldre o fl om spesialpedagogiske og sosialpedagogiske tiltak med sikte på å gi tilpassa opplærings- og utviklingstilbod på alle opplæringsnivå

Tabell 3.6 Omfanget av barnehagane og skulane sitt samarbeid med foreldre og offentlege hjelpeinstansar om barn som får spesialundervisning 1993 og 1996, og deira vurdering av nytten av samarbeidet i 1996

INSTANSAR	Barnehage			Grunnskule			Vidaregåande skule		
	Omfanget av samarbeid 6)		Av dette nyttig/ svært nyttig	Omfanget av samarbeid 6)		Av dette nyttig/ svært nyttig	Omfanget av samarbeid 6)		Av dette nyttig/ svært nyttig
	1993	1996	1996	1993	1996	1996	1993	1996	1996
Foreldre	–	100 %	94 %	–	100 %	92 %	–	89 %	76 %
<i>Kommunale instansar:</i>									
PP-tenesta 1)	88 %	90 %	85 %	85 %	85 %	74 %	76 %	71 %	78 %
Logoped	32 %	34 %	75 %	20 %	28 %	75 %	8 %	8 %	69 %
Fysioterapeut	62 %	56 %	87 %	26 %	24 %	77 %	15 %	13 %	85 %
Ergoterapeut 2)	–	8 %	94 %	–	3 %	85 %	–	–	–
Sosialkontor/barnevern	15 %	18 %	49 %	21 %	16 %	59 %	19 %	11 %	56 %
Spesialskule	4 %	5 %	80 %	4 %	3 %	65 %	–	–	–
Helseteneste	34 %	35 %	55 %	38 %	32 %	62 %	12 %	9 %	68 %
Tidlegare skule 3)	–	–	–	–	–	–	–	48 %	70 %
<i>Fylkeskommunale instansar:</i>									
Barne- og ungdomspsykiatri	7 %	3 %	67 %	10 %	12 %	65 %	5 %	5 %	69 %
Syns- eller audiopedagogar 4)	15 %	17 %	77 %	9 %	10 %	78 %	5 %	10 %	86 %
Habiliteringsteam	25 %	24 %	77 %	6 %	7 %	74 %	4 %	6 %	78 %
<i>Statlege instansar:</i>									
Hjelpemiddelsentral	11 %	16 %	94 %	8 %	7 %	81 %	8 %	11 %	78 %
Spesialpedagogisk kompetansesenter	17 %	19 %	92 %	17 %	17 %	86 %	9 %	12 %	81 %
Arbeidskontor 5)	–	–	–	–	–	–	–	7 %	62 %
Eksternt samarbeid med offentlege instansar om alle barn med spesialundervisning	93 %	100 %	–	90 %	91 %	–	76 %	92 %	–

1) PP-tenesta er organisert som fylkeskommunal teneste for vidaregåande opplæring i enkelte fylke.

2) Barnehagane: samla tal for ergoterapeut og fysioterapeut i 1993. Ergoterapeut ikkje med i grunnskuleundersøkinga i 1993 eller i undersøkinga av vidaregåande skule i 1993–1996.

3) Tidlegare skule er berre med for vidaregåande skule i 1996.

4) Syns- og audiopedagogtenesta her definert som fylkeskommunal, sjølv om ein del av synspedagogane og audiopedagogane er statstilsette.

5) Arbeidskontor var ikkje med i 1993-undersøkinga.

6) Samarbeid over fleire år.

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforskning.

- å leggje vekt på førebyggjande tiltak i samarbeid med andre organ som har med barn og ungdom å gjere
- å gjennomføre undersøkingar og gi vurdering i enkeltsaker etter oppdrag frå barnehage, skule, foreldre, kommune eller eleven sjølv
- så langt det er mogleg, sjølv å gi hjelp til brukaren eller ordne med undersøking eller behandling hjå andre
- å ta del i samarbeid med den fylkeskommunale

oppfølgingstenesta (jf forskrift om fylkeskommunen si oppfølgingsteneste)

Det ligg ikkje føre noka eiga forskrift om arbeidsoppgåvene for PP-tenesta i vidaregåande opplæring. Men i praksis utfører ho mykje av dei same oppgåvene.

I St.meld. nr. 35 (1990–91) vart PP-tenesta si rolle i lokalt utviklingsarbeid i skulen understreka (tilrettelegging, innhald og organisering av opplæringa, kompetanseoppbygging), under dette arbeid i kontakt med andre hjelpeinstansar og fagmiljø lokalt og regionalt.

Tabell 3.7 Omfanget av foreldrekontakt med ulike instansar og foreldra si vurdering av den hjelpa dei har fått med omsyn til spesialundervisning. 1996

Instansar	Barnehage		Grunnskule		Vidaregåande skule	
	Omfanget av kontakt 1)	Av dette god/ svært god hjelp	Omfanget av kontakt 1)	Av dette god/ svært god hjelp	Omfanget av kontakt 1)	Av dette god/ svært god hjelp
<i>Kommunale/lokale instansar:</i>						
PP-tenesta 2)	90 %	79 %	84 %	64 %	71 %	51 %
Logoped	52 %	69 %	43 %	52 %	36 %	43 %
Fysioterapeut	68 %	80 %	44 %	62 %	38 %	65 %
Sosialkontor	61 %	68 %	36 %	60 %	46 %	56 %
Helsesøster	84 %	70 %	61 %	52 %	50 %	51 %
Lege	88 %	77 %	63 %	63 %	67 %	71 %
Trygdekontor	62 %	57 %	42 %	53 %	58 %	53 %
<i>Instansar på fylkesplan:</i>						
Barne- og ungd.psykiatri	13 %	71 %	26 %	71 %	25 %	58 %
Synspedagog	34 %	84 %	25 %	65 %	18 %	55 %
Audiopedagog	26 %	74 %	11 %	61 %	8 %	71 %
Habiliteringsteam	40 %	79 %	16 %	62 %	13 %	74 %
Ulike sjukehusavd.	78 %	80 %	42 %	65 %	47 %	74 %
<i>Statlege instansar:</i>						
Hjelpemiddelsentral	38 %	76 %	21 %	64 %	35 %	72 %
Spesialped.kompetansen- senter 3)		89 %		79 %		78 %

1) Kontakt over fleire år.

2) PP-tenesta er organisert som fylkeskommunal teneste for vidaregåande opplæring i enkelte fylke.

3) Gjeld barn og unge med moderate eller store vanskar.

Kjelde: Skårbreiv 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforskning.

Desse arbeidsoppgåvene blir ofte kalla systemretta arbeid. Fordelinga av ressursar til ulike typar arbeidsoppgåver i PP-tenesta framgår nærmare av vedlegg 1.

### 3.2 Samarbeidspartnarar

PP-tenesta tek sjølv hand om ein vesentleg del av dei som blir melde til tenesta, utan vidare tilvisingar. Men for mange brukarar har PP-tenesta eit omfattande samarbeid med andre instansar utanfor skulen og barnehagen, og ofte over lang tid. Tabell 3.3 viser at tenesta samarbeider med slike skuleeksterne instansar om over 80 % av dei aktuelle barna, i størst omfang på førskulenivå og minst omfang i vidaregåande opplæring. Tabellen refererer ikkje til samarbeid berre det aktuelle året, men fangar opp det samarbeidet ein har hatt over eit lengre tidsrom.

Barn og elevar blir i det vesentlege melde til PP-tenesta frå skule eller barnehage og foreldra eller brukarane sjølv, og i liten grad frå andre hjelpeinstansar. Tabell 3.4 viser nye tilvisingar til PP-tenesta i Møre og Romsdal og til PP-tenesta i Kristiansand i 1994–95. Som det framgår, er 70–80 % av dei nye brukarane viste til PP-tenesta frå anten skule eller barnehage eller frå føresette eller brukaren sjølv.

Tabell 3.5 viser at omkring 35 % av dei nytilmelde brukarane av PP-tenesta i Møre og Romsdal i løpet av

året blir viste vidare til andre hjelpeinstansar på ulike nivå. I tillegg er det sannsynlegvis ein del direkte kontaktar mellom barnehage, skule og/eller foreldre og andre hjelpeinstansar utan medverknad frå PP-tenesta. I tillegg kjem også tilvisingar til andre hjelpeinstansar i seinare år.

## 4 BREIDDA I KOMPETANSENETTVERKET FOR BARNEHAGAR, SKULAR OG FORELDRE

For personar med særskilte opplæringsbehov er PP-tenesta den viktigaste samarbeidspartnaren og den som barnehagane, skulane og foreldra har det mest omfattande samarbeidet med. Men tabell 3.6 illustrerer at opplæringsinstitusjonane også har omfattande samarbeid og kontakt med mange andre instansar på ulike nivå innanfor og utanfor opplæringssektoren. Dette framgår av landsomfattande utvalsundersøkingar som Møreforskning har gjort for 1993 og 1996.

Tabell 3.7 viser tilsvarande omfanget av foreldrekontakt med ulike offentlege hjelpeinstansar (undersøking i 1996). Begge tabellane refererer til samarbeid ikkje berre det aktuelle året, men fangar opp det samarbeidet ein har hatt over eit lengre tidsrom.

Tabellane 3.6 og 3.7, som viser kontakten over

Tabell 3.8 Kor mange instansar i gjennomsnitt foreldre til barn og unge med moderate eller store funksjonsvanskar har hatt kontakt med (utanom PP-tenesta og spesialpedagogiske kompetansesenter), og kor stor del som oppgir at det er minst éin instans dei får svært god hjelp av (inklusive PP-tenesta og spesialpedagogiske kompetansesenter). 1996

VANSKEGRUPPE	Barnehage		Grunnskule		Vidaregåande skule	
	Tal på instansar 1)	Minst éin instans som gir svært god hjelp 2)	Tal på instansar 1)	Minst éin instans som gir svært god hjelp 2)	Tal på instansar 1)	Minst éin instans som gir svært god hjelp 2)
Syns- eller hørselsvanskar 3)	7,1	95 %	6,4	84 %	3,7	69 %
Fysiske og medisinske vanskar	5,7	91 %	5,5	70 %	4,0	72 %
Tale- og språkvanskar	4,9	92 %	4,6	63 %	4,0	52 %
Psykisk utviklingshemming	6,5	88 %	4,4	54 %	3,8	44 %
Psykososiale vanskar	4,9	88 %	3,6	60 %	3,2	49 %
Lese- og skrivevanskar m m	–	–	2,5	44 %	2,4	50 %

1) Eksklusive PP-tenesta og statlege spesialpedagogiske kompetansesenter

2) Inklusive PP-tenesta og statlege spesialpedagogiske kompetansesenter

3) Lite talgrunnlag

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforskning.

fleire år innanfor dei ulike opplæringsnivåa, reflekterer at mange av brukarane er gjengangarar i hjelpeapparatet, for same vanske, andre vanskar eller sammansette vanskar. Dei viser også at foreldra har eit enda større omfang av samarbeid eller kontakt med dei ulike instansane enn barnehagane og skulane har.

Tabell 3.8 viser det gjennomsnittlege talet på instansar som foreldre til barn og unge med moderate eller store funksjonsvanskar har hatt kontakt med, utanom PP-tenesta og spesialpedagogiske kompetansesenter. Det framgår at kontaktflata med andre instansar er størst i førskulealderen, mens kontakten jamnar seg ut og minkar i skulealder. Kontaktflata blir relativt mindre om ein inkluderer foreldre til barn med små funksjonsvanskar i talmaterialet.

## 5 NYTTEN AV SAMARBEIDET MED AKTØRANE I KOMPETANSENETTVERKET

### 5.1 Vurderingane av hjelpeinstansane generelt

Tabellane 3.6, 3.7 og 3.8 gir også svar på spørsmålet om korleis barnehagane, skulane og foreldra opplever

nyttan av samarbeidet med dei ulike instansane. Det framgår at barnehagane og skulane har ei gjennomgåande positiv vurdering av nyttan av samarbeidet (nyttig eller svært nyttig) med foreldra og dei mange ulike instansane i kompetansenettverket, sjølv om biletet varierer. Tabell 3.9 gir eit samla uttrykk for korleis barnehagen og skulen vurderer nyttan av samarbeidet med eksterne samarbeidspartnarar. Som det framgår, finn dei samarbeidet mest positivt på førskulenivå.

Også foreldra gir gjennomgåande uttrykk for positive nyttevurderingar. For dei fleste tenestene meiner mellom 60 og 80 % av foreldra at dei får god eller svært god hjelp, og i størst grad gjeld dette barn i førskulealder.

For foreldre er det nok oftast ikkje kor mange instansar ein har kontakt med som er viktigast, men at det er minst éin instans ein opplever å få skikkeleg (svært god) hjelp frå. Av rapporten frå Møreforskning går det fram at 78 % av foreldra til førskulebarn, 52 % av foreldra til barn på barnetrinnet og 45 % av foreldra til elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule hadde minst ein instans som dei opplevde at dei fekk svært god hjelp frå. Dette gjeld samla for barn og unge med små, moderate og store funksjonsvanskar. Etter

Tabell 3.9 Barnehagen og skulen si vurdering av nyttan av samarbeidet med eksterne samarbeidspartnarar om barn og unge som får spesialundervisning etter enkeltvedtak. 1993 og 1996

Opplæringsnivå	Ingen kontakt		Lite nyttig samarbeid		Nyttig samarbeid		Svært nyttig samarbeid		Sum	
	1993	1996	1993	1996	1993	1996	1993	1996	1993	1996
Barnehage	6 %	0 %	3 %	3 %	25 %	26 %	66 %	71 %	100 %	100 %
Grunnskule	10 %	9 %	9 %	11 %	40 %	40 %	41 %	40 %	100 %	100 %
Vidaregåande skule 1)	24 %	8 %	6 %	7 %	31 %	39 %	39 %	46 %	100 %	100 %

1) Samarbeid med tidlegare skule var ikkje med i spørjeskjemaet i 1993.

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforskning.

Tabell 3.10 Førskulelærarar og lærarar si vurdering av utbyttet av samarbeidet med PP-tenesta og spesialpedagogiske kompetansesenter på ulike område. 1996

Samarbeid på ulike område	Prosentdel som har godt utbytte av samarbeidet 1)			
	PP-tenesta			Spesialpedagogiske kompetansesenter, alle opplæringsnivå
	FS	GS	VG	
Informasjon om barnet sitt problem (diagnostikk)	36 %	31 %	41 %	60 %
Klarlegging av barnet sitt opplæringsbehov	36 %	27 % 2)	27 %	49 %
Informasjon om barnet sine utviklingsmoglegheiter	20 %	16% 2)	18 %	34 %
Hjelp med tilrettelegging av opplæringa	31 %	11 %	17 %	36 %
Hjelp med undervisningsmateriell	24 %	7 %	9 %	23 %

FS = førskule, GS = grunnskule, VG = vidaregåande skule.

1) Det var tre svarkategoriar: Lite utbytte, noko utbytte, godt utbytte.

2) Noko ulike tal i ulike tabellar i hovudrapport og vedlegg.

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforsking.

Møreforsking si oppfatning kan dette ikkje reknast som eit tilfredsstillande resultat.

Materialet viser at foreldra til barn og unge med størst funksjonsvanskar er dei som opplever å få best hjelp. Og det er foreldra til barn og unge med synsvanskar og hørselsvanskar som er mest tilfreds, mens foreldra til barn med psykisk utviklingshemming, psykososiale vanskar og lese- og skrivevanskar er minst tilfreds.

Etter departementet si vurdering synest det å vere rimeleg å konkludere med at kvar enkelt tenesteleverandør stort sett blir vurdert positivt av brukarane iso-

lert sett, mens systemet teke under eitt – heilskapen – blir vurdert mindre positivt.

## 5.2 Vurderingane av PP-tenesta og kompetansesentra spesielt

Det framgår av tabellane 3.6 og 3.7 at både foreldra, lærarane og førskulelærarane gjennomgåande er meir tilfreds med den hjelpa dei får frå dei spesialpedagogiske kompetansesentra (sedde under eitt) enn frå PP-tenesta.

Materialet i tabell 3.10 viser at utbyttet for lærarane og førskulelærarane av samarbeidet med PP-tenesta og kompetansesentra er størst når det gjeld diagnostis-

Tabell 3.11 Førskulelærarar og lærarar si vurdering av PP-tenesta og spesialpedagogiske kompetansesenter på somme område som har noko å seie for samarbeidet. 1996

Tenestene sin dugleik og innsats på enkelte område	Prosentdel med god eller svært god vurdering 1) 2)			
	PP-tenesta			Spesialpedagogiske kompetansesenter, alle opplæringsnivå
	FS	GS	VG	
Kompetanse	84 %	82 %	83 %	97 %
Til å lite på – halde avtalar mm	80 %	86 %	91 %	93 %
Interesse for det info.- og hjelpebehovet barnehagen og skulen har	77 %	76 %	76 %	90 %
Interesse for barnehagen og skulen sine vurderingar	88 %	86 %	87 %	89 %
Tid sett av til å drøfte aktuelle saker	65 %	66 %	70 %	87 %
Oppfølging	66 %	66 %	70 %	70 %

FS = førskule, GS = grunnskule, VG = vidaregåande skule.

1) Det var tre svarkategoriar: Mindre god vurdering, god vurdering, svært god vurdering.

2) Svar berre for dei som har hatt kontakt med tenesta.

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforsking.

Tabell 3.12 Barnehagane, skulane og PP-tenesta si vurdering av nytten av samarbeid om elevar med spesialundervisning, etter utdanningsregion. Alle opplæringsnivå. 1993 og 1996

Utdanningsregion	Barnehagane og skulane si vurdering av eksternt samarbeid. Frekvens av nyttig eller svært nyttig samarbeid med minst ein ekstern instans		Barnehagane og skulane si vurdering av samarbeid med PP-tenesta. Frekvens av nyttig eller svært nyttig samarbeid		PP-tenesta si samla vurdering av samarbeid med andre instansar utanom skulen. Frekvens av nyttig eller svært nyttig samarbeid	
	1993	1996	1993	1996	1993	1996
Aust-Noreg	86 %	88 %	72 %	72 %	76 %	76 %
Sør-Noreg	84 %	88 %	80 %	66 %	76 %	80 %
Vest-Noreg	75 %	86 %	68 %	69 %	72 %	69 %
Midt-Noreg	81 %	89 %	81 %	74 %	81 %	82 %
Nord-Noreg	83 %	88 %	76 %	70 %	76 %	67 %
Heile landet	82 %	88 %	75 %	70 %	76 %	75 %

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforsking.

ke kartleggingar, men atskilleg mindre når det gjeld praktisk hjelp med sjølve tilrettelegginga av opplæringa. Om PP-tenesta seier Møreforsking at materialet tyder på at

"dette kan vere ein indikasjon på at arbeidet til PP-tenesta er meir "problemfokusert" enn fokusert på det potensialet barnet og eleven kan ha. At hjelp med tilrettelegging av opplæringa og med undervisningsmaterieell kjem dårlegast ut er ikkje overraskande, og har nok samanheng både med kompetansen til tenesta og med arbeidssituasjonen. Dette er område som det kan krevje forholdsvis stor arbeidsinnsats for å kunne yte tilfredstillande hjelp, og er også område der skolane bør vere mest mogleg sjølvhjelpete."

Møreforsking seier vidare at når det er ein såpass liten del førskulelærarar og lærarar som har godt utbytte av informasjonen og hjelpa frå PP-tenesta sett i forhold til den generelle vurderinga av nytten av samarbeidet, jf tabell 3.6, kan det komme av at det er på andre arbeidsområde nytten er større. Dette kan til dømes vere knytt til det arbeidet PP-tenesta har som sakkunnig instans, og til den hjelpa barnehagen og skulen får for å skaffe ressursar til opplæring og personleg støtte til personalet i arbeidet med dei aktuelle barna og elevane m m.

Tabell 3.11 viser korleis lærarane og førskulelærarane vurderer PP-tenesta og kompetansesentra på somme område som har noko å seie for samarbeidet. Det framgår at kompetansesentra gjennomgåande blir haldne for å vere betre enn PP-tenesta på dei nemnde variablane, og spesielt når det gjeld den tida tenestene har sett av til å drøfte aktuelle saker med lærarane. Etter departementet si vurdering er resultatet ikkje overraskande; dette har etter alt å dømme samanheng med den generelle ubalansen i forholdet mellom ressursane til, og talet på brukarar av, dei to tenestene.

### 5.3 Regionale variasjonar i nytten av samarbeid

Det arbeidet som dei seinaste åra er gjort på det spesialpedagogiske området, har variert ein del frå fylke til

fylke. I tabell 3.12 er nytten av ulike former for samarbeid m m vurdert etter utdanningsregion.

Gjennomgåande er det små regionale forskjellar i vurderingane frå barnehagane, skulane og PP-tenesta når det gjeld nytten av samarbeid med andre instansar. Det er noko overraskande at barnehagane og skulane vurderer nytten av samarbeidet med PP-tenesta noko lågare i 1996 enn i 1993, men etter departementet si oppfatning kan dette komme av ein auke i arbeidsoppgåvene og forventningane som PP-tenesta ikkje er sett i stand til å innfri.

Sjølv om det i Programmet for Nord-Noreg har vore satsa spesielt på kompetanseheving og å utvikle lokale tenestetilbod av ulike slag, har det ikkje medført betre samarbeidsrelasjonar i Nord-Noreg enn i gjennomsnittet for landet. Det har snarare vore ei utvikling i Nord-Noreg i motsett retning av det ein kunne vente når det gjeld samarbeidet mellom PP-tenesta, barnehagane og skulane.

## 6 PRAKTISKE SAMARBEIDS- OG SAMORDNINGSTILTAK LOKALT

### 6.1 Samarbeid og samordning generelt

I eit stort kompetansenettverk med mange ulike aktørar er det av omsyn til brukarane og ønsket om rasjonell bruk av ressursane nødvendig å samarbeide og samordne verksemda. Om ein tek utgangspunkt i dei kommunane Møreforsking fekk opplysningar frå, var det i om lag 2/3 av kommunane etablert anten administrativt eller fagleg samordningsorgan mellom etatar som arbeide med funksjonshemma barn og unge. Talet er usikkert, då mange kommunar ikkje svarte på spørsmålet.

### 6.2 PP-tenesta: lokal, koordinerande instans?

For dei fleste tenester i den pedagogiske sektoren og helse- og sosialsektoren m m er det i lov, forskrift eller instruks føresegner om samarbeid eller koordinering

Tabell 3.13 PP-tenesta si eiga vurdering av koordineringsansvaret for arbeidet med funksjonshemma barn og unge i kommunen. 1996

Ansvar for koordinering av arbeidet med funksjonshemma barn og unge i kommunen	Kommunar	
	Kor mange	%
PPT-kontoret er formelt tildelt ansvar, f eks ved vedtak i kommunale organ	14	5 %
PPT-kontoret har i praksis rolla som koordinerande organ	137	46 %
Ein annan etat er formelt gitt dette ansvaret	64	22 %
Ein annan etat har i praksis dette ansvaret	40	14 %
Ingen etat har i praksis koordinerande ansvar	39	13 %
Sum	294	100 %

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforsking.

av verksemda med andre som yter tenester til same målgruppe. Det er likevel ikkje lov- eller forskriftsføresegner som direkte gir éin instans noka formell sektorovergripande, koordinerande rolle lokalt; ei slik koordineringsrolle ligg i utgangspunktet hjå kommune-styret. Og kommunane står relativt fritt i å organisere verksemda si, politisk, administrativt og fagleg.

Lokalt er det ulike organisasjonsmodellar og etatsinndelingar, og ulike ordningar og varierende praksis når det gjeld samordning og koordinering av tenestene. Møreforsking undersøkte korleis PP-tenesta sjølv vurderte spørsmålet om kva for instans som formelt eller reelt har koordineringsansvar i arbeidet med funksjonshemma barn og unge i lokalsamfunnet. Svara frå 196 PPT-kontor som dekte 294 kommunar, gav den fordelinga som framgår av tabell 3.13.

Som det framgår, har svært få PPT-kontor noka formell, koordinerande rolle, i langt fleire kommunar

Tabell 3.14 Etablerte ansvarsgrupper for elevar med spesialundervisning (enkeltvedtak) eller inntak etter føreretten, fordelt på ulike opplæringsnivå. Alle vanskenivå. 1993 og 1996

Opplæringsnivå	Pst.del med ansvarsgruppe 1993	Pst.del med ansvarsgruppe 1996
Førskule	59 %	58 %
1. – 3. klasse	36 %	34 %
4. – 6. klasse	28 %	34 %
7. – 9. klasse	26 %	32 %
Vidaregåande skule	25 %	31 %
Alle opplæringsnivå	35 %	35 %

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforsking.

Tabell 3.15 Bruk av ansvarsgrupper for barn og unge med ulike funksjonsvanskar. Personar med moderate eller alvorlege vanskar. 1993 og 1996

Vanskegruppe	Pst.del med ansvarsgruppe 1993	Pst.del med ansvarsgruppe 1996
Syns- og hørselsvanskar	57 %	53 %
Språk- og talevanskar	61 %	56 %
Fysiske og medisinske vanskar	63 %	66 %
Psykisk utviklingshemming	61 %	60 %
Psykososiale vanskar	46 %	47 %
Lese- og skrivevanskar	23 %	17 %

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforsking.

er formelt koordineringsansvar lagt til andre etatar. I nær halvparten av kommunane oppgir likevel PP-tenesta at det etter eigne vurderingar er PP-tenesta som i praksis har rolla som lokalt koordinerande organ. Tilsvarende spørsmål til andre instansar ville kanskje gitt ei anna svarfordeling.

### 6.3 Bruk av ansvarsgrupper

Møreforsking har undersøkt bruken av ansvarsgrupper i kommunane for elevar med spesialundervisning eller inntak i vidaregåande skule etter føreretten. Ansvarsgruppene er innretta på å koordinere tiltak for den enkelte brukaren, eventuelt brukargruppa. Her er det i tabell 3.14 og 3.15 gitt ei oversikt over etablerte ansvarsgrupper etter opplæringsnivå og ulike typar funksjonsvanskar.

Ansvarsgrupper er oppretta for vel 1/3 av barna og elevane både i 1993 og 1996, i størst omfang på førskulenivå og med fallande tendens med alderen. I perioden 1993–1996 er forskjellen mellom grunnskule og vidaregåande skule utjamna. Tabell 3.14 dekkjer alle vanskenivå, også lettare funksjonshemma. For dei sterkast funksjonshemma var det i 1996 i gjennomsnitt oppretta ansvarsgruppe for 56 %, fallande til 33 % for moderat og 23 % for lett funksjonshemma.

Tabell 3.15 viser bruken av ansvarsgrupper for ulike vanskegrupper med moderate eller alvorlege vanskar. Det er ikkje skjedd vesentlege endringar frå 1993 til 1996.

Møreforsking kommenterer dette slik at satsinga på tverretatleg samarbeid i perioden ikkje har hatt nokon effekt når det gjeld bruk av ansvarsgrupper som tiltaksform. Det er kanskje spesielt overraskande at ein ikkje har oppnådd auka bruk av ansvarsgrupper for barn og unge med psykososiale vanskar, på bakgrunn av at ein dei seinaste åra har lagt så stor vekt på samarbeidet mellom skule, PP-teneste og barnevern. Ifølgje Møreforsking har det heller ikkje vore nokon auke i

Tabell 3.16 *Bruk av ansvarsgrupper for barn og unge med spesialundervisning etter enkeltvedtak, etter utdanningsregion. 1993 og 1996*

Utdanningsregion	Pst.del med ansvarsgruppe 1993	Pst.del med ansvarsgruppe 1996
Aust-Noreg	38 %	32 %
Sør-Noreg	38 %	38 %
Vest-Noreg	29 %	32 %
Midt-Noreg	37 %	42 %
Nord-Noreg	34 %	28 %
Heile landet	36 %	35 %

Kjelde: Skårbrevik 1996: Spesialpedagogiske tiltak på dagsorden. Møreforskning.

bruken av andre, meir typisk tverretatlege tiltaksformer, som støttekontakt og avlastning til familiar med barn med særskilde opplæringsbehov.

Ser ein bruken av ansvarsgrupper i regionalt perspektiv, er det relativt små forskjellar. Det er heller ikkje større endringar frå 1993 til 1996. Tabell 3.16 viser likevel, noko overraskande, at det i Nord-Noreg ikkje har vore nokon effekt av satsinga på tverretatleg samarbeid når det gjeld bruk av ansvarsgrupper. Tvert om har det her vore ein viss nedgang i slikt samarbeid frå 1993 til 1996.

## 7 KONKLUSJON

Det framgår av materialet at brukarane av dei spesialpedagogiske tenestene ofte nyttar mange hjelpetenester innanfor så vel som utanfor pedagogisk sektor, dei fleste på lokalt nivå. Kvar enkelt instans blir gjerne vurdert positivt for seg, mens totaliteten og samanhenget i systemet får dårlegare vurdering.

Internt i opplæringssektoren vil ein samordne tenester m a ved å knyte dei statlege synspedagogane og audiopedagogane på fylkesplanet til dei aktuelle kompetansesentra for syn og hørsel (jf kap 4). Departementet vil avklare oppgåver og roller i ansvarskjeda når det gjeld tilbod til afasiramma og til døvblindblitte i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet. Det er også i gang utgreiingsarbeid i høve til tolketenesta for hørselshemma m m.

Det vil likevel framleis stå igjen enkelte gråsoner mellom ulike tenester, til dømes mellom habiliterings-tenesta i fylkeskommunane og spesialpedagogiske kompetansesenter for samansette lærevanskar, og mellom dei statlege hjelpemiddelsentralane i fylka og kompetansesentra for syn og hørsel. Slike gråsoneproblem vil det bli arbeidd vidare med i samarbeid mellom dei departementa dette vedkjem, f.eks. ved oppgåve- og ansvarsavklaring og inngåing av samarbeidsavtalar. Med omsyn til behovet for å betre det tverrinstitusjonelle samarbeidet, vil regjeringa komme nærare tilbake til dette i samband med ei eiga stortingsmelding om rehabilitering.

Lov- og forskriftsverk for dei ulike tenestene innanfor opplæring, helse- og sosialsektor, barnevern m m har reglar for samarbeid med andre etatar. Men kommunane står relativt fritt til å organisere verksemda si politisk, administrativt og fagleg, og ingen ein-skild faginstans lokalt har eit overordna koordineringsansvar heimla i lovverket. Dette lokale koordineringsansvaret som er viktig av omsyn til brukarane og bruken av ressursar, ligg i prinsippet til kommunestyret.

Departementet ser det som særskilt viktig at ein også lokalt arbeider bevisst med slik koordinering av tenestene framover, for å skape større heilskap og koordinering av tenestetilboda.

**Vedlegg 4****Sosiale og emosjonelle vanskar og lese- og skrivevanskar**

Som nemnd i kap 4.9 blir det iverksett eit 3-årig praksisretta kompetansesutviklingsprogram for PP-tenesta og leiinga i skuleverket, på grunnskulens og vidaregåande skules nivå, frå år 2000. Senter for åtferdsforskning vil få eit samordningsansvar på oppdrag frå departementet. Arbeidet med åtferdsproblematikk og lese- og skrivevanskar vil stå særleg sentralt i dette programmet. Desse to problemområde er nærmare omtalt nedanfor.

**1 SOSIALE OG EMOSJONELLE PROBLEM****1.1 Typar av problemåtferd: omfang.**

Det finst elevar i skulen som har problem, elevar som har problem med skulen og elevar som skulen har problem med. «Problemåtferd» er ein del av skulens kvar- dag, og åtferda kan vere så påfallande at ho hemmar læringsaktivitetane eller gjer det vanskeleg å undervise.

Frå lærarorganisasjonar og forskingsmiljø blir det peikt på at elevar med sosiale og emosjonelle vanskar og til dels utagerande åtferd representerer ei stor utfordring i skulen i dag. Nyare norske undersøkingar finn at om lag 10 % av elevane i grunnskulen viser problemskapande åtferd, og langt fleire gutar enn jenter. Undersøkingane viser også relativt store skule- og klasseforskjellar. Undersøkingar viser at omfanget av problemåtferd i vidaregåande skule også er stort.

Senter for åtferdsforskning reknar med at 60 000 elevar i grunnskulen og 15 000 elevar i vidaregåande skule mobbar eller blir mobba (Roland, Sørensen Vaaland: *Mobbing i skolen. En lærerveiledning*. KUF 1996)

Åtferdsproblem i skulen er ikkje eit spesielt norsk fenomen. Ei ny dansk undersøking om *Elever der forstyrrer undervisningen for sig selv eller andre i folkeskolen* (Undervisningsministeriet 1997) og undersøkinga *Teachers and discipline* frå England og Wales (Gray og Sime 1988) viser om lag dei same resultat som dei norske undersøkingane. Ein oppsummerande rapport frå OECD-prosjektet *Combating failure at school* (1995) behandlar tilkorkomming og skulenederlag som eit problem og ei utfordring for medlemslanda.

Departementet tok i 1996 initiativet til å gjennomføre ei undersøking om lærarane sine erfaringar med og syn på elevåtferd og læringsmiljø i grunnskulen.

Resultata frå denne undersøkinga (Ogden 1998. Elevatferd og læringsmiljø) viser at både i klassen og skulemiljøet var det den mindre alvorlege elevåtferda som dominerte biletet. Det dreier seg m a om elevar som snakkar utanom tur, bråkar, forstyrrar medelevar, kjem seint i gang med arbeidet, viser manglande omsyn og omtanke m m. Det blir vidare registrert eit relativt høgt konfliktnivå mellom elevane på mange skular, og spesielt på dei lågaste klassetrinna.

Som enkelthendingar skaper dette ikkje dei store vanskanane for læraren eller dei store konfliktane i klassen. Men når desse problema aukar i omfang og intensitet, kan dei øydeleggje arbeidsmiljøet i ein klasse. Problemåtferd av ulik karakter og forskjellig grad av alvor og omfang kan dessutan verke gjensidig forsterkande på kvarandre, og summen av problem kan danne bakgrunn for meir alvorlege problem.

Resultata frå denne og andre undersøkingar gir likevel ikkje grunn til å hevde at dei meir alvorlege og omfattande åtferdsvanskar er eit utbreidd problem i skulen. Dei alvorlege utslaga av utagerande åtferd er likevel alvorlege nok for dei lærarane, klassane og skulane som slit med dei, sjølv om dei ikkje er representative for norske skular.

Undersøkingar viser også at mange elevar trekkjer seg tilbake i isolasjon og passivitet – utan å forstyrre undervisninga. Også desse representerer ei utfordring for skulen.

Departementet konstaterer at det i arbeidet med desse problema kan vere grunn til å skilje mellom

1. alvorleg utagerande åtferd – som gjeld få elevar – og der barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien o.fl. er viktige samarbeidspartnarar for skulen
2. den mindre alvorlege, men langt meir omfattande og vedvarande uro og forstyrring av undervisninga, som er ei belastning for mange medelevar og lærarar og som hemmar læringsmiljøet
3. dei elevane som trekkjer seg tilbake i isolasjon og passivitet

Problemåtferd i skulen representerer ofte samansette problem. Ofte framstår dei som ein samspelvanske mellom elev og skule der både kompetanse og dugleik hos enkelteleven og oppvekstmiljø, lærarholdningar, lærarkompetanse og arbeidsformer, organisering og tilrettelegging av undervisninga inngår.

Skular og lærarar vil ofte ha ulike tersklar for det dei vil definere som uhandterlege problem. Identifikasjon av enkelte grupper barn og unge kan føre til at merksemda blir retta mot desse elevane som enkeltin-

divid, og at merksemda på tilsvarande vis blir vendt bort frå forhold ved skule- og klasse miljøet som kan vere problemskapande i seg sjølv.

## 1.2 Tiltak innanfor eller utanfor den vanlege skulen?

I den generelle delen av læreplanverket heiter det m.a. at elevane tidleg må få ansvar, ikkje berre for eigen flid og framgang, men også overfor andre elevar og medlemmer av skulefelleskapet eller:

«Alle har et felles ansvar for et læringsmiljø med omtanke for andres behov og respekt for læring. Både den enkeltes hverdag i skolen og muligheter senere i livet kan bli ødelagt hvis konflikt og uorden får sette sitt preg på miljøet. Alle elever har rett til opplæring i ryddige og rolige former, og har selv medansvar for dette.»

Skulesamfunnet melder likevel at ein ofte manglar eigna verkemiddel, fleksibilitet og kompetanse i arbeidet med delar av den elevgruppa det her er tale om. Lærarane blir ikkje sjelden ståande aleine med problema, utan assistanse frå kollegaer eller skoleleiing. I drøftingar rundt desse spørsmåla blir det ofte hevda at elevane må få opplæringstilbod utanfor den vanlege skulen, f.eks. i spesialskular.

Departementet vil peike på at problemskapande åtferd i utdanningspolitisk perspektiv er eit så vanleg fenomen at permanent utskiljing av elevane ville vere å undergrave målet om ein skule for alle. Eigne skule- og miljøtiltak kan i nokon grad vere eit brukbart alternativ, men i hovudsak må ein finne tiltak som kan integrerast i den vanlege skulevardagen og i yrkesrolla åt lærarane. Tiltak mot problemåtferd er eit fellesansvar for skoleleiinga, lærarane, elevsamfunnet og alle som har tilknytning til skolen.

Det er viktig å arbeide førebyggjande og leggje vekt på å fremje gode relasjonar mellom elevar og mellom lærarar og elevar. Skolen som arbeidsfelleskap må utnyttast med tanke på å utvikle sosial kompetanse. Det vil seie at ein i opplæringa ikkje berre rettar merksemda mot faginnhaldet, men også mot personlege eigenskapar og sosial trening. Sosial kompetanse er eit vidt omgrep som inkluderer dugleik, holdningar og motiv for å meistre samspel med andre, og som dannar utgangspunkt for læring og trivsel i skulen.

## 1.3 Kva blir gjort i skulen i dag?

Allereie i dag finst det eit breitt register av moglege organisatoriske tiltak i arbeidet med elevar med sosiale og emosjonelle problem:

### Lokalt

- Ulike former for tiltak innanfor ramma av tilpassa opplæring.
- Spesialundervisning etter enkeltvedtak, innanfor ramma av klassen eller i form av særskilt tilrette-

lagd opplæring som gruppeundervisning, einetimar m.m.

- Særskilde skule- og miljøtiltak (somme gonger kalla «alternative tilbod»), administrativt og fagleg knytte til heimeskulen, men organiserte i små einingar (8–10 elevar) utanfor heimeskulen. I 1995–96 var det vel 50 einingar over heile landet som gav eit slikt alternativt tilbod med meir praktisk orientert opplæring, til vel 500 elevar med store åtferdsvanskar og behov for miljøskifte (dei fleste på ungdomsskuletrinnet).
- Omkring 15 kommunale eller interkommunale spesialskular for ca. 200 elevar med sosiale og emosjonelle vanskar, av desse mange også med samansette lærevanskar – vesentleg lokaliserte til store kommunar.
- Eigne skuletilbud ved barneverninstitusjonar (ca. 170 elevar), psykiatriske institusjonar (ca. 640 elevar) og institusjonar for rusmiddelmissbrukarar (ca. 100 elevar).

### Sentralt, i regi av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Senter for åtferdsforskning har i fleire år rettleidd skulane og PP-tenesta generelt om åtferdsproblematikk, og spesielt om mobbing og vald. Også dei to statlege åtferdssentra Lillegården og Rogneby driv systemretta arbeid for å fremje positivt skulemiljø med førebyggjande siktemål.

Det er dessutan, i samarbeid mellom departementet, Senter for åtferdsforskning og statens utdanningskontor etablert ei beredskapsgruppe i kvart fylke, som består av til saman omkring 300 personar med særskild skulering på området. Desse har i oppgåve å bistå ved kompetanseheving innanfor dette området av personalet i skulen, foreldre og elevar. Vidare skal dei bistå skulen i arbeid med problemløysing og i utforming av handlingsplanar på feltet.

I det lokale utviklingsprogrammet til departementet 1993–1995 har omkring 180 prosjekt heilt eller delvis dreidd seg om barn og unge med sosiale og emosjonelle vanskar. Dette har utløynt lokal merksemd og aktivitet, som ofte også har vore følgd opp med lokale tiltak og løyvingar seinare. Utdanningskontora har utarbeidd rapportar om utviklingsprogrammet i dei ulike fylka, og informasjon om prosjekta er tilgjengeleg gjennom Skulenettet og Nasjonalt læremiddelsenter.

Også det sentrale forskingsprogrammet for spesialpedagogisk kunnskaps- og tiltaksutvikling 1993–1998 tek opp problematikken omkring elevar med sosiale og emosjonelle problem og sosial kompetanse.

## 1.4 Eige praksisretta program for arbeidet med problemåtferd i skulen.

Med den kunnskap som etter kvart er oppnådd på dette feltet – og med den sterke satsinga på utbygging av

PP-tenesta lokalt og styrking av Senter for åtferdsforskning som denne meldinga gjer greie for – vil departementet fremje eit eige, treårig praksisretta kompetansehevingsprogram for m a arbeidet med problemåtferd i skulen frå år 2000.

Programmet skal omfatte grunnskulen og vidaregåande opplæring i breitt samarbeid med andre partar som har ansvar på dette området. Meistringsproblem hos elevar og lærarar blir sette i fokus, og ein vil bygge på og samle røynsler frå forskning og utvikling. Det vil bli lagt vekt på å utvikle praktiske modellar for å førebyggje og meistre problemåtferd.

Dei viktigaste elementa i dette programmet vil vere

- å understreke det felles ansvaret skuleleiinga og lærarkollegiet har for å arbeide med desse spørsmåla
- å heve kompetansen hos lærarane når det gjeld klasseleiing og tiltaksorganisering
- å styrkje dugleiken og mestringskompetansen hos elevane når det gjeld problem- og konfliktløysande åtferd
- å hjelpe skulane til å utarbeide handlingsplanar som er både sosialt og pedagogisk retta, med sikte på å førebyggje og meistre åtferdsproblem
- å utvikle og prøve ut modellar som kan verke førebyggjande og som kan gi gode eksempel på korleis skular kan gå fram i forhold til sosiale og emosjonelle vanskar hos elevane
- å utvikle kompetansen for systemretta arbeid hos den lokale PP-tenesta
- å utvikle og utvide den støtten lærarane og skulen får frå PP-tenesta på dette området

Ein slik offensiv skal ha eit positivt utgangspunkt, og vise til at ein mange stader allereie har nådd gode resultat ved målbevisst strategi og brei mobilisering.

Barne- og familiedepartementet har utarbeidd ei Handlingsplan for barn og unge med store åtferdsvanskar. Det er etablert eit eige forskings- og undervisningsopplegg ved Universitetet i Oslo, Psykologisk Institutt, med NOVA (Norsk Institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring) som ein viktig medspelar. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil tilføre midlar til prosjektet for å sjå nærmare på spørsmål om opplæring knytta til store åtferdsvanskar. Det vil vere viktig å etablere nettverk mellom Universitetet i Oslo, NOVA, Senter for åtferdsforskning og kompetansesenter på dette området.

Det vil vere nødvendig å sjå dette programmet i samheng med og som ledd i ei større satsing på oppvekstmiljøet med tiltak som er eller blir iverksette av andre departement, f.eks. «Barn og helse» (Sosial- og helsedepartementet), «Skolemeklingsprosjektet» (Justisdepartementet), «Foreldreveiledningsprosjektet» (Barne- og familiedepartementet), «Vald i biletmedia» (Kulturdepartementet) og «Utviklingsprogrammet for styrking av oppvekstmiljøet» (Barne- og familiedepartementet). Skolemeklingsprosjektet, som har vore

positivt evaluert, vil bli vidareført og forsterka med siktemål å gjennomføre skulemekling som ein ordinær del av skulen sitt arbeid med konfliktløysing.

I utviklingsprogrammet for styrking av oppvekstmiljøet er målet å redusere risikoen for at barn og ungdom utviklar problem. Å gi barn og ungdom betre høve til å delta, medverke og meistre, i forhold til heim, skule, arbeid og fritid er avgjerande. Samtidig skal innsatsen mot vald, mobbing, rus, kriminalitet og rasisme i barne- og ungdomsmiljø styrkjast. Her er det viktig også å støtte opp om idear, initiativ og innsats frå barn og dei unge sjølv.

## 2 LESE- OG SKRIVEVANSKAR

### 2.1 Omfanget av lese- og skrivevanskar

Om lag 10 % av elevane i grunnskulen har lese- og skrivevanskar. Dette er ei ueinsarta gruppe, og om lag 1–2 % (somme meiner inntil 5 %) kan reknast som dyslektikarar.

Dysleksi er knytt til ordavkodingsvanskar som ser ut til å henge saman med ein grunnleggjande svikt i evna til lydmessig (fonologisk) analyse og syntese. Dei som har dette problemet, får vanskar med å automatisere avkodinga og må ty til tidkrevjande eller unøyaktige strategiar for å lese særleg lange og ukjende ord. Avkodingsproblema forplantar seg dermed lett til forståinga, slik at lesinga går tungt og gir mindre utbytte. Dette kan igjen gå ut over motivasjonen og føre til at dyslektikarar les mindre totalt sett. Dermed kjem dei lett inn i ein vond sirkel som også går ut over trivsel og læring i det heile. Dysleksi er såleis ikkje knytt til manglande intelligens eller evnesvikt, men heng saman med spesifikke språklege vanskar.

Dysleksi er berre ei av årsakene til lese- og skrivevanskar. Andre årsaker kan vere generelle lærevanskar eller emosjonelle, sosiale og pedagogiske vanskar. I einskilde tilfelle kan lese- og skrivevanskar også ha samheng med syns- og hørselsvanskar.

Lese- og skrivevanskane eller dysleksien blir lett oversedde eller feiltolka, heilt til problema har blitt så store at det er vanskeleg å avhjelpe vanskane. Det er derfor viktig å førebyggje slike vanskar i den grunnleggjande undervisninga eller komme til med tiltak så tidleg som råd er. Rett kartlegging blir derfor eit viktig tiltak som kan gi grunnlag for tilpassa opplæring og hjelp.

Ein rapport frå Møreforskning, 1998, viser at om lag 20 % av dei elevane som får særskilt tilrettelagd opplæring i vidaregåande skule, strevar med lesing og skrivning. Mange skular gjennomfører screeningsprøver i norsk i byrjinga av det første skuleåret i vidaregåande opplæring. Skulane har berre unntaksvis kompetanse på lese- og skrivevanskar, og PP-tenesta har liten kapasitet. Dette kan føre til at mange elevar får diagnosen «dyslektikar» eller «lese- og skrivevanskar» utan forsvarleg eller tilstrekkeleg fagleg vurdering og utan at diagnosen blir følgd opp med tilretteleggings-tiltak. Dette understrekar kor viktig det er at gjennom-

føringa av kartleggingsprøver må kvalitetssikrast, og dei må følgjast opp.

Senter for leseforskning har på oppdrag frå departementet gjennomført ei landsdekkjande undersøking av leseugleiken i 2. klasse våren 1997. Halvparten av skulane i landet deltok. Hausten 1997 gjorde departementet ei liknande undersøking av leseugleiken i 9. klasse. Resultat frå den første undersøkinga ligg no føre.

Det generelle inntrykket er at dei fleste elevane i 2. klasse har tilfredsstillande leseugleik, men det er store forskjellar mellom dei ulike fylka og kommunane. Samanliknar ein resultatata frå denne undersøkinga med resultatata frå standardiseringa i 1994, er det framgang på enkelte delprøver. Dette viser at det gir utteljing å rette merksemda mot feltet.

Jamvel om mange elevar les godt, er det framleis mange som fell nedanfor ei kritisk grense i slutten av 2. klasse. Førebygging og tidleg oppdaging blir såleis viktig.

Leseundersøkinga viser klar samanheng mellom lesevanar og leseugleik, noko som og er kjent frå andre undersøkingar. Tiltak for å betre leseugleiken må derfor omfatte tiltak som kan stimulere leselysta og påverke lesemengda. Skal ein satse på å betre leseugleiken på alle nivå, er det òg viktig å setje i verk tiltak for voksne dyslektikarar og funksjonelle analfabatar.

Noreg tek del i ei internasjonal kartlegging av leseugleik og talforståing i den vaksne befolkninga (Second International Adult Literacy Survey – SIALS) som er ein del av eit forskingsprogram i regi av OECD. Ti land er med i undersøkinga, som er den andre slike kartlegginga i regi av OECD. Hovudkartlegginga vart gjort hausten 1997 og våren 1998. Denne undersøkinga vil gi eit betre bilete av leseugleiken i befolkninga og må gi grunnlag for å kunne vurdere den opplæringa som vert gitt i skole og arbeidsliv.

Læraren sjølv er ein viktig faktor når det gjeld å betre leseugleiken. Tiltak for å betre lærarutdanninga på dette punktet vil derfor stå sentralt.

## 2.2 Kva blir gjort i skulen i dag?

Lese- og skrivevanskar er eit tema som har hatt spesiell merksemd dei seinare åra, mellom anna på grunn av at Noreg ikkje har komme så godt ut i internasjonale undersøkingar. Departementet har derfor sett i verk tiltak for å betre leseugleiken hos norske barn og unge.

Lese- og skrivevanskar var eitt av satsingsområda i det lokale utviklingsprogrammet, jf pkt 4.9.4. I alt vart det sett i verk 110 prosjekt på dette området i løpet av treårsperioden. Som interessante eksempel kan nemnast FALS-prosjektet: Førebygging og avhjelping av skrivevanskar, i Alstahaug, og Jåtten-prosjektet i Rogaland:

- FALS-prosjektet går ut på intensivundervisning for elevar med lese- og skrivevanskar.

- Jåttenprosjektet tek sikte på å førebyggje og avhjelpe lesevanskar gjennom språkleg bevisstgjeving allereie frå seksårsalderen. Undervisninga inngår som del av den vanlege undervisninga for alle elevar. I tillegg er det eit inngåande samarbeid med foreldra for å stimulere leseinteressa. Resultat etter tre år viser at dei som vart oppdaga i risikoso- nen som seksåringar, forsvann ut av risikograppa i 2. klasse. Ein sit da igjen med ei lita gruppe elevar med meir genuine lesevanskar, der problema kan forklarast ut frå eksempelvis dårlege læringsføre- setnader, dysleksi, samsynsproblem osv., og der spesielle tiltak må setjast i verk.

I forskingsprogrammet på det spesialpedagogiske om- rådet er det også gitt midlar til prosjekt som omfattar lese- og skrivevanskar.

Som ledd i arbeidet med eit nasjonalt vurderings- system har Senter for leseforskning på oppdrag frå de- partementet utvikla kartleggingsprøver i leseugleik. Dei er omtalte i St. meld. nr. 47 (1995–96) *Om elev- vurdering, skolebasert vurdering og nasjonalt vurde- ringssystem*. Utviklinga av kartleggingsprøver har to formål:

- Å utvikle hjelpemiddel for lærarane, slik at dei en- klare og sikrere skal kunne kartleggje om ein elev har problem med å lære å lese, og kva problema består i. Kartlegginga vil gi grunnlag for eventuelt å setje inn spesielle tiltak for eleven.
- Å skaffe oversikt over leseugleiken på utvalde klassetrinn. Eit likeverdig utdanningstilbod for alle elevar er eit grunnleggjande prinsipp i norsk skule. Å kunne lese er noko av det viktigaste i den samanheng.

Kartleggingsprøver ligg no føre for 2., 3., 5., 7. og 9. årstrinn, og for 1. klasse i vidaregåande opplæring. I samarbeid mellom Senter for leseforskning og Samisk utdanningsråd blir prøvene no omarbeidde til samisk. Dessutan er prøvene under tilpassing til døve og sterkt tunghørte.

Som oppfølging av kartlegginga er det utarbeidd idéhefte for dei nemnde årstrinna og rettleiingshefte til hjelp for lærarane. Senter for leseforskning har gjen- nom statens utdanningskontor tilbode seg å skulere til- sette i PP-tenesta i alle kommunar og fylkeskommunar i bruken av kartleggingsmateriellet og den vidare opp- følgginga av elevar med lese- og skrivevanskar. Inten- sjonen er å gjere PP-tenesta betre i stand til å rettleie lærarane. Nær sagt alle fylke har teke del i dette etter- utdanningstilbodet, som i stor grad har medverka til kompetanseheving for personalet.

Departementet tek sikte på å utarbeide rettleiings- hefte i lese- og skriveopplæring.

Vaksne med lese- og skrivevanskar treng ei styr- king av tiltak som er retta mot betre studie- og arbeids- moglegheiter. I 1998 vil behov og tiltak for vaksne bli kartlagde, og det vil bli etablert eit fagleg nettverk i samarbeid med statens ressurs og vaksneopplærings-

enter med sikte på eit breiare tilbod til vaksne og fagleg utvikling og spreieing av prosjekt.

### 2.3 Eige, praksisretta program for arbeidet med lese- og skrivevanskar

På bakgrunn av kunnskap og erfaringer frå forskning og undersøkingar vil departementet, som del av det praksisretta kompetansehevingsprogrammet (sjå ovanfor, punkt 1.4), også setje i verk eit nasjonalt styrkingsprogram for å betre lesedugleiken hos barn, unge og vaksne. Senter for leseforskning vil bli styrkt for å ha eit særleg ansvar for denne delen av programmet. Førebygging av lesevanskar og styrking av leseopplæringa vil bli sette i fokus, og ein vil byggje på røymsler frå forskning og utvikling. For å styrkje samarbeidet med biblioteka, vil departementet ta initiativ til samarbeid med Kulturdepartementet.

Dei viktigaste elementa i eit slikt program vil vere

- å utvikle modellar for språkstimulering i barneha-

gen og småskulen for å førebyggje lese- og skrivevanskar

- å gjennomføre forsøk med obligatorisk bruk av kartleggingsprøve i lesedugleik på 2. klasstrinn, for å fremje førebygging og tidleg intervensjon.
- å skulere PP-tenesta ytterlegare i bruken av kartleggings- og rettleiingsmateriell, slik at tenesta kan gi råd og rettleiing til lærarane
- å stimulere lærarar og skular generelt til å ta i bruk kartleggingsprøver og rettleiingsmateriell
- å betre forståinga for at arbeid med lesestrategiar og lesedugleik er viktig i alle fag og på alle årstrinn
- å stimulere leselysta gjennom auka bruk av bibliotek.

Spørsmål omkring lese- og skrivevanskar, førebygging og tiltak vil bli sterkare vektlagt dei nye rammeplanar for lærarutdanninga, og vil inngå i dei planane for kompetanseutvikling som blir utarbeidde i dei statlege utdanningskontora og kommunesektoren.

---

---



